

Meld. St. 18

(2020–2021)

Melding til Stortinget

Oppleve, skape, dele

Kunst og kultur for, med og av barn og unge





DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Meld. St. 18

(2020–2021)

Melding til Stortinget

Oppleve, skape, dele

Kunst og kultur for, med og av barn og unge

Innhald

1	Innleiing og samandrag.....	9	7	Lokale kulturtilbod til barn og unge	43
1.1	Innleiing	9	7.1	Organiserte kunst- og kultur-aktivitetar	43
1.2	Samandrag	10	7.1.1	Det frivillige kulturliv	43
Del I	Barne- og ungdomskultur	11	7.1.2	Frifond – statleg tilskott til lokale aktivitetar	44
2	Barn og unge som målgruppe ..	13	7.1.3	Fritidsklubbane	45
2.1	Stemmene til barn og unge – kunst og kultur	14	7.1.4	Ung Kultur Møtes	46
2.2	Kunst og kultur for barn og unge ..	15	7.1.5	Digitale kulturaktivitetar	46
2.3	Kunst og kultur med barn og unge	15	7.1.6	Vurdering	47
2.4	Kunst og kultur av barn og unge ..	16	7.2	Møteplassar for kunst- og kultur-aktivitet	48
3	Kjenneteikn ved barne- og ungdomskulturen før og no.....	19	7.2.1	Eigna lokale til kulturfrivilligheita	49
3.1	Kulturtilbodet til barn og unge g jennom tidene	19	7.2.2	Biblioteka som ein viktig møteplass	49
3.2	Barne- og ungdomskulturen i dag	19	7.2.3	Møteplassar for spelinteresserte ungdommar	50
3.2.1	Ein digital oppvekst	19	7.2.4	Vurdering	51
3.2.2	Studiar om bruken av kultur og ulike medium	21	7.3	Like moglegheiter til å delta	52
3.2.3	Deltakinga til barn og unge i organiserte fritidsaktivitetar	21	7.3.1	Barn og unges tilgang til kunst- og kulturtilbod	52
3.2.4	Forskjellar blant grupper av barn og unge	22	7.3.2	Fritidserklæring- og fritidskor-tordningar	54
4	Ansaret det offentlege har for barne- og ungdomskulturen.....	27	7.3.3	Ordningar for inkludering og integrering	55
4.1	Rettane til barn og unge på kulturfeltet	27	7.3.4	Vurdering	55
4.2	Kulturlova	30	7.4	Modellar for samspel, samarbeid og medverknad	56
4.3	Barnehagelova, opplæringslova og lova om universitet og høgskolar	30	8	Ein styrkt kulturskole for framtida	61
5	Barne- og ungdomskultur som politikkområde	33	8.1	Kulturskolen i Noreg	61
5.1	Statlege verkemiddel for barne- og ungdomskulturen	33	8.1.1	Historia til kulturskolen	61
5.2	Dei kommunale og regionale verkemidla	34	8.1.2	Kulturskole-Noreg i dag	62
5.2.1	Rolle og oppgåver i kommunane og fylkeskommunane	34	8.1.3	Norsk kulturskoleråd	63
5.2.2	Det kommunale og regionale planarbeidet	36	8.2	Ansvar og utfordringar	64
5.2.3	Vurdering	36	8.2.1	Rekruttering, deltaking og medverknad	64
Del II	Deltakinga og eigen-produksjonen til barn og unge	39	8.2.2	Fleire bein å stå på	65
6	Innleiing	41	8.2.3	Vurdering	66
			8.2.4	Ein kulturskole for framtida	67
			8.3	Føringar for kulturskolen	69
			8.3.1	Regelverket for kulturskolen	69
			8.3.2	Vurdering	70
			8.3.3	Nasjonale aktørar på kultur-skolefeltet	70
			8.3.4	Styring på nasjonalt nivå	70
			8.3.5	Vurdering	71
			8.3.6	Koordinering på fylkesnivå	71
			8.3.7	Vurdering	72

8.3.8	Ansvar på det lokale nivået	72	9.5	Talantarbeidet i film- og data- spelfeltet	98
8.3.9	Vurdering	72	9.6	Vurdering	99
8.4	Kompetanse i kulturskolen	73			
8.4.1	Kompetansen til dei tilsette i kulturskolen	73	Del III	Kunst og kultur for og med barn og unge	101
8.4.2	Det framtidige kompetanse- behovet i kulturskolen	73	10	Innleiing	103
8.4.3	Betre utnytting av kompetansen ...	74	10.1	Innspela frå barn og unge	103
8.4.4	Vurdering	75	10.2	Overordna mål og verkemiddel ...	104
8.4.5	Praktisk-pedagogisk utdanning	76			
8.4.6	Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 (LUPE)	77	11	Relevant, tilgjengeleg og mangfaldig kunst og kultur for barn og unge	107
8.4.7	Vurdering	77	11.1	Språket som kulturberar	107
8.4.8	Kulturskolen som praksisarena og offentlig sektor-ph.d.	78	11.1.1	Status	107
8.4.9	Vurdering	79	11.1.2	Verkemiddel for språkarbeidet og språkopplæringa	107
8.5	Kulturskolen i lokalsamfunnet	79	11.1.3	Vurdering	108
8.5.1	Samarbeidet mellom kulturskolen, kulturlivet og frivilligheita	80	11.2	Kunst og kultur for barn og unge	109
8.5.2	Samarbeidet mellom kulturskole og utdanningssektoren	80	11.2.1	Norsk kulturråd	109
8.5.3	Vurdering	81	11.2.2	Norsk kulturfond	110
8.5.4	Samarbeid mellom kulturskolen og universitets- og høgskole- sektoren	83	11.2.3	Fond for lyd og bilde	110
8.5.5	Vurdering	84	11.2.4	Statens kunstnarstipend	111
8.5.6	Kulturskolen som kulturelt ressurssenter for lokalmiljøet sitt ..	84	11.2.5	Høgare utdanning i kunst	111
8.5.7	Vurdering	85	11.2.6	Vurdering	111
8.6	Kulturskolen som inkluderings- o g integreringsarena	86	11.3	Kunst og kultur med barn og unge	112
8.6.1	Inkludering i regi av Kulturskole- rådet	86	11.3.1	Kunst og kultur i ei digital verd ...	112
8.6.2	Kulturskolen som inkluderande kraft i lokalsamfunnet (KIL)	87	11.3.2	Medverknad	113
8.6.3	Inkluderingsundersøkinga 2019 ...	87	11.3.3	Samarbeid mellom profesjonelle kunstnarar og barn og unge	114
8.6.4	Barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging	88	11.3.4	Vurdering	115
8.6.5	Vurdering	89	11.4	Litteratur og bibliotek for og med barn og unge	116
9	Opplæring og fordjuping i kunst og kultur	93	11.4.1	Status	116
9.1	Kunst og kultur i barnehagen og skolen	93	11.4.2	Produksjon og formidling	117
9.1.1	Kunst, kultur og kreativitet i barnehagen	93	11.4.3	Vurdering	119
9.1.2	Dei praktiske og estetiske faga i skolen	94	11.5	Musikk for og med barn og unge	120
9.1.3	Vidaregåande opplæring og folkehøgskolar	95	11.5.1	Status	120
9.2	Talantarbeid lokalt og nasjonalt	96	11.5.2	Produksjon og formidling	121
9.3	Talent Norge	97	11.5.3	Vurdering	122
9.4	Talantarbeidet i kunst- institusjonane	98	11.6	Scenekunst for og med barn og unge	123
			11.6.1	Status	123
			11.6.2	Produksjon og formidling	123
			11.6.3	Vurdering	124
			11.7	Visuell kunst for og med barn og unge	124
			11.7.1	Status	124
			11.7.2	Produksjon og formidling	125
			11.7.3	Vurdering	126
			11.8	Kulturarv for og med barn og unge	126
			11.8.1	Status	126

11.8.2	Produksjon og formidling	127	12.5	Direktekommunar	152
11.8.3	Vurdering	129	12.5.1	Vurdering	152
11.9	Levande bilete for og med barn og unge	129	Del IV	Den digitale kulturen	155
11.9.1	Status	129	13	Den digitale kulturen –	
11.9.2	Produksjon og formidling	130		moglegheiter og risikoar	157
11.9.3	Vurdering	133	13.1	Innleiing	157
12	Den kulturelle skolesekken	135	13.2	Den digitale kvardagen til barn og unge	157
12.1	Nasjonal ordning med lokal forankring	135	13.2.1	Innleiing	157
12.1.1	Nasjonale mål for Den kulturelle skolesekken	136	13.2.2	Utviklingstrekk og medievanar	157
12.1.2	Finansiering av ordninga	136	13.2.3	Moglegheiter og risikoar på nett ..	158
12.1.3	Nasjonal koordinering og samhandling	137	13.3	Aktørar som deltek i arbeidet	165
12.1.4	Vurdering	138	13.4	Vurdering	167
12.2	Likeverdige tilbod av høg kvalitet	140	13.4.1	Behov for samordning	167
12.2.1	Vurdering	142	13.4.2	Nasjonal strategi	168
12.3	Relevante og representative tilbod	144	13.4.3	Koordinerande funksjon	168
12.3.1	Vurdering	146	14	Økonomiske og administrative	
12.4	Samarbeid og samhandling	147		konsekvensar	171
12.4.1	Vurdering	149	Litteraturliste	172	



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Meld. St. 18

(2020–2021)

Melding til Stortinget

Oppleve, skape, dele

Kunst og kultur for, med og av barn og unge

*Tilråding frå Kulturdepartementet 19. mars 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*



Figur 1.1

1 Innleiing og samandrag

1.1 Innleiing

Med denne meldinga presenterer regjeringa for første gongen barne- og ungdomskulturfeltet som eit samla politisk satsingsområde på nasjonalt nivå. Dette gjer vi fordi vi meiner at barn og unge skal ha eit kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet. Dei skal få oppleve kunst og kultur som er laga for dei, som involverer dei og som dei kan ta del i. Dei skal få tilgang til dei arenaene dei treng for å utvikle skaperglede, engasjement og utforskartronge. Både i kultur- og fritidslivet, i barnehagen og skolen.

Hausten 2018 la regjeringa fram kulturmeldinga Meld. St. 8 (2018–2019) *Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida*. I kulturmeldinga skisserte regjeringa i kva retning kulturpolitikken skulle gå. Samtidig varsla regjeringa at det ville komme eigne stortingsmeldingar og strategidokument på delområde av kulturpolitikken. Denne barne- og ungdomskulturmeldinga er ei av desse varsla meldingane. Stortinget har i tillegg i eit oppmodingsvedtak bede regjeringa om ei melding om kulturskolen.¹ Kulturskolen får derfor ein sentral plass i denne meldinga.

Samfunnet vårt har vore stilt overfor harde prøvelsar etter at koronapandemien blei stadfesta våren 2020. Pandemien, som vi framleis ikkje har sett enden på, vil truleg prege barne- og ungdomskulturfeltet i mange år framover. Dei som lever av å produsere eller formidle kunst og kultur, har vore særleg ramma.

Smitteverntiltaka, nedstenginga og den sosiale distanseringa har gjort at vi får færre impulsar og mindre av det samværet som er med på å gi livet meining. Sjølv om regjeringa har hatt som mål å skjerme barn og unge mest mogleg i denne tida, har pandemien påverka livet til barn og unge på ein dramatisk måte. Barnehagane og skolene har vore stengde, og dei ulike smitteverntiltaka har forandra kvardagen til barna og elevane. Mange barn og unge har òg gått glipp av kultur- og fritidstilbod i ein periode av livet som dei aldri får tilbake. Alt dette gjer det særleg viktig for oss å vur-

dere korleis vi skal innrette og utforme offentlege verkemiddel på barne- og ungdomskulturfeltet.

Kunst- og kulturuttrykk er ytringar. I Grunnlova står det at myndigheitene har eit ansvar for å leggje forholda til rette for ytrings- og informasjonsfridom og eit velfungerande offentlig rom. Ein viktig del av dette ansvaret er å sikre at det går an å halde på med kunst- og kulturaktivitet, at føresetnadene er der. Barnehagen, skolen, skolefritidsordninga (SFO) og kulturskolen har ei stor og viktig rolle i danninga og utdanninga for barn og unge. At barn og unge har rett til ytrings- og informasjonsfridom, kulturell deltaking og utdanning, er dessutan nedfelt i internasjonale konvensjonar som Noreg er bunde av.

Desse rettane og forpliktingane markerer at kultur er noko meir enn underholdning, fritidssystemar og tidsfordriv. Kultur er livskvalitet og menneskeleg vekst. Kultur er danning og utdanning. Kultur er tilhøyrse og identitet. Kultur er å forstå oss sjølve og verda rundt oss. Kultur er moglegheita til å delta, til å bli inkludert, til å ytre seg, til å undre seg, ha det moro, til å stille spørsmål og til å utfalde seg estetisk og kreativt. Kultur er moglegheita til å kritisere, debattere og utvikle samfunnet i ein ny og betre retning. Med andre ord taler vi om grunnleggjande demokratiske verdiar.

Derfor er målet med denne meldinga å leggje til rette for at alle norske barn og unge – uavhengig av bustad, økonomi, funksjonsevne og sosial og etnisk bakgrunn – får tilgang til eit breitt og mangfaldig kulturliv og får moglegheita til sjølve å delta, skape, lære og meistre. Dette betyr at alle barn og unge, frå dei er i småbarnsalderen, til dei er ferdige med vidaregåande opplæring, må ha tilgang til eit mangfald av kunst- og kulturuttrykk av høg kvalitet, og at vi ser og set pris på bakgrunnen, erfaringane og kunnskapen kvar enkelt har med seg.

For å få til dette må vi styrkje tilbodet og bryte ned barrierar. Vi må sikre eit mangfald av skaparar og utøvarar i barne- og ungdomskulturen. Vi må sjå kulturpolitiske og utdanningspolitiske mål og verkemiddel i samanheng. Og ikkje minst – vi må leggje til rette for at stemmene til barn og unge blir høyrde.

¹ Oppmodingsvedtak nr. 896, 13. juni jf. Innst. 448 S (2016–2017)

1.2 Samandrag

Del I beskriv barne- og ungdomskulturen. *Kapittel 2* går nærmare inn på barn og unge som målgruppe og korleis stemmene til barn og unge har blitt høyrde i arbeidet med meldinga. Kapitlet beskriv kva som er meint med kunst og kultur for, av og med barn og unge og understrekar kor viktig det er at barn og unge må medverke i alle delar av barne- og ungdomskulturen.

Kapittel 3 beskriv barne- og ungdomskulturtilbodet før og no. Oppveksten til barn og unge blir stadig meir digital, noko som er tydeleg i ulike kultur- og medieundersøkingar. Undersøkingar viser òg at det er sosiale forskjellar og skeivskapar i bruken av og deltakinga i kultur for barn og unge.

Kapittel 4 beskriv ansvaret det offentlege har for barne- og ungdomskulturen. Rettane til barn og unge er verna gjennom ei rekkje internasjonale regelverk som er ein del av norsk lovgiving. Kapitlet går nærmare inn på dette regelverket og kulturlova, barnehagelova, opplæringslova og lova om universitet og høyskolar.

Kapittel 5 ser på barne- og ungdomskultur som politikkområde. Kapitlet viser til ei rekkje ulike verkemiddel og tiltak både på statleg, regionalt og kommunalt nivå. Regjeringa meiner det er nødvendig å gjere ansvaret fylkeskommunane og kommunane har i kultursektoren generelt og for barne- og ungdomskultur spesielt, meir tydeleg. I kapitlet blir det foreslått tiltak for å sikre at kulturfeltet blir trekt inn i kommunale plan- og prioriteringsprosessar.

Del II går nærmare inn på deltakinga og eigenproduksjonen til barn og unge. *Kapittel 6* beskriv innhaldet i dei ulike kapitla i denne delen. *Kapittel 7* ser på det lokale kulturtilbodet, som det frivillige kulturliv, fritidsklubbane og Ung Kultur Møtes. Kapitlet ser nærmare på tiltak for lik moglegheit

for deltaking og på kor viktig det er med gode møteplassar i nærmiljøet.

Kapittel 8 handlar om kulturskolen. Kapitlet tek utgangspunkt i utfordringar som blei presenterte i rapporten *Kultur + skole = sant – et kunnskapsgrunnlag om kulturskolen*, og foreslår tiltak for ein styrkt kulturskole for framtida.

Kapittel 9 går nærmare inn på arenaer der barn og unge får opplæring og fordjuping i kunst og kultur, og korleis vi kan styrkje dette arbeidet framover.

Del III tek for seg kunst og kultur for og med barn og unge. *Kapittel 10* gir oversikt over innspela frå barn og unge knytte til temaet og kva statlege verkemiddel som legg til rette for at det blir produsert og formidla kunst og kultur til barn og unge.

Kapittel 11 ser på verkemiddel for å skape eit relevant, tilgjengeleg og mangfaldig kunst- og kulturtilbod til barn og unge. Kapitlet går inn på ansvaret og rolla dei ulike kunstfeltene har i produksjonen og formidlinga av kunst og kultur for og med barn og unge. Kapitlet foreslår også tiltak for å styrkje medverknaden i utforminga av kunsttilbodet retta mot målgruppa.

Kapittel 12 handlar om Den kulturelle skolesekken. Her presenterer vi nye nasjonale mål for ordninga og tiltak for å sikre eit likeverdig tilbod av høg kvalitet. Kapitlet går også inn på tiltak for korleis ein kan styrkje samhandlinga om og organiseringa av ordninga.

Del IV presenterer den digitale barne- og ungdomskulturen. *Kapittel 13* går inn på moglegheiter og risikoar ved den digitale oppveksten til barn og unge og foreslår tiltak for å sikre alle barn og unge ein trygg digital oppvekst.

Kapittel 14 tek for seg dei økonomiske og administrative konsekvensane.

Del I
Barne- og ungdomskultur



Figur 2.1

2 Barn og unge som målgruppe

Regjeringa vil løfte fram kunst og kultur for, med og av barn og unge. Målet er

- å gi alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn, tilgang til kunst og kultur
- å sikre at kunst og kultur som blir skapt for og formidla til barn og unge, er av høg kvalitet
- å gi alle barn og unge moglegheita til å oppleve og å skape kultur på eigne premissar

Med barne- og ungdomskultur meiner vi kunst- og kulturuttrykk som har barn og unge som målgruppe, både som mottakarar, deltakarar og aktørar.

Dette rommar fleire diskusjonar: Kva er og bør vere innhaldet i kunsten og kulturen for barn og unge? Kva er kunst og kultur av høg kvalitet for barn og unge? Korleis blir barn og unge involverte og får medverke i kunst og kultur? Kva moglegheiter har barn og unge for å delta aktivt og uttrykkje seg gjennom kunsten og kulturen?

Dei nasjonale kulturpolitiske måla frå Meld. St. 8 (2018–2019) *Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida* ligg til grunn for kulturpolitikken for barn og unge. Dei overordna kulturpolitiske måla er eit fritt og uavhengig kulturliv som

- skaper kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet
- fremjar danning og kritisk refleksjon
- tek vare på og formidlar kulturarv
- skaper og formidlar eit kulturtilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer befolkninga
- er tilgjengeleg for alle og oppmuntrar den enkelte til å oppleve og delta i kulturaktivitetar
- tilbyr møteplassar og byggjer fellesskap
- fornyar seg og viser evne til omstilling
- har internasjonal gjennomslagskraft og fremjar interkulturell forståing
- styrkjer norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar

For å nå desse måla må både staten, fylkeskommunane og kommunane jobbe saman og sikre eit

godt samarbeid og samspel både med dei profesjonelle og dei frivillige i kulturlivet og med andre private aktørar og næringslivet. Vi skal sjå dei statlege verkemidla i samanheng med dei regionale og lokale. Vi må ta vare på dei lokale og regionale forskjellane, samtidig med at dei nasjonale ambisjonane for at barn og unge skal få møte kunst og kultur, blir haldne ved lag.

Kulturmeldinga understreka at kultursektoren og utdanningssektoren bidreg både saman og kvar for seg til å gi felles kulturelle referansar, høve til å utvikle skapande evner, språkopplæring og opplæring i demokratiske verdiar. Dei to politikkområda må sjåast i samanheng for å utvikle ein kulturpolitikk for, med og av barn og unge. Derfor bestemte regjeringa at Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet skulle samarbeide om denne stortingsmeldinga.

Regjeringa er oppteken av at det blir lagt til rette for eit kunst- og kulturliv som både involverer og høyrer på barn og unge. Kunst- og kulturlivet må ta omsyn til kva behov og føresetnader barn og unge har og sikre at dei får utvikle seg på eigne premissar. Det betyr at samfunnet må anerkjenne dei kulturuttrykka som barn og unge held på med og er interesserte i. Dei kulturelle ferdigheitene, vanane og forventningane som barn og unge har, bør prege utforminga av kulturtilbodet i dag. Samtidig vil det òg påverke korleis kulturtilbodet blir sjåande ut i framtida: Viss det er mogleg for barn og unge å utvikle ferdigheitene og talenta sine, vil det gjere rekrutteringa til kulturlivet meir mangfaldig. Kultursektoren har derfor eit særskilt ansvar for å leggje til rette for barn og unge som målgruppe, både som mottakarar, deltakarar og aktørar.

I arbeidet med denne meldinga har Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet arrangert eit opent innspillsmøte, møte med fylkeskommunane, fagseminar i samarbeid med KS og Kulturskolerådet og innspelsmøte om talentutvikling. Departementa har motteke 130 skriftlege innspel, og dei har vore i tett dialog med Sametinget.

Tabell 2.1 Barn og unge som målgruppe i kulturpolitikken

Kunst og kultur ...	Barn og unge som ...	Mål om eit fritt og uavhengig kulturliv som ...
<i>for</i> barn og unge	mottakarar	– skaper kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet – er tilgjengeleg for alle og oppmuntrar den enkelte til å oppleve og delta i kulturaktivitetar – fremjar danning og kritisk refleksjon
<i>med</i> barn og unge	deltakarar	– skaper og formidlar eit kulturtilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer heile befolkninga
<i>av</i> barn og unge	aktørar	– tilbyr møteplassar og byggjer fellesskap og inkludering – gir sosial og kulturell anerkjenning, ytringskompetanse, utvikling, læring og meistringsopplevingar – byggjer sosial og kulturell kompetanse

2.1 Stemmene til barn og unge – kunst og kultur

Målgruppa for politikken i denne første barne- og ungdomskulturmeldinga er barn og unge mellom 0 og 19 år. Regjeringa bestemte det var spesielt viktig å høyre kva barn og unge meiner, i arbeidet med denne meldinga. Kulturtanken har derfor på oppdrag frå Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet henta innspel frå barn og unge mellom 3 og 19 år om desse temaa:

1. Kunst- og kulturformidling til barn og unge: status, kvalitet og relevans
2. Digitale kunst- og kulturuttrykk: moglegheiter og utfordringar
3. Kunst og kultur som ytringar: danning, deltaking og medborgarskap
4. Like moglegheiter for barn og unge: inkludering og sosial mobilitet

Under tittelen BUSK, ei forkorting for «Barn og unges stemmer – kunst og kultur», involverte Kulturtanken i løpet av prosjektperioden våren 2019 rundt 1 000 barn og unge frå heile landet, i samarbeid med skolar, barnehagar, kulturskolar, organisasjonar, festivalar og arrangement.¹ Innspela blei samla i ein rapport, BUSK-rapporten. Hovudbodskapen i rapporten er at barn og unge rettar denne klare oppmodinga til vaksensamfunnet

- ta barne- og ungdomskulturen på alvor
- gjer terskelen for å medverke og delta lågare

- gjer breidda i tilbodet større
- sikre kvaliteten i det tilbodet som finst

BUSK-rapporten handlar om å løfte fram stemmene til barn og unge, ikkje om å definere kva som er barne- og ungdomskulturen i dag. Da BUSK-prosjektet snakka med barna og dei unge, let dei vere å definere kva som er kunst og kultur. I staden brukte dei heller ulike eksempel på kunst og kultur som utgangspunkt. Slik kunne dei finne ut kva barn og unge forstår med «kunst og kultur», og kva erfaringar dei har med det.

Eksempla på kunst og kultur som rapporten har med, skjer og blir opplevd både heime, på skolen, i frivillig regi, i offentlege og private kunst- og kulturinstitusjonar og på internett. Barna og dei unge snakka både om si eiga kunstutøving og om møte med profesjonelle kunst- og kulturuttrykk. Beskrivingane går på tvers av kunstformer *for* barn og unge (produserte av vaksne), *med* barn og unge (samspel med barn og unge, men styrt av vaksne) og *av* barn og unge (samspel mellom barn og unge).

BUSK-rapporten beskriv at barne- og ungdomskulturen endrar seg heile tida og er ein kultur der det stadig kjem til nye uttrykk og måtar å delta på. Vidare kastar rapporten lys over kva for moglegheiter og barrierar som finst i barne- og ungdomskulturen, kva barn og unge opplever som meningsfullt, kva dei opplever som utfordrande, og kva dei ønskjer meir av. I rapporten er dette summert opp i 23 tiltak for å styrkje kunst- og kulturtilbodet viss barn og unge fekk bestemme. Desse tiltaka presenterer vi i innleiinga til dei ulike delane her i denne meldinga.

¹ Norsk kulturskoleråd deltok i prosjektgruppa, og fleire interesseorganisasjonar bidrog til å samle innspel og snakke med barn og unge. Desse var blant anna Dissimilis, TVIBIT Tromsø, Kultursenteret ISAK Trondheim, Voksne for Barn, UKM (Ung Kultur Møtes), Ungdom og Fritid, Biblo Tøyen, Skeiv Verden og KFUK-KFUM.

**Boks 2.1 Frå BUSK-rapporten:
Hva er kunst og kultur?**

BUSK-prosjektet gav barn og unge moglegheita til sjølve å beskrive kva dei reknar som kunst og kultur:

«Kunst og sånn, du må tenke litt for å forstå det. Det kan bety forskjellige ting.»

Gut, 13 år

«Et sted du kan være som ingen andre, eller som alle andre.»

Gut, 18 år

«Jeg fikk lim på meg! Det er sånn kunstnere gjør. Da er de virkelige kunstnere!»

Jente, 5 år

2.2 Kunst og kultur for barn og unge

Både mellom personar, i ulike kulturar og oppgjennom historia har det vore ulike oppfatningar om kva som eignar seg og ikkje av kunst og kultur for barn og unge. For kulturpolitikken er hovudprinsippet om dette spørsmålet å halde armlengds avstand. Kunsten og kulturen skal vere fri og utvikle seg mest mogleg på eigne premisser. Og så er oppgåva til det offentlege først og fremst å leggje til rette for utvikling, og det gjer dei blant anna ved å sørge for at det finst eit vell av ulike finansieringskjelder. Dette gjeld for barn og unge òg.

I kva grad kunst og kultur har ein verdi for den enkelte og for fellesskapet, knyter seg til kvaliteten på det som blir skapt og presentert. Samtidig er ikkje «kvalitet» nokon stabil størrelse som alle er einige om. Det barn og unge synest om kunst og kultur, stemmer ikkje nødvendigvis med oppfatninga dei vaksne har, og heller ikkje med det som er viktig i den fagfelleverderte kunsten. I utdanningssamanheng er omgrepet kvalitet tett knytta til korleis pedagogisk praksis og innhald i undervisninga bidreg til måla for barn og unge si danning og utdanning.

For at kunsten og kulturen skal spele ei viktig rolle, er ønsket om kvalitet i alle tydingar eit mål, og det må leggjast til rette for at vi kan få til det på best mogleg vis. I likskap med spørsmålet om innhaldet i kunsten og kulturen er det viktig at det blir ein debatt om spørsmålet om kvalitet. I kulturmeldinga heiter det:

Kvalitet vil og bør alltid vere gjenstand for diskusjonar, om kontekst, formål og relevans. Grunnlaget for å vurdere kunst og kultur kvalitativt er nettopp den vedvarande samtalen om, og dei stadige brytningane mellom, ulike forståingar av kvalitet. Det er i den kritiske samtalen om ulike kunstnariske og kulturelle uttrykksformer og perspektiv at ulike forståingar av kvalitet etablerer seg og tek form. Det må derfor leggjast til rette for og oppmuntrast til samtalar om kvalitet, relevans og aktualitet i kulturlivet. Ein føresetnad for slike samtalar er sterke fagmiljø som møter publikum. Kvalifisert kunstkritikk har òg mykje å seie for kvalitetsutviklinga.

Dette gjeld like mykje for barn og unge. Kva som er kunst og kultur av høg kvalitet for barn og unge, må det òg vere debatt om, og i denne samtalen må barn og unge vere med. Det er ikkje det same som at barn og unge skal bestemme, men at synspunkta deira skal få vekt, slik det står i artikkel 12 i FN's barnekonvensjon.

For at kunst og kultur skal vere tilgjengelege og relevante for alle barn og unge, er det viktig med eit mangfald av tilbod og kunst- og kulturuttrykk. Eit likestilt og mangfaldig kulturliv inneber å leggje til rette for at *alle* skal kunne oppleve ulike kunst- og kulturuttrykk og kunne gjere seg opp sine eigne meiningar om kunst og kultur. Dei største hindera for dette er sosiale, kulturelle og økonomiske forskjellar, som kan verke som barrierar for barn og unge i kunst- og kulturlivet. Andre hindringar kan vere fysiske, som kvar i landet ein bur, og at det manglar universell utforming.

Den samiske kulturarven har ein identitetskapande funksjon i den samiske befolkninga, ikkje minst for barn og unge. Samane som urfolk er viktige i det nasjonale fellesskapet, og ulike stemmer, uttrykk og historier gjer kulturlivet rikare. Det er eit mål at barn og unge over heile landet skal få oppleve samisk kunst og kultur. Dei offentlege forvaltningsnivåa og Sametinget har saman eit ansvar for å nå dette målet.

2.3 Kunst og kultur med barn og unge

For at kunst og kultur skal ha ein verdi for barn og unge, er det viktig å involvere dei og høyre på dei. Først da kan kunsten og kulturen spegle av og fortolke verkelegheita til barn og unge på ein måte som gjer at dei kjenner seg att og opplever det som relevant. Kunst og kultur kan bidra til å

setje ord på og uttrykkje følelsar, oppfatningar, tankar og idear som er viktige i livet til barn og unge, og på denne måten gi dei ei stemme i samfunnet på lik linje med andre grupper. Derfor må kunst og kultur både skapast og formidlast med barn og unge som deltakarar.

Barn og unge kan delta på mange ulike måtar. Mange profesjonelle kulturaktørar jobbar godt med å involvere barn og unge. For eksempel kan dei la barn og unge komme med innspel til manustekstar. Dei kan la barn og unge vere prøvepublikum på ei oppsetjing eller komme med innspel til kva som skal visast. Den første og viktigaste erkjenninga er at når barn og unge får delta, er dette med på å skape eit relevant kulturtilbod. For at barn og unge skal vere med, er det nødvendig at kunsten og kulturen er tilgjengeleg for alle, og at den enkelte blir oppmuntra til å oppleve og delta i kulturaktivitetar. Kunst- og kulturlivet må vidare ta omsyn til behova og føresetnadene til barna og dei unge og sikre at dei har moglegheita for erkjenning og utvikling på sine egne premissar.

Det er eit overordna mål å bidra til auka mangfald av deltakarar i kulturlivet og sleppe til fleire stemmer. Kulturen til innvandrarbefolkninga berikar Noreg, og det er viktig at kulturuttrykka til innvandrarbarn og -unge blir sette og verdsette. Alle som ønskjer det, må kunne få anledning til å delta. Regjeringa ønskjer særleg to viktige ting med satsinga si på tiltak for barn og unge: å bidra til å jamne ut sosiale forskjellar og å fremje inkludering. Vi veit at det er forskjeller blant grupper av barn og unge når det gjeld bruken av kultur og deltaking i organiserte fritidsaktivitetar. Dette gjer at enkelte går glipp av opplevingar som er viktige for oppvekstvilkåra deira, og som kan vere formande for den vidare utviklinga deira. Når ein person ikkje får sjansen til delta på linje med andre barn og unge, kan det føre til utanforskap.

2.4 Kunst og kultur av barn og unge

Ser vi på omgrepet «barne- og ungdomskultur», rommar det eit mangfald av kunst- og kulturuttrykk og aktivitetar. Mange av dei offentlege verkemidla og tiltaka er retta inn mot tradisjonelle uttrykk og aktivitetar. Eksempel er teater,

museum, konsertar og kino. Dette gjeld for barn og unge òg. Samtidig må vi anerkjenne og opne opp for at kunst og kultur utviklar seg og endrar seg: Det oppstår nye uttrykk, nye plattformer for formidling og nye aktivitetar. For barn og unge viser dette seg i kva dei bruker tida si på, og i kva aktivitetar dei deltek i på fritida.

Danning er viktig for å kunne delta i samfunnet. Å møte kunst og kultur gjennom å aktivt utforske, utforme, utføre og utøve er ein sentral del av denne dannelsingsprosessen for barn og unge. Det må leggjast til rette for at barn og unge skal kunne skape og delta i kunst- og kulturaktivitetar på eigne premisser.

Gjennom barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring får alle barn og unge møte, oppleve og utøve kunst og kultur. Dei får også kunnskap og kompetanse om ulike kunst- og kulturuttrykk. I kulturskolen får barn og unge tilbod om ei rekkje fag, aktivitetar og kurs hvor dei får delta og utvikle ferdigheitane sine.

I tillegg bidreg ei rekkje andre aktørar til å gi barn og unge desse moglegheitene, både i det frivillige kulturlivet, gjennom offentlege tilbod som fritidsklubbar og kulturskole, gjennom arbeidet offentlege institusjonar gjer med barn og unge, og gjennom private kulturtilbod som musikkundervisning, danseskoler og anna.

Å oppleve kunst og kultur kan ha betydning for både den generelle helsa, for den psykiske helsa, følelsen av velvære og å oppleve å ha livskvalitet. Kulturaktivitetar er ein viktig sosial ressurs som skaper sosiale fellesskap, identitet og tilhørsrel, og kan på den måten motverke utanforskap og einsemd. Vanar barn og unge får ved å delta i kulturlivet, kan ha betydelege helseeffektar for den enkelte. Det kan gjere at det blir enklare å delta i kulturlivet seinare, også i periodar av livet som kan vere problematiske, og at terskelen for å oppsøkje og bruke kultur blir lågare.

Regjeringa har òg som mål å bidra til eit auka mangfald av utøvarar i kunst- og kulturlivet. Dette inneber å leggje til rette for å rekruttere barn og unge med ulik bakgrunn. Tiltaka frå regjeringa for å leggje til rette for eit breitt talentutviklingsarbeid er eit eksempel på at regjeringa ønskjer å auke mangfaldet i rekrutteringa til kunst- og kulturlivet.



Figur 3.1

3 Kjenneteikn ved barne- og ungdomskulturen før og no

3.1 Kulturtilbodet til barn og unge gjennom tidene

Kulturtilbodet til barn og unge har endra seg på svært mange måtar dei siste tiåra, samtidig er fleire ting stabile og har ein varig karakter. Det er liten tvil om at kulturtilbodet til barn og unge gradvis har blitt større og meir mangfaldig. Samtidig som mange nye tilbod har komme til, er det færre tilbod som har forsvunne heilt.

For å presentere kva som var typiske trekk for kvart tiår, viser vi noko av det som var tilgjengeleg for ein ung tenåring i 1969, 1979, 1999 og 2019, sjå boks 3.1.¹ Samtidig kan vi få eit inntrykk av kva kulturtilbodet til barn og unge kan bestå av, og korleis det utviklar seg gjennom både endring og

¹ Byggjer på Hylland, Haugsevje, Schnell & Miland 2019

kontinuitet. Eitt av dei viktigaste utviklingstrekk ligg i skiljet mellom dei kulturtilboda som er lokale og fysiske, og dei som ikkje er stadbundne, altså dei vi finn i media eller som er digitale. Dei tilboda som barn og unge bruker mykje tid på i dag, er tilgjengelege overalt der det er mobil- eller breibandsdekning.

3.2 Barne- og ungdomskulturen i dag

3.2.1 Ein digital oppvekst

Vi har sett ein eksplosiv auke i tilbodet av levande bilete dei siste åra der innhaldet blir formidla ved hjelp av syns- og høyrseinntrykk. Utviklinga som har skjedd innanfor formidlings- og forbrukarteknologien, har gjort at innhaldet er tilgjengeleg nærmast overalt, frå kjelder som kan vere kvar

Boks 3.1 Kva slags tilbod fanst og var tilgjengelege for ein tenåring?

1969

I 1969 hadde rundt 20 prosent av befolkninga tilgang til tv, og NRK var den einaste norske kanalen ein kunne sjå på. På formiddagen kunne trettenåringane sjå på skolefjernsyn, som var pedagogisk tilrettelagde program. Vidar Lønn-Arnesen hadde ein programpost på radio for ungdom etter skoletid, med tittelen Skru på!. Og da som no kunne trettenåringar finne lesestoff på folkebiblioteket og skolebiblioteket. Utvalet av teikneseriar var stort. Enkelte kommunar hadde begynt med skolekino, men det var ikkje mange norskproduserte filmar for ungdom. Dette året kom den første filmen i Olsenbanden-serien: *Operasjon Egon*. Rikskonsertane hadde blitt etablerte året før, og skolekonsertane var i ein tidleg fase. Frivillige lag og foreiningar fekk eit oppsving over heile landet med nye politiske radikale bevegelser og EU-kamp i sikte. Framleis var mange korps berre for gutar, og det var nyleg blitt tillate med konkurransar for skolekorps.

1979

Ti år seinare hadde situasjonen endra seg for ein gjennomsnittleg norsk trettenåring. 1979 var FN's internasjonale barneår. Mange fleire hadde no tv, og ei viktig nyskaping for ungdomspublikummet kom med programmet Halvsju. På kino var framleis høgdepunktet Olsenbanden-filmen for året, *Olsenbanden og Dynamitt-Harry*. Ordninga med skolekonsertar var utvida ganske betydeleg, og i tretten av fylka i landet kunne elevane høyre to konsertar årleg. Og for første gong blei popmusikk introdusert i skolemusikkssamanheng. Lag og foreiningar utvida og endra også tilboda sine for å få med seg fleire barn og unge på nye populære aktivitetar, og fleire band fekk prøve seg på scenen i fritidsklubbar og andre forsamlingshus. I denne perioden blei dessutan tilbodet om kommunal musikk- og kulturundervisning utvida. Skolekinotilbodet var også utvida fleire stader og hadde filmar for fire ulike aldersgrupper.

Boks 3.1 forts.

1999

Hoppar vi tjue år fram i tid, til 1999, er dei norske tenåringane ein del av ei svært endra kultur- og medieverkelegheit. Så godt som alle hushalda har tv, og tilbodet er utvida med mange fleire kanalar. I 1996 starta NRK2 sendingane sine, og dei første åra var denne kanalen lansert som ein ungdomskanal. Radiokanalen P3 hadde eksistert i seks år og framheva seg sjølv som ein kanal for ungdom. I tillegg fanst det ei lang rekkje reklamefinansierte nærradio-stasjonar. Dette året var samfunnet i ein overgangsperiode for leige- og kjøpefilm, etter at dvd-ar hadde komme på marknaden. I tillegg hadde eit nytt tilbod komme inn i dei fleste norske heimane: Mellom 75 og 80 prosent av barn/unge mellom 9 og 19 år hadde tilgang på pc heime. Men enno hadde berre om lag ein tredjedel av befolkninga internett heime. Utvalet av skjermbasert underhaldning var òg utvida med fleire spelkonsollar og ei lang rekkje spel. Dei tidlegare nemnde tilboda, som bibliotek, lag og foreiningar, kor og korps, fritidsklubbar, skolekonsertar og musikkundervisning, var framleis høgst aktuelle og absolutt til stades. På dette tidspunktet hadde også dei kommunale kulturskolane auka stort i tal og var forankra i opplæringslova.

2019

Dei fleste av tilboda som ein tenåring hadde tilgang på i 1969, i 1979 og 1999, hadde tenåringane framleis tilgang på i 2019, men i større omfang. Det er større mengder litteratur for barn og unge, lengre opningstider på biblioteka, fleire tv-program for målgruppa, fleire kinoar og langt fleire barne- og ungdomsfilmar. Det einaste tilbodet som har blitt redusert, er tilgangen på fysiske kulturberarar som cd-ar, dvd-ar og vhs-videoar. Det har til gjengjeld blitt godt kompensert: I tillegg til dei tilboda som eksisterte før har ein gjennomsnittleg trettenåring i 2019 sin eigen smarttelefon, nettilgang døgnet rundt og tilgang på tre–fire strøymetenester. Dei har gjerne skole-pc eller iPad og kanskje også ein heime-pc som blir brukt til gaming og anna. Ein gjennomsnittleg tenåring har kanskje ein plass i kulturskolen og får besøk frå Den kulturelle skolesekken eit par gonger i året. Dei blir kanskje tekne med på ein konsert eller ei teaterframsyning innimellom, og dei fleste går dessutan på kino fire–fem gonger i året. Nokon av tenåringane besøkjer ein fritidsklubb kvar veke, og mange driv med organiserte fritidsaktivitetar. Samtidig held mange av tenåringane seg mykje heime.

som helst i verda. Ein stor forskjell frå tidlegare er at innhaldet no ofte er tilgjengeleg på plattformer som barn og unge sjølve har kontrollen over, anten det er smarttelefonen i lomma eller noko anna dei bruker. Teknologien har gjort det mogleg å spreie kunst og kultur til fleire, og det å delta, komme med ytringar og å samhandle med andre har blitt enklare.

På nettet kommuniserer barn og unge med kvarandre, dei spelar, leiker, lyttar, ser, les, skaper og lærer. Den digitale utviklinga skjer raskt, og dei unge tek stadig i bruk nye tenester. Å delta aktivt i det digitale samfunnet har fått svært mykje å seie både for den personlege utviklinga, den sosiale omgangen med andre, og å delta i samfunnslivet.

Ikkje minst blir digitale arenaer og kanalar stadig viktigare for all den produksjonen, deltakinga og bruken av kunst og kultur som barna gjer. Dei openberre eksempla er film, strøymetenester, tv og dataspel. Men også sosiale medium er kanalar for å oppleve, dele og produsere kunst- og kulturuttrykk. I tillegg har vi under koronapandemien sett heilt nye måtar å formidle kunst og kultur på og å delta i kulturaktivitetar digitalt på, for eksem-

pel onlinekonsertar eller å vere på fritidsklubb digitalt. Vi må gå ut frå at dette vil prege kulturfeltet etter pandemien òg.

Barn og unge skil i mindre grad enn vaksne mellom digitale og analoge tenester, ytringar og uttrykk. I motsetning til dei vaksne oppfatar ikkje dei unge det digitale som noko særskilt og separat eller som ei særskild form for «mediebruk». Dei oppfatar det heller som ein integrert og naturleg del av dei ulike sidene av livet. BUSK-rapporten beskriv ein kulturbruk blant barn og unge som beveger seg saumlaust mellom digitale plattformer og fysiske arenaer. Den digitale kvardagen til barn, inkludert utviklingstrekk, moglegheiter og risikofaktorar, beskriv vi nærmare i del IV, kapittel 13. Her drøftar vi òg behovet for å styrkje og samordne innsatsen for å sikre barn og unge ein trygg digital oppvekst.

At kulturen barn og unge er opptekne av, og plattformene dei konsumerer denne på, stadig endrar seg, byr på både moglegheiter og utfordringar. Ny teknologi opnar for nye kulturaktivitetar. Desse nye legg seg i stor grad oppå tidlegare aktivitetar heller enn å erstatte dei. Alle med internettforbindelse kan i dag både oppleve og sjølve skape ulike former for kunst og kultur. Utviklinga har gått

og går framleis svært fort, og den raske endringstakta gjer det krevjande å utvikle treffsikre verkemiddel på feltet. Spørjeundersøkingar gjeld ofte dei tradisjonelle kulturtilboda. Dermed veit vi ikkje om statistikken klarer å fange opp det som er trendar og nye vanar i dag. Derfor blir det så viktig å sikre at barn og unge medverkar i å utforme kulturtilboda, slik som barn og unge etterlyser i BUSK-rapporten.

3.2.2 Studiar om bruken av kultur og ulike medium

Det finst ulike studiar av kor mykje barn og unge bruker kultur- og medietilbod. Norsk kulturbarometer-undersøkinga til Statistisk sentralbyrå (SSB) opererer med følgjande kategoriar for kultur: kino, idrettsarrangement, folkebibliotek, teater/musikal/revy, kunstutstilling, museum, konsert med populærmusikk, konsert med klassisk musikk, ballett/danse-framsyning og opera/operette. Alderen til dei som har svart på denne undersøkinga, spenner frå 9 til 79 år, og målet med undersøkinga er å kartleggje kor mange som har brukt dei oppgitte kategoriane for kultur dei siste 12 månadene. Undersøkinga viser at barn og unge bruker kulturtilboda i stor grad, og at bruken deira av tilboda er ganske stabil, sjå figur 3.2.

Kino er det kulturtilbodet som blir brukt mest, heile 91 prosent har gitt opp at dei har vore på kino i løpet av det siste året i den siste undersøkinga frå 2016. Undersøkinga viser vidare at dei


tradisjonelle kulturaktivitetane som bibliotek og museum har blitt litt mindre besøkt dei siste åra, mens scenekunst, ballett/dans og teater/musikal/revy har trekt til seg fleire av dei unge. SSB gjennomfører ei ny kulturbruksundersøking i 2021. SSB har gått gjennom og oppdatert spørsmåla og kategoriane i undersøkinga, blant anna for å fange opp digital kulturbruk.

Ser vi på SSBs mediebruksundersøkingar, gir dei eit tydeleg bilete av kva som kjenneteiknar kvardagslivet til barn og unge. Bruken av tradisjonelle medium som radio, papiraviser, fjernsyn og teikneseriar har minka betrakteleg mellom 1991 og 2018, mens digitale spel og internett er dei mest brukte media. Lydmedium, som strøyming av musikk, ligg òg høgt når det gjeld tidsbruken. Medietilsynets Barn og medier-undersøkingar viser òg kva barn og unge er opptekne av. Dette er omtalt i del IV, kapittel 13.

3.2.3 Deltakinga til barn og unge i organiserte fritidsaktivitetar


Gjennom organiserte fritidsaktivitetar som idrett, friluftsliv, musikkorps og fritidsklubb, får barn og unge eit breitt og mangfaldig aktivitetstilbod der dei bur. Dette er sosiale møteplassar der ein kan knyte vennskap, byggje nettverk og utvikle sosiale ferdigheiter.

NOVAs Ungdata-undersøkingar² ser blant anna på kor mykje barn og unge deltek i organiserte fritidsaktivitetar. Resultata for heile Noreg i



Figur 3.2 Kulturbruk i prosent i løpet av dei siste 12 månadene, for aldersgruppa 9–15 år, fordelt på ulike kulturtilbod.

Kjelde: Hylland, Haugsevje, Schnell & Miland 2019



Figur 3.3 Prosentandel som har vore med på aktivitetar i fritidsorganisasjonar den siste månaden.

Kjelde: Bakken 2019

2019 viser at nærmare ni av ti ungdomsskoleelevar og elevar i vidaregåande skole har vore med i ein fritidsorganisasjon etter at dei fylte ti år.³ Sju av ti deltek i starten av tenåra og fire av ti i slutten av tenåra, sjå figur 3.3.

Idrett er den aktiviteten som dominerer. På ungdomstrinnet svarer 63 prosent at dei har vore med på aktivitet i idrettslag siste månad, mens 14 prosent svarer at dei har vore med i kulturskole, og 7 prosent at de har vore med i korps, kor, orkester. Ein noko større andel gir opp at dei har vore med i aktivitetar i fritidsklubbar og ungdomshus, religiøse foreiningar og andre typar organisasjonar som sosiale, politiske og humanitære foreiningar og lag. Innan alle typar aktivitetar minskar andelen som har vore med frå ungdomstrinnet til vidaregåande.

Ifølgje SSBs kulturstatistikk for 2019 var det 1 029 skolekorps i Noreg med om lag 32 000 medlemmer.⁴ Den norske kyrkja og dei mange andre trussamfunna rundt om i landet er også sentrale

arenaer for frivillige kulturaktivitetar. Ifølgje Kyrkje- rådet's innspel til meldinga omfattar korverksemda til Den norske kyrkja 551 barnekor med nesten 20 000 medlemmer. Fleire av kyrkemusikarane driv også piano- og orgelundervisning for barn og unge, og dei lokale kyrkjene er øvingsarena.

Sjølv om barn og unge bruker meir tid framfor skjerm no enn tidlegare, ser deltakinga i organiserte fritidsaktivitetar ut til å ha halde seg relativt stabil over dei siste tiåra. Kulturbruksundersøkinga som blir gjennomført i 2021, vil bidra til å gi oppdatert kunnskap om utviklinga innan ulike aktivitetstypar.


3.2.4 Forskjellar blant grupper av barn og unge

Kultur- og fritidsaktivitetar har ofte ein inngangsbillett eller andre kostnader som deltakaravgift og utstyr. I mange tilfelle inneber deltakinga til barn og unge også ein innsats frå foreldre og andre støttespelarar, for eksempel til skyss og dugnader. Tilbodet som finst av kultur- og fritidsaktivitetar, varierer ut frå kvar ein bur, og barn og unge er også ulike og endrar seg med tanke på kva dei ønskjer å vere med på. Samla sett gjer dette at forskjellane med tanke på deltaking i kultur- og fritidsaktivitetar kan ha mange og samansette forklaringar.

² Ungdata er lokale barne- og ungdomsundersøkingar der skoleelevar over heile landet svarer på spørsmål om korleis dei har det, og kva dei driv med på fritida. Undersøkingane er tilpassa barn og ungdom på mellomtrinnet (5.–7. trinn), ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring. Sidan 2010 har over 665 000 ungdommar frå nesten alle norske kommunar delteke i Ungdata-undersøkingane, og sidan 2017 har over 50 000 barn i 5.–7. trinn svart på Ungdata juniorundersøkinga. Ungdata gir dermed eit godt innblikk i korleis det er å vere ung i Noreg i dag.

³ Bakken 2019

⁴ Statistisk sentralbyrå 2020b



Figur 3.4 Deltaking i kulturaktivitet i alderen 9–17 år etter sosioøkonomisk status (2000–2016)

Kjelde: Jacobsen, Andersen, Nordø, Sletten, Arnesen & Sivesind 2020

Forsking viser at den sosioøkonomiske situasjonen til familien er ein viktig faktor for om barn og unge deltek i kultur- og fritidsaktivitetar eller ikkje, og at det òg påverkar kva aktivitetar barn og unge driv med. For befolkninga generelt er det ein tendens at dei med høgare utdanning og høgare inntekt bruker meir kultur og også er dei som bruker dei såkalla smalare kulturformene som opera, ballett og klassisk konsert. Analysar av kultur- og mediebruksundersøkingane viser at det òg har vore ein liten auke i forskjellane for barn og unge som deltek i kulturaktivitetar frå år 2000 til 2016, målt ut frå utdanninga og inntekta til foreldra, sjå figur 3.4.

Ungdata-undersøkingane bekreftar desse forskjellane. Analysar viser at ungdom frå heimar med høgast sosioøkonomisk status har nesten dobbelt så høg sjanse for å delta i organiserte fritidsaktivitetar samanlikna med dei som kjem frå heimar med lågast sosioøkonomisk status. Forskjellane varierer likevel mellom ulike type aktivitetar. Når det gjeld kulturaktivitetar, er det generelt slik at barn og unge frå heimar med høg sosioøkonomisk status i større grad deltek. For religiøse aktivitetar er det ikkje nokon systematiske forskjellar, mens for fritidsklubbar så er samanhengen omvendt. Her er det altså ungdom frå heimar med lågast sosioøkonomisk status som i størst grad deltek regelmessig. Kulturskolerapporten *Kultur + skole = sant* viser òg at det er ein samanheng mellom utdanningsnivået til foreldra og om barn deltek i kulturskolen. Viss


mor eller far har høgare utdanning, er sannsynet større for at barnet er elev i kulturskolen.

Sosioøkonomisk status slår òg ut på bruken av digitale skjermar. Tal frå Ungdata-undersøkinga viser at 65 prosent i gruppa med lågast sosioøkonomisk status i ungdomsskolen bruker minst tre timar dagleg framfor ein skjerm, mens 57 prosent av gruppa med høgast sosioøkonomisk status gjer det same, sjå figur 3.5.

Barn og unge i Noreg har i stor grad tilgang til, og bruker, digital teknologi. Ifølgje Barn og medier-undersøkingane har så godt som alle barn frå dei er 13–14 år, tilgang til eigen mobiltelefon, og 90 prosent av 9–18-åringar er på eitt eller fleire sosiale medium. Samtidig er det også *nokon* som ikkje har moglegheita til dette. Det at den store majoriteten er innanfor i det digitale samfunnet, kan i seg sjølv gjere det ekstra krevjande for dei få som ikkje har moglegheita til å delta.

Barn og unge med innvandrarbakgrunn, altså både barn som har innvandra og norskfødde med innvandrarforeldre, kan ha nokon særskilde utfordringar som gjer det vanskeleg å ta del i organiserte kultur- og fritidsaktivitetar på lik linje med andre. Barn med innvandrerbakgrunn er overrepresenterte i hushald med vedvarende låginntekt. I tillegg til dei sosioøkonomiske ressursane i familien kan det handle om grad av integrasjon i lokalmiljø, kulturelle hindringar og manglande kjennskap til organiserte aktivitetar.⁵ Analysar av Ung-

⁵ Jacobsen, Andersen, Nordø, Sletten & Arnesen 2021



Figur 3.5 Prosentandel som bruker minst tre timar dagleg framfor ein skjerm – etter skoleslag og sosioøkonomisk status (SØS)

Kjelde: Bakken 2019

data-undersøkingane viser også variasjonar i deltaking etter kva land eller del av verda foreldra har sitt opphav frå. Det viser seg òg at kjønnsforskjellane er større blant ungdom med utanlandsfødde foreldre enn blant ungdom med foreldre fødte i Noreg. For deltaking i kulturaktivitetar er det generelt fleire jenter enn gutar som deltek i alle innvandrargrupper, med unntak av barn av foreldre med afrikansk opphav.

Det er vidare ein kjønnsdimensjon i kva organiserte kultur- og fritidsaktivitetar barn og ungdom driv med. Både kultur- og mediebruksundersøkingane og Ungdata-undersøkingane viser at jenter deltek generelt oftare enn gutar i kulturelle aktivitetar som musikkgrupper, kor, korps, teater og dans, men forskjellane varierer med alderen. Kulturbruksundersøkinga viser at forskjellane aukar mellom jenter og gutar frå dei er 9–12 år, til dei er 13–15 år, og at dette i hovudsak kjem av at andelen gutar som deltek, går ned, mens denne går noko opp for jenter.⁶ Ungdata viser det motsette for ungdomstida der fråfallet frå aktivitetar er større blant jenter enn blant gutar. Mens andelen som deltek i organiserte aktivitetar er omtrent like stor blant gutar og jenter på ungdomstrinnet, er andelen høgare blant gutar på slutten av vidaregåande.⁷ NOU 2019:19 *Jenterom, gutterom og*

mulighetsrom ser på likestillingsutfordringar barn og unge møter i kvardagen på ulike arenaer, for eksempel i fritida. Rapporten peiker på at det er behov for meir kunnskap om korleis kjønn og normer for kjønn har betydning for deltakinga til barn og unge i organiserte aktivitetar på kulturfeltet.

Innspel frå organisasjonar og BUSK-rapporten peiker òg på hindringar for deltaking som særskilt rammar personar med funksjonsnedsetjing og krav til universell utforming. I levekårsundersøkinga til SSB oppgir ein av ti av personar med nedsett funksjonsevne at dei gjerne skulle delteke meir på konsertar, musikkarrangement og kino, men at dei blir hindra av for dårleg tilgjenge. Eit liknande funn kjem fram av Innbyggerundersøkelsen (Difi 2015) der personar med funksjonsnedsetjing i noko mindre grad enn befolkninga elles er tilfredse med moglegheitene til å gå på kino, teater eller konsert. Det er berre små forskjellar i kor tilfredse personar med ulike typar nedsett funksjonsevne er seg imellom. Like moglegheiter handlar òg om at det skal vere rom for å vere annleis i kulturlivet. Ungdommane i Dissimilis etterlyser ein kulturpolitikk som gjer det mogleg for dei som er annleise, å kunne delta med eigne kunstnariske uttrykk på fleire kunst- og kulturarenaer. Verkemiddel for å sikre barn og unge like moglegheiter til å delta i organiserte fritidsaktivitetar er omtalte i del II kapittel 7.

⁶ Hylland et al. 2019

⁷ Bakken 2019



Figur 4.1

4 Ansvar det offentlege har for barne- og ungdomskulturen

Staten har ei plikt til å oppfylle, respektere og beskytte rettane til barn. Barnekonvensjonen artikkel 4 pålegg staten å setje inn alle veleigna lovgivingsmessige, administrative og andre tiltak for å oppfylle dei forpliktingane staten har etter barnekonvensjonen. Når myndigheitene gjennomfører ny politikk eller lagar nye lover, skal dei gjere det som blir kalla ei barnerettsvurdering. Det vil seie at myndigheitene må vurdere kva for konsekvensar dei foreslåtte tiltaka vil få for om vi klarer å oppfylle rettane barna har. Barne- og ungdomspolitikken må derfor ta utgangspunkt i rettane til barna og det ansvaret myndigheitene har, slik det blant anna er nedfelt i internasjonale regelverk og det norske lovverket. I dette avsnittet gjer vi greie for rammene som gjeld for barne- og ungdomskulturpolitikken.

4.1 Rettane til barn og unge på kulturfeltet

Rettane til barn er verna gjennom fleire internasjonale regelverk som er ein del av den norske lovgivinga. Desse regelverka bestemmer kva som er dei rettslege rammene for ansvaret det offentlege har på barne- og ungdomskulturfeltet. Gjennom menneskerettslova av 21. mai 1999 gjeld både Den europeiske menneskerettskonvensjon, FN-konvensjonen om sivile og politiske rettigheter og barnekonvensjonen direkte som norsk lov. Etter § 3 i menneskerettslova skal desse konvensjonane «ved motstrid gå foran bestemmelsar i anna lovgiving». Når to lover seier forskjellige ting, skal altså menneskerettslova komme først.

På den måten har Noreg sørgt for at alle – både myndigheiter, enkeltpersonar og organisasjonar – må følgje føresegnene i blant anna barnekonvensjonen. Barn og unge har desse rettane uansett kvar dei bur, kva kulturell bakgrunn dei har, og uavhengig av statusen til foreldra.

Ytrings- og informasjonsfridom

Ytringsfridommen er ein grunnleggjande menneskerett som er forankra både i Grunnlova § 100 og

i fleire internasjonale konvensjonar. Noreg er bunde av. Mest viktige er artikkel 10 i Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) og artikkel 19 i FNs konvensjon om sivile og politiske rettar (SP), som begge gjeld som norsk lov, sjå menneskerettslova § 2.

Den sjølvstendige retten barn har til ytringsfridom, blir òg tydeleg slått fast i barnekonvensjonen artikkel 13. Denne føresegna sikrar retten barn har til å «søke, motta og meddele opplysningar og idear av ethvert slag», inkludert i «kunstnerisk form eller gjennom ein hvilken som helst uttrykksmåte barnet måtte velge».

Ytringsfridom dreier seg altså om retten til å ha og til å gi uttrykk for meiningane sine og til å søkje etter og få informasjon. Dette betyr at ytringsfridom inkluderer retten til å innhente og oppleve kunst og kulturuttrykk og til å uttrykkje seg gjennom kunst og kultur.

Retten til beskyttelse

I artikkel 17 bokstav e) i barnekonvensjonen står det at statane òg har eit ansvar for å «beskytte barn mot informasjon og stoff som er skadelig for barns velferd». Også andre konvensjonar tek opp risiko og skadeverknader knytte til digital teknologi, for eksempel Lanzarote-konvensjonen (Europarådets konvensjon om beskyttelse av barn mot seksuell utnytting og seksuelt misbruk).

Eit vilkår for at kulturen skal ha kraft og få spele rolla si i samfunnet, er at barn og unge kan oppleve kunst- og kulturuttrykk, uttrykkje seg gjennom kunst og kultur og delta i kulturaktivitetar innanfor trygge rammer. Utan trygge rammer kan ikkje barn og unge bruke kunst og kultur til å utvikle ein sjølvstendig og solid identitet, byggje talentet sitt eller utløyse potensialet sitt.

I dag er det særleg digitaliseringa som aktualiserer denne balansegangen. På den eine sida har dei digitale plattformene gitt oss moglegheiter vi tidlegare ikkje kunne førestille oss – for både kunst- og kulturopplevingar, kreativitet og sosial kontakt. På den andre sida medfører plattformene ny risiko, nye utfordringar og nye krav.

Kulturell deltaking

At barn har rett til å delta i det kulturelle og kunstnariske livet, blir slått fast i barnekonvensjonen artikkel 31. I dette ligg det blant anna ein rett til å få oppleve kunst og kultur som teater, film, utstillingar og til å lese bøker, men òg ein rett til å delta aktivt gjennom skapande og kreativ verksemd. Barn som tilhøyrrer ein etnisk, religiøs eller språkleg minoritet, har eit særleg vern i artikkel 30.

Konvensjonen slår vidare fast at medlemsstatane skal «respektere og fremme barnets rett til fullt ut å delta i det kulturelle og kunstneriske liv og [...] oppmuntre tilgangen til egnede og like muligheter for kulturelle, kunstneriske, rekreasjons- og fritidsaktiviteter». Innhaldet i barnehage, skole, SFO, kulturskole og Den kulturelle skolesekken reflekterer denne retten ved å gi eit tilbod til alle barn og unge. Det handlar om å oppleve kunst, å lære om kunst og sjølv ta i bruk kunstnariske og kulturelle uttrykk. Opplæringa skal gi kvalifisert grunnlag for eigne val, for vidare fordjuping og studium.

Barn og unge med nedsett funksjonsevne

FN-konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne (CRPD) slår fast at dei alminnelege menneskerettane gjeld fullt ut for menneske med funksjonsnedsetjing. Konvensjonen gjer òg greie for korleis vi skal forstå og gjennomføre menneskerettane for personar med funksjonsnedsetjing.¹

Artikkel 30 i denne konvensjonen, som heiter *Deltakelse i kulturliv, fritidsaktiviteter, fornøyelser og idrett*, slår fast at partane har eit særleg ansvar for å sikre at barn med nedsett funksjonsevne har den same moglegheita som andre barn til å delta i lek, fornøyslar, fritidsaktivitetar og idrettsaktivitetar, også dei aktivitetane som går føre seg i skolen.

Aktivitets- og rapporteringsplikta

Norsk likestillingspolitikk er tufta på prinsippet om at alle har eit ansvar for likestilling. Prinsippet er tydeleg forankra i likestillings- og diskrimineringslova. Lova gir arbeidsgivarar ei plikt til å jobbe for å fremje likestilling og hindre diskriminering.

¹ FN 2006

Boks 4.1 Barn har rett til kunst og kultur

I FNs konvensjon om rettane barn har, artikkel 31, heiter det:

1. Partene anerkjenner barnets rett til hvile og fritid og til å delta i lek og fritidsaktiviteter som passer for barnets alder og til fritt å delta i kulturliv og kunstnerisk virksomhet.
2. Partene skal respektere og fremme barnets rett til fullt ut å delta i det kulturelle og kunstneriske liv og skal oppmuntre tilgangen til egnede og like muligheter for kulturelle, kunstneriske, rekreasjons og fritidsaktiviteter.

FNs barnekomité har gitt ut ein generell kommentar om artikkel 31 som ei retningslinje for korleis ein skal tolke og bruke barnekonvensjonen.¹ I denne retningslinja står det blant anna at retten til å delta fullt ut i det kulturelle og kunstnariske livet (§ 2) har tre samanhengande sider:

- (i) *Tilgang*: For at vi skal kunne seie at barn har tilgang, må det vere mogleg for dei å oppleve kulturelt og kunstnarisk liv og lære om eit breitt spekter av uttrykksformer.
- (ii) *Deltaking*: For at barn skal kunne delta, må det vere garantert at dei har konkrete moglegheiter, enkeltvis eller som gruppe, til å uttrykkje seg fritt, til å kommunisere, handle og delta aktivt i kreative aktivitetar, med sikte på full utvikling av personlegdommen sin.
- (iii) *Bidrag til kulturlivet*: Dette omfattar retten barn har til å bidra til det åndelege, materielle, intellektuelle og kjenslemessige uttrykket for kultur og kunst og dermed vere med på å utvikle og endre samfunnet som han eller ho høyrer til, til det betre.

¹ FN 2013.

nering på grunnlag av personlege eigenskapar eller tilhøve. Dette gjeld blant anna diskriminering på grunnlag av kjønn, etnisitet, funksjonsnedsettning, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

Offentlege myndigheiter har lenge hatt plikt til å jobbe med likestilling. Aktivitetsplikta inneber at offentlege myndigheiter på alle nivå har ei plikt til å jobbe aktivt, målretta og planmessig for likestilling i all si verksemd. Aktivitetsplikta gjeld både i rollene som myndigheits- og tenesteutøver. Eksemplar på offentlege myndigheiter er departementa, direktorata, fylkeskommunar og kommunar. Frå 1. januar 2020 er denne plikta styrkt ved at offentlege myndigheiter også må gjere greie, i årsrapport/melding eller anna offentlig tilgjengeleg dokument, for kva dei gjer for å fremje likestilling. Dette blir kalla rapporteringsplikta. Barne- og ungdoms- og familiedirektoratet har utvikla rettleiarar og tips til korleis offentlege myndigheiter kan jobbe aktivt med likestilling.²

Medverknad

Retten barn og unge har til å delta i og medverke i avgjerder rundt sitt eige liv og i samfunnet elles, er grunnleggjande for bygginga av det demokratiske samfunnet. Retten barn og unge har til medverknad, følgjer blant anna av Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen artikkel 12.

Retten barn og unge har til medverknad, er i tillegg behandla i kommunelova og i plan- og bygningslova. I den nye kommunelova som tredde i kraft hausten 2019, er det bestemt at kommunane er pålagde å etablere eit ungdomsråd eller eit anna medverknadsorgan for ungdom. Ungdomsråda skal vere rådgivande organ for kommunane og fylkeskommunane, dei skal involverast i god tid, og kommunestyret og fylkestinget kan gi ungdomsråda myndigheita til å fordele midlar.³ Plan- og bygningslova fastslår at kommunane skal ta i vare oppvekstvilkåra til barn og unge i planlegginga og i byggjetiltak (§ 1-1), og at kommunane har ansvaret for å leggje til rette for at barn og unge får medverke i planprosessane (§ 5-1).⁴

Lova seier òg at kommunestyret skal sørgje for å etablere ei særskild ordning for å ta i vare interessene til barn og unge i planlegginga (§ 3-3). I denne ordninga skal ein person bli peikt ut til å vere barnerepresentant eller talsperson for barn og unge i byggjesaksprosessane. Ei rettleiing om

Boks 4.2 Medverknad

Regjeringa er oppteken av ungdomsmedverknad og har bestemt at i arbeidet regjeringa gjer med saksbaserte ungdomspanel skal prinsippa om reell påverknadskraft, representasjon, informasjon, gjensidig prosess, kompetanse og involvering leggjast til grunn. Kvart enkelt departement er sjølv ansvarleg for å ta initiativ til, opprette, velje deltakarar og bruke ungdomspanel. Barne- og familiedepartementet har utarbeidd råd om korleis dette kan gjerast.¹

Sametingets ungdomspolitiske utval (SUPU) blei oppretta i 2003 slik at samisk ungdom skulle få meir innverknad på Sametingets politikk. SUPU består av fem faste medlemmer. Dei kjem frå heile landet og er mellom 16 og 28 år. Dei skal fungere som eit kontaktledd mellom samisk ungdom og Sametinget og som høyringsinstans for Sametinget når det gjeld ungdomssaker. Det går no føre seg ein prosess om organiseringa av ungdomsmedverknaden i Sametinget, som blant anna gjeld SUPUs rolle, organisering og tilknytning i sametingssystemet.

¹ Barne- og familiedepartementet 2020b

barn og unge i plan- og byggjesak frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser korleis plan- og bygningslova kan vere med på å sikre og skape gode oppvekstvilkår for barn og unge.⁵

Barneheten skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barneheten, sjå barnehagelova §§ 1 og 3 og rammeplan for barneheten.⁶

Skolen skal gi elevane moglegheit til å medverke og til å lære kva demokrati betyr i praksis. Elevane skal erfare at dei blir lytta til i skolekvardagen, at dei har reell innverknad, og at dei kan påverke det som vedkjem dei, sjå opplæringslova § 1-1 og overordna del – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa.⁷

² Barne- og familiedepartementet 2021

³ Forskrift om medvirkningsordninger 2019

⁴ Plan- og bygningsloven 2008

⁵ Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2020

⁶ Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver 2017

⁷ Kunnskapsdepartementet 2017b

Oppsummering

Barn har rett til informasjon, til å bli høyrde og kunne ytre seg, til å leike og utfalde seg kulturelt, til å ha privatliv og til å vere beskytta. Desse rettane skal sikre at barn får utvikle seg til det fulle potensialet sitt og gi dei moglegheita til å delta aktivt i samfunnet.

Kunst og kultur er ytringar. Det såkalla infrastrukturkravet i Grunnlova § 100 sjetle leddet slår fast at staten har ansvar for at individ og grupper faktisk kan ytre seg, og løftar fram utviklinga av det offentlege rommet som eit viktig offentlig ansvar. Dette inkluderer eit ansvar for å leggje til rette for at det blir produsert og formidla kunst og kultur for, av og med barn og unge. Dessutan inneber kravet at staten har eit ansvar for å sikre barn og unge trygge rammer for utforske og realisere seg sjølv gjennom, kunst og kultur.

4.2 Kulturlova

I kulturlova er det bestemt at staten, fylkeskommunane og kommunane har ansvar for å «fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk».⁸ Kulturlova er ei rammelov som understrekar det overordna ansvaret som offentlege myndigheiter har for kulturverksemda.

Lova legg til grunn ein brei definisjon av kulturverksemd. Definisjonen dekkjer også kunst og kultur for, med og av barn og unge.

Både stat, fylkeskommune og kommune har etter denne lova eit ansvar for «økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak» som kan bidra til å oppnå målet. Lova fastset i tillegg ei rekkje oppgåver som dei ulike forvaltningsnivåa skal sørge for i fellesskap. I lova § 5 Felles oppgåver står dette:

Staten, fylkeskommunen og kommunen skal syta for

- a. at kulturlivet har føreseielege utviklingskår,
- b. å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar,
- c. at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.

I forarbeida til lova blei dei felles oppgåvene offentlege myndigheiter har på kulturområdet understreka, og det blei lagt vekt på betydninga av samarbeid mellom staten, fylkeskommunane og kommunane.

Da lova blei vedteken, blei det lagt vekt på at ho ikkje måtte gi føringar som hindra nødvendige tilpassingar til lokale behov og dei løpande endringane i kultursektoren. Lova er enkel og overordna og gir handlingsrom og fleksibilitet til å utforme og gjennomføre ein kulturpolitikk som er forankra i regionale og lokale føresetnader. Det er i tillegg lagt vekt på at kulturpolitikken heile tida må kunne tilpasse seg ein sektor som endrar seg raskt, og fange opp nye behov.

4.3 Barnehagelova, opplæringslova og lova om universitet og høgskolar

Barnehage og grunnsopplæring

Barnehagen og skolen er sentrale arenaer der barn og unge utviklar kulturell kompetanse. Kreative og skapande evner og ferdigheiter berikar den enkelte og samfunnet. Barn og unge er nysgjerrige og ønskjer å oppdage og skape. Å oppleve kunst- og kulturuttrykk og få delta i fysiske, praktiske og estetiske prosessar er betydningsfullt. Dette er derfor godt forankra i verdigrunnlaget til barnehagane, grunnsopplæringa og lærarutdanningane. Opplæringslova og barnehagelova har ei likelydande formulering i formålsparagrafane sine som handlar om at barna og elevane skal få utfalde skaperglede, engasjement og utforskartrøng.

Samiske barn i barnehage skal få støtte til å bevare og utvikle språket sitt, kunnskapen sin og kulturen sin uavhengig av kvar i landet dei bur. Den samiske skolen skal leggje til rette for at elevane får ei opplæring med basis i samiske verdiar og samisk språk, kultur og samfunnsliv. I samisk skole er det viktig å ha eit allsamisk perspektiv og eit urfolksperspektiv og å leggje vekt på materiell og immateriell kulturarv som tradisjonell kunnskap, duodji/duodje/duedtie og slekts- og familierelasjonar.

Barnehagen skal formidle verdiar og kultur, gi rom for eigen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap, sjå barnehagelova § 2. I *Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver* står det blant anna at barna skal få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former, og at barnehagen skal bidra til at barna får

⁸ Kulturlova 2007: §1

vere saman om å oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk.

Overordna del – verdiane og prinsipp for grunnopplæringa beskriv dei verdiane og prinsippa som skal liggje til grunn for skolane. Grunnopplæringa omfattar grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Desse verdiane og prinsippa er integrerte i dei enkelte faga for å vise korleis dei overordna måla for skolen heng saman med læreplanane i faga. I overordna del står det blant anna at barn og unge får danning gjennom opplevingar, praktiske utfordringar og ved å utfalde seg estetisk. Innsikt i kunst og kultur bidreg til at barn og unge både lærer og utviklar seg. Skolen skal la elevane utfalde skaperglede, engasjement og utforskartronge, og la dei få erfaring med å sjå moglegheiter og omsetje idear til handling. Elevane skal få bruke dei skapande kreftene sine gjennom heile grunnopplæringa og få oppleve eit variert spekter av kulturuttrykk gjennom tida si i skolen.

Både rammeplanen for barnehagen, overordna del og læreplanar i fag er forskrifter som er heimla i høvesvis barnehagelova og opplæringslova. Det inneber at barnehageeigaren og skoleeigaren er forplikta til å sørge for at barn og elevlar får det tilbodet som regelverket stiller krav om. Ny rammeplan for barnehagen kom i 2017. Faga i skolen har blitt fornya, og overordna del og nye læreplanar i fag blei tekne i bruk hausten 2020.

Kulturskolen bidreg til å realisere måla for danninga til barn og unge. Kulturskolen er heimla i opplæringslova § 13-6. I lova går det fram at alle kommunar skal ha eit tilbod om musikk- og kulturskole i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles.

Rammeplanane for grunnskolelærerutdanninga

Rammeplanane for grunnskolelærerutdanninga er forskrifter som er heimla i lov om universitet og høyskoler, og som byggjer på opplæringslova og det gjeldande læreplanverket for grunnskolen. Dette inneber at dei krava som gjeld for grunnopplæringa, er førande for innhaldet i desse lærarutdanningane. Alle som blir uteksaminerte frå ei av lærarutdanningane, skal ha kunnskap om oppvekstvilkår og barne- eller ungdomskultur.

Rammeplanane for dei ulike lærarutdanningane omtaler dette på ulikt vis. Femårig lærarutdanning i praktiske og estetiske fag blir starta opp frå 2021. Denne utdanninga går lenger i å konsentrere seg om kva dei praktiske og estetiske sidene betyr i barne- og ungdomskulturen, og identitetsdanninga knytte til praktiske og estetiske uttrykksformer. Ved at lærarane har innsikt i barne- og ungdomskulturen, skal dei kunne leggje til rette for at barn og unge får utfalde seg kreativt som skapande individ. Praktisk-pedagogisk utdanning og lærarutdanningane i praktiske og estetiske fag kan kvalifisere for undervisning både i grunnopplæringa og kulturskolen, og delar av praksisen lærarstudentane må ha, kan leggjast til kulturskolen.

Alle kandidatar frå norsk lærarutdanning som rettar seg mot barnehage eller skole, skal ha kunnskap og forståing om samisk kultur og statusen og rettane til urfolk. Nokon utdanningar legg spesiell vekt på kompetanse om samisk kultur. Dette gjeld dei samiske barnehagelærar- og grunnskolelærerutdanningane, som er forankra i samisk kultur og samfunn. Alle kandidatar frå samiske grunnskolelærerutdanningar skal ha kunnskap om samisk tradisjon innanfor det enkelte fagområde, og kunne gjere bruk av samiske læringsmåtar. Duodji, altså det tradisjonelle samiske handverket og kunsthåndverket, kan inngå som eit eige fag i grunnskolelærerutdanningane. Den nye femårige lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag skal kvalifisere til å ta i bruk element frå samisk kultur, spesielt i dei praktiske og estetiske faga.



Figur 5.1

5 Barne- og ungdomskultur som politikkområde

Barne- og ungdomskulturfeltet i politikken handlar om eit mangfald av aktørar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring gir alle barn og unge opplæring i og opplevingar av kunst og kultur. Mykje av det lokale kulturtilbodet til barn og unge har vakse fram gjennom frivillige lag og organisasjonar, for eksempel korps, kor, ungdomslag, teatergrupper og filmklubbar. Over tid er det også oppstått fleire ulike offentlege tilbod, for eksempel bibliotek, kulturskolar og fritidsklubbar. I fleire lokalsamfunn samarbeider desse tilboda godt og utfyller kvarandre slik at barn og unge får eit breitt og mangfaldig kulturtilbod.

Den prinsipielle haldninga frå staten har vore at det offentlege, både staten, fylkeskommunane og kommunane, skal leggje til rette for frivillig organisasjonsarbeid.

Det vi kallar det frivillige kulturtilbodet, frivilligheita eller frivillig sektor, består for det meste av lokale eldsjeler og ressurspersonar og betyr svært mykje for om barn og unge kjenner til og deltek i kunst- og kulturlivet. Aktiviteten og arbeidet til dei frivillige organisasjonane er sentralt i barne- og ungdomskulturen.

Regjeringa vil halde fram med å leggje til rette for ein sterk frivillig sektor, sjå Meld. St. 10 (2018–2019) *Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig*.

Temaet for denne meldinga er avgrensa til kva rolle og betydning det offentlege har for å løfte fram kunst og kultur for, med og av barn og unge. Dette omfattar ei rekkje ulike verkemiddel og tiltak både på statleg, regionalt og kommunalt nivå.

5.1 Statlege verkemiddel for barne- og ungdomskulturen

I dag deler fleire departement ansvaret for dei politiske måla og verkemidla knytte til barne- og ungdomskultur. Nedanfor følgjer ei kort oversikt over dei viktigaste statlege verkemidla på barne- og ungdomskulturfeltet. Fleire av desse beskriv og drøftar vi nærmare i del II og III av meldinga.

Kulturdepartementet har det overordna ansvaret for kulturpolitikken, inkludert kultur for, med og av barn og unge. I tillegg har departementet ansvaret for andre politikkområde som har å gjere med, eller grensar opp til barne- og ungdomskulturen, blant anna medium, likestilling og diskriminering, idrett og frivillig verksemd.

Kulturdepartementet har ansvaret for å utvikle den nasjonale kulturpolitikken ved hjelp av juridiske og økonomiske verkemiddel. Departementet forvaltar ei rekkje lovverk som legg dei rettslege rammene for kulturverksemda og -forvaltninga. Desse lovene er åndsverklova, kulturlova, kulturrådslova, bibliotekvederlagslova og folkebiblioteklova.

Regjeringa meiner at kulturlivet, frivilligheita og medieoffentlegheita er sjølvstendige byggjesteinar i samfunnet. Med det meiner vi at dei skal kunne utvikle seg mest mogleg på eigne premisser utan at staten overstyrer dei. Samtidig skal det offentlege leggje til rette for at det blir utvikla og er eit mangfald av private og offentlege finansieringskjelder. Statleg finansiering av kunst og kultur står sterkt i Noreg og omfattar ei rekkje tiltak for barn og unge og ordningar for frivillige lag og foreiningar. Finansieringa frå private aktørar er samtidig avgjerande for sjølve gjennomføringa, og for at ulike prosjekt og tilbod utviklar seg vidare. Slik finansiering kan skje både som brukarbetalning, investering, sponing og folkefinansiering. Private aktørar og stiftelsar bidreg òg gjennom innkjøp og utlån av kunst og utstyr, prosjektstøtte og gåver og ikkje minst som arrangørar og tilretteleggjarar av aktivitetar og arrangement for barn og unge. Målet til regjeringa er eit kulturliv der eit mangfald av aktørar gir varierte opplevingar til flest mogleg. Dette inkluderer å samarbeide med både det sivile samfunnet, næringslivet og andre private aktørar.

Dei nasjonale midlane som blir løyvde til kunst- og kulturformål, kjem i hovudsak frå Kulturdepartementets budsjett. Den største delen av løyvingane frå departementet til kunst- og kulturformål går til institusjonar som får eit fast årleg driftstilskott. Dette er institusjonar som i stor grad har sjølvstendig avgjerdsmyndigheit innanfor for-

målet sitt og innanfor dei generelle føringane Stortinget og regjeringa fastset.

Kulturdepartementet er ansvarleg for korleis overskottet frå speleverksemda i Norsk Tipping blir fordelt til kulturformål. Departementet fordelte om lag 800 mill. kroner til ulike kulturformål i 2020. Dei største løyvingane gir departementet til Den kulturelle skolesekken og Frifond. Men også tilskudd til nasjonale musikkorganisasjoner, Instrumentfond til skolekorps og orkester og Kulturrom får midlar, og arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet får prosjekt- og utviklingsmidlar.

Som del av det kulturpolitiske avgjerdsapparatet er det vidare etablert ei rekkje verksemdar som har som formål å forvalte tilskottsmidlane på budsjettet til Kulturdepartementet, inkludert Norsk kulturråd, Kulturtanken og Norsk filminstitutt. Desse omtaler vi nærmare i del III.

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for barnehagar, grunnskole, vidaregåande opplæring, fagskoleutdanning, høgare utdanning, forskning, integrering, vaksenopplæringa og kompetansepolitikk. Kunnskapsdepartementet har også ansvaret for kulturskolen. Departementet fastset rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver og læreplanar for grunnskolen og dei gjennomgåande læreplanane for heile grunnsopplæringa. Utdanningsdirektoratet fastset dei øvrige læreplanane. Kommunane og fylkeskommunane er eigarar av grunnskolar og vidaregåande skolar og har ansvaret for kvaliteten i opplæringa. Kommunane eig dessutan kulturskolane.

Kunnskapsdepartementet gir i tillegg tilskott til Norsk kulturskoleråd, Fellesrådet for kunstfagene i skolen og Samarbeidsforum for estetiske fag.¹

Utdanningsdirektoratet er Kunnskapsdepartementets utøvande organ for barnehage, skole og fagopplæring og forvaltar blant anna tilskottet til kunst- og kulturarbeid i opplæringa.

Barne- og familiedepartementet har ansvaret for oppfølginga av ei rekkje verkemiddel og tiltak med mål om å styrkje moglegheita barn og unge har til å delta i fritidsaktivitetar. Dette er generelle ordningar som ikkje er direkte grunngitte i kulturpolitiske mål. Frå budsjettet til Barne- og familiedepartementet blir det blant anna gitt tilskott til barne- og ungdomsorganisasjonar.² Desse organisasjonane sikrar at barn og unge får delta, og er arenaer for medverknad og demokratisk praksis.

Pengemidlane frå Barne- og familiedepartementet blir fordelte til sentralledda i barne- og ungdomsorganisasjonane. Støtta som Kulturdepartementet fordeler gjennom Frifond-ordninga, skal gå til lokal aktivitet i organisasjonane.

Ei samla oversikt over statlege tilskottsordningar for frivillige organisasjonar er tilgjengeleg på regjeringen.no/frivilligtilskudd.

5.2 Dei kommunale og regionale verkemidla

Barne- og ungdomskultur er ei nasjonal satsing der både staten, fylkeskommunane og kommunane har verkemiddel og tiltak. For å oppnå dei nasjonale måla er det derfor viktig at alle desse tre forvaltningsnivåa jobbar saman.

I forarbeida til kulturlova blir det understreka at fylkeskommunane og kommunane i prinsippet kan bruke dei same verkemidla og tiltaka som det staten gjer. Eksempel på verkemiddel og tiltak er

- driftstilskott til nasjonale/regionale og lokale institusjonar og organisasjonar
- drift av kulturanlegg eller tilskott til drift, bygging og vedlikehald av kulturanlegg
- aktivitets-, produksjons- og prosjektstøtteordningar for kunstnarar og andre kulturarbeidarar
- ulike former for stipendordningar for kunstnarar og kulturarbeidarar

Det er svært stor variasjon mellom kommunane og mellom fylkeskommunane med tanke på kva oppgåver dei har valt å prioritere på kulturområdet, og korleis dei har valt å løyse desse oppgåvene gjennom ulike verkemiddel.

5.2.1 Rolle og oppgåver i kommunane og fylkeskommunane

Fylkeskommunane og kommunane er ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levkåra og utviklingsmoglegheitene til barn og unge. Det lokale kulturlivet og andre former for fritidsaktivitetar er sentrale arenaer for fellesskap og bidreg til mangfald, likestilling, ytringsfridom og toleranse.

Den kulturpolitiske rolla kommunane har, er godt innarbeidd og har ei historisk forankring.³ Både kinoverksemda og folkebiblioteka har vore viktige lokale kulturtiltak som kommunane har stått for, i tillegg til breiare oppgåver innanfor kul-

¹ Prop. 1 S (2019–2020) kapittel 225, post 75 *Grunntilskott til kunst- og kulturarbeid i grunnsopplæringa*

² Tilskottet blir fordelt av Bufdir, som er eit statleg forvaltningsorgan under Barne- og familiedepartementet.

³ Mangset & Hylland 2017

turfeltet. Eksempel er støtte til frivilligheit, amatøraktivitetar og organisasjonsliv innanfor kultur- og fritidsfeltet, inkludert barne- og ungdomsaktivitetar som korps, kor og teater med meir. Å bygge og så stå for drifta av lokale kulturbygg og samfunnshus er òg ei tradisjonell kommunal kulturoppgåve. Kommunen har òg ansvar for barnehagar, grunnskolar, SFO og kulturskolar.

Det er forskjellar på by og bygd, sentrum og utkant. Det gjer det vanskeleg å samanlikne korleis kommunane løyser oppgåvene sine på kulturfeltet. Vi veit dessutan at både andelen sentrale kunst- og kulturinstitusjonar og andelen kunstnarar er høgare både rundt og i dei store byane. Kunst- og kulturtilbodet er med andre ord forskjellig i ulike delar av landet.

Fleire av dei nasjonale kulturpolitiske satsingane for barn og unge er det kommunane som har ansvaret for. Dette gjeld blant anna kulturskolen, biblioteka, Den kulturelle skolesekken og Ung kultur møtes (UKM). I tillegg blir fritidsklubbane og andre opne møteplassar som kommunane skaper, stadig viktigare for barn og unge.

Desse ulike satsingane som kommunane står bak, er samtidig med på å skape grunnlaget for kva kompetanse og ressursar som finst i kommunen, altså kulturarbeidsplassane. Og å ha tilgang til folka som jobbar i desse stillingane i kommunen, er igjen det som gir grunnlag for å kunne utvide kulturtilbodet.

Mange kommunar vel å sjå desse satsingane i samanheng slik at dei blir del av heilskaplege strategiar og satsingsområde. Det er òg ei rekkje eksempel på at kommunen har plassert forskjellige aktørar i det same lokalet, gjerne i tilknytning til sentrale møteplassar for barn og unge, og så bidreg dette til å sikre eit heilskapleg og attraktivt tilbod til dei unge.

Ifølgje tal frå KOSTRA (som står for kommune–stat-rapportering) gav norske kommunar samla 219 mill. kroner i driftstilskott til fritidsaktivitetar for barn og unge i 2018. Kommunale tilskott utgjer eit vesentleg økonomisk bidrag i tillegg til dei statlege ordningane, for eksempel Frifond, Grasrotandelen og Kulturromordninga. Kommunane bidrog òg med om lag 1,5 mrd. kroner netto til kulturskole i 2018.⁴ Dette viser at barne- og ungdomskultur er ei prioritert oppgåve for mange kommunar.

Rolla til fylkeskommunane har endra seg mykje over tid. I dag er biletet svært samansett,

med store variasjonar både når det gjeld politisk styring og administrasjon av kulturområdet og kva oppgåver som får prioritet hos dei ulike fylkeskommunane. Sjølv med denne variasjonen mellom fylkeskommunane er det likevel nokon klare fellestrekk.⁵ Dette gjeld blant anna oppgåver som fylkeskommunane har som plikt etter lova, forvaltning av tilskottsordningar, støtte til ulike kunst- og kulturinstitusjonar og tilrettelegging for kunst- og kulturfeltet i form av rådgiving og nettverkssamarbeid.

Nokon ansvarsområde deler fylkeskommunane med kommunane, for eksempel bibliotek, Ung Kultur Møtes (UKM) og Den kulturelle skolesekken (DKS). Fylkeskommunen har også ansvaret for vidaregåande opplæring. Andre ansvarsområde deler dei med det statlege nivået, for eksempel å finansiere regionale filmsenter, regionteater og orkester, festivalar og museum.

Som politiske organ skal kommunane og fylkeskommunane representere den lokale og regionale folkeviljen. Samtidig er dei òg ledd i det samla offentlege forvaltningsapparatet som skal bidra til å setje i verk nasjonal politikk. Denne doble rolla medfører ein potensiell verdikonflikt mellom lokalt og nasjonalt nivå, som må balanseast i forhold til kvarandre.

Kultursektoren skil seg her frå andre sektorar sidan den enkelte kommunen og fylkeskommunen står ganske fritt både når det gjeld å fastsetje mål og korleis dei vil bruke ressursar og verkemiddel på området. Enkelt sagt er det opp til lokaldemokratiet i kva grad kultur blir prioritert på kommunalt og fylkeskommunalt nivå. Noko av hovudbodskapen i NOU 2013: 4 Kulturutgreiinga 2014 var at det utvalet kalla «den kulturelle grunnmuren», ikkje hadde blitt styrkt i perioden 2005–2014. Dei argumenterte derfor for at det må bli gitt større merksemd og meir pengar frå statleg hald til lokale aktørar som kulturskole, folkebibliotek, fritidsklubbar, kino og frivillig kulturliv med vekt på blant anna øvings- og framføringslokale. Dette er likevel eksempel på oppgåver der kommunane har eit sjølvstendig ansvar, og der kommunane står fritt til å prioritere disponeringa av midlar i tråd med det kommunale sjølvstyret. Fordi det kommunale sjølvstyret er lovbestemt, og fordi det er brei politisk einigheit om at det lokale folkestyret skal styrkjast, er dette utfordringar som i hovudsak må løysast lokalt.

⁴ Tall fra KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

⁵ Hauge, Knudsen, Knutsen & Meltevik 2018

5.2.2 Det kommunale og regionale planarbeidet

Plan- og bygningslova bestemmer korleis areala i landet skal brukast og regulerast. Lova har som formål å «fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner», sjå lova § 1-1. Planlegging etter lova skal bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gi grunnlag for vedtak om bruken av og eit vern av ressursane. I planlegginga skal det ifølgje formålsføreseigna i lova blant anna leggjast vekt på «hensynet til barn og unges oppvekstvilkår».

Plan- og bygningslova pålegg fylkestinget som planmyndigheit ei plikt til å «utarbeide en regional planstrategi i samarbeid med kommuner, statlige organer, organisasjoner og institusjoner», sjå § 7-1 i denne lova. Når fylkeskommunen utarbeider regional plan, skal han, slik det står i § 8-3 i lova, «samarbeide med berørte offentlige myndigheter og organisasjoner. Statlige organer og kommuner har rett og plikt til å delta i planleggingen når den berører deres virkeområde eller egne planer og vedtak».

Plandelen til plan- og bygningslova gir statlege myndigheiter fleire verkemiddel for å sikre at den kommunale og regionale planlegginga tek i vare nasjonale omsyn og interesser.

Regjeringa fastset nasjonale forventningar som peiker på mål, oppgåver og interesser som regjeringa meiner fylkeskommunane og kommunane bør leggje vekt på i planlegginga si etter plan- og bygningslova i kommande fireårsperiode.

Staten kan òg utarbeide planretningslinjer og føresegner som legg rammer for kommunane. Ifølgje plan- og bygningslova kan Kongen (regjeringa) blant anna gi pålegg om å utarbeide regional plan for bestemte område og gjennom forskrift fastsetje nærmare føresegner om innhald og organisering, sjå § 8-1 i lova.

Eitt av verkemidla kommunen har, er å ha oversikt over den psykiske helsa og trivselen til innbyggjarane og faktorar som påverkar,⁶ for eksempel sosiale forskjellar og fattigdom, om ein opplever tilhøyrse og meistring, sosial støtte, deltaking, einsemd, mobbing, fråfall mv. Om barn og unge deltek i kulturaktivitetar, vil vere ein påverknadsfaktor for blant anna psykisk helse og trivsel.

5.2.3 Vurdering

Som det går fram av gjennomgangen over, har kommunar og fylkeskommunar eit viktig ansvar for å leggje til rette for kultur for, med og av barn og unge. Ansvaret det Offenlege har for barne- og ungdomskulturen er bestemt i fleire lover, sjå kapittel 4. Dette omfattar ei rekkje oppgåver kommunar og fylkeskommunar ivaretek.

Samtidig er det relativt store forskjellar i korleis kommunar og fylkeskommunar i praksis organiserer og prioriterer innsatsen på barne- og ungdomskulturfeltet. Mykje tyder i tillegg på at kommunane i mange tilfelle gir lite merksemd til kultursektoren i planlegginga si. Rapporten *Kultur + skole = sant – et kunnskapsgrunnlag om kulturskolen i Norge*⁷ hevdar at kulturskolesektoren manglar politisk styring både på nasjonalt og lokalt nivå, og at det lokale planverket ofte er mangelfullt. Dette gjer i sin tur at kulturskolane får lite merksemd i politiske organ lokalt.

På oppdrag frå Norsk kulturforum og Fagforbundet gjennomførte Telemarksforsking i 2019 to undersøkingar, den eine om kommunal organisering av kultur og den andre om kompetanse blant kulturarbeidarar.⁸ Undersøkingane frå Telemarksforsking viste at berre 36 prosent av kommunane har ein dedikert kulturplan, det vil seie at dei ikkje berre har lagt «kultur» under for eksempel samfunnsdelen i kommuneplanen. Det er særleg små kommunar som ikkje har nokon eigen kulturplan. Undersøkinga til Telemarksforsking viste vidare at kommunar som har ein kulturplan, bruker opp mot 25 prosent meir pengar på kultur og idrett (netto driftsutgifter) per innbyggjar enn kommunar som ikkje har dette.

Regjeringa meiner derfor at det er nødvendig å gjere det ansvaret som fylkeskommunane og kommunane har for kultursektoren generelt og for barne- og ungdomskultur spesielt, meir tydeleg. Samtidig er det viktig å halde på det kommunale sjølvstyret og moglegheita for å gjere lokale prioriteringar basert på ei konkret vurdering av situasjonen og ei avveging av behova lokalsamfunnet har på kulturfeltet, sett opp mot andre omsyn og forpliktingar. Regjeringa foreslår derfor ulike tiltak som skal sikre at kulturfeltet blir trekt inn i kommunale plan- og prioriteringsprosessar.

I *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019–2023* er det for første gong uttrykt klare forventningar om at fylkeskommunane og kommunane må ta i vare kunst og

⁶ Folkehelselova 2011: § 5

⁷ Berge, Angelo, Heian & Emstad 2019

⁸ Miland & Kleppe 2019

kultur som ein del av den kommunale og regionale planlegginga. Regjeringa meiner det er viktig at desse forventningane blir følgde aktivt opp av kommunane og fylkeskommunane i deira langsiktige planlegging framover.

I kulturmeldinga varsla regjeringa at dei skal gå gjennom kulturlova «med sikte på at ho skal vere eit styringsverktøy for oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom forvaltningsnivåa og reflektere nasjonale mål for kulturpolitikken».

Kulturdepartementet greier ut eit forslag til endringar i kulturlova og vil sende eit utkast på høyring om kort tid. Eit av dei spørsmåla som blir vurdert, er å utvide lova med ei planføresegn etter same modell som folkehelselova. Ei slik føresegn vil kunne forplikte fylkeskommunane og kommunane til å lage ei oversikt over statusen og behova på kulturfeltet. Denne oversikta skal kommunen så bruke i arbeidet med planstrategien sin. Betre statistikk og indikatorar på deltaking i kulturlivet, fordelt ned på sosioøkonomisk status, vil kunne vere eit styringsverktøy både for arbeid med kultur og folkehelse. I tillegg vurderer Kulturdepartementet ei føresegn om at kommuneplanen skal innehalde mål og strategiar på kulturfeltet som er eigna til å svare på dei utfordringane som kommunen dokumenterer i oversikta si over kulturfeltet. Ei eventuell planføresegn vil gjelde heile den kommunale kultursektoren, inkludert kulturskolen som formelt er heimla i opplæringslova. Regjeringa legg til grunn at ei planføresegn i kulturlova kan innebære ei tydeleggjering og konkretisering av plikter kommunane og fylkeskommunane alle-reie har etter kulturlova og opplæringslova.

Uavhengig av om og korleis planarbeidet på kultursektoren blir lovregulert, bør kommunane sjå heilskapleg på kunst- og kulturfeltet og korleis det vedkjem andre delar av kommunal forvaltning og eventuelt anna planverk. For eksempel skal kulturskolen vere eit tverrgåande tema i den kommunale planarbeidet etter plan- og bygningsloven § 11-2 og inngå i ulike relevante kommunale planar blant anna på oppvekstfeltet og integreringsfeltet. Vi skriv meir om kulturskolen i kapittel 8. I fleire kommunar er folkehelsekoordinatoren tilsett i kultur- og oppvekstavdelinga og vil i praksis kunne bidra i arbeidet med å implementere eventuelle planføresegner i kulturlova.

I tillegg har regjeringa i budsjettforslaget for 2021 avsett 4 mill. kroner til eit pilotprosjekt for å

integrere barne- og ungdomskultur i kommunal planlegging. Pilotprosjektet skal bidra til ein betre koordinert lokal kultursektor ved at det blir samhandla meir mellom ulike aktørar og utvikla gode møteplassar for deltaking og inkludering.

I pilotprosjektet vil det bli gitt tilskott til kommunar som ønskjer å utvikle modellar for samarbeid og samhandling der barne- og ungdomskultur (inkludert kulturskolen) er integrert i kommunal planlegging. Regjeringa understrekar at det kommunale planverket er eit verkemiddel og ikkje eit mål i seg sjølv. Planarbeid kan omfatte både separate planar, for eksempel ein kommune-delflan for kultur eller oppvekst, og inkludering av barne- og ungdomskultur i det generelle planverket. Hensikta med stimuleringsmidlane er å bidra til ein effektiv bruk av kommunale kulturbudsjett gjennom å utvikle samarbeidsformer og -arenaer. Det kan dreie seg om samarbeid mellom kultursektoren og utdanningssektoren i kommunen, mellom kommunar eller mellom offentleg sektor, privat sektor og frivillig kulturliv. I dette samarbeidet kan det vere relevant å trekkje inn både kommunale og private kulturskolar, barnehage, skole, skolefritidsordning, bibliotek, korps, kor og orkester, fritidsklubbar, Ung Kultur Møtes og Den kulturelle skolesekken.


Regjeringa vil også betre informasjonen til fylkeskommunar og kommunar om forpliktingar og forventningar til kommunal planlegging på kulturfeltet, i tillegg til å formidle eksempel på gode lokale planprosessar og samarbeidsmodellar.

Regjeringa vil

- greie ut eit lovforslag som utvidar kulturlova med planføresegner etter modell av folkehelselova. Ei slik eventuell planføresegn vil gjelde heile den kommunale kultursektoren, inkludert kulturskolen som formelt er heimla i opplæringslova
- setje i gang eit pilotprosjekt for å integrere barne- og ungdomskultur i kommunal planlegging
- betre informasjonen til fylkeskommunar og kommunar om forpliktingar og forventningar til kommunal planlegging på kulturfeltet, i tillegg til å formidle eksempel på gode lokale planprosessar og samarbeidsmodellar

Del II

Deltakinga og eigenproduksjonen til barn og unge



Figur 6.1

6 Innleiing

Barn og unge må aktivt kunne delta i kunst- og kulturlivet på eigne premissar. Kulturtilbodet skal leggje til rette for gode møteplassar som byggjer fellesskap og er ein inkluderande arena. Kulturtilbodet skal gi ytringskompetanse, leggje til rette for utvikling og læring og gi barn og unge meistringsopplevingar. Kulturtilbodet skal gi barn og unge sosial og kulturell anerkjenning og byggje sosial og kulturell kompetanse.

Alle barn, uavhengig av bakgrunn, skal bli sette og anerkjende for dei erfaringane, den kunnskapen og kulturen kvar enkelt har med seg og bringar inn i fellesskapet. Kunst- og kultur for barn og unge må vere dynamisk og inkluderande, aktørane i feltet må leggje til rette for nye uttrykk og aktivitetar som oppstår, og stemmene til barn og unge må bli høyrde i utforminga av kulturtilbodet. Alle som ønskjer det, må kunne få anledning til å delta.

Det er mange aktørar som bidreg til å gi barn og unge desse moglegheitene. Vi kan finne dei både i det frivillige og profesjonelle kulturlivet, gjennom offentlege støtta institusjonar og tilbod som fritidsklubbar og kulturskole og gjennom støtte frå næringslivet og andre private aktørar. Saman skaper desse eit breitt og mangfaldig kulturtilbod for barn og unge. Barnehagane og grunnopplæringa er fellesarenaer der alle barn og unge får lære om, utøve og oppleve kunst og kultur.

BUSK-rapporten viser at barn og unge uttrykker glede over å kunne arbeide med kunst og kulturuttrykk. For mange er dei aller beste kunst- og kulturopplevingane dei gongene dei sjølv har opptredd, stilt ut eller på andre måtar fått vise ferdigheitene sine for eit publikum.

Kunst- og kulturinteressert ungdom ønskjer å bli tekne seriøst og få moglegheita til å utvikle ferdigheitene sine, og det på gode arenaer. Barn og unge trekkjer òg fram moglegheitene for meir samarbeid med profesjonelle kunstnarar som sentralt.

I denne delen skal vi gå nærmare inn på deltakinga og eigenproduksjonen til barn og unge. På kva måte kan det offentlege leggje til rette for at alle barn og unge får delta, utøve og bidra i eit kunst- og kulturtilbod på fritida? Korleis sikre eit mangfald av tilbod som er tilgjengeleg der barn og unge bur, som let dei medverke, og som er relevant for barn og unge med ulike erfaringar og kompetanse?

Det neste kapittelet ser nærmare på organiserte aktivitetar og tilrettelagde arenaer som bidreg til å skape møteplassar med vekt på kunst og kultur. Det påfølgjande kapittelet beskriv moglegheiter for ein styrkt kulturskole for framtida. Deretter følgjer ein gjennomgang av verkemiddel og tiltak for å sikre barn og unge opplæring og fordjuping i kunst- og kulturuttrykk.



Figur 7.1

7 Lokale kulturtilbod til barn og unge

Kunst- og kulturaktivitetar er unike fordi dei har så inkluderande potensial. Å delta i kunst og kultur er med å byggje sosiale fellesskap og identitet for barn og unge. Å vere på felles arenaer med jamaldringar og få moglegheita til å utvikle seg sjølv og dei kreative evnene sine kan bidra positivt til følelsen av å høyre til, bli anerkjend, inkludert og av å meistre. Dette gjeld uansett kvar ein kjem frå, kva familie ein har og kor godt ein snakkar språket. Derfor må alle barn og unge få tilgang til å utfalde seg gjennom kunst og kultur i oppveksten.

For at kunst og kultur skal vere tilgjengelege og relevante for alle barn og unge, må det vere eit mangfald av tilbod og kulturuttrykk, der den kulturelle bakgrunnen kvar enkelt har med seg, blir anerkjend. Sosiale, kulturelle og økonomiske forskjellar kan vere barrierar for barn og unge i kunst- og kulturlivet. Andre hindringar kan vere fysiske, som geografisk plassering og manglande universell utforming eller mangel på informasjon. Det kan òg handle om relasjonar, identifikasjon og kor trygt eller relevant tilbodet kjennast.

I BUSK-rapporten trekkjer barn og unge fram fleire av dei nasjonale kulturpolitiske satsingane for barn og unge, som kulturskolen, biblioteka, og Ung Kultur Møtes. Desse tilboda er forankra i kommunen og er sentrale møteplassar der barn og unge kan henge saman med venner og utforske kunst og kultur. Denne delen omtalar det frivillige kulturlivet og nasjonale ordningar og organisasjonar som bidreg til å sikre eit mangfaldig tilbod der barn og unge er aktive deltakarar og bidragsytarar. Deretter blir behovet for gode lokale møteplassar omtalt særskilt, før det avslutningsvis blir presentert nokre verkemiddel og tiltak for å sikre barn og unge like moglegheiter til å delta. Kulturskolen blir omtalt grundig i kapittel 8 Ein styrkt kulturskole for framtida.

7.1 Organiserte kunst- og kulturaktivitetar

7.1.1 Det frivillige kulturliv

Kulturutgreiinga 2014 trekkjer fram det frivillige kulturliv som avgjerande for at det finst eit lokalt kulturtilbod. Dette gjeld særleg i små kommunar, som ofte ikkje har kapasitet til å ha eit breitt kulturtilbod i form av eigne kulturverksemdar. På desse stadene har det frivillige kulturlivet og dei frivillige organisasjonane gjerne ei nøkkelrolle som produsentar og organisatorar i kulturlivet. Det frivillige kulturlivet blir òg peikt på som eit omdreingspunkt for samhald og fellesskap rundt om i landet.¹

Sidan barn og unge som regel startar i kultur- og fritidsaktivitetar der dei bur, har tilbodet som finst i lokalmiljøet deira svært mykje å seie. For nokon vil breidda og mangfaldet av tilbod vere stort, og det kan vere desse barna og ungdommane får moglegheita til å prøve ut mange ulike typar aktivitetar og tilbod. Ofte kan tilboda vere avhengige av at enkeltpersonar og eldsjeler tek initiativ og organiserer aktivitetane, gjerne med

Boks 7.1 Innspel frå barn og unge

Barn og unge ønskjer at kulturpolitikken legg til rette for

- å ta i vare og styrkje breidda i lokale kulturtilbod
- å ta i vare og styrkje Ung Kultur Møtes og andre nasjonale og regionale møteplassar for kulturinteressert ungdom
- å styrkje medverknaden til barn og unge i utforminga av kulturtilbod
- å leggje til rette for sjølvorganiserte aktivitetar i takt med endringar i barne- og ungdomskulturen

¹ NOU 2013: 4

forankring i ei lokal foreining eller eit lag tilknytt ein frivillig organisasjon.

Det frivillige kulturlivet har ein sentral plass i barne- og ungdomskulturen. For mange barn og unge er kor, korps, musikk- og dansegrupper og amatørteater aktivitetar der dei kan utøve kunst og kultur i samspel med andre som er interessert i det same. Her opplever barn og unge glede og meistring i kvardagen og får erfaringar dei også kan ta med seg vidare i livet som ein meningsfull fritidsaktivitet. Dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane bidreg til å sikre at barn og unge får delta, og er ein arena for medverknad og demokratisk praksis. Det å spele eit instrument, syngje i kor, danse og delta i andre kreative prosessar i samspel med andre kan òg vere bra for helsa. Amatørteatergrupper, folkedansgrupper, revygrupper, filmklubbar, kunstklubbar, litteraturklubbar o.a. bidreg også til den breie kunstopplæringa til barn og unge, jf. kapittel 9. På desse arenaene får barn og unge opplæring både av gode amatørar, som foreldre, eldre ungdommar eller andre, men i stor grad frå profesjonelle utøvarar òg. For mange kunstnarar og utøvarar er det frivillige kulturlivet ein viktig arbeidsplass. Det frivillige kulturlivet er dermed ein arena der barn og unge kan møte rollemodellar som inspirerer og motiverer til vidare fordjuping i kunst og kultur.

7.1.2 Frifond – statleg tilskott til lokale aktivitetar

Kulturdepartementet gir kvart år tilskott til Frifond frå spelemidlar til kulturformål. Det er paraplyorganisasjonane Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) og Norsk musikkråd som fordeler midlane vidare til lokal aktivitet gjennom Frifondordningane. I 2019 blei 203 mill. kroner sette av til Frifond. Den største andelen av midlane blir fordelte gjennom ordningane Frifond organisasjon. Om lag 53 mill. kroner blei i 2019 fordelt gjennom dei såkalla frittstående ordningane til eigenorganisert aktivitet. Desse er Frifond barn og unge, Frifond teater og Frifond musikk. Dette inkluderer også midlar til eigenorganisert fysisk aktivitet.

Formålet med tilskottet frå Frifond er å stimulere til at barn og unge driv med aktivitetar og deltek lokalt og å betre rammevilkåra for arbeidet medlemmer i frivillige organisasjonar og grupper gjer i kommunane. Dette tilskottet skal nå ut til eit breitt spekter av organisasjonar, frittstående grupper og foreiningar med ulike formål og aktivitetsgrunnlag.

Gjennom LNUs del av Frifond organisasjon blir det gitt tilskott til lokallag i landsdekkjande, frivillige og demokratiske organisasjonar. Midlane blir delte ut til sentralleddet i organisasjonane, som fordeler det vidare til lokallaga sine. Målgruppa for Norsk musikkråds Frifond organisasjon er lokallaga i nasjonale frivillige organisasjonar som har musikk for og med barn og ungdom under 26 år som hovudaktivitet.

Gjennom Frifondordningane som går til eigenorganisert aktivitet, kan grupper med minst tre personar søkje om midlar til små og store prosjekt innanfor svært ulike sjangrar og aktivitetar. Eksempel på aktivitetar er LAN-treff, teateroppsetjingar, å byggje skaterampe eller lage ein musikkfestival.

Frifond har sidan år 2000 bidrege til å styrkje lokal, frivillig barne- og ungdomsaktivitet i Noreg betydeleg. Frifondordningane har understøtta ulike aktivitetar og organisasjonstypar – frå uavhengige barne- og ungdomsgrupper som har eit engasjement og ein god idé, til tradisjonsrike, landsdekkjande organisasjonar med lokallag i kvar by og grend.

Gjennom paraplyorganisasjonane gir Frifond moglegheiter for læring på tvers av organisasjonstype. Mange av dei etablerte organisasjonane har begynt som lokale, frittstående initiativ og deretter vakse til å bli ein organisasjon i meir tradisjonell forstand. Mange etablerte organisasjonar rekrutterer dessutan medlemmer som tidlegare har drive eigenorganiserte initiativ, blant anna på kulturfeltet.

Forenkling for frivillig sektor er eit mål for regjeringa. Eit tiltak i frivilligheitsmeldinga, Meld. St. 10 (2018–2019) *Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig – Den statlege frivilligheitspolitikken* er å forenkle Frifondordningane og korleis desse ordningane blir forvalta og samordne dei i større grad. I frivilligheitsmeldinga står det at dei frittstående ordningane retta mot musikk, dans og andre kunst- og kulturuttrykk skal sjåast i samheng med andre ordningar på kulturfeltet i den kommande barne- og ungdomskulturmeldinga.

Dette blir òg sett i samheng med at LNU har meldt at Ungdom og Fritid vil fasast ut av Frifondordninga frå 2022, sjå omtalen av fritidsklubbane under.

Kulturdepartementet har derfor innleidd dialog med LNU og Norsk musikkråd om å forenkle og utvikle ordningane slik at dei bidreg til mest mogleg aktivitet blant barn og unge. Endringane skal vere i tråd med måla frå frivilligheitsmeldinga om ein sterk, sjølvstendig og mangfaldig frivilligheit med vekt på brei deltaking og forenkling.

7.1.3 Fritidsklubbane

Fritidsklubbane har eksistert som eit tilbod til ungdom i Noreg sidan 1950-åra. Fritidsklubbane blei etablerte som ein del av eit sosialpolitisk tiltak, der ein av grunnane var rus- og kriminalitetsførebygging. I dag er fritidsklubbane like mykje eit kulturpolitisk verkemiddel som eit lågterskel kulturfritidstilbod for ungdom.

Dessutan har fritidsklubbane vore og er framleis viktige for utviklinga av dei populærkulturelle uttrykka, og dei fungerer som ein opplæringsarena både i det å stå på, men også bak ein scene. Fritidsklubbane er i tillegg arenaer for utvikling av film, dataspel, e-sport med meir.

Det er Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Buudir) som har det statlege ansvaret for fritidsklubbane i Noreg. Tal frå Buudir i 2018 viser at det var 672 kommunale fritidsklubbar i landet. Fritidsklubbane er den nest største fritidsaktiviteten for ungdom etter den organiserte idretten. Om lag 100 000 barn og unge deltek i dag på ulike typar fritidsklubbar. Barn og unge som tek i bruk tilbodet, utgjer 31 prosent av ungdomsskoleelevane og 15 prosent av elevane i vidaregåande opplæring. Trass i at det ikkje er lovpålagt, driv likevel nesten 80 prosent av kommunar ein eller fleire opne møteplassar for ungdom.²

Undersøkingar peiker på ein tendens til at unge med relativt få sosioøkonomiske ressursar bruker klubbane meir.³ Samtidig viser det seg at ungdom som går på fritidsklubb, i stor grad også driv med andre organiserte fritidsaktivitetar. Det er eit mål for fritidsklubbane å nå så breitt som mogleg, slik at dei unngår at eitt type miljø blir dominerande. Kunnskapen om kven som bruker fritidsklubbar, gir grunn til å tru at svært mange ungdommar får tilgang til å delta i kulturaktivitetar på desse møteplassane.

Ungdom og Fritid – landsforeningen for fritidsklubber og ungdomshus er interesse- og medlemsorganisasjonen for 636 fritidsklubbar, ungdomshus og andre opne møteplassar for ungdom i Noreg. I arbeidet sitt legg Ungdom og Fritid vekt på at fritidsklubbane skal vere ein uformell arena der ungdom kan vere med på å utvikle innhaldet i tilbodet som blir gitt. Møteplassane skal vere for alle ved at det er gratis å delta, og at dei finst i lokalmiljøet.

Regjeringa lanserte *Regjeringens samarbeidsstrategi for barn og ungdom i lavinntektsfamilier (2020–2023)* hausten 2020 Barne- og familiede-

partementet 2020a. Til arbeidet med strategien blei det nedsett eit ungdomspanel med 10 ungdommar i alderen 16 til 19 år. Panelet trekte fram fritidsklubbar og opne møteplassar som populære fritidsarenaer for barn og ungdom, og dette var ei av hjartesakene til panelet. Panelet meinte det òg i større grad burde leggjast til rette for uorganiserte fritidsaktivitetar.

Ungdomspanelet trekte vidare fram at fritidsklubbane betydde mykje for læring og utvikling, som ein stad å vere saman med venner og ein stad å treffe trygge vaksne. Eitt av tiltaka i samarbeidsstrategien er å lage ei utgreiing der det blir undersøkt kva rolle og funksjon fritidsklubbane og ungdomshusa skal ha. Spørsmål denne utgreiinga skal sjå på, er formål, samfunnsnytte, kompetanse, kvalitet, utbreiing og finansieringsmodell. Det er Barne- og familiedepartementet og Buudir som vil ha ansvaret for utgreiinga.

Fritidsklubbane og ungdomshusa jobbar med medverknad som grunnprinsipp. Det betyr at det er barn og ungdom som sjølve vel kva kulturuttrykk dei ønskjer å drive med, og fritidsklubben har ei brei tilnærming til kva ungdommane ønskjer. Denne medverknaden har bidrege til at fritidsklubbane ofte har vore dei første til å fange opp nye populærkulturelle tendensar, og at ungdommane har blitt møtt på draumane og behova sine. Gjennom ei slik tilnærming er erfaringa at mange unge talent har fritidsklubben som sin første arena for gode meistringsopplevingar.

Fritidsklubben som kulturarena legg til rette for at barn og ungdom skal kunne utvikle talenta sine ved å sørgje for at det finst ein kulturell infrastruktur for barn og ungdom. Med kulturell infrastruktur meiner vi for eksempel bandrom, scenar, studio og verkstader. Desse er med på å drive fram eit mangfald av uttrykk, men gjer det òg mogleg for ungdommen å fordjupe seg og utvikle seg innanfor ulike kulturuttrykk.

Ifølgje tal frå Ungdom og Fritid har 75 prosent av fritidsklubbane eit tilbod innanfor song og musikk og 53 prosent eit tilbod innanfor dans. 38 prosent av dei tilsette på fritidsklubbane er utdanna innan musikk eller kunst.⁴ Med støtte frå både Frifond og Kulturrom har fleire av fritidsklubbane blitt ein plass der ungdom kan komme for å øve og utvikle musikk talentet sitt. Ein viktig del av dette arbeidet er at ungdom får oppleve artistar og kunstnarar dei ser opp til, på sin eigen arena. Det å få dele scene med heltane sine er ein heilt eigen motivasjon for unge utøvarar.

² Barne- og familiedepartementet 2020a

³ Seland & Andersen 2020

⁴ Ungdom og fritid 2017

Boks 7.2 Agenda X

Det er Antirasistisk senter i Oslo som driv Agenda X – Skriveverksted. Agenda X er ressursenteret deira for ungdom mellom 13 og 26 år. Agenda X har som formål å bidra til eit sosialt rettferdig samfunn der mangfald er norma, og der ungdom, uavhengig av bakgrunnen sin, er aktive deltakarar i eigne liv, i samfunnslivet og i kulturlivet.

Eit verktøy er å bruke kunst og kultur som ein positiv og myndiggjerande forskjell i livet til dei unge. Senteret tilbyr verkstader med profesjonelle utøvarar innan ulike kunst- og kulturartar.

7.1.4 Ung Kultur Møtes

Ung Kultur Møtes (UKM) er eit landsdekkjande tilbod til ungdom mellom 13 og 20 år og er forankra i kommunane. UKM er ein møteplass og ein opplæringsarena der unge kan vise fram ferdigheitene sine innan for eksempel musikk, teater, dans, film eller visuelle uttrykk. Ungdommane kan òg delta bak scenen, i mediaarbeid eller som arrangør.

UKM Norge har gjennom nærmare 35 år vore eit landsomfattande kulturtiltak som fungerer som ein eigen arena for ungdommane – eit lågterskeltilbod ope for alle tenkjelege kulturuttrykk. Det er gratis for alle å delta i UKM. I 2019 deltok 20 430 ungdommar, og det blei arrangert 303 mønstringar på lokalt nivå, 19 fylkesfestivalar og ein nasjonal festival.

UKM legg vekt på ung medverknad og styring. Det er dei unge festivalutviklarane som planlegg og gjennomfører den nasjonale UKM-festivalen, og det er bygd opp eit system med lokale, regionale og nasjonale ressursgrupper, lokale ambassadørar, unge arrangørar og UKM Media.

7.1.5 Digitale kulturaktivitetar

BUSK-rapporten trekkjer fram digitale plattformer som kjelder til opplevingar, skapande verksemd og sosiale møte for barn og ungdom. Kva arenaer og plattformer dei oppsøker, er i stor grad bestemt av kva interesser dei har, kvar venene deira er og kva som er tilgjengeleg. Det er ikkje det digitale i seg sjølv, men moglegheitene for å skape og ta del i sosiale fellesskap som først og fremst driv bruken.

Samtidig bekymrar deltakarane i BUSK-rapporten seg for at generasjonen deira bruker for mykje tid framfor skjermen. Dei ønskjer ikkje at sosiale medium og digital formidling av kunst og kultur skal erstatte fysiske arenaer for kunst- og kulturopplevingar. Det å møte kvarandre ansikt til ansikt eller oppleve musikk på konsert gir for mange dei beste opplevingane.

Behovet for digitale møteplassar der barn og unge kan komme saman, samhandle og skape, har komme særleg til uttrykk under koronapandemien. Pandemien har ført til at fritidsklubbane, kulturskolane, kora, korpsa, biblioteka og andre ikkje kunne møtast som før og har måtta sjå etter andre måtar å drive aktiviteten sin på.

På lik linje med skolane har instruktørar og lærarar flytta undervisninga over på digitale plattformer. Sjølv om verken å undervise i kultur eller å formidle kultur er optimalt over digitale plattformer, har denne digitaliseringa gitt nokon moglegheiter òg. Eksempel på det er å bli undervist av instruktørar som bur i andre byar.

Kulturskolane i landet har gjort mykje nyskapande og godt arbeid med digitalisering i løpet av koronapandemien. Hausten 2020 sette Norsk kulturskoleråd i gang eit forskingsprosjekt om læringsutbyttet kulturskolane hadde ved å bruke digitale medium under pandemien. Det er Telemarksforsking som gjennomfører undersøkinga og lagar rapporten, som skal vere ferdig i mars 2021. Forskingsprosjektet skal leggje vekt på å samle informasjon som kan danne eit grunnlag for anbefalingar og vidare digitalt utviklingsarbeid for kulturskolane. I tillegg skal prosjektet drøfte både konsekvensar for måten dei organiserer seg på og lærer bort på, i tillegg til å sjå på konsekvensane frå eit brukarperspektiv.

Kulturtanken har sett i gang eit prosjekt for å innhente erfaringar om digitale formidlingstilbod i Den kulturelle skolesekken (DKS). Målet er å få meir kunnskap om korleis lærarar og elevar opplever eit utval produksjonar i DKS, undersøkje erfaringar med å lage digitale DKS-produksjonar og fortelje om erfaringar med digital formidling slik at det kjem praksisfeltet til gode. Dette oppdraget gjennomførast også av Telemarksforsking.

Ung Kultur Møtes Norge, Ungdom og Fritid, Trondheim kommune og fleire ungdommar og tilsette frå forskjellige kommunar i heile landet har gått saman om å lage Ung Kultur Norge, ein nasjonal digital møteplass for ungdom. Bakgrunnen for prosjektet er dei digitale suksessane «Ung Kultur Trondheim» og «Ungdommens kulturhus i Sarpsborg», som oppstod etter at landet blei koronastengt i mars 2020.

Boks 7.3 Den digitale fritidsklubben

Da landet blei koronastengt i mars 2020, opna Ungdommens kulturhus i Sarpsborg den digitale utgåva si av fritidsklubben. Det digitale ungdomshuset tilbydde mange av dei same aktivitetane og hadde dei same tilsette på jobb.

I «opphaldsrommet» blei det spelt musikk, og ungdommen kunne prate om laust og fast. Dei sette opp eit digitalt biljardbord som ungdommen kunne bruke, og som òg kunne brukast til ulike konkurransar. Inne i «e-sportssenteret» kunne ungdommane finne nokon å spele med eller snakke om spelrelaterte ting. I «kiosken» var det ingen varer, men ein sone der ungdommen kunne trekkje seg tilbake til eit role-

gare rom utan musikk og forstyrningar. I «kontoret» kunne ungdommen snakke med ein eller fleire vaksne. Her var det berre mogleg å komme inn ved å få ein invitasjon, og ingen andre kunne sjå kven som var inne på kontoret. Det var i tillegg egne møterom for dei ulike prosjektgruppene på ungdomshuset.

I ein periode der det for fleire ungdomshus var vanskeleg å oppretthalde kontakt med ungdommane, opplevde Ungdommens Kulturhus at fleire kom til, og dei har òg halde liv i det digitale tilbodet i periodar der det har vore mogleg å treffast igjen. Fleire av aktivitetane dei har i dag, kombinerer fysisk og digital deltaking.

Ung Kultur Norge bruker Discord, som er ei brukarvennleg og tilgjengeleg plattform mange ungdommar kjenner godt. Dei legg stor vekt på ungdomsmedverknad for å sikre at unge opplever tilbodet som ein relevant og attraktiv møteplass. Det er dessutan eit mål at møteplassen skal vere ein trygg sosial arena, som skaper relasjonar og motverkar isolasjon og utanforskap.

Kulturtanken har i samarbeid med Ung Kultur Møtes Norge, Norsk kulturskoleråd og Ungdom og Fritid foreslått at det blir sett i gang ein innovasjonsprosess i 2021. Målet skal vere å få ulike aktørar og miljø som utviklar ny teknologi til formidling, samspel, undervisning og samskaping med barn og unge, til å samarbeide om å utvikle løysingar. Dei opplever at mange er engasjerte i feltet, men at aktørane i for liten grad snakkar saman eller har tilgang på den nødvendige kompetansen og ressursane dei treng for å utvikle løysingar i dialog med målgruppa.

7.1.6 Vurdering

Vi treng å få vite meir om kven det er av barna og dei unge som deltek i organiserte kunst- og kulturaktivitetar, kva slags type aktivitetar dei deltek i og kva det frivillige betyr i oppveksten til barn og unge. Samanlikna med deltakinga til barn og unge i idretten finst det òg lite kunnskap om trivsel og motivasjon, kompetanse blant leiarar/instruktørar, talentutvikling og andre forhold som kan ha noko å seie for deltakinga til barn og unge i det frivillige kulturlivet. Det er viktig å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag om mangfald i kulturfeltet, inkludert samiske forhold. Her kan også det frivil-

lige kulturlivet sjølv vere med på å gi meir kunnskap om medlemmene og aktivitetane i ulike typar organisasjonar.

Frifond og eigenorganisert aktivitet

Korleis støtte skal fordelast gjennom Frifond-ordningane blei bestemt etter forslag frå paraplyorganisasjonane i 2000, og ordningane er ikkje endra på over 20 år. Arbeidet med barne- og ungdomskulturmeldinga har gitt ei anledning til å sjå på om vi kan endre på ordningane slik at dei møter behova til barn og unge i dag.

Både forskning og informasjon om ordningane frå LNU og Norsk musikkråd viser at barne- og ungdomsorganisasjonane veks og endrar seg. I tillegg fortel forskinga at barn og unge har fått andre interesser og driv på med andre aktivitetar enn da Frifondordninga blei laga.

LNU og Norsk musikkråd har gitt innspel om at det er behov for å styrkje Frifond organisasjon fordi det blir fleire medlemmer i barne- og ungdomsfrivilligheita. Dei ber om at Frifond organisasjon blir styrkt fordi denne er ei av dei viktigaste kjeldene til grunnstøttemidlar for barne- og ungdomsorganisasjonane.

Dei frittstående ordningane for eigenorganisert aktivitet er mange, og det kan vere vanskeleg for barn og unge i målgruppene å orientere seg i landskapet med ordningar som er tilgjengelege for dei. Å få til å forenkle er spesielt viktig i ordningar der det er meininga at barn og unge sjølve skal kunne søkje og få pengar til aktivitetar. I dag er det dessutan restmidlar i enkelte av ordningane frå år til år. Det er stort potensial for forenkling

slik at landskapet av ordningar blir meir oversiktleg, og slik at midlane blir brukt på aktivitet.

Regjeringa vil sjå på måtar å gjere endringar som bidreg til å styrkje ordningane Frifond organisasjon, og samtidig tek i vare den eigenorganiserte aktiviteten. Forslag om slike endringar vil bli gjort i dialog med LNU og Norsk musikkråd.

Ungdom og Fritid arbeider for at fritidsklubbane skal vere ein uformell arena der ungdom kan vere med på å utvikle innhaldet i tilbodet som blir gitt. Eitt av verkemidla for å oppnå dette er Frifond. Frifondmidlane Ungdom og Fritid deler ut, betyr mykje for aktiviteten i fritidsklubbane. LNU har meldt at Ungdom og Fritid ikkje lenger kvalifiserer til Frifondmidlar og derfor kjem til å bli fasa ut av ordninga. Regjeringa vil derfor sikre eit tilskott til Ungdom og Fritid gjennom omdisponering av Frifondmidlane, for å oppretthalde støtte til aktivitet som ungdom sjølv tek initiativ til i fritidsklubbane.

Digitale satsingar

Barn og unge i Noreg er svært digitale frå ein tidleg alder. BUSK-rapporten viser at kulturbruken til barn og unge beveger seg mellom det digitale og det fysiske. Samtidig veit vi ikkje nok om korleis det tradisjonelle kulturtilbodet klarer å fange opp denne måten å bruke kulturen på, og vi veit lite om den digitale deltakinga i for eksempel kulturskolen, fritidsklubben eller i biblioteka.

Digitale aktivitetar og undervisning kan vere både noko positivt og negativt: Digitale tilbod kan bidra til å gjere kunst- og kulturaktivitetar meir tilgjengeleg, for eksempel for barn og unge som har vanskar med å oppsøkje tilbodet. På den andre sida kan det vere ein risiko for at det å berre ha digitale tilbod gjer at fleire sluttar, for eksempel fordi det kan vere vanskelegare å fange opp signal frå dei som står i fare for å slutte og fordi det kan vere lågare terskel for å melde forfall.

Regjeringa meiner at digitale tilbod og digitale møteplassar kan vere gode supplement til det vanlege tilbodet. Samtidig skal ikkje dei digitale tilboda erstatte andre aktivitetar og dei fysiske møta. Vi treng meir kunnskap om korleis dette fungerer og kva betydning det har for barn og unges deltaking. Undersøkingane frå Telemarksforsking om kva for erfaringar og læringsutbyte kulturskolane fekk frå å bruke digitale medium under koronapandemien, og prosjektet om digitale tilbod i Den kulturelle skolesekken, kan gi nyttig kunnskap om digitalisering. Dette kan kommunane dra nytte av i arbeidet med kulturskoleutviklinga og DKS. Kulturtanken vil i samarbeid

med UKM Norge, Norsk kulturskoleråd og Ungdom og Fritid også kunne bidra til å samle erfaringar og informasjon om løysingar for formidling, samspel, undervisning og samskaping med barn og unge.

Regjeringa har i budsjettet for 2021 sett av 4 mill. kroner til digitale satsingar på barne- og ungdomskulturfeltet. Det er behov for oppdaterte verkemiddel som kommuniserer på premissane til barn og unge, i form av ny teknologi til formidling, samspel, undervisning og til å forløyse potensialet unge har innan kunst og kultur.

Utfordringa er at barn og unge er kritiske og erfarne digitale brukarar. Derfor er det mykje som må klaffe for at løysingar og teknologiar skal treffe og få fotfeste i målgruppa. Her er det spesielt viktig at ungdommar sjølv er med på å definere behova sine og moglegheitene.

Regjeringa set derfor av inntil 2,5 mill. kroner av midlane til digitale satsingar for å setje i gang ein innovasjonsprosess i 2021. Det er Kulturtanken som skal forvalte pengane, og dei kan både brukast til å dekkje kostnader for arrangement og aktivitetar og fordelast som sårkornmidlar til utviklingsarbeid i relevante miljø.

Regjeringa vil

- styrkje kunnskapen om deltakinga i og bruken av det frivillige kulturlivet blant barn og unge
- styrkje Frifond organisasjon og vurdere ein ny modell for å innrette Frifondordningane slik at denne bidreg til forenkling og brei deltaking
- styrkje arbeidet fritidsklubbane gjer med eigenorganisert aktivitet gjennom omdisponering av Frifondmidlane
- setje i gang ein innovasjonsprosess for å identifisere behov og utvikle digitale satsingar på barne- og ungdomskulturfeltet

7.2 Møteplassar for kunst- og kulturaktivitet

Å leggje til rette for gode møteplassar og arenaer for barn og unge, der dei kan møte, bli kjende med og utvikle ferdigheiter innan ulike kunst- og kulturuttrykk, er ein viktig del av barne- og ungdomskulturpolitikken. Kulturmeldinga understrekar at kulturlivet skal fremje møte mellom menneske ved å utvikle og forsterke kulturarenaene som inkluderingsarenaer. Det skal leggjast til rette for opplevingar som skaper felles referansar og byggjer solide fellesskap. Dette gjeld for barne- og ungdomskulturen òg.

Boks 7.4 Innspel frå barn og unge

Barn og unge ønskjer at kulturpolitikken legg til rette for

- å ta vare på gamle og etablere nye fritidsklubar og uformelle møteplassar
- å gjere fleire fysiske møteplassar tilgjengelege for gaming- og LAN-arrangement
- å etablere fleire arenaer for opplæring i, og erfarings- og kompetanseutveksling innanfor, digitale medium og kunstuttrykk

Barn og unge har i BUSK-rapporten uttrykt eit stort behov for gode fysiske møteplassar der dei bur. Dei ønskjer i tillegg å bli lytta til i utforminga av kulturtilbodet som blir presentert der. Det lokale kulturlivet må leggje til rette for å skape og vidareutvikle gode møteplassar for barn og unge. Dette tilbodet må vere tilgjengeleg for alle over heile landet.

7.2.1 Eigna lokale til kulturfrivilligheita

Frivilligheitsmeldinga trekte fram tilgangen til eigna lokale til kulturfrivilligheita som ei av hovudutfordringane, sjå Meld. St. 10 (2018–2019). Eitt av oppfølgingstiltaka frå frivilligheitsmeldinga var å setje i gang ei kartlegging av bygg som organisasjonane eig. Dette tiltaket blei sett i samanheng med Kulturalliansens kartleggingsverktøy for lokale som kulturfrivilligheita nyttar.⁵

Den frivillige kulturaktiviteten går ofte føre seg i klasserom, gymsalar, aulaer eller bomberom i skolar, i samfunnshus og i kulturhus. Å ha tilgang til eigna lokale er heilt nødvendig for at det skal vere eit levande kulturliv over heile landet.

Kulturrom er tilskottsordninga for teknisk utstyr og lokale. Kulturrom skal bidra til at det finst øvingslokale og gode tekniske vilkår for å framføre musikk, dans og teater over heile landet. Kulturrom fekk i 2019 40 mill. kroner i tilskott frå spelemidlane til kulturformål. Midlane bidrog til 53 nye øvingsrom, ein ny musikkbinge og til at 136 nye øvingsrom fekk betra utstyr eller lokale.

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) blei i 2020 tildelt midlar frå Barne- og familiedepartementet til å utvikle ein portal for tilgang til lokale for barne- og ungdoms-

frivilligheita. Føringane er at portalen skal sikre at kommunale utlånslokale blir tilgjengelege, og at portalen skal opne for andre aktørar i tillegg.

Mange kommunar har god oversikt over kulturlokala sine, men det manglar ei heilskapleg og samla oversikt. Kulturalliansen har, i samarbeid med Norsk musikkråd og Kulturrom, teke initiativ til å gjennomføre eit kartleggingsprosjekt som kan gi grunnlag for ei slik oversikt.

Hovudmålet for prosjektet er å gi kunnskap om lokale som blir brukte til kulturformål – kven som eig lokala, bruker dei, og i kva grad dei er eigna til denne bruken. Dessutan får vi begynt på arbeidet med å få meir kunnskap om tilgjenge og behov for utbetringar. Slik informasjon vil vere nyttig for frivillige aktørar, politikarar og andre aktørar. Målet er å gi gode arenaer for aktivitet gjennom det frivillige kulturliv, også for barn og unge.

7.2.2 Biblioteka som ein viktig møteplass

Biblioteka er ein sentral arena for å oppdage ny litteratur, utforske kunst- og kulturuttrykk og utforske medieuttrykk som spel og film. BUSK-rapporten trekkjer fram dei lokale biblioteka som ein stad barn og unge kan møte venner. Barn og unge har i tillegg etterspurt om ikkje biblioteka kan ha låneordningar for filmutstyr og musikkinstrument.

Bibliotek er det i alle kommunar, og i mange små lokalsamfunn vil biblioteka vere ei av få offentlege kulturelle tenester. Biblioteka fungerer som kulturarenaer, læringsarenaer og møteplassar. Biblioteka er, og skal vere, opne, inkluderande og tilgjengelege stader for rekreasjon, debatt, opplysning og kunnskap for heile befolkninga.

SSBs «Undersøkelse om bibliotekbruk 2015» viser korleis barn og unge bruker folkebiblioteket. Personar som hadde barn under 16 år, svarte på vegne av barnet. Sju av ti sa at barnet deira hadde vore på biblioteket i løpet av dei siste tolv månadene. Det var ein klar tendens at barn som har foreldre som bruker biblioteket, også bruker biblioteket. 82 prosent av dei som svarte, forklarte at barnet hadde vore på biblioteket for å låne noko, 74 prosent hadde vore der med klassen eller barnehagen, 44 prosent hadde vore på framsyning og nesten 50 prosent hadde vore der med venner.

I Nasjonal bibliotekstrategi 2015–2018 var eitt av måla å styrkje folkebiblioteka som uavhengig møteplass og digital arena.⁶ Nasjonalbiblioteket fekk som følgje av dette ansvaret for å fordele pro-

⁵ Kulturalliansen er ein paraplyorganisasjon for det frivillige kulturlivet med 33 nasjonale frivillige kulturorganisasjonar som medlemmer.

Boks 7.5 Bibliotek som møteplass

For at biblioteka skal vere eit relevant tilbod til barn og unge, er det ein føresetnad at barn og unge medverkar i utviklinga av barne- og ungdomsbiblioteket:

Biblo Tøyen i Oslo opna i 2016 og er tilrettelagd med bøker og opplevingar berre for barn og unge mellom 10 og 15 år. Vaksne har ingen åtgang. Målet er å bidra til å styrkje leseferdighetene blant unge ved å tilby kunnskapsbyggjande aktivitetar i tillegg til litteratur.

Biblo Tøyen er blitt ein møteplass, ein stad å slappe av, henge, surfe, mekke, lese, lære og låne bøker. Biblo tilbyr litteratur for større barn og ungdom, arbeidsstasjonar med pc og iPad-ar, verkstadstasjonar, ein scene, spel og sitjekrokar. Biblo har dermed ein viktig funksjon, særleg i

bydelar som Tøyen, der det er utfordringar knytte til tettleik, at folk bur trøgt, språk, kulturforskjellar og integrering.

Unge Stormen er Stormen bibliotek i Bodø si eiga ungdomssatsing for, av og med ungdom. Unge Stormen er eit nettverk som består av ungdom mellom 13 og 21 år som er interesserte i musikk, teater, media, dans, gaming, litteratur, arrangement, møtestader, visuell kunst, politikk og meir. Dei arrangerer alt frå konsertar til foredrag og grafittkurs. Unge Stormen arrangerer også Digital Kveld for barn og unge mellom 9 og 14 år. Tilbodet har som mål å skape ein digital og sosial møteplass for dei yngre ungdommane. Unge Stormen har eit eige styre og ein vaksenprosjektkoordinator.

sjekt- og utviklingsmidlar til blant anna tiltak for å utvikle folkebiblioteka som debatt- og læringsarena, møteplass og formidlingsinstitusjon.

Rapport Evaluering av Nasjonal bibliotekstrategi (2019) viser at bruken av folkebiblioteket endra seg i strategiperioden. Framleis bruker folk biblioteket mest til å låne fysiske bøker, men det er òg ein vesentleg andel som har andre opplevingar med biblioteket. Ein av tre i befolkninga har vore på arrangement i regi av biblioteket. Av dei som bruker biblioteket, har andelen av dei som har brukt biblioteka til å møte venner auka frå 20 til 25 prosent.⁷

Mange folkebibliotek legg til rette for dataspe-ling i lokala sine, og fleire bibliotek arrangerer gaming- og spelkveldar. *Spillerom – Dataspillstrategi 2019–2023* trekkjer fram rolla biblioteka har som møteplass og arena for tilgang til og spreing av dataspel.⁸ Nasjonalbiblioteket har gitt støtte til forskjellige utviklingsprosjekt knytte til dette.

Samtidig er det ei utfordring at mange bibliotek ønskjer å tilby spel, men manglar verktøya for korleis dei kan formidle spela og korleis desse kan brukast aktivt i biblioteka. Nasjonalbiblioteket har derfor, i samarbeid med Norsk filminstitutt, arrangert seminar for bibliotektilsette om å formidle dataspel i biblioteka. Nasjonalbiblioteket vil òg tilby nettkurs i bruk av dataspel, slik at biblioteka kan lære meir om dette. Norsk filminstitutt

vil tilby tilskot til kompetanseheevande tiltak for dei som formidlar dataspel i bibliotek.

7.2.3 Møteplassar for spelinteresserte ungdommar

Dataspel er eit digitalt kulturuttrykk mange deltarar i BUSK-rapporten er opptekne av og bruker mykje av tida si på. Sjølv om dataspel ofte blir spelte online, er den sosiale dimensjonen viktig òg. Mange beskriv gode opplevingar frå fysiske samlingar og LAN-samankomstar.

Regjeringa sin dataspelstrategi *Spillerom* blei lansert hausten 2019. Eitt av oppfølgingspunkta er: «Regjeringen vil oppfordre kommuner og andre til å vurdere å legge til rette for møteplasser for spillinteressert ungdom. Det skal lages en veileder for dette.»

Ungdom og Fritid har fått tilskott frå Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar til eit forprosjekt om møteplassar innan datakultur. Forprosjektet er eit samarbeid med UKM – Ung Kultur Møtes, Tverga – ressurscenteret for egenorganisert idrett og fysisk aktivitet og KANDU (arrangørane av The Gathering). I januar 2020 gjennomførte dei fire organisasjonane eit medverknadsseminar der ei rekkje unge gamerar, ungdomsarbeidarar og aktørar frå heile landet diskuterte kva behov ungdom som spelar dataspel, har når det gjeld møteplassar. Resultata frå dette seminaret er samla i rapporten *Møteplass Datakultur*, som blei lansert hausten 2020.

⁶ Kulturdepartementet 2015

⁷ Rasmussen 2019

⁸ Kulturdepartementet 2019

Hovudfunna frå rapporten er at ungdommar har mange av dei same behova og utfordringane knytte til møteplassar for datakultur og gaming som dei har for andre møteplassar. Det som skil seg spesielt ut, er behova og interessa for kulturen i gaming og dataspel. Det handlar ikkje berre om å spele, men òg om å produsere og utvikle.⁹

Å skape møteplassar der ungdom kan møtast og spele saman med andre, og som er samlokaliserte med andre tilbod for ungdom, blir trekte fram som viktig. Dei som skal leggje til rette for møteplassane, må ta med ungdommane når dei utviklar møteplassane. Dette gjeld særskilt for jentene, som sjeldnare er med på fysiske gamingarrangement. Det blir derfor viktig å la jentene medverke i å planleggje og gjennomføre arrangementa slik at dei kan rekruttere fleire jenter.

Ungdommen er elles tydelege på at gaming i stor grad er ein sosial aktivitet, anten spelingskjør saman med andre digitalt eller fysisk. Gaminga er med på å gi god sosial kompetanse og meistring, både digitalt og fysisk.

7.2.4 Vurdering

BUSK-rapporten peiker på at barn og unge har behov for gode møteplassar i nærmiljøet der dei kan delta i, oppleve og framføre kunst og kultur. Det er behov for å sjå det kommunale barne- og ungdomskulturtilbodet i samanheng. Regjeringa har derfor sett av midlar til eit pilotprosjekt for å integrere barne- og ungdomskultur i kommunal planlegging, sjå kapittel 5. Regjeringa har tillit til at kommunane følgjer opp innspelet frå barn og unge og sikrar gode lokale møteplassar som tilbyr barn og unge eit relevant kunst- og kulturtilbod, og der alle som ønskjer det, får anledning til å delta.

For barn og unge er det svært viktig med det sosiale aspektet ved å delta i kulturaktivitetar. Barn og unge ønskjer møteplassar i nærmiljøet sitt der dei kan vere saman med venner, vere med og påverke innhaldet i tilbodet og der det er trygge og forståingsfulle vaksne til stades.

Frivillige organisasjonar, fritidsklubbar, kulturhus, bibliotek, kino, ulike trussamfunn og kulturhus er slike arenaer der barn og unge kan treffe kvarandre og byggje et fellesskap i sitt eige nærmiljø. Her kan òg barn og unge møte profesjonelle utøvarar som underviser, rettleiar og motivører. Dette er sentrale arenaer der barn og unge kan bli kjende med kunst og kultur, som kan bidra

til å skape motivasjon og vilje til å fordjupe seg vidare, eller som kan gi dei den nødvendige kulturelle ballasten til å oppsøkje desse uttrykka som publikum.

Kommunane tek i vare ei viktig oppgåve i arbeidet med barne- og ungdomskultur for å leggje til rette for at desse arenaene framleis skal tilby kunst- og kulturaktivitetar for, med og av barn og unge. Samspel og samarbeid mellom aktørar lokalt, regionalt og nasjonalt er nødvendig for at alle barn og unge skal ha eit breitt og mangfaldig tilbod av høg kvalitet.

Lokala som det frivillige kulturlivet har til rådvelde, er ofte samfunnshus eller skolebygg. Desse er ikkje godt nok tilpassa dei auka kvalitetskrava som gjer seg gjeldande for kulturaktiviteten. Og ofte manglar dei universell utforming. Kulturhusa i dei ulike kommunane er dessutan i mange tilfelle for dyre til at det frivillige kulturlivet kan bruke dei.

Regjeringa anerkjenner det behovet det frivillige kulturlivet har for eigna og tilgjengelege lokale, og vil gjennom å gi støtte til initiativ frå kultursektoren til kartlegging av kulturlokale, bidra til meir kunnskap om lokale til kulturformål over heile landet. Kunnskapen skal bidra til at det frivillige kulturlivet saman med kommunane kan skape gode, lokale arenaer for det lokale kulturlivet, inkludert barn og unge.

Barn og unge har i BUSK-rapporten meldt eit behov for fleire fysiske møteplassar for gaming- og LAN-arrangement. Som ei oppfølging av *Spillerom* og *Møteplass Datakultur* er Kulturdepartementet i dialog med organisasjonane Tverga, Ung Kultur Møtes, Ungdom og Fritid, Hyperion og KANDU om å lage ei rettleiing for kommunar og andre som ønskjer å bidra til å utvikle attraktive, tilgjengelege og inkluderande møteplassar der barn og ungdom som er interesserte i datakultur, føler seg sette og velkomne.

Rettleiinga skal innehalde konkrete råd og tips til kommunar og andre aktørar som eig eller driv lokale som kan vere aktuelle, eller som på andre måtar ønskjer å leggje til rette for møteplassar. Rettleiinga skal kunne brukast til både å skape varige arenaer og enkeltarrangement.

Aktuelle tema rettleiinga beskriv, kan for eksempel vere kva det er viktig å tenkje på og planleggje for, fysiske føresetnader ved lokale og utstyr, tekniske og praktiske løysingar, kven det er nyttig å samarbeide med og korleis det kan leggjast opp til dialog og samarbeid med spelinteressert ungdom. Rettleiinga blir ferdig i 2021.

⁹ Ungdom og Fritid, UKM, Tverga & KANDU 2020

Regjeringa vil

- støtte initiativ frå kultursektoren til kartlegging av kulturlokale for å bidra til meir kunnskap om lokale til kulturformål
- oppmode kommunar og andre til å bruke rett-leiinga for å utvikle møteplassar for datakultur
- leggje til rette for gode møteplassar i nærmil-jøet der både frivillige organisasjonar, private aktørar og kommunale verksemdar kan tilby kunst- og kulturaktivitetar for, med og av barn og unge
- leggje til rette for samarbeid med og med-verknad frå barn og unge som representerer det frivillige kulturliv, og at samarbeid mellom kulturskolen, Ung Kultur Møtes, fritidsklub-bane og biblioteka blir koordinert
- leggje til rette for lokale visningsarenaer der barn og unge kan vise fram ferdigheitene sine for eit publikum

7.3 Like moglegheiter til å delta

I BUSK-rapporten kjem det fram at barn og unge er bekymra for at kulturfeltet kan produsere former for utanforskap, og at det ikkje er tilgjengeleg for alle. Ein av ungdommane uttrykkjer det slik: «Husk å også få mer kulturtilbud på bygda i tillegg til byer. Bønder vil òg bli kunstnere.»

Dei sosiale og økonomiske ressursane barn og unge har med seg heimanfrå, innvandrarbakgrunn, kjønn og funksjonsevne betyr noko for kulturbruken deira og om dei deltek i kulturlivet, sjå punkt 3.2.4 om forskjellar blant grupper av barn og unge.

Arbeidet med auka mangfald er ei hovudprioritering på tvers av alle politikkområda Kulturdepartementet har. Det er heilt vesentleg at kulturpolitikken legg til rette for at kunst- og kulturlivet speglar mangfaldet som pregar samfunnet i dag.

Målet er å ta eit krafttak for mangfald. Krafttaket inneber at heile kultursektoren må vere med på eit langsiktig og systematisk arbeid for å nå eit større mangfald av brukarar og deltakarar, av utøvarar og av uttrykk og tilbod.

Norsk kulturråd blei i 2020 tildelt rolla som nasjonal koordinator i arbeidet med mangfald i kunst- og kulturlivet, noko som blei vidareført i budsjettet for 2021. Kulturrådet har i samband med det sett i gang eit omfattande arbeid med å få med aktørar i sektoren for å operasjonalisere og konkretisere oppdraget sitt som mangfaldskoordinator.

Boks 7.6 Innspel frå barn og unge

Barn og unge ønskjer at kulturpolitikken legg til rette for

- å etablere fleire arenaer for å utveksle kultur
- å innføre universell utforming på alle kunst- og kulturarenaer
- å lage meir, betre og lettare tilgjengeleg informasjon om eksisterande kunst- og kulturtilbod
- å styrkje moglegheitene for å utøve kunst og kultur for barn og ungdom med nedsett funksjonsevne
- å styrkje alle bibliotek med relevant barne- og ungdomslitteratur og gratis utlånsordningar for utstyr for ulike typar utøving av kunst og kreativ verksemd
- å ha fleire rabattordningar for billegare inngang for barn og unge på ulike kulturtilbod
- å etablere offentlege støtteordningar for ungdom i distrikta slik at det blir enklare for dei å ta del i større kulturarrangement
- å utvide kollektivtilbodet og senke prisane på det slik at det blir enklare å reise til og frå ulike kulturaktivitetar

Kulturrådets mangfaldsarbeid tek utgangspunkt i at kunst- og kulturlivet skal vere inkluderande, relevant og representativt. Målsetjinga er å gjere kulturlivet meir tilgjengeleg og bidra til at fleire deltek som publikum, kunstnarar eller arrangørar. Kulturrådets arbeid vil bestå i målretta tiltak mot grupper som er underrepresentererte og/eller møter særlege utfordringar i kunst- og kulturlivet: synlege minoritetar og grupper som representerer fleirkulturelt og etnisk mangfald, samar og nasjonale minoritetar, personar med nedsett funksjonsevne og døve. Koordinatorrolla og mangfaldsarbeidet skal integrerast i heile Kulturrådets organisasjon og i den daglege praksisen. Målet er ein nasjonal og langsiktig innsats som mobiliserer til målretta handling når det gjeld mangfald og likestilling i kunst- og kulturlivet.

7.3.1 Barn og unges tilgang til kunst- og kulturtilbod

Kulturaktivitetar, arenaer og innhald skal vere tilgjengelege for alle, og alle skal kunne delta utan å bli hindra av fysiske forhold, omgivnader, av kor-

Boks 7.7 Fritid123.no

Modum kommune har i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og private aktørar etablert ei samarbeidsplattform som skal sikre at det er mogleg for alle barn og unge å delta i ein fritidsaktivitet. Løysinga er blant anna ei ny digital oversikt over alle lokale fritidsaktivitetar der det er enkelt å finne fritidsaktivitetar ut frå alder, bustad og interesse: www.fritid123.no. Kommunen har i tillegg laga eit system for å spreie informasjon og rekruttere til fritidsaktivitetane, gjennom blant anna å lage informasjonsmateriell.

leis tenestene er organiserte eller tekniske løysingar.

Mange barn og unge er opptekne av kva informasjon dei har tilgang på, og dei gir opp mangelfull og dårleg informasjon som eit hinder for å ta ordentleg del i kulturtilbodet i nærmiljøet. Barn og unge ønskjer betre informasjon, både på digitale kanalar, men også via skolen. Barn og unge har inntrykk av at det finst mange tilbod dei rett og slett ikkje veit om.

Det er no fleire kommunar som jobbar med prosjekt der målet er å gi barn, unge og foreldra deira betre informasjon om det lokale kultur- og fritidstilbodet. For å nå ut til fleire har Utdanningsdirektoratet arbeidd med å utvikle betre informasjon om kulturskolen på fleire språk.

Samarbeid mellom frivillige organisasjonar, skolen og andre aktørar med ansvar for tilbod til barn og familien deira kan bidra til å sikre at informasjon når fram til utsette grupper av barn og unge. Skolen og barnehagen tek òg i vare ei viktig oppgåve som arena for aktivitet på fritida og bidreg til å samle breie lag av befolkninga på felles kulturaktivitetar under for eksempel 17. mai, karneval, julegrantenning og anna. På denne typen aktivitetar og arrangement kan både barn og vaksne få meir kjennskap til nokon av dei kulturtilboda som finst lokalt.

Barn og unge ønskjer betre rabattordningar for billegare inngang på ulike kulturtilbod. Særleg eldre ungdom beskriv økonomi som eit hinder for å delta på kunst- og kulturaktivitetar og legg vekt på behovet for å finne løysingar slik at alle kan delta uavhengig av sin eigen økonomi eller økonomien til foreldra. Mange etterlyser i tillegg eit billegare og betre kollektivtilbod slik at det blir enklare å delta på kunst- og kulturaktivitetar.

I BUSK-rapporten uttrykkjer barn og unge eit behov for gode, lokale og lett tilgjengelege ressurser som alle kan dra nytte av. Mange etterspør låneordningar for filmutstyr og musikkinstrument i tilknytning til biblioteka. I ei rekkje kommunar finst det allereie utlåns- eller utstyrsentralar, og dei fleste tilbyr utstyr til vintersport og friluftaktivitetar. Hensikta er å redusere dei økonomiske barrierane for å delta i fritidsaktivitetar. Utstyrsentralane er organiserte på ulike måtar og blir drifta av både kommunar, lag og foreiningar. Nokon kommunar har valt å knyte seg til BUA, som er ein nasjonal ideell organisasjon som jobbar for at barn og unge skal få moglegheita til å prøve fleire og meir varierte aktivitetar. I 2020 fordelte Bufdir rundt 23 mill. kroner frå «Nasjonal tilskuddsordning for å inkludere barn og unge» til tiltak som inneber etablering eller drift av utstyrsentralane.

I tillegg fordeler Kulturdepartementet midlar til Instrumentfondet som blir fordelte av Norges Musikkorps Forbund og De Unges Orkesterforbund. Desse midlane bidreg til at skolekorps og orkester over heile landet kan få støtte til innkjøp av instrument. Gjennom Kulturrom sine støtteordningar kan øvingsfellesskap søkje tilskott til større instrument som blir brukte av eit større fellesskap og høyrer til fast i eit kulturrom.

Deltakarane i BUSK-rapporten løftar fram kor viktig det er med universell utforming slik at barn og unge med funksjonsnedsetjingar kan delta, både i kulturaktivitetar og i kunst- og kulturopplevingar. Ei tydeleg oppmoding frå høyrselshemja barn er at alt av innhald på tv og kino må bli tekstet, og at det blir utvikla eit eige tilbod med tolk på kino for dei yngste høyrselshemja barna.

Plan- og bygningslova krev at prinsippet om universell utforming skal takast i vare i planlegginga og skal inn i krava til kvart enkelt byggjetiltak. I likestillings- og diskrimineringslova er universell utforming definert som «utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i de fysiske forholdene [...] slik at virksomhetens alminnelige funksjoner kan benyttes av flest mulig, uavhengig av funksjonsnedsettelse».

Plan- og bygningslova pålegg også alle som fremjar planforslag, å leggje til rette for medverknad. Det står i lova at kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at grupper som krev spesiell tilrettelegging, skal få medverke aktivt. Kommunen skal òg passe på at grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta direkte, har gode moglegheiter til å medverke på ein annan måte.

Regjeringa arbeider med ein handlingsplan om universell utforming som skal vere klar i 2021.

I planen skal regjeringa presentere tiltak for eldre bygg og anlegg, som ofte blei bygde før det kom krav om universell utforming og dermed har dårlig tilkomst. Handlingsplanen vil dessutan sjå på tiltak for å sikre at tv- og filmproduksjonar for barn og unge blir teksta.

Buudir forvaltar tilskottsordninga «Universell utforming – kunnskapsutvikling, kompetanseheving og informasjon» for Kulturdepartementet. Prosjekt som omhandlar kartleggingstiltak av universell utforming av grunnskolar, blei prioriterte i utlysinga av denne tilskottsordninga.

Utdanningsdirektoratet kan i dialog med Buudir og KS rettleie barnehage- og skoleeigarar om plikta til universell utforming av barnehage- og skolebygg. Utdanningsdirektoratet, Buudir og Helse- og omsorgsdepartementet samarbeider også om andre tiltak for universell utforming av barnehage- og skolebygg, inkludert ei nettside om fysiske læringsmiljø på udir.no der barnehage- og skoleeigarar enkelt kan skaffe seg informasjon.

For mange med utviklingshemming er moglegheita til å delta i fritidsaktivitetar og på fritidsarenaen avgrensa. Dette kjem av blant anna manglande tilrettelegging, for eksempel for å ha for få timar med støttekontakt, og av fordommar eller manglande kunnskap i idrettslag og organisasjonar om kva utviklingshemma kan gjere og vere med på. Fritids- og kulturaktivitetar for funksjonshemma er ofte initierte av tenesteytarar i helse- og omsorgssektoren og ikkje av ordinære lag, foreiningar eller kulturarbeidarar i det lokale kulturliv.¹⁰

Buudir har fleire tilskottsordningar for prosjekt der målgruppa er personar med funksjonsnedsetjing, og fleire av desse ordningane når barn og unge òg. Tilskottsordninga til universell utforming har som formål å utvikle og styrkje gjennomføringa av universell utforming som samfunnskvalitet og betre livskvalitet og likestilling for personar med funksjonsnedsetjingar.

Eitt av prosjekta som har fått støtte er Norske Konsertarrangører sitt «Tilgjengelighet Kultur-Norge». Prosjektet har utvikla «Tilgjengelighetshåndboka for kulturarrangører» og «Tilgjengelighetsmerket», som er ei sertifisering for kunst- og kulturaktørar som har godt tilgjenge for menneske med nedsett funksjonsevne på arrangementa sine. Desse prosjekta treffer barn og unge med funksjonsnedsetjing òg.

Boks 7.8 Tilgjengelighetsmerket

Norske Konsertarrangører har utvikla *Tilgjengelighetsmerket*, som er ei sertifisering for kunst- og kulturaktørar som har sørgt for godt tilgjenge for menneske med nedsett funksjonsevne på arrangementa sine.

Tilgjengelighetsmerket skal

- betre tilgjenget på kunst- og kulturarenaer for menneske med nedsett funksjonsevne
- gjere relevant informasjon tilgjengeleg for menneske med nedsett funksjonsevne
- synleggjere dei kunst- og kulturaktørane som har godt tilgjenge for menneske med nedsett funksjonsevne

Tilgjengelighetsmerket passar for alle kunst- og kulturaktørar som held opne arrangement – anten ein er stor eller liten, institusjon eller organisasjon, festival eller heilårsarrangør. Alle som ønskjer å få Tilgjengelighetsmerket, må gjennomføre opplæring i verksemda si i form av kurs frå Norske Konsertarrangører. Kurset varer i tre timar. Etter kurset skal verksemda lage ein handlingsplan over dei tiltaka dei må gjennomføre for å utbetre tilgjenget. Informasjon om tilgjenget, som samsvarer med dei gjennomførte tiltaka, skal verksemda så leggje ut på heimesida si.

7.3.2 Fritidserklæring- og fritidskortordningar

For at vi skal sikre at alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn, skal få anledning til å delta i kultur- og fritidsaktivitetar, er det nødvendig å ha ordningar som senkar terskelen for å delta.

I 2016 gjekk kommunane, frivilligheita og staten saman om «en felles innsats for at alle barn, uavhengig av foreldrenes sosiale og økonomiske situasjon, skal få mulighet til å delta jevnlig i minst én organisert fritidsaktivitet» (Fritidserklæringa). Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Buudir) er sekretariat for arbeidet med Fritidserklæringa. Buudir skal i tillegg bidra til at det blir etablert eit nettverk for kompetanse og erfaringsspreiing, konferansar, seminar og møteplassar for lokale pilotprosjekt. Fritidserklæringa samlar stor oppslutning sentralt og lokalt, i idretten og kulturlivet, blant organisasjonar, i lag og foreiningar og i kommunane.

¹⁰ Söderström & Tøssebro 2011

Regjeringa har sett i gang eit prøveprosjekt med fritidskortordningar for barn frå 6 til fylte 18 år som kan brukast til dekkje deltakaravgifta til faste, organiserte fritidsaktivitetar. Målet med ordninga er at det skal vere mogleg for fleire barn og unge å delta i fritidsaktivitetar saman med jamaldringar.

I 2019 blei det sett i gang eit pilotforsøk med fritidskortordningar i kommunane Arendal og Vadsø, og hausten 2020 blei det sett i gang eit prøveprosjekt i ytterlegare ti kommunar.

Formålet med prøveprosjektet er å finne ut korleis ei eventuell nasjonal fritidskortordning må vere for at ho på ein treffsikker og effektiv måte skal redusere barrierar og bidra til meir deltaking. Regjeringa oppmodar kommunane til å leggje på ein lokal andel, og det er opp til kommunane å velje korleis dei fordeler dei lokale midlane på barna.

For at fritidskortet skal vere inkluderande og tilgjengeleg, må ordninga vere ubyråkratisk, universelt utforma og enkel å ta i bruk. Bufdir arbeider for å utvikle ei felles teknisk løysing for fritidskortet som kommunane kan bruke.

7.3.3 Ordningar for inkludering og integrering

I 2020 blei det etablert ei ny tilskottsordning for inkludering i kulturliv. Målet med denne er å bidra til at det skal bli mogleg for barn og unge som ikkje deltek i fritidsaktivitetar, å delta jamleg i organiserte kulturaktivitetar saman med jamaldringane sine. Ordninga skal bidra til at frivilligheita kan samarbeide på tvers for å leggje til rette for å inkludere barn og unge i trygge, sosiale og utviklande miljø som let dei føle meistring, samhold og at dei høyrer til. Forvaltninga av tilskottsordninga er delegert til Kulturtanken.

Det har vore stor interesse for ordninga, og i første søknadsrunde kom det inn 135 søknader på til saman 34 mill. kroner. Dette viser at frivillig kulturliv er klare for å inkludere enda fleire barn og unge i arbeidet sitt.

Til saman 9 mill. kroner blei fordelte til 55 ulike prosjekt. I tillegg til løyvinga på 5 mill. kroner over statsbudsjettet blei ordninga tilført 4 mill. kroner frå spelemidlane til kulturformål. Prosjekta som fekk støtte, omfattar tiltak retta mot barn og unge frå låginntektsfamiliar, med minoritetsbakgrunn, nasjonale minoritetar og barn og unge med funksjonsnedsetjingar. Det er i tillegg lagt vekt på regional fordeling og fordeling på ulike kunst- og kulturuttrykk. Ordninga er vidareført i 2021.

Aktivitetsstøtta Herreløs arv skal gå til frivillig verksemd for barn og unge. Barn og unge med funksjonsnedsetjingar skal i tråd med forskrifta for ordninga prioriterast. Frivillige organisasjonar på nasjonalt og regionalt nivå som har frivillig verksemd for barn og unge, kan søkje om støtte. Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) tildeler midlar frå ordninga etter retningslinjer som er godkjende av departementet. Aktivitetsstøtta Herreløs arv er i 2020 evaluert av Rambøll på oppdrag frå Kulturdepartementet. Resultatet av evalueringa blir publisert våren 2021.

Integrering gjennom kunnskap – Regjeringens integreringsstrategi 2019–2022, inneber ein forsterka innsats mot segregering og utanforskap.¹¹ Regjeringa ønskjer å fremje deltaking og fellesskap. Det er særleg viktig at barn og unge med innvandrabakgrunn kan delta på aktivitetar og på sosiale arenaer til liks med andre barn. Kvardagsintegrering skjer der folk møtest i små og store fellesskap, på formelle og uformelle arenaer som i barnehage og skole, i bu- og nærmiljø, i kulturlivet og gjennom engasjement i frivillige organisasjonar og andre delar av sivilsamfunnet. Frivillige organisasjonar, idretten og kulturlivet legg til rette for fellesskap og mangfaldige møteplassar og utgjer derfor viktige arenaer for å få til betre kvar-dagsintegrering. Frivillige organisasjonar samlar både barn, unge og vaksne til frivillig aktivitet om noko vi har felles. Gjennom historieformidling og kulturopplevingar fungerer institusjonane som brubyggjarar, der innvandrarar kan delta både som publikum og utøvarar. I tillegg arbeider mange organisasjonar spesifikt med interkulturelt arbeid.

7.3.4 Vurdering

Regjeringa har som mål at alle barn og unge skal kunne delta på kultur- og fritidsaktivitetar. Dei sosiale og økonomiske ressursane barn og unge har med seg heimanfrå, innvandrabakgrunn, kjønn eller funksjonsevne skal ikkje vere hindringar eller barrierar for at barn og unge skal kunne delta i slike aktivitetar. Dette er ei utfordring som stat, fylkeskommunar og kommunar må løyse i fellesskap og gjennom samarbeid med frivillige organisasjonar og private aktørar.

Kulturdepartementet er i gang med ei satsing for å styrkje mangfaldet på alle politikkområda til departementet. Rammene for arbeidet er presen-

¹¹ Kunnskapsdepartementet 2018

tert i budsjettproposisjonen for 2021, sjå Prop. 1 S (2020–2021).

I dette arbeidet vil departementet konsentrere seg spesielt om barn og unge. Barn og unge skal oppleve at kunsten og kulturen som blir skapt og formidla, er relevant og representativ i form av at stemmene deira blir høyrde, og at kunsten og kulturen tek opp spørsmål som har med kvardagen deira å gjere. Barn og unge treng synlege rollemoellar, og informasjonen om mangfaldet av tilbod som finst må formidlast på ein måte som gjer at alle får dei same moglegheitene til å delta. For å lykkast med alt dette må vi ta med barn og unge på råd, og dei må få moglegheita til å bidra aktivt gjennom å delta og medverke.

Barne- og ungdomskulturpolitikken på nasjonalt nivå må leggje til rette for at kunst- og kulturlivet, inkludert det frivillige kulturlivet, speglar mangfaldet i samfunnet. For å få til dette stiller Kulturdepartementet krav til tilskottsmottakarane sine om at dei skal jobbe for eit meir relevant og representativt kunst- og kulturtilbod.

Regjeringa vil at barn og unge skal ha moglegheiter til å ta sjølvstendige val om eigenproduksjon og å delta i kunst- og kulturlivet. Dette føreset at det finst eit mangfaldig og tilgjengeleg tilbod til barn og unge, som er godt kjent og utan barrierar for deltaking, for eksempel bustad, økonomi eller andre fysiske, sosiale eller kulturelle forhold.

Regjeringa legg til grunn at kommunane bidreg til å sikre at alle grupper av barn og unge kan delta. Regjeringa vil styrkje rammevilkåra til dei frivillige organisasjonane generelt og til frivillige organisasjonar som gjer ein særskild innsats for integrering i det norske samfunnet spesielt. Kjønn bør heller ikkje vere ein barriere for å delta i eller velje aktivitetar. Målet er ikkje at alle skal gjere det same, men at snevre førestillingar og oppfatningar om kva som «passar for jenter» og kva som «passar for gutar», ikkje skal leggje føringar på interessene og vala til barn og unge.

Kommunane har ei avgjerande rolle. Dei kan sikre at barn og unge får tilgang til informasjon om tilboda som finst for barn og unge der dei bur, og at informasjonen kjem fram og blir forstått av barna og familiane deira. Dei kan på ulike måtar også leggje til rette for at barn og unge kan delta i det kulturelle og kunstnariske livet, uavhengig av den sosiale og økonomiske situasjonen til foreldra.

Regjeringa arbeider saman med kommunesektoren og frivilligheita for å nå måla i Fritidserklæringa. For å gi alle barn og unge moglegheit til å delta i kunst- og kulturaktivitetar må kommunane arbeide tett med lokale foreiningar og lag, og

bidra til å sikre at tilbodet er godt koordinert og samordna. Ved å lage lokale fritidserklæringar kan kommune og frivilligheita formalisere eit samarbeid som gjer at barn og unge deltek meir.

Ei slik lokal fritidserklæring kan gjere dei som jobbar i kommunen, og alle andre, meir merkseme på og engasjerte i arbeidet med å inkludere barn og unge i fritidsaktivitetar.

For å oppnå målet for Fritidserklæringa er det dessutan nødvendig at tenestene i kommunen samarbeider godt på tvers. Ei lokal fritidserklæring kan inngå som ein del av planarbeidet til kommunen og vere med i andre kommunale prosessar og dokument.

Regjeringa vil

- styrkje arbeidet med auka mangfald i barne- og ungdomskulturen
- føre vidare Kulturrådets arbeid som nasjonal mangfaldskoordinator for å bidra til eit meir tilgjengeleg, representativt og relevant kulturliv, også for barn og unge
- føre vidare tilskottsortninga Inkludering i kulturliv slik at barn og unge som ikkje deltek i fritidsaktivitetar, får moglegheita til å delta jamleg i organiserte kulturaktivitetar saman med jamaldringane sine
- leggje fram ein handlingsplan om universell utforming der tiltak for å gi barn og unge med funksjonsnedsetjing tilgang til lokale der dei kan delta i og oppleve kunst og kultur skal vurderast
- arbeide saman med kommunesektoren og frivilligheita for å nå måla i Fritidserklæringa
- sørge for at kunnskap om kjønn og likestilling i fritida til barn og unge blir samla, systematisert og gjord tilgjengeleg
- utrede moglegheita for rabattordningar for barn og unge hos institusjonane som får tilskott via Kulturdepartementets budsjett
- leggje til rette for tett samarbeid mellom kommunar og lokale foreiningar og lag, og bidra til å sikre at tilbodet til barn og unge er godt koordinert og samordna for å nå ut med informasjon til barn og unge

7.4 Modellar for samspel, samarbeid og medverknad

Ei rekkje kommunar har etablert modellar for medverknad og samskaping med frivillige organisasjonar, private aktørar og kommunale verksemdar. Her blir det lagt vekt på samarbeid gjennom å dele kunnskap og ressursar mellom ei rekkje

ulike aktørar, og innbyggjarane blir inviterte til å vere med i planlegginga og gjennomføringa. Tanken er å ta i bruk alle ressursane for dermed å skape betre lokalsamfunn.

Kommunane og det frivillige kulturlivet betyr svært mykje for det tilbodet som barn og unge får lokalt. Fritidserklæringa understrekar kor mykje det har å seie at dei ulike tenestene i kommunen og dei frivillige organisasjonane samarbeider for å få fleire barn og unge med på aktivitetar.

I *Samarbeidsstrategien for barn og unge i låginntektsfamiljar* blir det peika på moglegheitene som ligg i å samarbeide med næringslivet.¹² For at alle skal kunne delta, må både det offentlege, frivilligheita og næringslivet bidra. På kulturområdet har kommunane lange tradisjonar for å samarbeide med andre aktørar, sjølv om samarbeidet ikkje nødvendigvis har vore utvikla som ein modell.

Fleire stader samarbeider kulturskolen, Ung Kultur Møtes (UKM) og fritidsklubbane tett lokalt. Ungdom og Fritids klubbundersøking frå 2017 viser for eksempel at 70 prosent av klubbane arrangerer UKM kvart år.

For å sjå dei lokale kulturtilboda i samanheng og skape eit best mogleg lokalt kulturtilbod til barn og ungdom har Norsk kulturskoleråd, UKM Norge og Ungdom og Fritid starta pilotprosjektet *Koordinert Kommunalt Kulturarbeid*.

¹² Barne- og familiedepartementet 2020a

Gjennom fem pilotkommunar skal prosjektet sjå nærmare på tiltak som kan gi all ungdom tilgang på relevante kulturtilbod der ungdommar sjølve deltek i å skape tilboda sine og kunstuttrykka sine. Prosjektet skal bidra til eit levande og inkluderande demokrati der alle er frie til å ytre seg, og der mangfald, skaparkraft og kreativitet inspirerer, samlar og lærer dei om seg sjølve og omverda. I tillegg til kulturskole, fritidsklubb og UKM vil det vere naturleg å inkludere biblioteka i dette samarbeidet.

Ungdom- og fritidsklubbundersøkinga frå 2017 viser at 39 prosent av fritidsklubbane samarbeider med kulturskolen. Dette samarbeidet går primært ut på at aktivitetane deler lokale. Den tradisjonelle opplæringa går føre seg i regi av kulturskolen, mens den uformelle opplæringa, for eksempel bandøving eller framføring, skjer i øvingslokala til fritidsklubben.

I 2017 starta ei tiårig satsing (2017–2027) på kommunalt folkehelsearbeid: Program for folkehelsearbeid i kommunane. Satsinga skal bidra til ei langsiktig styrking av arbeidet kommunane gjer med å fremje folkehelse og livskvaliteten i befolkninga. Alle fylka i landet har frå 2019 fått tilskott med ei samla ramme på 77 mill. kroner. Helsedirektoratet samarbeider med Frivillighet Norge, Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar og Ungdom og Fritid om kompetansestøtte. Formålet er å fremje gode miljø for barn og unge i frivillige organisasjonar og i fritidssektoren og utvikling av kommunal frivilligheitspolitikk.

Boks 7.9 Lokale eksempel på samarbeid

Kristiansund, Møre og Romsdal: Samarbeid mellom kommunen, kunst- og kulturinstitusjonar, frivillige og næringslivet er forankra i kommunedelplan for kunst og kultur. Blant anna er det fleire musikarar som kombinerer orkesterstillingar i Operaen og Kristiansund symfoniorkester med undervisningsarbeid i kulturskolen og i vidaregåande skole. Også på korsida er det etablert eit samarbeid gjennom satsinga Operakor Ung for barn og unge i alderen 10–19 år. Delta-karane her blir tekne opp på vanleg måte i kulturskolen, men deltek òg i produksjonar ved Operaen og får etter kvart meir av undervisninga gjennom konkrete prøveperiodar og framsyningar. Private bidragsytarar har lenge vore viktige for kulturlivet, både som eigarar av verksemder og sponsorar.

Kongsberg, Viken: Det kommunale kulturarbeidet for barn og unge er samla ved at ansvaret for blant anna kulturskole, fritidsklubbar, eit lokalt kunnskapssenter, førebyggjande ungdomsarbeid, psykisk helse med meir er lagt til same administrative eininga. I 2016 blei dei òg kåra til årets kulturskolekommune blant anna for den innovative og inkluderande måten kulturskolen var inkludert i tenesteproduksjonen i kommunen på. Kulturskolen fungerer på mange måtar som eit nav for det kulturelle arbeidet og blir omtalt som eit *musisk ressurscenter*. Personalet frå kulturskolen blir òg brukt i ungdomsklubbane, og utekontakt, BUP og andre kan melde inn barn til kulturskole, musikkterapi med meir.

Boks 7.10 Samarbeid mellom kulturskole og fritidsklubb

Arendal kommune investerte i ei samlokalisering av Kulturskolen og fritidsklubben Ungkultur i det nye bygget Kulturkammeret. At dei har delte lokale og kontor, tilbyr raskare kommunikasjon, betre koordinerte tverrfaglege samarbeid, meir kunst i ungdomstilbodet og friske tankar rundt tradisjonell undervisning i kulturskolen. Kulturkammeret fungerer som ein open møteplass mellom kulturskoleelevar, ungdom i byen og resten av kulturlivet.

Ungkultur held no til i eit bygg med fasilitetar skreddarsydde til kunstnariske formål, som verkstader for visuell kunst, dansesalar, konsertsalar, øvingsrom for band og multimediarom.

Dette betyr at terskelen er låg for at ungdom kan utforske ulike kunstformer utan noko press om å prestere eller lære noko, både som deltakar og publikummar. Ein av lærarane ved kulturskolen introduserer diverse instrument for deltakarane på ungdomsklubben i eit drop-in-sampeltilbod. Kulturskoleelevar har ein sosial stad å vere mellom skoleslutt og timen på kulturskolen som tradisjonelt ikkje har vore ein openberr sosial arena for dei som går på individuell undervisning. Elevar på ventelister kan få prøvd ut tilbodet til kulturskolen gjennom Ungkulturs lågterskeltilbod.



Figur 8.1

8 Ein styrkt kulturskole for framtida

Kulturskolen er ein arena der barn og unge får moglegheita til å bli kjende med og å lære seg å meistre ulike kunst- og kulturuttrykk. Kulturskolen gir barn og unge anledning til å utvikle seg og dei kreative evnene sine. Kulturskolen bidreg til å gi anerkjenning, inkludering og meistring. Og nettopp derfor trekkjer barn og unge i BUSK-rapporten fram kulturskolen som eit tilbod som bør vere tilgjengeleg for alle som ønskjer å delta.

Alle kommunar skal ha eit kulturskoletilbod. Denne plikta er forankra i opplæringslova. Kommunen eig og har ansvaret for kulturskolen og har eit stort handlingsrom til å utforme kulturskolen ut frå lokale behov, ønske og ressursar.

Kulturskolane spelar ei viktig rolle i lokalsamfunnet og fungerer ofte som eit kulturelt ressurs-senter i lokalmiljøet. Godt samarbeid mellom nøkkelpersonar i kulturskolen og i forskjellige funksjonar på ulike nivå lokalt har svært mykje å seie for at kulturskolen skal fungere godt. Rektorar og kulturskolelærarar blir omtala som eldsjeler og primus motorar som har dyrka fram tilbod og særeigenheiter ved kulturskolen sin. Samtidig er det avgjerande at kommunen arbeider strategisk og samarbeider med relevante aktørar om kulturskolen for den lokale kulturskoleutviklinga i eit langsiktig perspektiv.

Regjeringa ønskjer framleis ein sterk kulturskole for framtida. Kulturskolen bidreg til at barn og unge trivst, får danning, og at dei får utvikle seg. Kulturskolen skal tilby barn og unge eit variert tilbod av høg kvalitet, og alle barn og unge som ønskjer det, bør få eit kulturskoletilbod. Kulturskolen spelar ei viktig rolle som talentutviklar gjennom fordjupingsprogrammet sitt. I tillegg kan kulturskolen spele ei tydelegare rolle med tanke på inkludering og integrering i lokalsamfunnet.

Barnehage, skole, skolefritidsordninga (SFO) og frivilligheita er sentrale samarbeidspartnarar for kulturskolen. Det er eit mål å utnytte kompetansen i kulturskolen slik at han kjem barnehagen, skolen og SFO til gode.

Kapittelet skisserer korleis kommunane kan få til dette, og kva moglegheiter som ligg i handlingsrommet kommunane og kulturskolane har.

I denne meldinga presenterer regjeringa konkrete tiltak for å betre kulturskolen. For å lykkast med å nå visjonen om ein «Kulturskole for alle» må lokale og statlege myndigheiter foreine innsatsen og jobbe mot same mål. I dei neste kapitla om kulturskolen legg derfor regjeringa fram ein politikk for korleis kommunar, Norsk kulturskoleråd, universitets- og høgskolesektoren og andre aktørar i fellesskap kan styrkje kulturskolen.

Boks 8.1 Innspel frå barn og unge

Barn og unge ønskjer at kulturpolitikken legg til rette for

- å fjerne ventetida på kulturskolane og senke prisen for å delta

8.1 Kulturskolen i Noreg

8.1.1 Historia til kulturskolen

Både i Noreg og internasjonalt heng historia om musikksskolane saman med historia om musikk-konservatoria. I norsk samanheng delte dei i 1960-åra musikkopplæringa i musikksskolar, som var for barn og unge, og musikkonservatorium, som var for vaksne. I løpet av 1970-åra fekk musikksskolane eit solid fotfeste. I 1990-åra begynte dei å orientere seg mot andre fagfelt enn musikken, og musikksskolane endra namnet sitt til musikk- og kulturskolen.

I 1984 innførte staten eit øyremerkt tilskott. Dette skulle stimulere kommunane til å auke talet på elevar i musikk- og kulturskolane. For å få øyremerkta midlar måtte kommunane sjølve bidra med ein tilsvarende sum. Formålet med dette tilskottet var at musikk- og kulturskolane skulle gi eit undervisningstilbod i musikk og andre kulturaktivitetar til barn og unge utan omsyn til kvar dei budde, eller til kva økonomi foreldra hadde.

I 1988 fekk Dugstadutvalet i oppdrag frå Utdanningsdepartementet å vurdere spørsmål som gjaldt musikksskolen. Utvalet leverte innstil-

linga *Musikkskolene: en dynamo i det lokale skole- og kulturmiljøet* i 1989, der dei blant anna foreslo å lovfeste kulturskolen.

I St.meld. 40 (1992–93) «...vi smaa, en Alen lange» foreslo regjeringa at kulturskolen burde vere ein del av den kommunale planlegginga. I meldinga blei det sett eit mål om at minst 30 prosent av alle grunnskoleelevar også skulle vere kulturskoleelevar, og at andre kulturuttrykk enn musikk kunne vere ein del av tilbodet. Stortinget støtta desse målsetjingane i innstillinga si.¹

Kommunale musikk- og kulturskolar blei lovfesta i juni 1997, og i St.meld. nr. 39 (2002–2003) «*Ei blot til Lyst*» Om kunst og kultur i og i tilknytning til grunnskolen blei kulturskolen trekt fram som eit potensielt ressurscenter. Samtidig blei det poengtert at mangelen på lærarkrefter var stor. Man erkjende at på landsbasis så var vi langt frå målet om at 30 prosent skulle delta, for det var berre 13,1 prosent av barn og unge som deltok skoleåret 2001–02.

Frå 2004 blei dei øyremerkte midlane til kulturskolane innlemma i rammeoverføringane til kommunane. Samtidig blei kriteria knytte til dei øyremerkte midlane oppheva. Dermed blei det den enkelte kommunen sitt ansvar å bestemme kriteria for kulturskoleverksemda. Endringa var meint å bidra til at kommunane skulle få større handlingsrom og fleksibilitet til å organisere det lokale musikk- og kulturskoletilbodet sitt.

I 2010 leverte Kulturskoleutvalet rapporten *Kulturskoleløftet. Kulturskole for alle*. I utgreiinga si viste dei til at det er mange og varierte moglegheiter for samarbeid mellom grunnopplæring, SFO, kulturskole og frivillige kulturtiltak for og blant barn og unge. Utvalet peikte på at dei mest berekraftige modellane for samarbeid var bygde ut gjennom ressursar og initiativ nedanfrå og innanfrå, ikkje gjennom direktiv ovanfrå og utanfrå.

8.1.2 Kulturskole-Noreg i dag

Kulturskolefeltet er mangfaldig, og det er stor variasjon i tilbod, organisering, pris, ventelister og korleis kommunane prioriterer kulturskolane.

Kulturskolen har ein brei kunstfagleg portefølje og rettar seg først og fremst mot barn og unge i alderen 0–19 år. Dei vanlegaste aktivitetane i kulturskolen er musikk, dans, teater og visuelle kunstfag. Det finst òg kommunar som tilbyr skapande skriving, sirkus, kulturminnevern, kulturproduksjon, og husflidteknikkar og saum og design. Mange organiserer kulturskoletilbodet

som breiddetilbod, kjernetilbod og fordjupings-tilbod. Desse tilboda skal ta i vare læring, oppleving, skaping og formidling på alle nivåa.

Rammeplanen for kulturskolen er utarbeidd på grunnlag av eit ønske frå medlemskommunane i Norsk kulturskoleråd. Planen blei vedteken av Norsk kulturskoleråds landsting i 2016. Det er frivillig for kommunane å bruke rammeplanen, men han er teken i bruk av svært mange kommunar. Rammeplanen slår fast at kulturskolen skal bidra til å utvikle den kunstfaglege kompetansen og uttrykksevna til elevane så vel som kreativiteten, den kritiske sansen og den kulturelle og sosiale kompetansen dei har.

Data frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI²) viser at skoleåret 2020–21 utgjorde musikkundervisning heile 77 prosent av alle timane som blei tilbydde på dei ulike kunstområda. Likevel var 68 prosent av ventelisteplassane knytte til musikktilboda. Det er likevel viktig å merke seg at ein stor del av aktiviteten i kulturskolen ikkje visest i GSI, særleg gjeld det kulturskolens ulike breiddetilbod og aktiviteter.

Mange kurs varer lenge, og elevane bind seg for eit halvt eller eitt år om gongen. Det finst òg kulturskolar som tilbyr kortare kurs. På den måten behøver ikkje eleven å binde seg til aktivitet eller instrument, men får moglegheita til å plukke og veksle. Historisk sett har det vore vanleg å tilby éin-til-éin-undervisning i kulturskolen. Med tida har det vakse fram ønske om breiddetilbod, gruppeaktivitet, samspel og sosiale arrangement i tillegg. Dette får òg konsekvensar for det framtidige kompetansebehovet i kulturskolen, sjå kapittel 8.4.

Balansen mellom tilbod og etterspørsel handlar om ei rekkje ulike spørsmål. Blant desse er om kommunen og kulturskolen skal prioritere å få ned ventelistene på eksisterande tilbod eller opprette nye, populære tilbod, og om kulturskolen skal konsentrere seg om bestemte målgrupper og dermed leggje meir vekt på bestemte typar tilbod framfor andre.

I dei aller fleste kommunane er kulturskolen organisert som ei eiga eining eller teneste. Kulturskolen ligg som oftast i kultur- eller oppvekstetaten, men kan òg sortere under andre etatar eller avdelingar. Dei fleste kommunane drifrar sin eigen kulturskole, men det er ikkje uvanleg med interkommunale samarbeid. Opplæringslova opnar for at kulturskoletenester kan samordnast

¹ Innst. S. nr. 234 (1992–93)

² GSI er eit system for å registrere opplysningar om grunnskolen i Noreg. Opplysningar om kulturskolen blir også registrerte i GSI.

mellom fleire kommunar, altså at fleire kommunar deler på arbeidet og kulturskolen.

Mange kulturskolar held til i eitt bestemt lokale, der all undervisninga, møteverksemda og administrasjonen går føre seg. Andre kulturskolar har aktivitetane sine spreidde ut over fleire einingar og lokale i kommunen, for eksempel i skolebygg. Mange kommunar opererer òg med ein mellomting av desse to løysingane.

Det er i all hovudsak kommunale midlar, skolepengar og midlar utanfrå som finansierer kulturskolen. Kommunale midlar utgjer den klart største delen av finansieringa med om lag 75 prosent. Brukarbetalinga utgjer cirka 22 prosent av finansieringa til kulturskolen. I 2004 blei det øyremerkte tilskottet til kulturskole på 96,5 mill. kroner innlemma i rammeoverføringa til kommunane.³ Dette svarte til cirka 165 mill. i 2019.⁴ I 2019 var dei netto driftsutgiftene kommunane hadde til kommunale kulturskolar, cirka 1,5 mrd. kroner.⁵ Omtrent halvparten av kulturskolane søkjer aktivt om midlar utanfrå, for eksempel offentlege midlar som det går an å søkje om.

Kor mykje pengar kommunane bruker på kulturskolen, varierer ganske mykje. Dette handlar både om korleis kommunen prioriterer, inntektsgrunnlaget til kommunen og størrelsen på kommunen. Det er større variasjon i pengebruken i små og mellomstore kommunar enn mellom store kommunar. Samtidig bruker små kommunar jamt meir pengar per innbyggjar på kulturskole enn det mellomstore og store kommunar gjer.

Det er i tillegg stor variasjon mellom kommunane i andelen barn som er kulturskoleelevar, og kor mange som står på ventelister. Skoleåret 2019–20 var det cirka 100 100 elevar i kulturskolen, mens det stod cirka 23 400 på venteliste. Om lag 5 200 barn i barnehagealderen var skoleåret 2019–20 elevar ved kulturskolen. I halvparten av kommunane fekk alle dei som søkte kulturskoleplass.

Skolepengesatsane varierer òg frå kommune til kommune, og ein skoleplass kan koste alt frå nokre hundre kroner til fleire tusen.

Av 392 kommunar med kulturskolar hadde 16 av dei inntektsgradert skolepengesats. 140 kommunar hadde friplassar, og 315 hadde søskenmoderasjon.⁶ Ein god del kulturskolar tilbyr altså

reduerte prisar viss det er fleire barn i familien som bruker tilbodet. Kor stor rabatten er, varierer. Nokon stader aukar rabatten jo fleire søsken som deltek. Nokon har maksprisar for husstanden. Det varierer òg kva kriterium som blir brukte for å tildele friplass.

Det finst òg private kulturskoleaktørar, og dei er eit viktig supplement til dei kommunale kulturskolane. Det finst inga oversikt over talet på private kulturskolar i Noreg, men det finst eksempel på korleis det kommunale og private kulturskoletilbodet kan utfylle kvarandre. Sjå også kapittel 9.2.

8.1.3 Norsk kulturskoleråd

Norsk kulturskoleråd blei stifta i 1973 og er ein landsdekkjande interesse- og utviklingsorganisasjon for kommunar som eig og driv kulturskolar. Hovudfinansieringa er tilskott via statsbudsjettet og medlemskontingent. Om lag 98 prosent av alle kommunane i landet er medlemmer.

Kulturskolerådet er organisert som ei foreining med landsting, hovudstyre og fylkesstyre. Rådet blir drifta av ein felles administrasjon og rådgivarane i fylka. Primæroppgåva til Norsk kulturskoleråd er å bidra til å utvikle kulturskolane og støtte kommunane i arbeidet deira på feltet.

Organisasjonen har betydeleg fagkompetanse og arbeider for å gjere samfunnsrolla kulturskolen har tydeleg, og for å styrkje rammevilkåra for kulturskolen. Kulturskolerådet har både ansvaret for og deltek i ei rekkje prosjekt i samband med kulturskoleutviklinga. Rettleiing har vore eit viktig grep for å hjelpe kulturskoleeigarane og kulturskolen, slik at dei etablerer eit kontinuerleg arbeid for å utvikle kvaliteten i tråd med rammeplanen for kulturskolen.

Kulturskolen er ein arena for å inkludere alle og forhindre utanforskap, og Norsk kulturskoleråd arbeider i tråd med sin eigen strategi for å styrkje dette perspektivet.

Fordjupingstilbod er òg eitt av arbeidsområda til Kulturskolerådet. I samarbeid med andre aktørar er Kulturskolerådet uvurderleg for talentutviklinga og for rekrutteringa inn i det profesjonelle kunst- og kulturlivet.

Sentralt i arbeidet til Norsk kulturskoleråd er den nyleg vedtekne «Strategi 2032 – Med kulturskolen inn i fremtiden».⁷ Her er dei vesentlege strategiområda *mangfald – berekraft – digitalitet og samskaping*.

³ Kommunal- og regionaldepartementet 2003

⁴ Prisjustert frå 2004-kroner til 2019-kroner.

⁵ Tall frå KOSTRA, Statistisk sentralbyrå

⁶ Innrapportering til GSI før kommunesamanslåinga i 2020. Nokon kommunar samarbeider dessutan om kulturskoletilbodet.

⁷ Norsk kulturskoleråd 2020a. Vedtatt av Norsk kulturskoleråds landsting i oktober 2020.

8.2 Ansvar og utfordringar

Kulturskolane er eigde og drivne av kommunane, og dei har stort handlingsrom til å utforme og tilpasse tilbodet ut frå etterspørselen og tilgjengelege ressursar.

Kulturskolerapporten frå 2019 *Kultur + skole = sant. Kunnskapsgrunnlag om kulturskolen i Norge* peiker på ei rekkje faktorar som påverkar korleis kommunane og kulturskolefeltet balanserer ulike omsyn for å utnytte det handlingsrommet og det ansvaret dei har.⁸ Ei utfordring er å få opp rekrutteringa til kulturskolen. Ei anna utfordring er å finne gode løysingar på ulike forventningar til kulturskolen.

8.2.1 Rekruttering, deltaking og medverknad

Det har lenge vore eit mål at kulturskolen bør vere tilgjengeleg for alle som ønskjer å delta. Ein av konklusjonane i kulturskolerapporten frå 2019 er likevel at kulturskolen ikkje rekrutterer jamt når det gjeld kjønn og sosioøkonomisk bakgrunn.

Kulturskolerapporten frå 2019 viser at om lag 13 prosent av barn i grunnskolealder går på kulturskolen. Den typiske kulturskoleeleven blir beskrive som eit barn eller ein ungdom frå ein ressurssterk familie med høgt utdanna og kulturinteresserte foreldre. I rapporten blir det òg peikt på at få kjenner til kulturskolen, og at foreldre og barn i stor grad sjølv må oppsøkje informasjon om kulturskolen. Dette påverkar kor mange som deltek, og kven som deltek i kulturskolen.

Telemarksforsking har undersøkt kulturdeltakinga til unge i Drammen.⁹ Resultata viser ein betydeleg variasjon i mønstera for kulturell deltaking og konsum blant anna mellom gutar og jenter og mellom skoleelevar med forskjellig etnisk bakgrunn. Både NOU 2019: 19 *Jenterom, gutterom og mulighetsrom. Likestillingsutfordringer blant barn og unge* og kulturskolerapporten frå 2019 viser til at nesten dobbelt så mange jenter som gutar deltek i kulturskolen. Av om lag 99 000 kulturskoleelevar skoleåret 2018–19 var 35 prosent gutar og 65 prosent jenter.

Ei undersøking som Telemarksforsking har gjort for Norsk kulturskoleråd, viser at dei kommunale kulturskolane har eit kulturtilbod som mange innvandrareforeldre opplever som fra-

mand.¹⁰ Samtidig fortel om lag halvparten av kulturskolerektorane at dei i rekrutteringsarbeidet rettar seg mot spesifikke grupper barn og ungdom, blant anna flyktningar og andre innvandrare. Dei grunnir denne typen rekrutteringsarbeid med at kulturskolen skal spegle av heile befolkninga.¹¹ Fleire er likevel usikre på om dette arbeidet har gitt ønskje resultat.

Tilgjengeleg informasjon frå nasjonalt hald har tidlegare nesten utan unntak vore på norsk. Fråværet av informasjon på fleire språk er noko som i seg sjølv kan vere ein barriere for at elevar med innvandrarakgrunn kan delta. Utdanningsdirektoratet har derfor utvikla og publisert informasjon om kulturskolen på ulike språk på nettsidene sine, i samarbeid med Norsk kulturskoleråd.

Familieøkonomien og skolepengesatsane påverkar også om det er mogleg å delta i kulturskolen. Nokon kommunar har derfor valt å innføre moderasjonsordningar, gratistilbod og friplassordningar for å bidra til at fleire deltek. Det er likevel store variasjonar mellom kommunane i bruken av slike ordningar, og mange kulturskolar har lange ventelister, og det kostar mykje å delta.

I både BUSK-rapporten og kulturskolerapporten frå 2019 blir det peikt på at utfordringar knytte til reiseveg og skyss verkar inn på kor mogleg det er for fleire barn og unge å delta i kulturskolen.

Det er lokale variasjonar i kven som er målgruppa til kulturskolen. I rammeplanen for kulturskolen heiter det: «Kulturskoletilbudet retter seg i hovudsak mot barn og unge i alderen 0–19 år.» Nokon har nedre aldersgrense på seks år eller første klasse for å søkje plass, mens andre har tilbod for barn i barnehagealderen. Fleire kommunar har ei øvre aldersgrense på for eksempel 20 år. Samtidig finst det kommunar som inkluderer vaksne i kulturskoletilbodet, og mange kulturskolar har gode tilbod retta mot eldre i kommunen.

I KS' og Kulturskolerådets rapport *På vei mot fremtidens kulturskole* peiker dei på at mange kulturskolar ikkje har sett medverknaden til barn og unge i system. BUSK-rapporten viser at barn og unge i alle aldersgrupper etterspør større grad av medverknad og moglegheiter til å påverke kulturtilbodet. Ifølgje rapporten *På vei mot fremtidens kulturskole* kan medverknaden verke tilfeldig. Dette gjeld både i tilknytning til undervisninga og aktiviteten, korleis tilboda er innretta og i utviklingsarbeidet i kulturskolen.

⁸ Berge et al. 2019

⁹ Hylland & Haugsevje 2016

¹⁰ Kleppe 2013: 32

¹¹ Berge et al. 2013: 126

Boks 8.2 Tana kulturskole og Hamarøy kulturskole

Dette er eksempel på tiltak som bidreg til å føre vidare samisk immateriell kulturarv og tradisjonell kunnskap. Det samiske kunsthandverket duodji/duodje/duedtie har lange tradisjonar og er ein viktig del av den samiske kulturen.

Hábmera suohkan / Hamarøy kommunes kulturskole har tilbod innan faget garraduodje (hardt materiale som tre, horn og bein). I faget skal elevane blant anna hente materialar frå naturen for å lære om prosessen frå treet står i skogen, til ferdig duodje-produkt. Dei lærer å bruke skjearande verktøy, som er grunnsteinen i garraduodje, og korleis dei skal behandle og beskytte dei ferdige produkta frå å bli tærte bort.

Kulturskolen i Hamarøy har også spelt ei viktig rolle for at barn, unge og vaksne skal bli betre kjende i den nye kommunen i samband med kommunesamanslåing, blant anna gjennom framsyninga *Vi e'her / Mij lip dáppe*. Der viste

alle grunn- og kulturskoleelevane i den nye kommunen gjennom dans, musikk, foto, fortelling og biletkunst kven menneska som bur i den nye kommunen, er.

Deanu giella / Tana kommunes kulturskole gir kunstutdanning, i hovudsak til grunnskoleelevar i Tana kommune. I dag gir dei tilbod i band, instrument, piano, joik, dans, teater og duodji. Undervisningsspråka er norsk og samisk.

Eit av tilboda deira er også *Sámi Mánaid-teáhter / Samisk barneteater*, som er eit unikt tilbod for samiske barn og unge i nærområda. Tilbodet har betydning for og gir opplæring i både samisk språk, scenekunst og ulike sider ved ein teaterproduksjon. Meistringsfølelsen, kreativiteten og identiteten til barn og unge blir støtta, og det er ein arena for bruk av samisk språk. Teateret har framsyningar blant anna lokalt, regionalt og på finsk side.

8.2.2 Fleire bein å stå på

Fleire utgreiingar og rapportar har beskrive kulturskolen, for eksempel Kulturskoleutvalets utgreiing frå 2010¹² og NOU 2013:4 *Kulturutredningen*. Kulturskolen blir omtalt som ein del av den kulturelle grunnmuren vår, men dessutan som eit felt i spagat. Og det blir sagt at det er noko ved korleis kulturskolen er innretta, som set han i ei rekkje dilemma. Utviklinga av kulturskolane er blitt beskriven som organisk og dynamisk, men det blir òg sagt at det er eit felt utan eit klart og definert samfunnsoppdrag.

Både skoleaktivitet, kulturaktivitet og fritidsaktivitet

Kulturskolen er ein skoleaktivitet med eit mangfald av kunst- og kulturfag, som trekkjer vekslar på både pedagogiske, didaktiske og kunst- og kulturfaglege tenkjemåtar og praksisar. Kulturskolen er ein kulturaktivitet der det er mogleg for barn og unge å fordjupe seg og utvikle talentet sitt. I tillegg er kulturskolen ein fritidsaktivitet – ein stad der barn og unge kan møte kunst og kunstnarar

på ein relativt uforpliktande måte og inngå i sosiale fellesskap med andre med like interesser.

Breiddetilbod, kjernetilbod og fordjupingstilbod

Mange kulturskolar har organisert undervisningstilbodet sitt i tråd med rammeplan for kulturskolen, med tre opplæringsprogram med ulik profil og målsetjing: breiddeprogrammet, kjerneprogrammet og fordjupingsprogrammet.

Hovudintensjonen med *breiddeprogrammet* er utoverretta verksemd basert på samarbeid som famnar breitt. Primært skjer dette samarbeidet med barnehage, grunnskole, SFO, vidaregåande skole, frivillig kulturliv og andre instansar som har barn og unge som målgruppe. Det kan òg vere i samarbeid med miljø for fysisk og psykisk helse, flyktningetat, kyrkje, bibliotek, eldreomsorg, kulturinstitusjonar, Ung Kultur Møtes (UKM), fritidsklubbar, lag, foreiningar, skolekorps, festivalar, næringsliv, miljøetatar og andre.

Eksempel på breiddetilbod i kulturskolen er gratis musikktilbod til flyktningar, kulturskoleaktivitetar som gratis aktivitet i SFO-tida, dansegruppe i regi av kulturskolen i skoletida, musikaloppsetjing i kommunen i samarbeid med frivillige aktørar, med meir.

¹² Kulturskoleløftet 2010

Kjerneprogrammet er hovudverksemda til kulturskolen. Undervisninga bidreg til å utvikle kreative evner, handverkskompetanse og kunstnarisk kompetanse og samarbeidsevna. Programmet er for elevar som ønskjer å arbeide med kunstfaget over tid, og er basert på progresjon, systematisk trening og utviklinga eleven har gjennom ulike fasar. Opplæringa vil vanlegvis strekkje seg over fleire år. Å lære seg å spele eit instrument, å danse og spele teater er typiske aktivitetar i kjerneprogrammet.

Fordjupingsprogrammet er for elevar med særskilde føresetnader og interesser for den kunstnariske aktiviteten. Undervisningstilbodet i fordjupingsprogrammet skal vere vesentleg forsterka med omsyn til innhald og omfang samanlikna med kjerneprogrammet. Tilbod i fordjupingsprogrammet skal kunne førebu for vidaregåande opplæring og høgare utdanning i kunstfag. For å styrkje kvaliteten i undervisningstilbodet innan fordjupingsprogrammet samarbeider mange kulturskolar med lokale kunst- og kulturmiljø, lag, programfag i vidaregåande skole eller høgare utdanning på regionalt og nasjonalt nivå.

Det har lenge vore ein ambisjon at kulturskolen skal gi kunstfagleg opplæring til alle barn og unge som ønskjer det. Han skal nå breitt ut slik at barn og unge, uavhengig av sosial, økonomisk og kulturell bakgrunn, skal få reell moglegheit til å bli kulturskoleelevar. Kulturskolerapporten frå 2019 framhevar at det ikkje nødvendigvis blir sett på som motstridande mål i feltet at kulturskolen er ein institusjon som tilbyr både utdanningsløp for framtidige kunstnarar og er ein stad der barn og unge meir eller mindre uforpliktande kan få moglegheita til å utfalde seg kunstnarisk.

Ved fleire kulturskolar må likevel ressursane prioriterast, og dei må gjere vanskelege avvegingar når dei skal forme strategiane for arbeidet framover. Det kan for eksempel vere i favør av talenta eller til breiddesatsinga, men det kan òg vere til fordel for kjernetilbodet.

8.2.3 Vurdering

Kulturskolen har fleire bein å stå på. Kulturskolerapporten frå 2019 peiker på at forventningane til kulturskolen er mange. I sum kan dette opplevast som krevjande. Nasjonale myndigheiter har valt å gi kommunane og kulturskolane stort handlingsrom nettopp for å kunne organisere tilbodet ut frå etterspørsel og lokale ressursar og balansere ulike omsyn ut frå lokale behov og prioriteringar.

Alle dei tre funksjonane kulturskolen har som skole-, kultur- og fritidsaktivitet er viktige, og

regjeringa meiner at slik bør det vere i framtida òg. Regjeringa meiner at sjølv om det kan vere krevjande for kulturskolen å ha alle dei tre ovannemnde funksjonane, så er det ønskjeleg. For å få til dette på ein god måte må kommunane ha fridommen til å finne dei beste løysingane for kulturskolen lokalt.

Trass i eit felles mål, både politisk og i praksisfeltet, om ein kulturskole for alle som ønskjer det, når ikkje kulturskolen ut til alle i dag.

Det er ulike årsaker til at barn og unge ikkje deltek i kulturskolen. At føresette har låg inntekt er eitt av hindera for at barn og unge kan delta. I tillegg til økonomiske barrierar finst det kulturelle barrierar for å delta. Mange kjenner dessutan ikkje til kva kulturskolen har av tilbod, og i kulturskolerapporten frå 2019 beskriv forfattarane kulturskolen som «en godt bevart hemmelighet».

Reiseveg og moglegheiter for skyss har mykje å seie for barn og unge i både tettbygde og tynt folkesette strøk. For barn og unge som har utfordringar med reisevegen og med moglegheitene for skyss til og frå kulturskolen, kan kommunen blant anna sjå på moglegheitene for at tilbodet på kulturskolen blir organisert i samanheng med skoledagen og/eller SFO-tida. Digital undervisning kan òg vere eit supplement til ordinær undervisning som bidreg til å gjere kulturskoletilbodet meir tilgjengeleg.

For å senke terskelen til å delta slik at fleire barn skal få sjansen til å bli kjende med kulturskolen, er breiddetilbodet i kulturskolane viktig. Eit breiddetilbod kan for eksempel utviklast i samarbeid med barnehagen, skolen, SFO, kommunale fritidstilbod for barn og unge eller det frivillige kulturlivet.

Opplæringslova § 13-6 krev at kommunane har eit tilbod om kulturskole som er organisert i tilknytning til både skoleverket og kulturlivet elles. I tråd med § 13-6 skal kommunane sjå kulturskolen i samanheng med andre kulturtilbod for barn og unge og sjå til at tilbodet kan nå breitt ut og omfatte flest mogleg. I dag er det mange kulturskolar som har ulike former for moderasjonsordningar. Dette er lokale ordningar som gjer det lettare for fleire barn å kunne delta i kulturskolen.

Som det kjem fram av Granavollplattforma, vil regjeringa innføre eit «fritidskort» for alle barn frå 6 til fylte 18 år. Regjeringa har sett i gang eit arbeid med å greie ut og prøve ut fritidskortordningar, og i 2021 er det sett av 180 mill. kroner til prøveprosjektet med nasjonal fritidskortordning. Ei fritidskortordning skal bidra til å dekke utgifter til faste, organiserte fritidsaktivitetar

for barn i alderen 6 til 18 år. Målet er at fleire barn skal ha moglegheita til å delta i fritidsaktivitetar.

I prøveprosjektet er det opp til kommunane å vurdere kva fritidsaktivitetar som er faste og organiserte, og som slik tilfredsstiller kriteria for kva fritidskortet kan brukast til. Dersom kommunane vurderer at fritidskortet kan brukast til å dekkje utgifter til tilbodet frå kulturskolen, vil dette kunne bidra til å senke terskelen for å delta i kulturskolen. Regjeringa vil be om at kommunane vurderer om kulturskolen kan omfattast av fritidskortet.

Kulturskolen kan reknast som ein organisert fritidsaktivitet og dermed omfattast av Fritidserklæringa. Regjeringa meiner det derfor er naturleg at Norsk kulturskoleråd blir ein av partnarane i erklæringa og tek sikte på at rådet inngår i Fritidserklæringa ved re-signering. Styrken ved erklæringa er at ho samlar stat, kommune og frivilligheita om ein felles innsats. Kommunane skal sjå ulike tiltak på barne- og ungdomskulturfeltet i samanheng med samfunnsdelen i kommuneplanen for å få god koordinering og samhandling mellom verksemdene, sjå omtale av forslag om lokalt planarbeid i kapittel 5.2.

Det er i tillegg viktig at kulturskolane jobbar aktivt med å spreie informasjon om tilboda sine og rekrutterer breitt i samfunnet. Regjeringa vil at Utdanningsdirektoratet skal halde fram med arbeidet med å utvikle informasjon om kulturskolen på fleire språk. Informasjonen vil kunne brukast aktivt av Kulturskolerådet og kommunane i kommunikasjonsarbeidet deira om kulturskolen og for å nå ut til føresette. Regjeringa vil oppmode kulturskolane til å jobbe med å rekruttere breiare for å nå ut til alle barn og unge.

Ein av grunnane til at nokon grupper barn og unge i liten grad deltek i kulturskolen, er at dei og/eller foreldra deira kan oppfatte tilbodet frå kulturskolen som framand eller lite relevant. Regjeringa vil oppmode kulturskolane til å jobbe for å tilby eit breitt spekter av kulturuttrykk og tilbod i porteføljen sin for å få ei jamnare kjønnsrekruttering og fleire elevar med ulik sosioøkonomisk bakgrunn.

Kjønn bør ikkje vere ein barriere for å delta i kulturskole eller i valet av kulturskoleaktivitetar. Regjeringa minner om at kommunane, som offentlege myndigheiter, har ei plikt til å jobbe aktivt for å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av blant anna kjønn, etnisitet, alder og funksjonsnedsetjing, sjå omtalen av aktivitets- og rapporteringsplikta beskrive i kapittel 4.

Kulturskolen er prega av historia si som musikkskole med primært éin-til-éin-undervis-

ning, og dette tilbodet er etterspurt. Samtidig er det auka etterspørsel etter tilbod som speglar av dei kulturelle og kunstnariske straumdraga i samtida. I kva grad det er mogleg å få eit kulturskoletilbod som famnar desse omsyna på ein god måte, avheng av korleis den enkelte kommunen prioriterer, og korleis dei klarer å utnytte moglegheiter for samarbeid, koordinering og utvikling. Regjeringa meiner at det er viktig at kommunen og kulturskolen har dette handlingsrommet.

Ein del kommunar har ikkje tilbod innan både breidde, kjerne og fordjuping. Dette kan komme av forhold som mangel på lærarkompetanse, eller av at kommunen ikkje prioriterer ressursar til desse tre formåla. Regjeringa meiner at det bør vere eit politisk mål for kulturskolen at kommunane har eit breiddetilbod og eit kjernetilbod.

Som kulturskolerapporten frå 2019 viser, er det i dag svært mange kommunar som har ulike former for breiddetilbod. Når det gjeld fordjuping, vil ikkje alle kommunar rundt om i landet ha kompetansen og kapasiteten til å ha slike tilbod. For å sikre at det er mogleg for barn og unge å utvikle talentet sitt og fordjupe seg, er det derfor behov for eit system der kulturskolane kan samarbeide seg imellom om fordjupingstilbod. Regjeringa vil oppmode til at nokon kulturskolar i kvart fylke/region tek eit særskilt ansvar for fordjupnings-tilbod der det er behov for det.

Sjølv om medverknaden til barn og unge i utforminga av kulturtilbodet generelt har fått større merksemd dei seinare åra, har elevmedverknaden i kulturskoletilbodet ikkje nådd det fulle potensialet sitt. Skal kulturskolen halde fram med å vere ein relevant aktør på barne- og ungdomskulturfeltet, er det nødvendig å lytte til barn og unge.

Foreldre er òg ein ressurs for arbeidet til kulturskolen og kan bidra til å ta i vare interessene og behova til elevane. Gjennom medverknadsarbeid lokalt kan kulturskolen òg gjere seg relevant i lokalsamfunnet i enda større grad.

Både etter Grunnloven § 104 og barnekonvensjonen artikkel 12, som gjeld som norsk lov gjennom menneskerettslova, har barn rett til å bli høyrde og det skal leggjast vekt på meiningane deira. Kommunane må sørge for at denne retten er reell òg i kulturskolen. Korleis det best kan løysast og organiserast lokalt, vil vere opp til den enkelte kulturskolen.

8.2.4 Ein kulturskole for framtida

Kulturskolen bidreg til at barn og unge trivst, til danninga og utviklinga deira. Den politiske visjo-

nen regjeringa har for kulturskolen, er «Kulturskole for alle», inspirert av Norsk kulturskoleråds visjon. Det inneber ikkje at alle barn og unge skal gå i kulturskolen, men at alle som ønskjer det, skal få anledning. Denne visjonen er allereie godt etablert i kulturskole-Noreg gjennom arbeidet med rammeplanen for kulturskolen. Eit gjennomgåande svar frå kulturskoletilsette i kulturskole-rapporten frå 2019 var at kulturskolen skal vere ein stad «for alle», der alle skal ha like moglegheiter til fellesskap og utfalde seg og meistre kunstnarisk.

Det norske samfunnet er fleirkulturelt, med eit mangfald av kulturelle uttrykk. I dag flyttar vi meir på oss, og samfunnet har blitt meir internasjonalt. Dette betyr at samfunnet er langt meir komplekst enn tidlegare. Ein kulturskole for alle inneber at alle kan føle seg velkomne, og at dei møter tilbod som speglar det kulturelle mangfaldet i samfunnet. Ein visjon om kulturskole for alle inneber at kommunane ser ulike tiltak på barne- og ungdomskulturfeltet i samanheng slik at alle kan få ei reell moglegheit til å delta. Ein kulturskole for alle inneber at han må vere open for personar i alle aldrar. Samtidig ønskjer regjeringa å poengtere at barn og unge i alderen 0–19 år er primærmålgruppa, og at kulturskolen skal prioritere barn i skolealder, til og med vidaregåande opplæring.

Regjeringa støttar formålet til kulturskolen, slik det er beskrive i rammeplanen for kulturskolen «Mangfold og fordypning», og støttar at kommunane held fram med å byggje kulturskolearbeidet sitt på dette formålet. Med utgangspunkt i rammeplanen for kulturskolen, summerer regjeringa opp formålet for kulturskolen slik:

Formålet til kulturskolen er å gi eit undervisningstilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge, uavhengig av kvar dei bur og økonomi.

I kulturskolen skal elevane få lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskolen skal òg bidra til å kvalifisere elevar med særleg interesse og motivasjon for opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Tilbodet skal bidra til danninga barn og unge får, til å fremje respekt for den kulturelle tilhøyrsele andre har, til bevisstgjerings av eigen identitet og til å utvikle evna til kritisk refleksjon.

Kulturskolen er open for personar i alle aldrar, men barn og unge frå 0 til 19 år er primærmålgruppa, og barn i skolealder, til og

med vidaregåande opplæring, skal prioriterast. Kulturskolen skal vere både ein skoleaktivitet, ein kulturaktivitet og ein fritidsaktivitet.

Kulturskolen skal gi elevane moglegheit til å medverke. Elevane skal erfare at dei blir lytta til, at dei har reell innverknad, og at dei kan påverke det som vedkjem dei.

Kulturskolen bør vere ein samarbeidande aktør med barnehagen, grunnopplæringa, SFO, anna kulturliv og frivillige aktørar i den enkelte kommunen. Kulturskolen kan vere eit lokalt ressurscenter.

Det er eit mål at alle kulturskolar skal ha eit breiddetilbod og eit kjernetilbod. Nokon kulturskolar i kvart fylke/region kan ta eit særskilt ansvar for fordypingstilbod og talentutvikling.

Ein kulturskole for alle inneber at alle, uavhengig av bakgrunn, føler seg velkomne. Kulturskolen bør spegle av mangfaldet i samfunnet gjennom eit breitt samansett tilbod av undervisning, formidling og skapande verksemd.

Regjeringa vil

- at visjonen for kulturskolen skal vere «Kulturskole for alle»
- at kulturskolen skal vere open for personar i alle aldrar. Primærmålgruppa er barn og unge i alderen 0–19 år, og barn og ungdom i skolealder skal prioriterast.
- at kulturskolen skal vere både ein skoleaktivitet, ein kulturaktivitet og ein fritidsaktivitet
- at det bør vere eit politisk mål for kulturskolen at kommunane har eit breiddetilbod og eit kjernetilbod
- oppmode til at nokon kulturskolar i kvart fylke/region tek eit særskilt ansvar for fordypningstilbodet der det er behov for det
- at Kulturskolerådet blir ein partnar i Fritids-erklæringa
- be om at kommunane vurderer om kulturskolen kan omfattast av fritidskortet
- at Utdanningsdirektoratet vidareutviklar informasjon om kulturskolen, også på fleire språk, og gjer informasjonen tilgjengeleg
- oppmode kulturskolane til å jobbe med å rekruttere breiare for å nå ut til alle barn og unge
- oppmode kulturskolane til å jobbe for å tilby eit breitt spekter av kulturuttrykk og tilbod i porteføljen sin

8.3 Føringer for kulturskolen

Stortinget har bede regjeringa om ei stortingsmelding om ein «styrket kulturskole for fremtiden».¹³ Stortinget trekte fram behovet for å vurdere fleire nasjonale føringer, for eksempel i form av forskrift. Samtidig understreka Stortinget at kommunane må kunne bestemme innhaldet i og omfanget av tilbodet, slik at det blir rom for å tilpasse det lokalt. Det er behov for å gjere tydeleg kva visjonar regjeringa har for kulturskolen, og korleis den framtidige organiseringa av sektoren kan støtte opp under visjonen regjeringa har for kulturskolen. Sentralt i dette kapittelet er forholdet mellom nasjonal og lokal styring.

Når meldinga drøftar *styring* av kulturskolen, må kva rolle staten (irekna Utdanningsdirektoratet og statsforvaltaren) har, ansvaret kommunane har og arbeidet til Kulturskolerådet vurderast under eitt. Den statlege styringa av kommunesektoren må balanserast mellom nasjonale omsyn og omsynet til det kommunale sjølvstyret. Kommunane skal ha rom for å prioritere og å tilpasse tenestene sine i tråd med lokale forhold og behov.

Hovudprinsippet for statleg styring av kommunar skal vere økonomisk og juridisk rammestyring.¹⁴ Det betyr at staten skal unngå detaljert regulering av organisatoriske forhold i kommunane og generelt unngå detaljert regulering av korleis kommunane skal løyse oppgåvene sine.

8.3.1 Regelverket for kulturskolen

Kulturskolen er i dag heimla i opplæringslova § 13-6. Etter opplæringslova er kulturskoletilboda verken grunnskoleopplæring eller vidaregåande opplæring, men eit tilbod om musikk- og kulturskole som alle kommunar skal ha, i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles.

Lova har ikkje krav til innhaldet i eller omfanget av kulturskoletilbodet til kommunen. Alle kommunar skal ha eit kulturskoletilbod til innbyggjarane sine, men regelen gir ikkje enkeltpersonar rett til eit tilbod i kulturskolen. Lovregelen er så overordna at han gir kommunane betydeleg handlingsrom til å utforme tilbodet ut frå lokale behov, ønske og ressursar.

I tillegg til regelen i opplæringslova er det ulike regelverk som på kvar sin måte har noko å seie for drifta av kulturskolen. For eksempel gjeld arbeidsmiljølova, diverse regelverk knytte til bygga der kulturskolen held til, som for eksempel

HMS-reglar, brannvernreglar og plan- og bygningslova. Kontraktane som kulturskolen og den enkelte brukaren (eleven) inngår, vil dessutan vere styrande for tilbodet som skal givast på kulturskolen. Det er òg eit lovkrav om at dei som arbeider i kulturskolen, skal levere politiattest.

Ein konsekvens av at lova ikkje regulerer omfanget og innhaldet i kulturskoletilbodet, er at det er store forskjellar frå kommune til kommune og frå distrikt til distrikt. I tillegg baserer kulturskolane seg på lokal tradisjon og kultur. Også dette kan gi store variasjonar. Det har vore og er viktig å sikre denne lokale handlefridommen og tilpassinga.

Opplæringslovutvalet leverte NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov* 13. desember 2019. Lovutvalet foreslår blant anna å flytte reguleringa av kulturskolen frå opplæringslova til kulturlova. Kulturlova er ein del av regelverket til Kulturdepartementet. I høyringsrunden kom det inn mange og tunge motsegner til dette forslaget. Eit sentralt poeng i tilbakemeldinga er at kulturskolesektoren sjølv ser på kulturskolen som eit skoleslag og føler tilhøyrse til opplæringslova. Eit anna argument er behovet for å sjå kulturskoleverksemda i samanheng med anna verksemd som Kunnskapsdepartementet har ansvaret for, som høgare utdanning, barnehage, skole og SFO. Dette gjeld både på nasjonalt og på lokalt nivå.

Eit trygt og godt læringsmiljø

Eit trygt og godt miljø i kulturskolen legg grunnlaget for at elevane kan oppleve trivsel, meistring og læring i tilbodet til kulturskolen. Trivsel, meistring og læring i kulturskolen kan vere nøkkelen til og leggje grunnlaget for å utøve kultur og å ha glede av kulturuttrykk resten av livet.

I dag er ikkje tryggleiken til elevane eller læringsmiljøet direkte regulerte i opplæringslova, ut over at dei som arbeider i kulturskolen, skal levere politiattest. Indirekte vil likevel aktiviteten i kulturskolen dekkjast av andre regelverk som vernar om læringsmiljøet til elevane. For eksempel vil kulturskoleaktivitetar som skjer som ein del av SFO, vere dekte av reglane i opplæringslova kapittel 9A.¹⁵ Alle kulturskoleaktivitetar som skjer i lokala til ein barnehage eller skole, vil dessutan vere dekte av reglane i forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.¹⁶ Arbeidsmiljølova har i tillegg reglar som sjølv om dei først

¹³ Representantforslag 112 S (2016–2017)

¹⁴ Meld. St. 12 (2011–2012)

¹⁵ Opplæringslova 1998: §9A-1

¹⁶ Forskrift om miljørettet helsevern i skoler m.v. 1995

og fremst er til vern av dei tilsette i kulturskolen, også vil fungere som eit vern av elevane.¹⁷

8.3.2 Vurdering

Regjeringa meiner at kulturskolen framleis skal vere lovforankra i opplæringslova. Det er likevel grunn til å understreke at det framleis skal vere eit godt samarbeid med kulturlivet og frivillige organisasjonar.

Barn og unge bør ha eit trygt og godt læringsmiljø mens dei er på kulturskolen og deltek i aktivitetar i regi av kulturskolen. Det er dessutan viktig at elevane i kulturskolen opplever eit inkluderande fellesskap med aksept for mangfald. I forlenginga av det overordna målet om meir samarbeid mellom kulturskole og skole og SFO er det ein ambisjon at barn og unge skal oppleve god samanheng mellom kulturskole, skole og SFO. Regjeringa meiner vi kan oppnå dette blant anna gjennom at nulltoleranse mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering blir like mykje lagt til grunn i kulturskolen som i skole og SFO, og at kulturskolen òg arbeider for å fremje eit trygt og godt læringsmiljø og førebyggje krenkingar.

Regjeringa ønskjer å sikre elevane eit trygt og godt læringsmiljø i kulturskolen. Med utgangspunkt i dette vil regjeringa vurdere å foreslå endringar i krava til læringsmiljøet i kulturskolen.

8.3.3 Nasjonale aktørar på kulturskolefeltet

Utdanningsdirektoratet er Kunnskapsdepartementets utøvande organ for barnehage, skole og fagopplæring og skal setje opplæringspolitikken ut i praksis. Utdanningsdirektoratet fekk i tildelingsbrevet for 2020 i oppdrag å følgje opp regjeringa si strategi *Skaperglede, engasjement og utforskertrang. Praktisk og estetisk innhold i barnehage, skole og lærerutdanning*. Eitt av dei konkrete tiltaka direktoratet skal følgje opp, er å finne løysingar for å få jamleg informasjon og oversikt over kompetansen i kulturskolen og bruken av delte stillingar.

Utdanningsdirektoratet forvaltar ei tilskottsordning i statsbudsjettet – kapittel 225 post 75 *Grunntilskot til kunst- og kulturarbeid i grunnopplæringa*. Kulturskolerådet er ein av tre organisasjonar som får tilskott over denne posten. Tilskottet skal blant anna

- bidra til kvalitet for elevane og kompetanseheving for dei tilsette i kulturskolen og i grunnopplæringa
- støtte opp om nasjonale satsingar og samarbeid mellom utdanningssektoren og kultursektoren
- bidra til utviklinga av gode modeller for innhald, organisering og samarbeid lokalt

Måla for ordninga er fastsette av Kunnskapsdepartementet, og direktoratet skal kontrollere om verksemda til mottakarane har vore i samsvar med målsetjinga for tilskottsordninga. Tilskottet er den største inntektskjelda til Kulturskolerådet, som fekk i overkant av 26 mill. kroner i 2020. Dette gjer organisasjonen i stand til å utføre eit omfattande utviklingsarbeid gjennom blant anna opprettelse, drift og vidareutvikling av forskjellige nettverk og målretta satsingar regionalt og nasjonalt.

Kunnskapsdepartementet har ikkje myndighet til å påleggje Kulturskolerådet oppgåver. Indirekte kan departementet styre aktivitetane til Kulturskolerådet gjennom Utdanningsdirektoratets tildelingsbrev og eventuelle føringar for tilskottsmidlane som Kulturskolerådet får over statsbudsjettet, i tillegg til meir generelle føringar som allereie ligg i Grunntilskottet til kunst- og kulturarbeid i opplæringa.

I tildelingsbrevet for 2020 blei det gitt konkrete oppdrag til Utdanningsdirektoratet på kulturskolefeltet, og det er blitt oppretta eit samarbeid mellom Kulturskolerådet og direktoratet. Saker på agendaen har blant anna vore oppdraga direktoratet har hatt om å informere om kulturskolen og å utbetre og vidareutvikle statistikk basert på GSI. Andre saker har vore erfaringsutveksling og rettleiing knytte til Kulturskolerådets rettleiarkorps og satsinga «Vurdering for læring for kulturskolen» (KulVFL).

8.3.4 Styring på nasjonalt nivå

I kulturskolerapporten frå 2019 og i innspel til meldinga kjem det fram at kulturskole-Noreg ønskjer tydelegare statleg styring av innhaldet og oppgåvene i kulturskolen. Mange kommunar uttrykkjer behov for tydelegare signal for å gjere lokale prioriteringar.

Nokon av forslaga handlar om lovregulering og nasjonale krav til innhald og kvalitet. I tillegg ønskjer kommunane eit mandat til å samarbeide med nasjonale myndigheiter og eit tydeleg oppdrag for å bidra til å utvikle kulturskolen. Kulturskolerådet har òg understreka at det er krevjande

¹⁷ Arbeidsmiljøloven 2005

at staten ikkje har tydelege forventningar til kulturskolen.

Eit spørsmål som har vore drøfta i arbeidet med meldinga, er om dagens rammeplan for kulturskolen burde vere ei forskrift slik at kulturskoletilbodet rundt om i landet blir meir likt.

Dei fleste kommunane bruker rammeplanen for kulturskolen aktivt.¹⁸ Rammeplanen omtaler samfunnsoppdraget til kulturskolen, prinsipp og retningslinjer for kulturskoleverksemd, fagplanar og mal for kvalitetssikringssystem. Rammeplanen framhevar at kulturskolen skal kjenneteiknast av høg kvalitet og rikt mangfald og skal ta i vare både breidde og talent. Han legg òg opp til at alle kulturskolane skal ha breiddeprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram. Rammeplanen fremjar dessutan konseptet om kulturskolen som lokalt ressurscenter i både smal og vid forstand.

I tildelingsbrevet for 2018 til Utdanningsdirektoratet blei Kulturskolerådet tildelt 3 mill. kroner til å implementere rammeplanen, blant anna gjennom rettleiing.¹⁹ Men staten gav likevel ikkje føringar om at kommunane skal innføre rammeplanen. Tildelinga blei grunngitt med at kulturskolane har eit viktig tilbod til barn og unge over heile landet, og at kvalitetsarbeid som byggjer på rammeplanen, vil styrkje dette.

8.3.5 Vurdering

Kulturskole-Noreg er organisert ulikt og organiserer tilbodet sitt ut frå lokale behov og ressursar. Dette meiner regjeringa er styrken til kulturskolen. Ei nasjonal styring av innhaldet, omfanget og kvaliteten i tilbodet vil kunne bidra til eit meir likt tilbod i kommunane, men det er òg ein risiko for at lokalt samarbeid og lokal forankring ville tapt terreng. Dette meiner regjeringa ikkje vil gagne tilbodet som barn og unge får i dag.

I denne stortingsmeldinga presenterer vi fleire eksemplar på korleis kommunane organiserer kulturskoletilbodet. Kommunane har eit stort handlingsrom. Regjeringa oppmodar kommunane til å bruke dette handlingsrommet og meiner at det ikkje er ønskeleg å ha meir statleg styring av kulturskolane.

Kulturskolerådet er tett på kulturskolane og driv solid, fagleg kvalitetsutvikling. Samtidig etterlyser Kulturskolerådet tydelegare nasjonal styring, og at Utdanningsdirektoratet bidreg meir til kulturskoleutviklinga.

Dersom det faglege utviklingsarbeidet skulle bli lagt til Utdanningsdirektoratet vil det i praksis bety at Kulturskolerådet står mindre fritt til å prioritere oppgåver og utviklingsområde sjølv i dialog med kommunane.

Regjeringa meiner Kulturskolerådet utfører utviklingsarbeidet på ein god måte og ønskjer at dei skal føre det vidare det gode arbeidet. Utdanningsdirektoratet skal med andre ord ikkje overta oppgåver knytte til kulturskoleutviklinga. Det er likevel behov for eit godt samarbeid mellom Kulturskolerådet og Utdanningsdirektoratet og å vurdere korleis verkemiddel som Utdanningsdirektoratet forvaltar, kan komme kulturskolefeltet til gode. Eit samarbeid mellom Kulturskolerådet og Utdanningsdirektoratet vil vere positivt både for ein styrkt kulturskole for framtida og for arbeidet med kunst og kultur i barnehagen og grunnopplæringa.

Vidare ønskjer regjeringa at direktoratet bidreg med råd, rettleiing og utvikling av ressursar som støttar drifta av og utviklinga av kulturskolane, og at Utdanningsdirektoratet synleggjer samanhengar mellom innhaldet i skole, barnehage og SFO og kulturskoletilbodet. Regjeringa vil gje direktoratet i oppdrag å bidra med informasjon, rettleiing og støtte retta mot kulturskolen der det er relevant. Det kan òg vere relevant å synleggjere erfaringar kommunar har med å sjå kulturskoleverksemda og tilboda frå Den kulturelle skolesekken i samanheng.

Vidare ønskjer regjeringa at direktoratet gjer ein gjennomgang av statistikken om kulturskolen i GSI og vurderer korleis statistikken kan vidareutviklast og utbetrast. Kulturskolerådet blir invitert til å komme med innspel i denne prosessen.

Regjeringa ønskjer ikkje å gjere rammeplanen for kulturskolen til ei forskrift og dermed gjere rammeplanen til eit påbod, da mange kulturskolar vil kunne ha vanskar med å etterleve måla som ligg i planen. Regjeringa ønskjer derfor at rammeplanen for kulturskolen skal halde fram med å vere rettleiande. Regjeringa vil be Kulturskolerådet om å vurdere endringar i rammeplanen for kulturskolen i tråd med endringane som blir skiserte i denne stortingsmeldinga.

8.3.6 Koordinering på fylkesnivå

Kulturskolerapporten frå 2019 og innspel til mel-
dingsarbeidet peiker på at det er nødvendig å sam-
ordne behovet kulturskolane har for kompetanse-
utvikling og for å samarbeide med universiteta og
høgskolane. Det er òg behov for å samordne

¹⁸ Mange kulturskolar rettar seg i tillegg etter ulike lokale planar og føringar.

¹⁹ Jf. Innst. 12 S (2017–2018)

fordjupingstilboda og talentutviklinga på regionalt nivå.

I ulike innspel til meldingsarbeidet og i kulturskolerapporten frå 2019 har det komme fram at det tidvis er lite kontakt mellom kulturskolesektoren og universitets- og høgskolesektoren. Kvar enkelt kulturskole er ei lita eining. Derfor vil dei ikkje nødvendigvis ha eit kompetansebehov som utgjer eit stort nok volum til å bestille tilbod frå ein høgskole eller eit universitet. Men ser vi kulturskolar i eit fylke samla, eller i ein region, kan situasjonen vere annleis.

Det er dessutan behov for eit system for samarbeid om fordjupingstilboda i kulturskolen. Det er i dag stor forskjell på kapasitet, omfang og kompetanse i dei lokale kulturskolane. Der den lokale kulturskolen har kompetansen og klarer å tilby eleven eit fordjupingstilbod, er det ønskeleg. Men ikkje alle kulturskolar klarer å gi fordjupingstilbod i alle aktuelle fag.

Koronapandemien har ført til at mange kulturskolar har teke i bruk digitale verkøy i undervisninga. I 2021 har ein stor andel kulturskolar digitale plattformer på plass og har erfaring med digital undervisning. Potensialet i å utnytte dei nye erfaringane på det digitale området er stort.

8.3.7 Vurdering

Kulturskolane er det kommunane som har ansvaret for. Samtidig har arbeidet med meldinga tydeleggjort eit behov for koordinering på fylkes- og/eller regionsnivå. Dette gjeld samarbeid mellom kulturskolane og universitets- og høgskolesektoren om kompetansebehov i kulturskolen, men òg for å styrkje fordjupingstilbodet i kulturskolen. Regjeringa ønskjer å bidra til eit tettare samarbeid mellom universitets- og høgskolesektoren og kulturskolen, og regjeringa ønskjer å styrkje rolla kulturskolen har som regional talentaktør. I lys av at fylkeskommunane eig vidaregåande opplæring, der elevar får utvikla talenta sine, får teke ei formell utdanning innan praktiske og estetiske fag og blir kvalifiserte for høgare (kunst)utdanning, vil det vere naturleg å samarbeide med fylkeskommunane om innsatsen for å styrkje talentutviklinga.

I dag får Kulturskolerådet tildelt midlar frå staten for å drive kvalitetsutvikling i kommunane. Kulturskolerådet har per i dag ni fylkesavdelingar og éi regionavdeling på regionalt nivå og har ein rådgivar utplassert i kvart av fylka/regionane. Regjeringa meiner derfor det er naturleg å vurdere korleis behovet til kulturskolane og rolla til Kulturskolerådet kan sjåast i samanheng.

Flest mogleg elevar som ønskjer det og er kvalifiserte for det, skal kunne få eit fordjupingstilbod uavhengig av kva kommune dei bur i. For å få til det ønskjer regjeringa at elevar som ikkje har eit lokalt tilbod om fordjuping, skal kunne få eit tilbod ved ein annan kulturskole i fylket sitt. Regjeringa ønskjer derfor at Kulturskolerådet tek ansvaret for å ha ei oversikt over kompetansebehovet i regionane, og at rådet legg til rette for at kommunane kan avgjere om enkelte kulturskolar kan ta eit særskilt ansvar for å tilby fordjupingstilbod i fylket.

Erfaringar frå fjernundervisning under koronapandemien har gitt nye erfaringar med å gjennomføre delar av undervisninga digitalt. Digital undervisning kan vere eit viktig bidrag for å sikre barn og unge eit fordjupingstilbod innanfor ulike sjangrar, uavhengig av kvar dei bur. Digital undervisning kan gi fleire elevar eit meir utfyllande fordjupingstilbod. Samtidig kan ikkje digital undervisning erstatte andre undervisningsformer og personlege møte, det må vere eit supplement i fordjupingstilbodet.

8.3.8 Ansvar på det lokale nivået

Kulturskolerapporten frå 2019 viser at ikkje alle kulturskoleeigarar (kommunar) tek eit tydeleg eigarskap til kulturskolen, og at kulturskolens tilbod ikkje er forankra i planane til kommunen. I innspel til meldingsarbeidet og i kulturskolerapporten blir det peikt på dilemmaet som kulturskolen står i når det gjeld forholdet mellom sjølvstyre og styring. Kulturskolane ønskjer retningslinjer frå nasjonalt nivå for å få støtte til lokal forankring i kommunen, samtidig som dei ønskjer å halde på prinsippet om autonomi og handlingsrom.

8.3.9 Vurdering

Kulturskolane er svært ulike, og regjeringa meiner det framleis skal vere ei lokal sak å velje og organisere kva tilbod kulturskolen skal ha. Regjeringa meiner likevel at det er behov for å sikre at kulturskolen er betre forankra i kommunen sin.

Alle kommunar er pålagde å ha eit kulturskoletilbod. Regjeringa forventar at kommunane tek eit ansvar for kulturskoletilbodet dei er pålagde å ha etter opplæringslova, og at dei organiserer dette tilbodet i samanheng med skole og SFO, og i samanheng med kulturlivet i kommunen og frivillige organisasjonar. Det er òg naturleg å samarbeide med barnehagane og andre kulturtilbod til barn under skolealder.

Regjeringa vurderer å utvide kulturlova med planføresegner etter same modell som folkehelselova. Slike føresegnar vil kunne forplikte fylkeskommunane og kommunane til å lage ei oversikt over statusen og behova på kulturfeltet, inkludert kulturskolen. I tillegg vurderer regjeringa ei føresegn om at kommuneplanen skal innehalde mål og strategiar på kulturfeltet som er eigna til å svare på dei utfordringane kommunen har dokumentert i oversikta. Dette vil krevje at kommunen ser planarbeidet i samanheng med resten av planarbeidet i kommunen og internkontrollføresegner for kommunen. Kulturskolen skal vere eit tverrgående tema i det kommunale planarbeidet etter plan- og bygningsloven § 11-2 og inngå i ulike relevante kommunale planar, blant anna på oppvekstfeltet og integreringsfeltet.

For å løfte fram kor viktig det er at kulturskolane har kommunale planar, vil regjeringa gi betre informasjon til fylkeskommunar og kommunar om forpliktingar og forventningar til kommunal planlegging på kulturfeltet. I tillegg vil regjeringa formidle eksempel på gode lokale planprosessar og samarbeidsmodellar, sjå omtalen av lokalt planarbeid i kapittel 5.2.

Regjeringa vil

- at kulturskolen skal halde fram med å vere lovforankra i opplæringslova
- vurdere å foreslå endringar i krava til læringsmiljøet i kulturskolen
- formalisere at Utdanningsdirektoratet har eit oppdrag om å bidra til kulturskoleutviklinga
- at Utdanningsdirektoratet skal halde fram med å ha ansvaret for statistikk om kulturskolen
- at Utdanningsdirektoratet vil bidra med informasjon, rettleiing og støtte retta mot kulturskolen der det er relevant
- be Kulturskolerådet om å vurdere endringar i rammeplanen for kulturskolen i tråd med endringane som blir skisserte i stortingsmeldinga. Rammeplanen skal halde fram med å vere rettleiande.

8.4 Kompetanse i kulturskolen

Kvaliteten på undervisninga i kulturskolane avheng av den kunstfaglege og pedagogiske kompetansen til kulturskolelærarane. Kulturskolen er kjenneteikna av dyktige lærarar, og mange har høg formell kunstfagleg kompetanse. Det er likevel behov for å utnytte denne kompetansen betre i kommunane og å sjå på korleis kulturskolelærarar

kan tileigne seg brei pedagogisk kompetanse som vil vere nyttig i kulturskolen.

8.4.1 Kompetansen til dei tilsette i kulturskolen

Kulturskolen er arbeidsplass for mange. Tal frå GSI viser at i skoleåret 2020–21 var det totalt cirka 2 650 årsverk og 5 039 tilsette i kulturskolen. 880 av desse hadde 100 prosent stilling.

Utdanningsdirektoratet fekk i 2019 i oppdrag å finne løysingar for jamleg å innhente informasjon om utdanningsnivået til dei kulturskoletilsette, og dette inngår derfor no i GSI. Tala viser at dei aller fleste kulturskolelærarane har høg utdanning og kulturfagleg kompetanse, og det store fleirtalet av dei tilsette har musikkfagleg bakgrunn. Ei undersøking som Norsk kulturskoleråd har gjort, bekreftar at mange av dei tilsette på kulturskolane har pedagogisk kompetanse.²⁰ I tillegg til høg kunstfagleg kompetanse i faga dei undervisar i, er det mange av dei tilsette i kulturskolen som har annan fagleg bakgrunn.²¹

Rektorundersøkinga i kulturskolerapporten frå 2019 viser at leiarane i kulturskolen ofte har både formell kunstfagleg kompetanse og formell pedagogisk kompetanse. Nærmare halvparten har i tillegg formell leiarkompetanse. Dei aller fleste kulturskolane har ein eigen rektor, sjølv om stillingsprosenten varierer frå kommune til kommune.

8.4.2 Det framtidige kompetansebehovet i kulturskolen

Tradisjonelt har kulturskolelærarane først og fremst hatt kunst- og kulturfagleg spisskompetanse og undervist elevane éin til éin. Behovet for kulturskolelærarar med slik kompetanse kjem kulturskolen til å fortsetje å ha. Samtidig viser kulturskolerapporten frå 2019 at det er fleire kulturuttrykk i porteføljen til kulturskolane enn tidlegare, og undervisninga er i større grad gruppebasert. Derfor er det behov for kulturskolelærarar som kan undervise i fleire kunstuttrykk, og som har kompetanse i å undervise grupper.

Tilbodet i kulturskolen er til dels basert på etterspørsel, og nokon tilbod er meir populære enn andre. Nokon stader er det lange ventelister på dei mest populære tilboda. Samtidig kan det vere ledige plassar på andre tilbod. I tillegg kan etterspørselen endre seg frå år til år. Dette er ei

²⁰ Rønningen 2019

²¹ Rønningen 2019, Berge et al. 2019

utfordring når kulturskolane skal planleggje kva kompetanse dei har behov for.

Det er òg eit spørsmål i kva grad kulturskolen kan og skal tilpasse seg etterspørselen. Det er blant anna fleire kulturskolar som har ei rolle knytt til å føre vidare lokale kunst- og kulturtradisjonar, for eksempel innan folkemusikk. Dersom berre etterspørselen skal styre tilbodet, er det ein risiko for at slike viktige tilbod kan bli utkonkurerte.

Ifølgje kulturskolerapporten frå 2019 er dei tilsette i kulturskolen hovudsakleg positive til ulike former for breiddesatsingar, og meiner at kulturskolelærarar stort sett har gode føresetnader for å utvide arbeidsområdet. Å finne den riktige balansen mellom spesialisering og breidde i lærarstaben blir sett på som viktig for å gi eit godt breidde-, kjerne- og fordjupingstilbod i kulturskolen.

Sjølv om kulturskolelærarane ofte har høg kompetanse i eit kunstfag, har dei ikkje nødvendigvis tilstrekkeleg kompetanse for å undervise i elevgrupper. Breiare rekruttering til av elevar til kulturskolen og kulturskolane sine breiddetilbod, bidreg til at elevsamansetjinga endrar seg. Den pedagogiske verksemda i kulturskolen må ta høgde for dette. I tillegg fungerer ein del kulturskolar som lokale ressurscenter, og dette stiller nye krav til kompetansen i kulturskolen. Fleire kulturskolar har for eksempel tilsett musikkterapeut for å kunne gi eit terapitilbod gjennom kulturskolen.

8.4.3 Betre utnytting av kompetansen

Det er kommunen som har ansvaret for å sikre at personale i kulturskolen, barnehagen, skolen og SFO har den kompetansen som trengst. Regjeringa si strategi *Skaperglede, engasjement og utforskertrang. Praktisk og estetisk innhold i barnehage, skole og lærerutdanning* beskriv utfordringar med at mange lærarar i kulturskolen har mindre stillingsandelar, og at det ligg eit uutnytta potensial i å tilby delte og kombinerte stillingar mellom kulturskolen og barnehagen, skolen og SFO. I desember 2019 arrangerte KS, Kulturskolerådet og Kunnskapsdepartementet eit fagseminar om framtidas kulturskole. Diskusjonane der understreka behovet for at kommunen utnyttar og samordnar kompetansen sin betre.

Mange kulturskolelærarar har høg kunstfagleg kompetanse. Samtidig har grunnskolen den utfordringa at rundt halvparten av lærarane som underviser i dei praktiske og estetiske faga, manglar formell kompetanse i faga.²² Ifølgje kulturskolerapporten frå 2019 synest omtrent halvparten av dei spurde kulturskolelærarane at det er for

mange deltidsstillingar i kulturskolen. Gjennom å sjå meir heilskapleg på tilsetjingar i kommunen kan kommunen bidra til at det blir enklare å tilby aktuelle kulturskolelærarar større stillingar. For mange kulturskolelærarar er det meir attraktivt med ei større stilling. Kulturskolelærarar kan på si side bidra med høg formell kunst- og kulturfagleg kompetanse i skolen. Her er det moglegheiter for kommunen til å betre utnytte kompetansen kulturskolelærarane har, noko Kulturskoleutvalet òg tok opp i rapporten sin.²³

Det er ingen formelle krav til kompetanse i kulturskolen. I rammeplanen for kulturskolen ligg det likevel ei anbefaling om kompetanse ved tilsetjing i kulturskolen. Forskrifta til opplæringslova krev at den som skal tilsetjast i undervisningsstilling i skolen, må ha fullført lærarutdanning retta mot det aktuelle trinnet.²⁴ Kulturskolelærarar som ikkje har lærarutdanning, er ikkje kvalifiserte for å bli tilsette i skolen, og kan dermed ikkje bli tilsatt i kombinerte undervisningsstillingar. Lærarar med praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) eller treårig faglærarutdanning i praktiske og estetiske fag har relevant kompetanse for kombinerte stillingar mellom kulturskolen og skolen. Det same gjeld lærarar med relevante fag i grunnskolelærarutdanning eller som tek den nye femårige lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag. PPU kvalifiserer ikkje for å undervise på 1.–4. trinn.

I mange norske barnehagar er det ei utfordring at det er lite kunstnarisk og kulturell aktivitet som musikk og bevegelse og dramatisk lek.²⁵ Fleire kulturskolar har gode lokale løysingar og opplegg for barnehagane. Om kulturskolelærarane derimot skulle ønskje å vere tilsette i ein barnehage, er dei ikkje kvalifiserte for dei pedagogiske stillingane i barnehagen, berre for assistentstillingane. Dette kan gjere det mindre attraktivt for kulturskolelærarane å jobbe i barnehagen sidan lønna er lågare, mens dei ofte har lang utdanning.

Det har i forskjellige samanhengar og frå ulike hald blitt argumentert for at det bør stillast krav om lærarutdanning, for eksempel PPU, for å bli tilsett i kulturskolen. Blant grunngivingane er behovet for å sikre pedagogisk og fagleg kvalitet i kul-

²² Statistisk sentralbyrå 2019

²³ Kulturskoleutvalget 2010

²⁴ Det er ikkje eigne kompetansekrav for å undervise i praktiske og estetiske fag på barnetrinnet. Jf. forskrift til opplæringslova 2006: §§ 14-1–14-11 (kompetanseforskriften)

²⁵ Bjørnstad & Os 2018

turskoletilbodet. Eit anna argument har vore at pedagogisk kompetanse kan gjere det lettare for kulturskolelærarar å bli tilsette i kombinerte stillingar mellom kulturskole og skole.²⁶

8.4.4 Vurdering

I framtidas kulturskole vil det framleis vere behov for lærarar med spisskompetanse for å undervise i kjernetilbod og fordjupingstilbod. I tillegg vil det vere behov for kompetanse som møter behovet for breiddetilbod i kulturskolen. Det inneber både at det er behov for kulturskolelærarar som kan undervise i fleire fag i kulturskolen, og det er behov for fleire kulturskolelærarar som har kompetanse til å undervise i større grupper, og som kan ta seg av ei meir samansett elevgruppe. Lærarutdanning gir kompetanse i å lede ei samansett elevgruppe og vil dessutan gi eit godt utgangspunkt for å samarbeide med barnehage, skole og SFO og for å ha delte og kombinerte stillingar i skolen.

Regjeringa oppmodar om at kommunen, som eigar av skolane og kulturskolane, arbeider for å sjå tilsetjingar i grunnskolen, SFO og kulturskolen i samanheng. Kommunane bør, der det er mogleg, utnytte eksisterande kompetanse frå kulturskolen i barnehagen, grunnskolen og SFO. Det er òg naturleg å samarbeide med fylkeskommunen og bruke kompetanse frå kulturskolen inn i vidaregåande opplæring.

Kombinerte stillingar kan vere viktig i ein del kommunar for å sikre lærarkompetanse i praktiske og estetiske fag i skolen. For at kommunen skal lykkast med ei slik ordning, må det vere eit godt samarbeid mellom kulturskolen og grunnskolen, blant anna om korleis dei utformar slike stillingar. Lærarar i kombinerte stillingar må vere tilsette og vere ein del av skolekvardagen i både grunnskolen og kulturskolen. Læraren må vere ein del av lærarkollegiet og det faglege og tverrfaglege samarbeidet om undervisninga i grunnskolen. Å kunne lukkast med dette føreset at kulturskolen ikkje berre bidreg med enkeltimar i grunnskolen, men at kommunen jobbar langsiktig og heilskapleg for å styrkje kompetansen hos lærarane.

Kommunen har som skoleeigar ansvaret for den nødvendige kompetanseutviklinga og dermed eit ansvar for at personalet i kulturskolen òg blir inkluderte i dei tilboda som blir gitte lokalt. Det inneber at kulturskolelærarane òg bør vurderast

når kommunen planlegg kompetanseutviklinga gjennom den desentraliserte kompetanseordninga og den regionale kompetanseordninga. Det er dessutan viktig at tilsette både i grunnskolen og kulturskolen har kjennskap til styringsdokumenta til kvarandre, for eksempel gjeldande læreplanar og rammeplanen til kulturskolen.

I barnehagen er det mange ulike tilsettegrupper med ulike kompetanse og bakgrunn. Barnehagelærarane, som er den viktigaste yrkesgruppa for det pedagogiske arbeidet i barnehagen, utgjer 42 prosent av dei tilsette. I tillegg er det fleire andre yrkesgrupper, ikkje berre kulturskolelærarar, som kan bidra med verdifull kompetanse i barnehagen. Samtidig er det viktig med solid barnefagleg kompetanse. Spørsmålet om kulturskolelærarar bør derfor inngå i ein større diskusjon, der vi blant anna vurderer korleis fagpersonar med ulik relevant kompetanse kan brukast som ein ressurs inn i arbeidet til barnehagen.

Kunnskapsdepartementet har bede Utdanningsdirektoratet om å greie ut kva ansvar og kva oppgåver andre yrkesgrupper enn lærarar kan ta i vare i barnehagen, skolen og SFO. Utreiinga vil vere eit grunnlag for å vurdere eventuelle tiltak.

Vi veit at mange kulturskoletilsette har høg formell kunstutdanning. Det er òg eit ønske at kulturskoletilsette skal ha formelle lærarkvalifikasjonar. Samtidig er det mange tilsette i kulturskolen som ikkje har formell kunstutdanning, men som kan ha viktig realkompetanse. Dette kan for eksempel vere lokale tradisjonsberarar som bringar lokal kultur inn i kulturskolen, eller det kan vere snakk om kunst- og kulturuttrykk som ennå ikkje inngår i høgare utdanning.

Regjeringa går derfor ikkje inn for å innføre kompetansekrav for kulturskolelærarar. Samtidig ønskjer regjeringa å leggje til rette for at kulturskoletilsette som er kvalifiserte for å ta PPU, kan få ta det dersom dei er kvalifiserte for å bli tatt opp. Regjeringa vil derfor stimulere til dette ved å inkludere kulturskolelærarar i stipendordninga for PPU. Dette opnar for at fleire kulturskolelærarar kan ha kombinerte eller delte stillingar i skolen.

Å kunne nytte kulturskolelærarane i skolen kan løfte dei praktiske og estetiske faga der skolar i dag manglar lærarar med formell kompetanse. Det er ein politisk ambisjon at flest mogleg kulturskoletilsette får moglegheita til å ta PPU. Regjeringa legg derfor til grunn at skoleeigar ved nyttilsetjingar i kulturskolen vurderer å spørje etter PPU eller anna lærarutdanning.

²⁶ For tilsetjing som lærar i grunnopplæringa, er det kravd lærarutdanning, jf. forskrift til opplæringslova 2006: §§ 14-1 1 14-11 (kompetanseforskriften).

8.4.5 Praktisk-pedagogisk utdanning

Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) er ei lærarutdanning ein kan ta etter å ha fullført gradsutdanning og utgjer eitt års fulltidsstudium. I rammeplan for kulturskolen er praktisk-pedagogisk utdanning anbefalt, men ikkje eit formelt krav for å bli tilsett i undervisningsstilling i kulturskolen. Lærarar med PPU kan kvalifisere for å bli tilsette både i kulturskolen og på trinn 5–13 i skolen etter som kva fag dei har kompetanse i.

Regjeringa har endra opptakskrava til PPU, og frå hausten 2019 er det krav om mastergrad for opptak. Det er likevel eit varig unntak frå masterkravet for søkjarar med bachelorgrad med 180 studiepoeng i *utøvande og skapande kunstfag*. Av omsyn til behovet for lærarar i praktiske og estetiske fag gjeld det òg eit mellombels unntak frå masterkravet for søkjarar med bachelorutdanning innanfor heile breidda av praktiske og estetiske undervisningsfag i skolen. For denne gruppa er unntaket avgrensa, det vil seie at det blir oppheva frå og med opptaket til PPU med oppstart hausten 2025.

Kulturskolerådet har kartlagt kompetansesituasjonen i kulturskolen i dag.²⁷ Rådet peiker på fleire atterhald med tala, men har eit grovt anslag om at om lag 400 kulturskolelærarar er kvalifiserte for PPU og ønskjer å ta denne utdanninga. Tala tyder på at det er eit potensial for å få fleire kulturskolelærarar med undervisningskompetanse i skolen.

I kartlegginga blei kulturskolerektorar spurde om kva som hindrar kulturskolen i å leggje til rette for PPU for kulturskolelærarar som ønskjer det. Rektorane svarte blant anna at PPU-studia er organiserte på ein måte som ikkje passar situasjonen deira. I tillegg er det vanskeleg å få vikarar og å få intern logistikk til å gå opp. Dei opplever likevel at kommunen som kulturskoleeigar, ønskjer å prioritere PPU for kulturskolelærarane.

Kulturskolerådet kartla òg eksisterande og aktuelle PPU-tilbod for kulturskolefag våren 2020.²⁸ Denne oversikta finst på Kulturskolerådets nettsider. Resultata viser at det finst ei rekke tilbod med kunstfagleg innretning som er relevante for kulturskolelærarar, og at desse utdanningane ofte kan takast som deltidsstudium i tillegg til jobb. Denne typen fleksibilitet vil vere gun-

Boks 8.3 Eksisterande tiltak for kompetanseutvikling i kulturskolen

Kulturskolepedagog i grunnskolen – Læring og lederskap i storgruppe

NTNU har oppretta eit kurstilbod for tilsette i kulturskole og i kombinerte stillingar. Emnet har ei hovudvekt på musikk, men med element av drama/dans. Tilbodet er utvikla fordi NTNU og Norsk kulturskoleråd har sett eit gryande behov for kompetanse innanfor gruppedidaktikk i kulturskolen. Kurset er samlingsbasert og gir 7,5 studiepoeng.

Musikk – gruppeundervisning for kulturskole- og grunnskolelærere

Universitetet i Agder (UiA) har etter bestilling frå Knuden – Kristiansand kulturskole utvikla eit nytt etter- og vidareutdanningskurs for lærarar som underviser musikk i kulturskolen og/eller grunnskolen. Kurset er eit samlingsbasert deltidsstudium som varer i 6 månader og gir 15 studiepoeng.

Kompetanse for kvalitet (KfK)

KfK er vidareutdanningsstrategien til regjeringa med ei eiga vikar- og stipendordning som gjer det gunstig for lærarar å ta vidareutdanning. Målgruppa inkluderer også lærarar på kulturskolar som er lærarutdanna. Regjeringa har øyremerkt søknader til inntil 30 mill. til vidareutdanning i praktiske og estetiske fag.

Ledelse av prosesser (LAP)

Norsk kulturskoleråd og Høgskolen i Innlandet har signert ein rammeavtale om kompetanseutvikling for leiarar ved kommunale kulturskolar over heile landet. Første kull av leiarutdanninga blei ferdig i Rogaland. Studietilbodet er på mastergradnivå.

Våren 2021 blir dette studiet tilbydd i Trøndelag, Vestland og Troms og Finnmark. Desse stadene tilbyr foreløpig to modular på 30 studiepoeng kvar. Norsk kulturskoleråd ønskjer etter kvart å utvikle dette studietilbodet slik at det kan skape ei bru til ein erfaringsbasert master.¹

Boks 8.3 forts.

Vurdering for læring

Norsk kulturskoleråd og Høgskolen i Innlandet har utvikla eit nettkurs i vurdering for læring for lærarane og leiarane i kulturskolen, basert på Utdanningsdirektoratets no avslutta satsing med det same namnet.² MOOC-kurset KulturskoleVFL starta hausten 2020. Hensikta er å bidra til auka bevisstgjerings og meir systematisk praksis rundt vurdering for læring i kulturskolen.

KulturskoleVFL tek sikte på å vidareutvikle vurderingskompetansen til deltakarane samtidig som det skal styrkje dei profesjonelle læringsfellesskapa og kulturskolen som lærande organisasjon.

Norsk kulturskoleråds rettleiarkorps

Med utgangspunkt i rammeplan for kulturskolen gjennomfører Norsk kulturskoleråd rettleiing i kulturskoleutvikling i medlemskommu-

nane. Formålet med rettleiinga er å hjelpe kulturskoleeigaren og kulturskolen med å etablere eit kontinuerleg utviklingsarbeid knytt til kulturskolen i kommunen som ein del av det samla tenestetilbodet til kommunen. I september 2020 starta tredje pulje av kommunar med oppfølging frå rettleiarkorpsset. Over 140 kommunar har så langt fått eller er i gang med å få rettleiing i kulturskoleutvikling.

Rettleiingsarbeidet for kulturskolane har i stor grad bygd på erfaringar frå rettleiarkorpsordninga til Utdanningsdirektoratet, både når det gjeld form og innhald. Kulturskolerådets rettleiarkorps består av rådgivarar i Kulturskolerådet. Det er knytt eit ressursteam til rettleiingsordninga med kompetanse frå UH-sektoren, kommunal forvaltning og rettleiings- og utviklingsarbeid i Utdanningsdirektoratet.

¹ Norsk kulturskoleråd 2020d

² Norsk kulturskoleråd 2020b

stig for kulturskolelærarar som allereie er tilsette i kulturskolen.

8.4.6 Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 (LUPE)

I 2020 har departementet fastsett forskrift om rammeplan for ei fleirfagleg lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 (LUPE). Formålet med utdanninga er blant anna å fremje kvalitet i opplæringa i skolen og kulturskolen og at det kan inngå praksis i kulturskolen. LUPE omfattar to til tre fag og gir på den måten større breidde enn den einfaglege utdanninga. Slik kan den nye utdanninga i større grad møte behovet kulturskolane har for breiddekompetanse, avhengig av fagvala til studentane.

Lærarutdanninga vi har i dag i praktiske og estetiske fag, er treårig og einfagleg og vil etter kvart bli erstatta av LUPE, som er ei femårig integrert masterutdanning. Dei første studentane blir tekne opp til LUPE i 2021. Den treårige faglærarutdanninga blir avvikla frå og med opptaket haus-

ten 2023. I LUPE kan det inngå masterfordjuping i eitt av følgjande fag:

(a) dans, (b) design, kunst og handverk, (c) drama og teater, (d) kroppsøving og idrettsfag, (e) mat og helse eller (f) musikk.

Studentane vel i tillegg eitt eller to andre undervisningsfag med læreplan i grunnopplæringa. Kandidatar frå LUPE vil dermed ha undervisningskompetanse i inntil tre praktiske og estetiske fag avhengig av fagvalet.

8.4.7 Vurdering

Undersøkingane utførte av Norsk kulturskoleråd viser at det er ei utfordring at kommunane og kulturskoletilsette ikkje kjenner til eksisterande PPU-tilbod som kan vere relevante for kulturskoletilsette. Kulturskolerådet har samla informasjon om aktuelle PPU-tilbod for kulturskoletilsette. Regjeringa vil bidra til at informasjon om PPU og kulturskole blir spreidd. Utdanningsdirektoratet og Kulturskolerådet vil bli involverte i dette arbeidet.

Det er meldt inn behov for ein PPU retta mot 1.–4. trinn, slik at kulturskolelærarar med PPU kan ha delte stillingar og også jobbe på dei lågaste trinna i grunnskolen. Eit framskrive lærarbehov i grunnskolen er òg gjerne sett i samanheng med

²⁷ Rønningen 2019, Rønningen & Bakke 2021

²⁸ Rønningen & Bakke 2021

desse trinn. Dessutan er mangel på lærarar med formell kompetanse i praktiske og estetiske fag ei utfordring i grunnskolen. Regjeringa vil derfor vurdere tiltak for å gjere det enklare for personar med formell kompetanse i praktiske og estetiske fag, for eksempel lærarar i kulturskolen, å kvalifisere seg for å undervise på 1.–4. trinn.

Kulturskolerådet har etablert ein dialog med relevante universitets- og høgskoleinstitusjonar om PPU. Det handlar blant anna om tettare samarbeid om kompetanseutvikling, behov og moglegheiter for at kulturskolelærarar kan ta PPU, PPU-praksis i kulturskolen og rettleiarkompetanse. Vidare kartlegging og behovsretting kan avdekkje om det eksisterande tilbodet dekkjer behovet i kulturskolen, og om det er tilstrekkeleg mange PPU med fagdidaktikk i estetiske fag.

Regjeringa meiner at det er eit uutnytta potensial for å få betre kvalifiserte lærarar både i kulturskolen og i skolen. Regjeringa ønskjer å leggje betre til rette for at fleire kulturskolelærarar kan ta PPU. I dag eksisterer det to stipend for å stimulere til at fleire tek PPU

- utdanningsstipendiet er for tilsette i grunnskolen som manglar godkjend lærarutdanning
- rekrutteringsstipendiet er for personar som ikkje er tilsette i skolen, men som skoleeigarar ønskjer å rekruttere inn

Regjeringa foreslår å utvide målgruppa for rekrutteringsstipendiet, slik at kulturskolelærarar òg kan søkje om dette stipendiet. Økonomisk støtte vil gi fleire kulturskolelærarar ei reell moglegheit til å ta PPU. Regjeringa anmodar om at òg skoleeigarar legg til rette for at fleire kulturskolelærarar får formell lærarkompetanse

PPU er ikkje eit aktuelt studium for alle kulturskolelærarar. I framtidas kulturskole vil det vere eit aukande behov for kompetanse i å undervise større grupper og elevar med ulik bakgrunn. Kurs om gruppeundervisning for kulturskolelærarar, som kursa utvikla ved NTNU og Agder (sjå boks 8.3), er derfor viktige bidrag i å auke kompetansen til kulturskolelærarar.

8.4.8 Kulturskolen som praksisarena og offentlig sektor-ph.d.

Kulturskolane som praksisarenaer for PPU og andre lærarutdanningar, utgjer eit potensial som er underutnytta. Ifølgje Kulturskolerådet manglar mange kulturskolar rettleiarkompetanse. Både dagens treårige og dei nye femårige lærarutdanningane i praktiske og estetiske fag skal kvalifisere for undervisning i dei praktiske og estetiske

faga i grunnopplæringa og i kulturskolen. I rammeplanane står det at delar av praksis kan leggjast til kulturskolen. Kulturskolerådet har i samarbeid med universitets- og høgskolesektoren starta eit arbeid med å løfte fram gode rettleiingspraksisar i kulturskolar og utvikle ei norm for godt samarbeid om rettleiing og nødvendig rettleiingskompetanse i kulturskolen. Rammeplanen for PPU opnar òg for at studentar med fagbakgrunn i utøvande kunstfag kan ta inntil 50 prosent av praksisen sin i kulturskolane.

Med bakgrunn i erfaringar frå universitets- og universitetsbarnehagar, har regjeringa satsa tungt på forsterka partnerskapssamarbeid mellom universitets- og høgskolesektoren og skolane. Partnerskapssamarbeid i lærarutdanningane skal sikre at alle lærarstudentar får tilgang til nokon utvalde praksisarenaer der forholda er spesielt lagde til rette for FoU-basert praksisopplæring.

Kvart år sidan 2017 har lærarutdanningsinstitusjonane fått nærmare 45 mill. til partnerskapssamarbeid i grunnskolelærarutdanningane. I strategien *Skaperglede, engasjement og utforskertrang. Praktisk og estetisk innhold i barnehage, skole og lærerutdanning* ligg det ei oppfordring om at kulturskolane blir inkluderte i dette partnerskapssamarbeidet. Frå 2020 er tildelingane til partnerskapssamarbeid utvida til om lag 66 mill. og omfattar òg andre lærarutdanningar, som barnehagelærarutdanning, PPU og faglærarutdanningar i praktiske og estetiske fag. I tildelingsbrevet til institusjonane heiter det at «partnerskapene skal inkludere forskning og utprøvinge praksis i skole eller barnehage, og kan også omfatte kulturskole».

Ordninga med *offentleg sektor-ph.d.* skal bidra til langsiktig og relevant kompetansebygging og forskingsinnsats i offentlege verksemder, auka forskarrekruttering i offentlig sektor og betre samspel mellom akademia og offentlig sektor. Lærarar i kulturskolen som kvalifiserer for opptak til eit doktorgradsprogram, kan få finansiering innanfor den gjeldande ordninga. For å stimulere til fleire lærarar med doktorgrad øyremerkte regjeringa i 2019 ti stipendiatstillingar til tilsette i undervisningsstilling i grunnskolen og vidaregåande skole og kulturskole. Frå 2020 blei den øyremerkte ordninga utvida til å omfatte lærarar som er tilsette i kommunal kulturskole. Offentleg sektor-ph.d. i kulturskolane og i grunnopplæringa vil styrkje kompetansen og gi betre grunnlag for utvikling og samhandling med universitet og høgskolar.

Norsk kulturskoleråd har fleire prosjekt som kan bidra til forskingsbasert utvikling for kulturskolane og tettare kontakt med universitets- og høgskolesektoren, irekna denne doktorgradsordninga.

8.4.9 Vurdering

Partnarskapssamarbeida mellom universitets- og høgskolesektoren og skolar og barnehagar har fleire formål. Høgare forskingskompetanse i lærarprofesjonen og fersk praksiserfaring til lærarutdanningsinstitusjonane er ein del av dette. Dei same måla gjeld for kulturskolen. Derfor kan det å inkludere kulturskolane i partnarskapssamarbeidet vere eit skritt på vegen mot det kompetanseløftet som kulturskolane treng. Samtidig kan samarbeidet tilføre lærarutdanningane ein ny praksisarena og ny kunnskap om praksis.

Modellen for partnarskapssamarbeid skal byggje på erfaringane frå universitetsskolar og -barnehagar. Kulturskolerådet ønskjer at det blir etablert universitetskulturskolar. Arbeidet med å etablere universitetskulturskolar må basere seg på dei erfaringane som er gjorde ved universitetsskolar og -barnehagar (for meir om dette, sjå omtale i kapittel 8.5.4). Kulturskolar som blir inkluderte i partnarskapssamarbeid, får del i slik erfaring.

Strategien *Lærarutdanningene 2025. Nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærarutdanningene*²⁹ legg vekt på at partnarskapa skal leggje til rette for langsiktige ordningar med delte stillingar, hospiteringsordningar og samarbeid om offentleg sektor-ph.d. Offentleg sektor-ph.d. for kulturskolelærarar er derfor essensielt i partnarskapssamarbeidet.

I åra som kjem, vil det vere fleire PPU-studentar med mastergrad og masterstudentar i LUPE (lærarutdanning i praktiske og estetiske fag), som skal ha praksis i kulturskolen. Dette utløyser krav om at praksisrettleiarane har høgare kompetanse. LUPE-studentar som knyter masterarbeidet sitt til kulturskolen, vil også ha behov for rettleiing. Partnarskapssamarbeid, offentleg sektor-ph.d. og vidareutdanning i Kompetanse for kvalitet kan bidra til å løfte kompetansen hos kulturskolelærarar.

Ved å byggje opp forskingsmiljø i tilknytning til kulturskolane vil kulturskolen kunne verke som ein enda meir attraktiv arbeidsplass for lærarar med høge kvalifikasjonar, både som utøvarar, lærarar og forskarar. Forsking i kulturskolen vil òg styrkje forskinga på det faglege innhaldet i kultur-

skolane og bidra til kunnskap om kva kulturskolen betyr for samfunnet. Regjeringa oppmodar om at skoleeigarane òg bruker ordninga med offentleg sektor-ph.d for dei tilsette i kulturskolen. Ordninga vil kunne bidra til å styrkje den kunnskapsbaserte yrkesutøvinga hos lærarar i kulturskolen.

Regjeringa vil

- vurdere dei moglege rollene og ansvaret til andre yrkesgrupper, kulturskolelærarane medrekna, i barnehage, skole og SFO
- bidra til at det blir spreidd informasjon om PPU og kulturskolen
- ha dialog med Norsk kulturskoleråd om eit ansvar for å ha ei oversikt over kompetansebehovet i regionane og for å ha dialog med universitets- og høgskolesektoren
- vurdere tiltak for å gjere det enklare for personar med formell kompetanse i praktiske og estetiske fag, for eksempel lærarar i kulturskolen, å kvalifisere seg for å undervise på 1.–4. trinn
- utvide målgruppa for rekrutteringsstipendet slik at kulturskolelærarar òg kan søkje om dette stipendet
- føre vidare forventningar om at kulturskolen blir inkludert i partnarskapssamarbeid og kompetansehevinga av praksislærarar

8.5 Kulturskolen i lokalsamfunnet

Kulturskolerapporten frå 2019 peiker på at korleis kommunen har plassert kulturskolen organisatorisk i kommunen, for eksempel om han er plassert under skole/oppvekst eller under kultur, vil spele inn på kva samarbeid kulturskolen inngår med andre aktørar i kommunen.

I tillegg til slike strukturelle forhold bidreg engasjerte leiarar i kulturskolen og relasjonar på individnivå til gode samarbeid. Kulturskolerapporten frå 2019 trekkjer mellom anna fram at utøvande kunstnarar med for eksempel deltidsstilling i kulturskolen og ressurssterke og kreative eldsjeler, bidreg til fleksibilitet i den kunstnariske verksemda i kommunen. Mindre og meir oversiktlege kommunar har dessutan smådriftsfordelar med nærleik og nettverk mellom dei ulike ledda i administrasjonen.³⁰

Det er store variasjonar i omfang og innhald i kulturskoletilbodet, tilsetjingsformer og kor mykje pengar kommunen bruker på kulturskolen. Dette er òg faktorar som spelar inn på kva rolle

²⁹ Kunnskapsdepartementet 2017a

³⁰ Kobro, Vareide & Hatling referert i Berge et al. 2019: 149

Boks 8.4 Sunnfjord kulturskule og samarbeid med frivilligheita

Sunnfjord kulturskule samarbeider tett med frivilligheita i regionen. Kulturskolen leverer instruktør- og dirigentenester til alle skole- og vaksenkorpsa i kommunen. Korpsa betalar sjølve for dette. I tillegg er kommunen og kulturskolen med og driv internasjonalt kor for vaksne og seniorkor, med eit stort tal medlemmar i alderen 60–100 år. Musikterapien i kulturskolen er dirigent i begge kora, og lønna blir dekt av folkehelsemidlar og ein låg kontingent.

Kulturskolen samarbeider òg med det lokale kunstlaget om felles utstillingsprosjekt og har fleire felles prosjekt med bandmiljøet i regionen. Kulturskolelærarane legg til rette for konsertar, kurs og verkstader med eksterne kurshaldarar. Dette skjer i samarbeid med Ung Kultur Møtes (UKM), BRAK (eit kompetansesenter for alle som driv med musikk i Vestland) og Eggstockfestivalen (ein årleg festival AKKS¹ Bergen arrangerer for unge og uetablerte band i Vestland).

¹ AKKS er ein idealistisk musikkorganisasjon som arbeider for kjønnsbalanse og likestilling i norsk musikkliv.

kulturskolen har i lokalsamfunnet, og kor mykje samarbeid det er på tvers.

8.5.1 Samarbeidet mellom kulturskolen, kulturlivet og frivilligheita

Kulturskolerapporten frå 2019 viser at kulturskolane i stor grad samarbeider med andre lokale aktørar. Samarbeidet kan handle om ei rekkje oppgåver, slik som undervisning for barn, unge og vaksne, om lærarkrefter og om samarbeid om arrangement, lokale og utstyr.

Samarbeid med anna kulturliv og med frivillige organisasjonar bidreg til at kulturskolen når breiare ut. For eksempel er private kulturtilbod og institusjonar sentrale samarbeidspartnarar for kulturskolen. Kulturskolerapporten frå 2019 viser i tillegg at kyrkja og kyrkjeleg fellesråd er ein relevant samarbeidspartnar for kulturskolen.

8.5.2 Samarbeidet mellom kulturskole og utdanningssektoren

I samarbeid med barnehagen, skolen og SFO bidreg kulturskolen til at barn og unge får utfalde seg kulturelt i lokalsamfunnet. Strategien *Skaperglede, engasjement og utforskertrang. Praktisk og estetisk innhold i barnehage, skole og lærerutdanning* legg vekt på at barnehage, skole og SFO skal bruke ressursane i og samarbeide med kulturskolen.

Kommunen eig og driv både barnehagar, skolen, SFO og kulturskolen og har derfor gode føresetnader for å leggje til rette for gjensidig forståing og samarbeid. Kulturskolen kan bidra til å styrkje det praktiske og estetiske innhaldet i barnehagen og skolen.

Samarbeid mellom kulturskolen og barnehagen

Eit samarbeid mellom kulturskolen og barnehagen kan vere med å løfte arbeidet med kunst og kultur i barnehagen.

Barnehagen er ein naturleg samarbeidspartnar for kulturskolen, og mange kulturskolar har i dag eit samarbeid med dei lokale barnehagane. Tilbodet kulturskolane har til barn i barnehagen, har ofte form som eit breiddetilbod og omfattar ofte alle barna i ei barnegruppe. Både kulturskolen og barnehagen kan ha stort utbyte av eit pedagogisk samarbeid. Kulturskolelærarane kan kunstfaga og har høg kunstfagleg kompetanse, mens barnehagelærarane kjenner barnehagen sitt innhald og oppgåver, barnegruppa og kan småbarnspedagogikk. Sjå meir om kunst og kultur i barnehagen i kapittel 9.

Samarbeid mellom kulturskolen og grunnopplæringa

Overordna del – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa inviterer til samarbeid mellom skolen og aktørar som har kunst og kultur for barn og unge som målsetjing.

Det finst fleire gode eksempel på korleis skolen og kulturskolen har fått til eit godt samarbeid der dei ser ressursane og måla sine i samanheng. Mange kulturskolar og skolar har i dag både eit pedagogisk samarbeid og eit samarbeid om lokale. Samtidig finst det òg barrierar for samarbeid. Desse barrierane kan vere praktiske og konkrete, og dei kan vere strukturelle og systemiske.

Kulturskolerapporten frå 2019 peiker på at samarbeid, særleg med skolen, ofte blir beskrive som spenningsfylt, men òg som eit samarbeid med uutnytta potensial. Det kan vere utfordrande for enkeltlærarar eller -leiarar å initiere og få til eit

Boks 8.5 Kulturskole og barnehage*Kulturskolen i Sunnfjord og kulturbarnprosjektet*

Gjennom prosjektet Kulturbarn 0–8 (sjå omtalen i kapittel 9) har kulturskolen testa ut tre ulike kunstfag i fire barnehagar. Barna er med og samskaper, slik blir dei kulturaktive gjennom song, bevegelse, tekstskaping og kunstuttrykk. Barna har òg besøkt kulturskolen for å jobbe med visuelle kunstfag.

Det blir utvikla metodar for dette arbeidet, slik at det enkelt kan vidareførast i andre barnehagar. Lokale kunstnarar og kunstformidlarar kan byggje relasjonar i barnehagane og hjelpe barnehagepedagogane med råd og innspel. Felles nærmiljø gjer det dessutan enklare å halde relasjonar ved like, for eksempel gjennom barnehagebesøk, kulturskole, bibliotekarrangement osv.

Sentralt i arbeidet til kulturskolen står den lokale folkemusikken, folkesongen og forteljningar på nynorsk. Slik blir barna tidleg kjende med lokal kulturarv og byggjer identitet og tilhøyrse i lokalsamfunnet.

Fredrikstad kulturskole som ressurs i barnehagane

I Fredrikstad kommune samarbeider etat for kultur og etat for barnehage om å gi eit tilbod innan kunst- og kulturfag til barn i barnehagealder. Kulturskolen i Fredrikstad driftar ordninga, der lærarar frå kulturskolen og pedagogiske medarbeidarar i barnehagane har samlingar kvar veke med barnegruppene i den enkelte barnehagen. Kvar barnehage får ti besøk kvar. Målgruppa for tilbodet er to- til treåringar, og det blir lagt vekt på å stimulere barna til å utvikle lysta si til å leike, utforske, lære og meistre. Samarbeidet er godt forankra i dei overordna plandokumentane til kommunen og i rammeplanane til kulturskolen og barnehagen. Tilbakemeldingane viser at kulturskolepedagogane har fått større kunnskap om korleis dei skal jobbe med barn i to- til treårsalderen, og at dei tilsette i barnehagen har fått meir kompetanse i å bruke musikk og bevegelse i kvardagen.

samarbeid dersom dette ikkje er ein del av ei heilskapleg tilnærming.

Vidaregåande opplæring tilbyr ulike programfag som gir formell opplæring i ulike praktiske og estetiske fag. Fleire stader i landet finst det gode samarbeid mellom kulturskolane og musikk-, dans- og dramalinjene i same fylket. Samarbeidet dreier seg ofte om eit pedagogisk samarbeid og at kulturskolelærarar underviser ved den vidaregåande skolen.

Samarbeid mellom kulturskolen og SFO

Mange SFO-ar har eit samarbeid med lokale kulturskolar. Den vanlegaste forma for samarbeid er at kulturskolen har undervisning, for eksempel individuell musikkundervisning (foreldrebetalt) i lokala til skolen i SFO-tida. Fleire SFO-ar samarbeider i tillegg med kulturskolen på andre måtar. Dette er ein måte å betre kvaliteten på SFO-tilbodet. Kulturskolen kan for eksempel bidra med kompetansen sin i gruppebaserte aktivitetar som kor, band eller dramagruppe. Foreldre betaler ikkje da noko ekstra for desse breiddetilboda.

Ifølgje den nasjonale evalueringa av SFO «Lek, læring og ikke-pedagogikk for alle» oppgir likevel

om lag halvparten av dei tilsette og leiarane at det i svært liten grad eller i liten grad er lagt til rette for å samarbeide med musikksskole, idrettsskole/ idrettslag eller andre kulturinstitusjonar.³¹ Evalueringa peiker på at samarbeid er avhengig av at anten skolen/SFO og kulturskolen ligg i nærleiken av kvarandre, eller at kulturskolen kjem til skolen/SFO for å undervise eller drive med aktivitetar.

8.5.3 Vurdering

Eit samarbeid mellom kulturskolen, barnehagen, skolen og SFO finst i dag mange stader. Sidan kommunen er eigar av både kommunale barnehagar, skolar, SFO og kulturskolen, gir det anledning til å sjå ressursane på tvers av dei ulike institusjonane. At kulturskolen har ulike former for breiddetilbod der dei samarbeider med barnehagar, skolar og SFO, gjer at kulturskolen kan treffe alle barn, slik det er meint i visjonen for kulturskolen.

³¹ Wendelborg, Caspersen, Mordal, Ljusberg, Valenta & Bunar 2018

Boks 8.6 Samarbeid mellom kulturskolen og grunnopplæringa

I *Møre og Romsdal* har fylkeskommunen og Molde kommune inngått ein langsiktig samarbeidsavtale om tilsette til musikklinja ved Molde vidaregåande skole og kulturskolen. Alle er tilsette i Molde kommune, men dekkjer undervisningsbehovet både i den vidaregåande skolen, kulturskolen og det frivillige kulturlivet. Slik sikrar dei fulle stillingar og kan rekruttere spisskompetanse som kjem alle til gode. Fleire tilsette jobbar i tillegg opp mot regionale profesjonelle og semiprofesjonelle orkester osv. Molde kulturskole deler i tillegg nokon stillingar med grunnskolen, samarbeider med barnehagesektoren om kompetanse i samband med implementeringa av den nye rammeplanen til barnehagane og har ansvaret for lokale verkstader i regi av Den kulturelle skolesekken for grunnskolane.

Trondheim kommunale kulturskole (TKK) er no inne i det andre året med Kulturdag i grunnskolane i Trondheim. Kulturdagen er ein dag kvar veke gjennom heile skoleåret der grunnskolelærarane arbeider saman med kulturskolelærarar for at elevane skal nå læringsmåla sine i dei praktisk-estetiske faga. Grunnskolane er sjølve aktive i organiseringa av Kulturdagen og får velje kvar kompetansen skal styrkjast med ekstra lærarar frå kulturskolen.

Målet er å styrkje den totale kompetansen skolen har i dei praktisk-estetiske faga slik at elevane får eit variert og solid kunstfagleg undervisningstilbod gjennom samarbeidet. Tanken er at Kulturdagen blir tilbydd gjennom heile undervisningsløpet, og at innhaldet er tilpassa dei ulike alderstrinna. Undervisninga blir organisert som ei storgruppe og tre til fire mindre grupper som rullerer gjennom året. Storgruppa får syngje i kor, og dei andre får undervisning i for eksempel visuelle kunstfag, «rett i band», stryk, blås, dans, sirkus, teater osv.

I skoleåret 2020–21 er ti grunnskolar og to barnehagar involverte i satsinga. Det er eit mål å innføre Kulturdag ved fleire skolar skoleåret 2021–22. Erfaringane så langt viser at meir merksemd retta mot kunst og kultur i skolen fører til at fleire elever interesserer seg for det på fritida òg. TKK har auka elevtalet sitt frå dei skolane som er med i Kulturdagen.

Forskningsgruppa Kunstutdanning i Samarbeid (KiS) tilknytt NTNU, Institutt for lærerutdanning, forskar på Kulturdagen. Kulturskolen og NTNU har i tillegg oppretta samarbeid om ein Offentleg sektor-ph.d. med Kulturdagen som tema, der ein av lærarane frå kulturskolen gjennomfører doktorgradsprosjektet sitt.

For å få til eit godt samarbeid er det viktig med langsiktig planlegging. Gjennom å planleggje godt kan ein skape legitimitet for eit samarbeid som er til det beste for barn og unge.

Dette kan vere avgrensa prosjekt, heilskapleg tenking rundt tilsetjingar eller møte der både skole og kulturskole deltek. Moglegheitene er mange, og kommunane som skoleeigar har eit ansvar for sjå skolen og kulturskolen i samanheng. Gjennom å kartleggje ressursar og behov, forankre planar i leiinga og i kommunen kan dei saman finne fram til utfordringar og moglegheiter for samarbeid.

Det er dessutan eit stort potensial i samarbeid mellom kulturskolar og vidaregåande opplæring, ikkje minst med tanke på den høge kompetansen innan praktiske og estetiske fag mange lærarar i kulturskolen har.

Regjeringa vil leggje til rette for at kulturskolane, SFO-ane og frivilligheita kan samarbeide. Gjennom tiltak i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på –*

tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO vil regjeringa bidra til eit løft for SFO. Regjeringa har bestemt å innføre ein nasjonal rammeplan for SFO som er basert på gjeldande rett, og som gir rom for lokale variasjonar.

Formålet for SFO er å leggje til rette for leik og kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Ulike kulturelle aktivitetar i SFO som er i regi av eller i samarbeid med kulturskolen, er dermed innanfor formålet til SFO. Kulturskoleaktivitetar som går føre seg i SFO-tida, vil kunne styrkje det kulturelle tilbodet i SFO.

Rammeplanen skal få følge av støtte- og rettleiingsmateriell som kan gi kommunar inspirasjon til eigne satsingar som går ut over krava i rammeplanen. Samarbeid mellom SFO og kulturskole kan omtalast i støtte- og rettleiingsmaterialet. Utkastet til nasjonal rammeplan for SFO blei sendt på høyring i desember 2020, med svarfrist 16.

Boks 8.7 Kulturskole og SFO*Bergen kulturskole og samarbeid med SFO*

Kulturkarusell er eit breiddetilbod for dei yngste elevane og er eit samarbeid mellom kulturskole og SFO. Det er skolane/SFO som søker om å delta i programmet. Det er inngått formelt og økonomisk samarbeid mellom byrådsavdeling finans, kultur og næring og byrådsavdeling for barnehage, skole og idrett. Frå 2020 er 14 kunstnarar tilsette i faste stillingar. Å delta i Kulturkarusell skal verke inspirerende i SFO til kvardags, også når kunstnarane ikkje lenger er på besøk. Samarbeidet byggjer på Bergen kommunes rammeplan for SFO.

Kinn kulturskule og samarbeid med SFO

Kinn kulturskule i Florø og Måløy har gratis musikktilbod i SFO. Det er eit lågterskel breiddetilbod som gir barna ein introduksjon til kulturskolen. Tilbodet er både for dei som går og ikkje går i SFO. Det er god pågang, og mange av barna har innvandrarbakgrunn. SFO-personalet er involvert i organiseringa, mens kulturskolelærarane har ansvaret for undervisninga. Barna er delte inn i små grupper og jobbar gjerne fram mot ein huskonsert ved slutten av semesteret. Nokon gonger er dei òg med som kor på temakonserten og vårkonserten til kulturskolen saman med fast orkester.

mars 2021. Skolefritidsordningane skal ta i bruk rammeplanen frå hausten 2021, og støtte- og rett-leiingsmateriellet vil vere tilgjengeleg frå det same tidspunktet.

Regjeringa har i tillegg innført ei ordning med redusert foreldrebetaling i SFO for familiar med låg inntekt. Ordninga gjeld 1.–2. trinn frå hausten 2020 og vil gjelde 3.–4. trinn frå hausten 2021. I tillegg vil regjeringa etablere ei ordning med gratis SFO i utvalde kommunar. På denne måten vil regjeringa bidra til at fleire barn kan få tilgang til tilbodet frå kulturskolen, også barn frå låginntektsfamiliar.

8.5.4 Samarbeid mellom kulturskolen og universitets- og høgskolesektoren

Innspel frå eit fagseminar om framtidas kulturskole i desember 2019, peiker på at det er til dels lite kontakt mellom kulturskolesektoren og universitets- og høgskolesektoren.³² I fleire tilbagemeldingar blir det sagt at det er behov for dialog og tettare samarbeid om forskning, utdanning og utvikling. Det blei òg etterlyst tydelegare forventningar frå nasjonalt hald til dialog og samarbeid om kunst- og kulturutdanningane og kompetanse i kulturskolen.

Norsk kulturskoleråd har uttrykt at dei ønskjer å bidra til meir og styrkt samarbeid mellom kulturskolane og universitets- og høgskolesektoren som forsyner kulturskolefeltet med framtidige lærarar. Dette skal utvikle kompetanse

i begge sektorane og leggje til rette for nytenkning og forskingsbasert utvikling.³³

Som eit ledd i arbeidet sitt for å styrkje samarbeidet mellom universitets- og høgskolesektoren og kulturskolen, har Norsk kulturskoleråd teke initiativ til at det blir oppretta såkalla universitetskulturskolar i fleire regionar. Ideen med universitetskulturskolar byggjer på modellar for universitetsskole, der skolar og forskings- og utdanningsmiljø arbeider tett saman for å utvikle og styrkje relevant kunnskap og kompetanse både i skolen og i forskningsmiljøa. Med universitetskulturskolane kan kulturskolane òg vere arenaer for forskning som kan brukast i kulturskoleutvikling. Ei slik tilnærming vil òg gi universitets- og høgskoleinstitusjonane tettare kontakt med det praksisfeltet dei både utdannar til og forskar på.

Norsk kulturskoleråd har i samarbeid med Kulturskolecentrum i Sverige og forskarar frå Noreg, Sverige, Finland og Danmark laga ei oversikt med tematisk inndeling over forskinga på kulturskole i dei nordiske landa.³⁴

Internasjonalt samarbeid

Ordninga med kulturskolar har ein lang tradisjon både nasjonalt og internasjonalt. Derfor er det moglegheiter for internasjonalt samarbeid innan kulturskolefeltet. Gjennom internasjonalt samarbeid vil kulturskolane kunne vidareutvikle både

³² Rønningen 2020

³³ Norsk kulturskoleråd 2020c

³⁴ Rønningen, Jeppson, Tillborg, Johnsen & Holst 2019

Boks 8.8 Trondheim kommunale kulturskole og NTNU

Trondheim kommunale kulturskole har eitt samarbeid med NTNU, både med Institutt for lærerutdanning og med Institutt for musikk.

Institutt for lærerutdanning samarbeider tett med Trondheim kommunale kulturskole om utviklingsarbeid og forskning, særleg knytt til Kulturdag-prosjektet der grunnskole og kulturskole blir sette i samanheng (sjå også boks 8.6).

Ved Institutt for musikk ved NTNU har dei om lag 20 instrumentalmetodikk-lærarar frå kulturskolen. Kulturskolen og instituttet har konsertsamarbeid og eit forskingsnettverk der også Institutt for lærerutdanning er med.

undervisnings- og læringsmetodar og lære om andre språk, kultur og samfunnsforhold. Både Erasmus+ (EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett) og Nordplus (Nordisk ministerråd sitt program for livslang læring) finansierer prosjekt og lærar-, elev- og tilsetteutvekslingar som er relevante for kulturskolane. På nordisk nivå finst det òg moglegheiter for utveksling på kulturfeltet gjennom kultur- og språkprogrammet Volt. Barn og unge og språk er i tillegg prioriterte område i Nordisk ministerråds nye handlingsplan, Visjon 2030.

8.5.5 Vurdering

Norsk kulturskoleråd har dei siste åra utvikla tettare samarbeid med universitets- og høgskolesektoren. Dette legg til rette for meir kulturskolerelevant forskning og betra samanheng mellom forskingsfeltet, institusjonane som tilbyr utdanninga og praksisfeltet til kulturskolen. Universitets- og høgskolerådet er ein aktuell samtalepartner for Norsk kulturskoleråd. Ved at desse råda har ein dialog saman, kan det stimulere til arenaer for å samarbeide og byggje relasjonar. Dette kan gi ein gjensidig og verdifull erfaringsutveksling som kan vere med på å innleie relevante samarbeid.

Regjeringa er positiv til arbeidet Norsk kulturskoleråd gjer med å opprette universitetskulturskolar. Universitetskulturskolane kan bidra til at det blir utvikla meir kompetanse og kunnskap for kulturskolefeltet, og bidra til at det blir forska meir på kulturskolefeltet.

Kulturskolefeltet er på mange måtar eit underforska felt. Likevel har nok kulturskolen i Norden truleg aldri blitt forska så mykje på, og skriven så mykje om, som han blir i dag. At det i dag blir forska meir enn nokon gong på kulturskolen i Norden, er berre positivt. Regjeringa ser òg at det er behov for meir kunnskap om korleis kulturskolen utviklar seg, og korleis kulturskolen bidreg til at barn og unge får tilgang til og opplæring i kunst og kultur.

At kulturskolelærarar i større grad blir tekne opp i ordninga for offentleg sektor-ph.d., gir moglegheiter for auka forskning relatert til kulturskoleverksemda. Forsking på og i kulturskolen kan dessutan støttast frå Noregs forskingsråd. Prosjekt knytte til kulturskolen kan søkje støtte i programmet *Forskning og innovasjon i utdanningssektoren – FINNUT*, som er breitt definert og knytt til ulike fag og disiplinar. Kulturskoleprosjekt kan òg inngå i *Velferd, arbeidsliv og migrasjon – VAM*, som blant anna omhandlar integrering, oppvekst, ungdomstid og familie. Kulturskolen som ein aktivitet som bidreg til inkludering og gode oppvekstvilkår, kan sortere under dette.

8.5.6 Kulturskolen som kulturelt ressurscenter for lokalmiljøet sitt

Det er hovudsakleg to måtar å forstå kulturskolen som ressurscenter på. Den første og mest utbreidde forståinga og praksisen er at kulturskolen skal vere eit ressurscenter for lokalt *kulturliv*. Den andre varianten er mindre utbreidd og omfattar kulturskolen som ein samfunnsutviklingsaktør i ein breiare forstand, for eksempel gjennom samarbeid med NAV, PPT (pedagogisk psykologisk teneste), skolehelsetenesta og barnevern, helse- og eldreomsorga.

Ifølgje kulturskolerapporten frå 2019 ønskjer mange kulturskolar å bidra i lokalsamfunnslivet på område der kulturskolen tradisjonelt ikkje har hatt ei sentral rolle. Førebyggjande arbeid mot utanforskap, tilbod for utsette ungdomsgrupper, integreringsarbeid, framføringar på demensavdelinga ved den lokale sjukeheimen er eksempel på aktivitetar kulturskolar står for. I kulturskole-rapporten frå 2019 peiker forskarane likevel på at å vere ressurscenter i den breiare forstand er ressurskrevjande for kulturskolane. Det kan i nokon tilfelle ta merksemda vekk frå opplæringsfunksjonen kulturskolen har.

I rammeplanen for kulturskolen blir det innleingsvis presisert at «som lokalt ressurscenter skal kulturskolen òg medvirke til å styrke kulturell kompetanse og utfoldelse i lokalsamfunnet gjen-

nom forpliktende samarbeid med barnehage-, skole-, kultur- og helsesektoren. Dette samarbeidet retter seg mot alle innbyggere i kommunen».

I omtalen av kulturskolens breiddeprogram heiter det at «[k]ulturskolen må utforske og etablere nye publikumsmøter på nye arenaer for å få kunstopplevelsene ut til flere». Dette er ein naturleg forlenging av kulturskolen som ressurscenter i lokalmiljøet. Kulturskolen er dessutan ein viktig bidragsytar til for eksempel den kulturelle infrastrukturen lokalt gjennom blant anna utstyr, arenaer, kompetanse, ulike ressursar knytte til enkelte fag og kunnskap om lov og avtaleverk.

Ideen om kulturskolen som lokalt ressurscenter er ikkje ny og har for eksempel dukka opp i politiske intensjonar om å samordne kunst- og kulturoppføringa i kommunane sidan tidleg 2000-tal, sjå for eksempel St.meld. nr. 39 (2002–2003) «*Ei Blot til lyst*» – *Om kunst og kultur i og i tilknytning til grunnskolen*. Norsk kulturskoleråd og mange kommunar ønskjer at kulturskolane skal vere kulturelle ressurscenter for lokalmiljøa sine.

Også KS har nedfelt ein ambisjon om at kulturskolen skal vere eit nav for heilskapleg oppvekst. Dette kjem fram i rapporten *Kultur for framtida – anbefalinger fra kulturprosjektet Oppspill*. For at kulturskolen skal vere eit lokalt ressurscenter, må kommunen definere innhaldet og bestemme korleis arbeidet skal vere innretta, i samskapande prosessar ut frå lokale behov og føresetnader. KS påpeiker òg at å koordinere dette arbeidet og å

avklare rollene med andre relevante aktørar er viktig i dette arbeidet.

8.5.7 Vurdering

Nesten alle kulturskolane i landet har teke i bruk rammeplanen for kulturskolen. Dermed byggjer mange kulturskolar verksemda si på visjonen om at kulturskolen skal vere eit lokalt ressurscenter. Dette er eit godt utgangspunkt for å samarbeide og å utnytte ressursane betre. Ideen om kulturskolen som ressurscenter heng òg godt saman med målet til regjeringa om at alle kulturskolar skal ha eit breiddetilbod.

Korleis kommunane i dag organiserer det lokale kulturlivet, kulturskolen og utdanningssektoren, varierer. Slik bør det vere i framtida òg. Regjeringa meiner at det må vere opp til kvar enkelt kulturskole og kommune å avgjere om dei ønskjer å vere eit lokalt ressurscenter, og korleis dei formar rolla. Samtidig forventar regjeringa at kulturskolen ser på moglegheiter for å samarbeide lokalt, jf. opplæringslova § 13-6, med så vel skole og SFO, som med kulturlivet i kommunen og frivillige organisasjonar. Det er òg naturleg å samarbeide med barnehagane og andre kulturtilbod til barn under skolealder. Samtidig legg regjeringa til grunn at kulturskolen, kulturlivet og utdanningssektoren er i dialog og utnyttar ressursane sine på best mogleg måte. Dette vil naturleg nok avhenge av lokale forhold, behov og ressursar. Men det er openbert for regjeringa at kultur-

Boks 8.9 Gjesdal kulturskole som ressurscenter

Gjesdal er ein mellomstor kommune i Rogaland med om lag 12 000 innbyggjarar. To av måla til kulturskolen er å vere ressurscenter for kunst og kultur for heile lokalsamfunnet i Gjesdal kommune og å skape attraktive kunstfaglege opplæringstilbod av høg kvalitet for heile livsløpet. Kjernegruppa er likevel elevane i skolealder 6–19 år. Kulturskolen jobbar på tvers av mange sektorar:

- Ved å ha kulturskolen som kommunekontakt for Den Kulturelle Skolesekken skaper det eit godt samarbeid med alle skolane.
- Gjennom å jobbe med relasjonane og samspillet mellom kulturskolen og grunnskolen har Gjesdal kulturskole gått inn i eit prosjekt knytt til valfaga på ungdomstrinnet og delt lærarressurs.
- Kulturskolen samarbeider med helsestasjonen om tilbod som kan bidra til tidleg innsats. Familiar med nedsett betalingsevne får tilbod om friplass.
- Dei har òg oppretta barnedansklassar for førskolebarna, noko som har vore veldig populært. Kulturskolen jobbar for å etablere eit betalingsfritt tilbod til alle femåringane i barnehagane. Vaksne kan søkje på alle dei individuelle undervisningstilboda, i tillegg jobbar kulturskolen for å opprette eit tilbod for pensjonistar.

Gjesdal kulturskole er samlokalisert med kulturavdeling, bibliotek, flyktingtenesta og vaksenopplæringa, noko som gir eit godt grunnlag for samarbeid.

Boks 8.10 Prosjektet Framtidens kulturskole – kulturskole 3.0

KS og Norsk kulturskoleråd har i ein toårsperiode hatt ei felles satsing på kulturskoleområdet. Prosjektet «Framtidens kulturskole» skal synleggjere og bidra til å vidareutvikle rolla kulturskolen har i lokalsamfunnet. Vidare har prosjektet kartlagt kva kommunane meiner er viktige verdiområde¹ for utviklinga av kulturskolen framover.² «Framtidens kulturskole, kulturskole 3.0» rammar inn kulturskolen som ein del av eit heilskapleg tenestetilbod i kommunen.

Rapporten *På vei mot framtidens kulturskole* peiker ut eit knippe konkrete arbeidsområde for vegen vidare

- *pilotarbeid med Kulturskole 3.0 som overbygning for arbeidet*

- *kulturskole hele livet*
- *kompetanse for fremtiden*
- *kunnskapsutvikling, erfaringsdeling og forskning på feltet*

Desse arbeidsområda er eit resultat av at prosjektet har samarbeidd breitt med forskjellige interessantar tilknytte kulturskolen.

¹ Desse er at kulturskolen skal vere attraktiv og relevant, inkluderande og mangfaldig, utviklande og skapande i tillegg til meningsfylt og meistringsorientert.

² KS & Norsk kulturskoleråd 2021

skolen på ulike vis kan spele ei viktig rolle som lokalt ressurscenter i eigen kommune. For å bidra til å spreie gode eksempel på kulturskolesamarbeid vil regjeringa gi Utdanningsdirektoratet i oppdrag å samle og spreie slike eksempel. Dette skal dei gjere i samarbeid med Kulturskolerådet.

KS og Kulturskolerådet har i prosjektet om «Framtidens kulturskole 3.0», sjå boks 8.10, gjort eit grundig arbeid med å kartleggje kva verdiområde kommunane sjølve meiner er viktige i utviklinga av dei framtidige kulturskolane i Noreg. Dei har i tillegg anbefalt kva skritt kommunane bør ta vidare i arbeidet med framtidens kulturskole. For regjeringa er handlingsrommet kommunane har til å utvikle kulturskolen lokalt, heilt sentralt. Samtidig er det nødvendig med ei felles retning på vegen mot framtidens kulturskole. At kommunane, trass i dei store variasjonane i kulturskole-Noreg, er samstemte om potensialet og nokon kjenne-teikn på visjonar av kulturskolen i framtida, er eit godt fundament for lokal kulturskoleutvikling framover.

Regjeringa vil

- leggje til rette for at kulturskolen kan ha ei rolle som lokalt ressurscenter i eigen kommune gjennom at gode eksempel på samarbeidsformer blir spreidde vidare

8.6 Kulturskolen som inkluderings- og integreringsarena

Arbeidet mange kulturskolar gjer med inkludering og integrering, viser korleis kunst og kultur kan bidra til å skape tilhøyrse, fellesskap, deltaking og motverke utanforskap. I dette kapitlet ser vi nærmare på dette temaet og korleis kulturskolen kan vere ein inkluderingsarena for alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn og funksjonsevne. Omgrepa inkludering og integrering kan bli brukt litt ulikt i sektorane. Vi har i all hovudsak vald å bruke omgrepet inkludering i dette kapitlet.

8.6.1 Inkludering i regi av Kulturskolerådet

Kulturskolens rammeplan har ein klar visjon om å vere ein kulturskole for alle. Rammeplanen peiker på potensialet kulturskolane har for å bidra til eit meir inkluderande samfunn ved å gi opplevingar og moglegheiter for alle i samfunnet.

Sjølv om det lenge har vore eit uttrykt ønske at kulturskolen skal vere ein *kulturskole for alle*, viser ulike forskingsrapportar at kulturskolen ikkje har nådd dette målet. Kulturskolerådet sette derfor i 2016 i gang eit arbeid med rolla kulturskolen har knytt til inkludering, flyktningar og utanforskap. Dette arbeidet resulterte i ein eigen strategi for å leggje til rette for å skape arenaer der flyktningar, innvandrarar og andre grupper som er underrepresenterte i kulturskolen kunne bli inkluderte i lokalsamfunnet gjennom kulturak-

tivitatar i kulturskolen. Sentrale tiltak i strategien har vore

- å kartleggje aktivitet og kompetanse i kulturskolane
- å leggje til rette for kompetansenettverk og utveksling av erfaringar
- det nordiske prosjektet Kulturskolen som inkluderande kraft i lokalsamfunnet (KIL)
- insentivmidlar for kommunane til arbeid med inkludering
- den årlege inkluderingskonferansen = Vi
- arbeid med temaet musikkbasert miljøbehandling og musikkterapi
- å etablere samarbeidsrelasjonar med ulike organisasjonar og universitet og høyskolar

8.6.2 Kulturskolen som inkluderande kraft i lokalsamfunnet (KIL)

Frå 2017 til 2019 leidde Kulturrådet prosjektet *Inkluderende kulturliv i Norden*. I samarbeid med kulturskoleorganisasjonane i Noreg, Danmark og Sverige blei det i perioden 2018–2019 sett eit spesielt søkjelys på moglegheita kulturskolen har som ei inkluderande kraft i lokalsamfunnet. Dette skjedde gjennom det nordiske nettverket *Kulturskolen som inkluderende kraft i lokalsamfunnet* (KIL). Satsinga held fram etter avslutta prosjektperiode, under leiinga av Norsk kulturskoleråd.

Felles mål for dei nordiske kulturskolane er å bidra til at kulturskolane inkluderer fleire av dei som i dag ikkje deltek i tilboda og aktivitetane til kulturskolen. Intensjonen er at kulturskolane i Norden gjennom KIL skal utvikle seg slik at personar med kort butid i landet og personar med ulik kulturell og sosial bakgrunn kan bli inkluderte gjennom kunst- og kulturtilbodet i kommunane.

KIL består av ti kommunar i Noreg, Sverige og Danmark som har arbeidd for å identifisere barrierar for inkludering og finne moglegheiter for forbetra praksis. Alle kommunane har gjennomført eigne prosjekt og delt desse. Prosjektet viser korleis endring kan skje der kulturskolar arbeider med utvikling saman med avgjerdstakarane i eigne kommunar, i erfaringsutveksling med andre kulturskolar og i tett tilknytning til forskingsfeltet.

I tilknytning til KIL blei det oppretta eit forskarnettverk. Dette nettverket gir våren 2021 ut ein antologi om erfaringar frå praksisfeltet.

Eit anna viktig utbyte av KIL er kulturskolemanifestet. Dokumentet startar med ei kunngjeving direkte retta mot alle barn og unge i Norden, og så samanfattar det prinsipp som må liggje til

Boks 8.11 KULTURSKOLEMANIFEST

Til deg som er barn eller ung i Norden

Du har rett til kunst og kultur!

Derfor skal kulturskolen vere ein del av livet ditt – han skal sjå deg og interessene dine. Samtidig skal han utfordre deg, han skal få deg til å sjå og høyre nye ting, og han skal henge saman med samfunnet rundt deg. Kulturskolen skal spørje deg om råd og vere til stades der du er, og vise deg kunnskapen og engasjementet han rommar. Men viktigast: Kulturskolen skal vere for alle barn og unge, heile året, slik at du kan vere saman med nokon du kjenner, og nokon du ikkje kjenner, og få erfaringar som vil bety noko for deg!

grunn dersom kulturskolen skal bli ei verkeleg inkluderande kraft. Kulturskolemanifestet har dessutan anbefalingar til dei som bestemmer kva kulturskolen skal vere på kommunalt, nasjonalt og nordisk nivå.³⁵

8.6.3 Inkluderingsundersøkinga 2019

I 2019 gjennomførte Kulturskolerådet spørjeundersøkinga Inkludering 2019. Undersøkinga gir eit innblikk i kva som skjer i kulturskolane med tanke på inkludering, og kva behov som finst. Av 201 kulturskolar som besvarte undersøkinga svarte 166 kulturskolar at dei har eller planlegg aktivitetar eller tiltak med mål om å skape eit betre inkluderande miljø. Eksempel på slike aktivitetar er

- at alle nye busette kan velje eit gratis fag og delta i lågterskeltilbodet
- gratis kulturskoletilbod fredagar og open møteplass i kulturskolen på laurdagar
- samarbeid med NAVs introduksjonsprogram
- musikkundervisning kvar veke i mot-taksklasse
- dansetilbod, teatertilbod, tilbod innan musikk og band for barn og ungdommar med funksjonsnedsetjing

Kulturskolen framhevar barnehagane, skolane, SFO og biblioteka når dei peiker på kva institusjonar og aktørar dei ser det største potensialet i å samarbeide med for å løyse inkluderingsopp-

³⁵ Norsk kulturskoleråd 2020e

Boks 8.12 Kulturskolen som inkluderende arena*Kulturskolen i Tromsø: Impro i skolen og Stryk i skolen*

Kulturskolen i Tromsø gjennomfører eit improteaterprosjekt og eit fiolinprosjekt for 3. klasse ved ein innføringsskole i Tromsø. Tilbodet inngår i tilbodet skolen har elles i musikk, men også i andre fag der det er relevant. Tilbakemeldingar frå skolen etter eit års prosjekt er at dei ser at den kunstfaglege undervisninga påverkar undervisninga elles, særleg i form av betre samarbeidsevner, tryggleik og glede over samhold i klassen.

Ås – den lokale kulturskolen i verda

Ås internasjonale kultursenter er ein del av verksemda til kulturskolen i Ås. Senteret blei oppretta for å fremje og synleggjere Ås som eit internasjonalt samfunn. Ei rekkje årlege store arrangement er sette i gang og drivne av senteret i samarbeid med skolar, barnehagar, asylmottak, vaksenopplæring, NAV, kulturhuset, biblioteket, frivillige organisasjonar og andre. Mangfald, inkludering, integrering og tiltak mot radikaliserings har vore viktige arbeidsområde som omfattar alle aldersgrupper.

Xenofobia (som betyr «frykt for det som er framand») er eit kommunalt, interkommunalt og internasjonalt tiltak i regi av Ås kulturskole. Formålet med *Xenofobia*-prosjekta er å bidra til meir bevisstheit omkring framandfrykt, utanforskap, hatytringar, kulturelt mangfald og integrering. *Xenofobia* har eit omfattande samarbeid med grunnskolen for å fremje tryggleik og motverke utanforskap hos elevane. *Xenofobia* har utspringet sitt frå flyktningkrisa i Hellas og blir drive i tett samarbeid med blant anna skolar, kommune, universitetet og den norske ambassa-

den i Athen. Den internasjonale dimensjonen er viktig for å gjere deltakarane bevisste på felles individuelle og samfunnsmessige utfordringar i verda.

Larvik – kulturskolen som inkluderende kraft i lokal-samfunnet

Larvik kulturskole har utforma tilbodet sitt med utgangspunkt i at kulturskolen er ein viktig del av oppvekst-, opplærings- og livsløpet i kommunen.

Kulturlab er eit av tilboda i Larvik kulturskole og er eit samarbeid mellom Larvik kulturskole og Fabrikken ungdomshus. Dette er eit tilbod til ungdom i alderen 12–16 år. Intensjonen med Kulturlab er å utvikle ein sosial og fagleg møteplass for ungdom i ein digital kontekst – skape varige relasjonar i trygge omgivelser. Her kan ungdommane drive med musikkproduksjon, animasjon, film, gaming, koding og e-sport. Ein av premissane for utforminga og utviklinga av Kulturlab er at ungdomskulturen er dynamisk og stadig endrar seg. Derfor varierer også fagtilbodet der. Tiltaket er særskilt retta mot ungdomsgrupper som kan vere utsette for einsemd og utanforskap, og unge som ikkje har delteke på tilbodet til kulturskolen før.

Larvik kulturskole har ei brei tilnærming i arbeidet sitt og har blant anna tilbod til barnehagane, i tillegg til sjukeheimane og dagsentera i kommunen, med besøk kvar veke av musikkterapeut eller pedagog. Viktige mål for desse kulturskoletilboda er å bidra til livskvalitet, deltaking og inkludering. Larvik har forankra dei nemnde tiltaka i ein kulturplan, som er politisk og administrativt vedteken.

gåver. Andre aktørar som blir nemnde hyppig, er flyktningtenesta, mottaksklassar, asylmottak, helsestasjonar, høgskeolar og universitet. Undersøkinga viser òg at fleire kulturskoler ønskjer eller allereie er i gang med å etablere tilbod for barn og unge med funksjonsnedsetjing.

Undersøkinga viser at svært mange kulturskolar ikkje er kjende med om det finst ein plan for arbeidet med inkludering i kommunen. Samtidig oppgav heile 145 av dei 201 kulturskolane som

svarte, at dei ønskjer å vere aktive i nettverk som arbeider med inkludering.

8.6.4 Barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging

Kulturaktivitetar skal vere tilgjengelege for alle, og ingen skal vere forhindra frå å delta på grunn av fysiske forhold, sjå omtalen i kapittel 4. Dette er òg tema i kapittel 7.3. Regelverket knytt til universell utforming blir kort beskrive i dette kapitlet,

Boks 8.13 Tilrettelagde kulturskoletilbud

Gjøvik kunst- og kulturskole gir kunst- og kulturtilbod tilrettelagde for elevar og deltakarar med funksjonsnedsetjingar og innan psykisk helse. Tilbodet er omfattande og inneheld musikk, dans, drama, bevegelse og visuell kunst. Kulturskolen tilbyr kunstgrupper, kunstkaféen i Drenkestua, Scene Korpus, Sangkoret Korpus, Rokkeværstingene, Allsangkoret, Kulturutveksling og Los Ænsjless.

SKUG-senteret ved Kulturskolen i Tromsø kommune er eit ressurscenter for spesielt tilpassa musikkundervisning. Ved å ta i bruk ein kombinasjon av datateknologi, tilgjenge-teknologi (for eksempel brytarar, sensorar og augestyling) og musikkteknologi er det ingen grenser for kven som kan få undervisning ved SKUG-senteret. Sidan prosjektstart i 2003 og opninga av SKUG-senteret i 2007 har senteret utvikla ein unik spesialkompetanse på dette feltet.

Elevane har enkelttimar, speler i band eller grupper og deltek på samspele og konsertane til kulturskolen. Målet er at alle som ønskjer å lære å spele, skal få moglegheita uavhengig av funksjonsnedsetjingar. «Alle» inkluderer elevar som

må ta i bruk tilpassa musikkteknologi for å kunne spele sjølvstendig, til dømes elevar som bruker augestyling eller berre kan røre på hovudet eller ein finger. Elevane på SKUG-senteret er frå barnehagealder til 60 år.

SKUG-senteret har i dag cirka 25 elevar som får undervisning kvar veke, og det gjennomførast òg prosjekt og kurs i barnehagar og skolar i Tromsø kommune og rundt om i Noreg og i utlandet. Med støtte frå Nordisk Kulturfond har SKUG-senteret i samarbeid med partnerar i Helsinki og Edinburgh oppretta «Universal Orchestra», som er eit orkester der musikarar med ulike funksjonsnedsetjingar speler og skaper musikk saman. Senteret samarbeider med Universitetet i Tromsø, Oslo Met, Universitet i Bergen og internasjonale fagmiljø. Det er også ein del av eit forskarnettverk ved Universitetet i Huddersfield der ein deler og utviklar ny kunnskap innan fagfeltet tilpassa musikkteknologi. SKUG-senteret har i perioden 2020–2021 fått støtte frå Utdanningsdirektoratet for å utvikle auge- og bryterstyrte læringsressursar for musikkfaget i barnehage og skole.

og det gjer også nokre tilskottsordningar og tiltak for å leggje til rette for at alle, uavhengig av eventuelle funksjonsnedsetjingar, skal kunne delta i kultur- og fritidsaktivitetar.

Det finst inga oversikt over omfanget av elevar i kulturskolen med behov for særskild tilrettelegging. I rammeplanen for kulturskolen heiter det at «kulturskolen skal kunne ta imot og leggje til rette undervisning for unge med særlege behov». Tilrettelegginga kan gjelde rettleiing i valet av program og kunstoffag og sosiale og pedagogiske løysingar. Det kan òg gjelde kompetanse i form av spesialpedagogar, kunst-/musikkterapeutar og anna fagpersonale som kan bidra til å leggje til rette undervisninga i samarbeid med kunstfaglærarane. Arbeid med kunstuttrykk har vist seg å vere til god hjelp for traumatiserte barn. Samarbeidet kan utviklast inn mot grunnopplæring, SFO, helsesøster, barnevern, flyktingteneste, sjukehus, psykolog og sosialetat. Foreldre og føresette er ein viktig samarbeidspart. Kulturskoleleiaren og kulturskoleeigaren har eit viktig ansvar.³⁶

8.6.5 Vurdering

Regjeringa har som mål at alle barn og unge skal kunne delta på kultur- og fritidsaktivitetar, irekna kulturskolen. Dei sosiale og økonomiske ressursane barn og unge har med seg heimanfrå, innvandrarbakgrunn, kjønn eller funksjonsevne skal ikkje vere hindringar eller barrierar for at barn og unge skal kunne delta i kulturskolen. Likestillings- og diskrimineringslovas forbod mot diskriminering på grunn av blant anna kjønn, alder, funksjonsnedsetjing og etnisitet gjeld på alle område i samfunnet og omfattar også kulturskolens verksemd og tilbod.

Mange kulturskolar jobbar godt med inkludering i lokalsamfunnet sitt, slik undersøkinga Inkludering 2019 viser. Samtidig viser undersøkinga at mange kulturskolar ikkje er kjende med om det finst ein lokal plan for inkludering i sin kommune. Undersøkinga viser òg at mange kulturskolar ønskjer å bidra til dette arbeidet i kommunen sin. Her er det eit stort forbedringspotensial gjennom å styrkje det kommunale samarbeidet. Regjeringa legg til grunn at kommunane involverer kultur-

³⁶ Norsk kulturskoleråd 2016: 26–27

skolen i kommunal planlegging som fremjer inkludering og integrering, sjå omtalen i kapittel 5 om kommunalt og regionalt planarbeid. Det er viktig at kulturskolane blir sette i samanheng med den kommunale verksemda elles.

At kulturskolane potensielt kan bidra på integrerings- og inkluderingsfeltet, er det ingen tvil om. Det at heile 145 kulturskolar ønskjer å vere aktive i nettverk som arbeider med inkludering, lover godt for oppfølginga av KIL-prosjektet. Dette viser òg at det er stor vilje til å utvikle kulturskolen, slik at kulturskolen utnyttar potencialet sitt til å vere ei inkluderande kraft i lokalsamfunnet.

Det nordiske KIL-samarbeidet har vist at det kan vere større potensial for å styrkje det nordiske samarbeidet om kulturskolane, både som aktør for barn og unge, kunst og kultur og som inkluderingsaktør. Kultur- og språkprogrammet Volt og støtteordninga Nordplus Junior gir moglegheiter til samarbeid som kan utnyttast for eit sterkare samarbeid. Barn og unge og språk er i tillegg prioriteringar i det nordiske samarbeidet.

Regjeringa vil sjå nærmare på moglegheiter for korleis kulturskolesamarbeidet kan styrkjast på nordisk nivå. Regjeringa oppmodar i tillegg kommunane til å utnytte moglegheitene som finst for sterkare internasjonalt samarbeid, blant anna gjennom nordisk samarbeid.

Nokon kulturskolar har eit bevisst forhold til inkludering i kulturskolen sin, mens andre kulturskolar har eit forbettringspotensial. Regjeringa minner om at kommunane, som offentleg myndighet, har ei plikt til å jobbe aktivt for å fremme like-

stilling og hindre diskriminering på grunn av blant anna kjønn, etnisitet, alder og funksjonsnedsetjing, sjå omtalen i kapittel 4. Kommunane bør leggje til rette for at undervisninga i kulturskolen er tilpassa mangfaldet av barn og unge som kan ha ønske om å delta. Kulturskolen skal vere tilgjengeleg for alle. Likestillings- og diskrimineringslova og sektorregelverket stiller krav om universell utforming av fysiske forhold, som omfattar blant anna bygg og IKT-løysingar. Rettsleg regulering om universell utforming bidreg til betra inkludering og auka deltaking i kulturskoleaktivitetar, utan å bli hindra av fysiske forhold, omgivnader, korleis tenestene er organiserte eller tekniske løysingar.

Kulturskolane bør arbeide for, så langt det er mogleg, å tilpasse det generelle tilbodet for enkelt-elevar eller grupper som har behov for ulike typar tilrettelegging. Kommunane bør òg vurdere om det er behov for særskilde tilbod til grupper eller enkeltelevar i kulturskolane. I arbeidet med aktuelle tilpassingar av tilbodet vil det vere viktig å sikre god involvering og medverknad.

Regjeringa vil

- vurdere moglegheitene for korleis kulturskolesamarbeidet kan fremjast i det nordiske samarbeidet
- oppmode til at kommunane utnyttar potencialet kulturskolane har som inkluderande kraft i lokalsamfunnet



Figur 9.1

9 Opplæring og fordjuping i kunst og kultur

Opplæring og meistring er ein viktig del av barne- og ungdomskulturen. Å leggje til rette for at så mange som mogleg skal få sjansen til å utfalde seg kunstnarisk, kan vere med på å utvide rekrutteringsgrunnlaget til vidare kunstfaglege utdanningar og til det utøvande kunstfeltet. Dei fleste barn og unge skal ikkje bli profesjonelle utøvarar, men utan ei brei rekruttering risikerer kunst- og kulturlivet å gå glipp av potensielle talent.

Barn og unge får opplæring i kunst og kultur på eit mangfald av arenaer. Barnehage, skole, kor, korps, kommunale og private kulturskolar, kyrkjer og andre trussamfunn og det profesjonelle kunst- og kulturlivet er nokon eksempel på slike arenaer.

I BUSK-rapporten uttrykkjer barn og unge eit ønske om å bli introduserte for fleire kunst- og kulturuttrykk i skoletida, og mange av dei eldste ungdommane har spelt inn at faga på skolen og DKS-tilboda dei har fått, har vore avgjerande for kunnskapen dei har om kunst og kultur.

Skolen blir trekt fram som ein sosialt utjamnande arena. Å ha gode lærarar innanfor dei praktiske og estetiske faga blir anerkjend som sentralt for å gi alle barn og unge anledning til å lære om ulike kunst- og kulturuttrykk.

Dette kapittelet viser korleis kunst og kultur og dei praktisk og estetiske faga er ein del av barnehagen og skolen. Kapittelet beskriv arenaer der barn og unge får opplæring og fordjuping i kunst og kultur, og korleis arbeidet med fordjuping kan bli styrkt framover.

Boks 9.1 Innspel frå barn og unge

Barn og unge ønskjer at kulturpolitikken legg til rette for

- å styrkje og etablere ordningar for talentutvikling og yrkesretta undervisning innan kunst- og kulturfag for barn og unge

9.1 Kunst og kultur i barnehagen og skolen

9.1.1 Kunst, kultur og kreativitet i barnehagen

I Granavollplattforma heiter det at regjeringa vil vurdere korleis kulturtilbodet for barnehagebarn kan forbeistrast nasjonalt. I BUSK-rapporten seier barn og unge at dei ønskjer at kunst- og kulturtilbodet i barnehagar skal styrkjast. I tillegg viser fleire undersøkingar og nyare forskning at barnehagane arbeider for lite med dei estetiske fagområda i rammeplanen.

At barna får erfaring med kunst og kultur, er viktig for å realisere intensjonane i rammeplan for barnehagen – både når det gjeld omsorg og leik, læring og danning. Kunst, kultur og kreativitet er eit av dei sju fagområda i rammeplan for barnehagen. Verdigrunnlaget til barnehagen, leiken til barna og retten til å medverke skal danne eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda, og alle fagområda skal sjåast i samheng og vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Arbeidet med fagområdet Kunst, kultur og kreativitet skal bidra til å leggje grunnlaget for å høyre til, delta og drive med skapande arbeid, og at barna får estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna anledning til utforsking, fordjuping og progresjon.

Barnehagen skal leggje til rette for kultur møte som bidreg til samhøyrse og kreativitet, og til at alle barn får oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap. Kunstnariske og kulturelle opplevingar kan gi glede og inspirasjon til leiken og eigeninitierte aktivitetar og styrkje den språklege, kognitive og sosiale utviklinga til barnehagebarna. Det er likevel dokumentert at mange norske barnehagar gjennomgåande tilbyr lite av kunstnariske og kulturelle aktivitetar som musikk og bevegelse og dramatisk leik.¹

Evalueringa av implementeringa av rammeplanen viser òg at det varierer kor mykje barneha-

¹ Bjørnstad & Os 2018

gane prioriterer å jobbe med dei ulike fagområda.² Undersøkinga viser at berre 11 prosent av styrarane svarte at dei prioriterte arbeidet med Kunst, kultur og kreativitet. Barnehagane kan velje å gi eit kulturtilbod til barna òg, men det er svært stor variasjon på om dei gjer dette. 47 prosent av barnehagane går aldri eller maksimalt ein gong i året på museum, og 22 prosent av barnehagane går aldri på framsyning.³

I 2019 gjennomførte Kulturtanken ei undersøking om kommunanes tilbod til barnehagebarn. Rapporten viser at fleire kommunar har eit organisert og profesjonelt kunst- og kulturtilbod til barnehagebarn i dag. Dei fleste av desse er eit musikktilbod med turnerande musikarar som besøkjer barnehagane. Enkelte har eit breiare og meir omfattande tilbod, mens andre har ingenting. Mesteparten av det eksisterande tilbodet er retta mot dei eldste barna i barnehagen (dei mellom tre og seks år). I tillegg finst det andre aktørar som produserer og formidlar innhald direkte til barnehagane utanfor Den kulturelle skolesekken.

² Homme, Danielsen & Ludvigsen 2020

³ Gulpinar & Hernes 2018

Kulturbarn 0–8 er eit utviklingsprosjekt med vekt på dei yngste barna (frå null til åtte år) som blir drive gjennom eit samarbeid mellom Kulturtanken, Norsk kulturskoleråd og Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen og Nord universitet. Målet er å utvikle samarbeidsmodellar som gjer at den kunstfaglege kompetansen retta mot målgruppa blir tilgjengeleg på tvers av institusjonar innanfor kvar kommune. Samarbeidet omfattar barnehagepersonale, kulturskolen, lærarar på 1.–4. trinn, DKS-planleggjarar og kunstnarar, og har kunstopplevinga til barnet i sentrum. I tråd med rammeplan for barnehagen søker prosjektet å gi meir forståing og auke engasjementet for kva kunst og kultur har å seie på område som folkehelse, livsmeistring og det heilskaplege oppvekstmiljøet for barn. Prosjektet skal bidra til kunnskap om samordning av kunstopplæringa, kulturskole, DKS, opplæringa og andre lokale ressursar.

9.1.2 Dei praktiske og estetiske faga i skolen

«Praktiske og estetiske fag» er ei samlenemning for skolefaga *musikk, kunst og handverk, kroppssøving og mat og helse*. I det samiske læreplanverket

Boks 9.2 Eksempel på tiltak i barnehagen

Sametingets prosjekt *SáMOS* skal i løpet av fem år skape ei endring i den samiske barnehagestrukturen ved hjelp av samisk filosofi og tradisjonell kunnskap. Samiske barnehagar skal kunne arbeide etter samiske pedagogiske metoder som byggjer på samisk språk, kultur og tradisjonell kunnskap som er tilpassa det moderne samiske samfunnet. Pilotbarnehagar frå ulike samiske område er med i arbeidet, og Samisk høgskole har blant anna ansvar for kompetansebygging.

Syngende barnehage er eit program som blei oppretta som eit prøveprosjekt hausten 2016 og omfattar i dag om lag 160 barnehagar i 16 ulike fylke. Målet er å auke musikkkompetansen og gi meir songglede i barnehagekvardagen. Syngende barnehage legg vekt på opplevinga barna har, og at dei får delta aktivt. Å oppleve musikk som ei form for kommunikasjon og uttrykk for tilknytning i relasjonen med andre, er heilt sentralt når barna er så små. Dette legg grunnlaget for barn sitt eige uttrykk og opnar opp for kunst- og kulturopplevingar formidla av besøkjande kunstnarar og andre.

Bodøpiloten er eit samarbeid mellom Bodø kommune, Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen, Nordland fylkeskommune og Nord universitet. Samarbeidet skal løfte satsinga på kunst og kultur gjennom heile opplæringsløpet, frå barnehage til høgare utdanning, og utvikle kulturskolen til å bli eit lokalt ressurscenter. Målet er å lage ein nasjonal modell for heilskapleg arbeid med kunst og kultur i opplæringa. Som ein del av arbeidet skal det prøvast ut ulike former for samarbeid mellom barnehagar og kunstnarar og andre ressurspersonar på det kunstfaglege området.

Sølvtråden – Den kulturelle skole- og barnehagesekken i Kongsberg har eksistert sidan 2003, administrert av ein koordinator tilsett i kulturskolen. Ordninga er forankra i plan- og strategidokument for barnehage. Det er kulturkontaktar i kvar barnehage, årlege innspelsmøte før tilbodet neste år blir planlagt, kunstnarisk og pedagogisk kvalitetssikring via kulturskolepedagogar og kunstnarar. Ein legg vekt på å få tilboda for både skole og barnehage til å følgje ramme- og læreplanverket i størst mogleg grad.

er kunst og handverk erstatta av faget *duodji* (tradisjonelt samisk handverk).

Dei praktiske og estetiske faga er ulike i både måten dei er innretta på og timetal, men har nokon fellestrekk. Faga skal gi elevane særleg moglegheit til å drive utøvande, kreativ og praktisk verksemd, delta i fysisk aktivitet og skape og uttrykkje seg i arbeid med ulike materiale, verkøy og instrument. Faga skal bidra til å utveksle undring, nysgjerrigheit og kritisk tenking. Arbeidet med ulike materiale og instrument i skolen kan danne det første grunnlaget for eit breitt spekter av yrke og kompetansar.

Det er særleg i dei praktiske og estetiske faga at elevane får lære om, utøve og produsere kunst og kultur. Men kunnskap om kunst og kultur og praktisk og utforskande læring, er også ein naturleg del av opplæringa i andre fag.

I løpet av grunnskolen har elevane 368 timar i *musikk*, 701 timar i *kroppssøving*, 197 timar i *mat og helse* og 623 timar i *kunst og handverk*. Til samanlikning har elevane 615 timar i *naturfag*, 1 770 timar i *norsk* og 588 timar i *engelsk*.

Estetikk er læra om det vakre og det som gler sansane. I skolen kan estetisk verksemd ha mange former, og den estetiske verksemda inngår særleg i faga *musikk* og *kunst og handverk*, men praktiske og estetiske læringsprosessar kan vere ein naturleg del av alle fag. I tillegg er norsk eit sentralt kultur- og dannelsesfag.

Kreativt og skapande arbeid og estetiske læringsprosessar bidreg til å gi barn og unge estetiske opplevingar og ferdigheiter. Praktiske og estetiske fag kan opne for eit mangfald av kunst- og kultur møte som kan gi innsyn og innsikt i eigen og andre sine kulturar og tradisjonar.

Boks 9.3 Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen

Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen (KKS) skal bidra til auka kvalitet i kunst- og kulturfaga i barnehagen og grunnopplæringa, til engasjement og auka interesse for opplæring i faga og til at barnehagar og skolar får auka kompetanse til å tolke og setje rammeplanane og læreplanverket ut i livet. Senteret er ein del av Fakultet for lærerutdanning og kunst- og kulturfag ved Nord universitet i Bodø.

Boks 9.4 Skapia

Skapia står bak prosjekta Veslefrikk og U-trykk, som vender seg til barn og unge i høvesvis barne- og ungdomsskolealder. Veslefrikk blei etablert i 2015 som ei nasjonal satsing på musikk og komponering for skoleelevar i grunnskolen. Frå 2019 er satsinga utvida til ungdomstrinnet med U-trykk.

Skolane får tilgang til gratis nettbaserte ressursar og forslag til undervisningsopplegg som kan hjelpe elevane i gang med å komponere eigen musikk, og elevane konkurrerer så om å vinne Veslefrikkprisen og Årets U-trykk. Vinnarane får spele musikken sin saman med Kringkastingsorkesteret, og konserten blir strøymd.

Til saman har over 10 000 barn og ungdom sendt inn eigne komposisjonar dei første fem åra. Det har blitt halde ei lang rekkje lokale konsertar for medelevar, foreldre og lokale medium.

9.1.3 Vidaregåande opplæring og folkehøgskolar

Vidaregåande opplæring har fleire utdanningsprogram innanfor både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram som gir elevar anledning til å utvikle interessene sine og talenta sine for kunst og kultur. Elevar kan velje mellom ulike programfag som gjer at dei kan fordjupe seg innanfor ulike praktiske og estetiske retningar. Elevane kan blant anna velje utdanningsprogram i kunst, design og arkitektur, musikk, dans og drama og medium og kommunikasjon innanfor studieførebuande utdanningsprogram og fleire av dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Eksempel på dei siste programma er handverk, design og produktutvikling, frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign og informasjonsteknologi og medieproduksjon. Vidaregåande opplæring førebur elevane til å gå vidare til høgare utdanning eller til å kunne gå ut i arbeid med eit fagbrev eller til fagskolar. For nokon kan det også vere ein inngangsport til å halde fram med utdanning innanfor kunstfaglege studium og bli utøvande kunstnarar.

På fleire fagskolar kan ungdom ta vidare utdanning innan kunstfaglege retningar. Blant anna finst tilbod innan design, film og tv-produksjon, fotografi og kunstfag. Vidare finst ei rekkje

folkehøgskolar der mange unge vidareutviklar interessene eller talenta sine eller blir kjende med nye kunstretningar. Desse har òg ei svært sentral rolle når det gjeld talentutvikling og å førebu elevane på opptak til fagskolar og høgare kunstutdanningar.

9.2 Talentarbeid lokalt og nasjonalt

Kulturskolen er i mange kommunar den arenaen som gir barn og unge anledning til å fordjupe seg i eit uttrykk, anten det er musikk, visuell kunst, teater eller kreativ skriving. Kulturskolerapporten frå 2019 viser at innhaldet i fordjupingstilboda varierer frå kulturskole til kulturskole.

Ved nokon kulturskolar er fordjupingstilboda tydeleg prega av talentsatsingar med tanke på profesjonelle kunstnariske karrierebanar. Nokon kulturskolar har inngått samarbeid med profesjonelle kunstinstitusjonar som orkester eller teater, eller musikkutdanningsinstitusjonar, for eksempel Norges Musikkhøgskole eller Barratt Due musikk-institutt, om særskilt talentfulle og ambisiøse elevvar.

I tillegg til slike nasjonale talentprogram og tilbod er det mange regionale talentsatsingar der kulturskolen er inkludert. Godt samarbeid med kulturskolar og med private kulturskoleaktørar kan for eksempel bidra til at fleire barn og unge får tilgang til eit kulturskoletilbod, og til breidde i faga som blir tilbydde.

Norsk kulturskoleråd har ulike samarbeidsprosjekt knytte til talentutvikling. Kulturskolerådet samarbeider for eksempel med Nordea om prosjektet «Talent møter mentor», og dei har ein

samarbeidsavtale med Norges musikkhøgskole (NMH) der forutdanning og talentutvikling er eit av dei sentrale områda. Målet med samarbeidet er «å styrkje og utvikle samarbeidet mellom kunstfag og pedagogikkmiljø og de ulike relevante utdanningene knyttet til NMH, til det beste for utviklingen av kulturskolen i Norge».

Private kulturskoleaktørar er eit viktig supplement til dei kommunale kulturskolane. Dei private kulturskoleaktørane kan vere organiserte på same måten som den kommunale kulturskolen, ved å gi tilbod innan fleire fag, eller dei kan gi tilbod innan eitt kunstfag.

Private tilbydarar opererer på andre premissar, og dette kan medføre høgare elevprisar. Samtidig kan dei utgjere eit alternativ for nokon av dei barna og dei ungdommane som elles ville stått på venteliste ved den kommunale kulturskolen.

For å kunne gi eit best mogleg fordjupingstilbod til barn og unge må dei private kulturskoletilbydarane bli sette i samanheng med andre talentsatsingar lokalt og regionalt.

Det er fleire andre aktørar som jobbar målretta med å gi eit tilbod om fordjuping og talentutvikling innanfor alle sjangrar. Både barne- og ungdomsensemble og sommarkurs for barn og unge er arenaer der dei får tilbod om fordjuping og møter profesjonelle rollemodellar som kan inspirere til ein mogleg karriereveg for unge menneske.

Frå 2021 blir enkelte av desse tiltaka finansierte over Kulturdepartementets budsjett.⁴ Fleire av desse musikkensembla er på eit høgt kunstnarisk nivå og er dermed attraktive samarbeidspart-

Boks 9.5 Talentutvikling i Trøndelag

Talantarbeidet i Trondheim (TKK) har gitt gode resultat og hatt eit godt omdømme gjennom mange år. Lørdagsskolen, Trondheim kommunale kulturskoles talenttilbod innan klassisk musikk, har vore berebjelken i dette arbeidet sidan 1986.

I dag har TKK utvikla talentprogram innan alle fagområda og oppretta fordjupingstilbod. Sist ute var etableringa av Lørdagsskolen for visuell kunst i 2019, som da han blei oppretta, var den første av sitt slag i Noreg. Nytt frå 2019 er at Talent Trondheim er oppretta. Talent Trondheim får støtte frå Talent Norge og er eit samarbeid mellom NTNU, Trondheim Symfoni-

orkester TrondheimSolistene, TKK og Trondheim kammermusikkfestival. Talent Trondheims mål er å foreine krefter og koordinere talantarbeidet i regionen.

Miljøet samarbeider òg med Senter for talentutvikling Barratt Due. Samarbeidet har generert verkstader og mentormøte for instrumental- og songelevar. Talentprogramma samarbeider òg med musikk-, dans- og dramalinjene ved dei vidaregåande skolane i regionen, med kunstakademiet og med andre aktuelle kompetansesenter, blant anna Trøndelag teater og senter for dansekunst i Trøndelag, DansiT med fleire.

Boks 9.6 Eit mangfaldig talentarbeid

TekstLab er ein organisasjon i Oslo, som har som intensjon å vere ein arena som skal bidra til auka mangfald i norsk kunst. Samtidig skal dei vere eit kunstprosjekt som utforskar interkulturelle sceneuttrykk som ikkje blir dominerte av etablert kunstforståing og definisjonsmakt.

Organisasjonen produserer framsyningar med profesjonelle scenekunstnarar, ofte med høg grad av samskaping med barn og ungdom. Dei driv eit talentutviklingsprogram med prosjektstøtte frå Talent Norge (Inkubator). Her blir ungdom – uavhengig av sosial, økonomisk, språkleg og kulturell bakgrunn – tilbydde moglegheita til å prøve ut ideane sine saman med profesjonelle kunstnarar gjennom dans, låtar, tekst og bilete. Fleire av prosjekta er tverrkunstnariske.

TekstLab gjennomfører også eit Outreach-program gjennom skolar, aktivitetsskole, fritidsklubbar og bibliotek, dei gjennomfører ein årleg festival (Scratch) og ei lang rekkje årlege formidlingsarrangement.

DUS – Den Unge Scena er eit prosjekt som jobbar for å heve nivået på ungdomsteater i Noreg. DUS bestiller og utviklar sceniske tekstar og konsept for ungdom som ungdom i alderen 13–19 år framfører. Profesjonelle teater og teatergrupper blir henta inn som samarbeids-

partnarar, og dei fungerer som koordinatorar og vertar for ungdomsgruppene i regionen. I tillegg rettleier dei og gir råd i innstuderingsfasen. Profesjonelle forfattarar, ungdom, ungdomsgrupper, teaterkunstnarar og teaterinstitusjonar knyter band gjennom dette samarbeidet, og nye forbindelsar oppstår.

Ung Samisk Scene er eit prosjekt for unge som vil ta i bruk samisk språk og formspråk for å skape kunstnariske uttrykk, og gi deltakarane moglegheita til å bli kjende med mangfaldet i Sápmi, med ulike språk, kunst- og kulturuttrykk. Prosjektet bidreg også til talentutvikling gjennom å fange opp dei som ønskjer å vidareutvikle seg innanfor ein kunstnarisk praksis.

Prosjektet engasjerer samiske kunstnarar eller kunstnarar som har kunnskap og erfaring frå å jobbe med samiske kunst- og kulturuttrykk. Målet er å auke kvaliteten og samhandlinga mellom aktørane som arbeider med kulturaktivitetar, språkopplæring, scenekunst, dans, film, litteratur, biletkunst, duodji, joik og musikk.

Arenaen er ledd i å tilfredsstille eit kritisk behov for å rekruttere fleire til det samiske scenekunstheltet og kan bidra til ei vesentleg styrking av den kulturelle infrastrukturen på det samiske området.

narar for komponistar, dirigentar og profesjonelle musikanarar. Barn og unge får dermed tett kontakt med profesjonelle aktørar, som er med på å byggje bruer til ein vidare karriere.

9.3 Talent Norge

Kulturdepartementet, Sparebankstiftelsen DNB og Stiftelsen Cultiva stifta Talent Norge i januar 2015. Talent Norge arbeider for å utvikle dei fremste kunstnariske talenta i Noreg i eit samarbeid mellom staten og private aktørar og skal gjennom arbeidet sitt bidra til eit kulturliv på høgt internasjonalt nivå og fleire kunstnarar i verdsklasse.

Talent Norge bidreg til å skape gode forbindelsar mellom dei aller flinkaste unge utøvarane og kultur- og utdanningsinstitusjonane i landet for å opne vegen inn i det profesjonelle kunstlivet. Felles for alle prosjekta som Talent Norge støttar, er at dei må ha med minst ein privat partnar som vil bidra finansielt til prosjektet. Sidan starten i 2015 har Talent Norge vedteke tildelingar på 112,1 mill. kroner og utløyst 160,7 mill. frå private bidragsytarar.

Tidleg i arbeidet sitt såg Talent Norge at det var eit behov for eit systematisk talentutviklingsløp for dei yngre utøvarane òg. Prosjektet Talent Norge Junior har sidan 2017 jobba med å byggje bruer frå aldersgruppa 13 år og oppover. Bakgrunnen for dette ligg i eit behov for å motivere og styrkje dei lokale miljøa gjennom å gi dei tilgang til pedagogar og mentorar. Ambisjonen med Talent Norge juniorsatsinga er å bidra til ei

⁴ Norsk Ungdomssymfoniorkester, Norges Ungdomsskor, Trondheim International Music Competition, Ungdomssymfonikerne, Valdres sommersymfoni.

bевисstgjeriing rundt talentutvikling på tvers av alder, sjanger og uttrykk.

Talent Norge ønskjer òg gjennom satsinga å undersøkje korleis dei unge utøvarane kan få med seg gode verktøy på veg mot ein mogleg karriere. Målet er å gjere vegen mot profesjonelt virke tydelegare for både talenta og dei som ønskjer å hjelpe dei.

9.4 Talentarbeidet i kunstinstitusjonane

Fleire av dei regionale og nasjonale kunstinstitusjonane arbeider med talentutvikling eller har utvikla eigne talentsatsingar, anten aleine eller i samarbeid med for eksempel Talent Norge. Målsetjingane med talentsatsingane varierer. For eksempel har Nasjonalballetten Ung som mål å «samle noen av de beste unge danserne i Norge og i verden under Operaens tak, hvor de får hjelp til å utvikle sitt kunstneriske talent og bygge grunnlaget for en profesjonell karriere»⁵.

Det Norske Teatret er ein av tre eigarar av *Den Mangfaldige Scenen*. Kvart år tilbyr Det Norske Teatret gjennom Den Mangfaldige Scenen teater-skole til rundt 150 unge frå alle kulturelle og sosiale miljø i Oslo. Scenen er oppteken av at dei unge medverkar i alle delane av dei kreative prosesane, og tek utgangspunkt i den store og varierte kulturelle rikdommen som unge har med seg.

Operaen i Kristiansund har sidan 1979 drive Operaens Ballettsenter. Senteret har 350 eigne elevlar, men har òg ansvaret for ballett- og danseundervisninga til 14 kommunale kulturskolar i regionen.

Institusjonane samarbeider dessutan i ulik grad med andre aktørar i regionen sin. I Kristiansund har det vore eit tett samarbeid mellom Operaen i Kristiansund og dei kommunale kulturskolane i regionen, sjå boks 7.9.

UngKunst er eit pilotprosjekt for utvikling av talenttilbod i kulturskolane, vidaregåande skole og høgskole innanfor visuelle kunstfag. Foreløpig deltek ni kommunar i Viken i prosjektet, som er eit samarbeid med fylkeskommunen og blant anna Munchmuseet, Henie Onstad Kunstsenter, Galleri F 15, OsloMet med fleire. Også Nasjonal-museet vil delta i prosjektet når nybygget på Vestbanen blir teke i bruk.

Boks 9.7 Senter for talentutvikling Barratt Due

Barratt Due musikk institutt blei stifta i 1927 og driv opplæring og utdanning av klassiske musikkutøvarar. Instituttet gir tilbod til barn, unge og vaksne studentar under eitt og same tak, under mottoet *Fra musikkbarnehage til konsertpodium*. Instituttet tilbyr program som spenner frå musikkbarnehage til utøvande bachelor- og masterutdanningar innanfor klassisk musikk. Formålet deira er å utdanne konkurransedyktige musikarar i ein internasjonal marknad.

Senter for talentutvikling Barratt Due blei etablert i 2013 for å bidra med å byggje og styrkje miljøa rundt barn og unge med spesielle føresetnader og motivasjon for å arbeide med musikk (talent) og inngår i Talent Norge juniorsatsinga.

Senteret er ein pådrivar for å gi talent innan klassisk musikk vekstvilkår på internasjonalt nivå der talenta bur. Senteret støttar regionale talentmiljø i Stavanger, Kristiansand, Bergen, Trondheim og Tromsø. Dei samarbeider med både kulturskolen, vidaregåande skolar og institusjonane i regionane for å skape eit best mogleg talentutviklingsløp.

9.5 Talentarbeidet i film- og dataspelfeltet

Dei regionale filmsentera har som formål å utvikle regional filmkultur ved å byggje opp talent og utvikle og profesjonalisere filmbransjen gjennom tilskott til utvikling, produksjon og formidling av levande bilete. Dei skal òg arbeide for å auke filmkompetansen blant barn og unge i regionen.

Arbeidet filmsentera gjer for barn og unge, er i stor grad knytt til ei regional talentutvikling. Filmsentera gir for eksempel tilskott til ei rekkje breidtiltak retta mot ungdom på ungdomsskole og vidaregåande skole. I 2018 brukte filmsentera til saman 5,6 mill. kroner av midlane sine på over 100 ulike tiltak retta mot barn og unge. Til saman nådde tiltaka over 10 000 deltakarar, hovudsakleg i aldersgruppa 13 til 19 år.

Filmsentera samarbeider med andre lokale filmsatsingar for barn og unge i regionen sin, som filmverkstader, kulturskolen, festivalar og tiltak i

⁵ Den norske opera & ballett u.å.

Den kulturelle skolesekken. Filmveksthuset Tvi-bit i Tromsø, Mediefabrikken i Akershus og E6 Østfold er nokon av dei ressurscentera for barn og ungdom som har eit etablert samarbeid med det regionale filmsenteret sitt.

Norsk filminstitutt arbeider med ein talentstrategi, som blant anna vil opne meir for tilskott til talent utan profesjonelle resultat å vise til. Regjeringa har i statsbudsjettet for 2021 auka tilskottet til Norsk filminstitutt med 15 mill. kroner for stimulere til breiare rekruttering til norsk film.

Norsk filminstitutt skal gjennom tilskott bidra til rekruttering frå heile befolkninga og sikre ein breiare inngang for å kunne skape film og spel. Ein viktig del av dette er å skape ein overbygning mellom det regionale og nasjonale, sikre medverknad gjennom eksisterande arenaer og at Norsk filminstitutt tek ei aktiv rolle mot regionale aktørar for saman å styrkje vegen frå regionalt til nasjonalt talent. Som ein del av talentstrategien, skal Norsk filminstitutt gjennom innsikt spisse film- og spelsatsinga på barn og unge, blant anna for å skape eit større mangfald å rekruttere talent frå.

9.6 Vurdering

Å sikre at kunsten og kulturen har ein plass i barnehage- og skolekvardagen, er avgjerande for at alle barn og unge skal kunne lære om desse uttrykka og få eit grunnlag for vidare fordjupning viss dei ønskjer det. Skolen når alle barn og unge uavhengig av sosial, kulturell eller geografisk bakgrunn. Praktiske og estetiske fag speler ei sentral rolle for elevanes læring og utvikling innan kunst og kultur. Praktiske og estetiske læringsprosessar kan brukast i alle fag i skolen.

Rammeplanen for barnehagen fastslår at barnehagen skal bidra til at barna får oppleve kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen er ein naturleg samarbeidspart for kulturskolen, og mange kulturskolar har i dag eit samarbeid med dei lokale barnehagane.

Det er per i dag ingen statlege støtteordningar for kunst og kultur i barnehagen slik som i skolan gjennom Den kulturelle skolesekken. Lokalt og regionalt er det likevel moglegheiter for å leggje til rette for samarbeid som gjer at DKS-ordninga kan omfatte barnehagebarna òg. Det gjeld særleg dei eldste barnehagebarna, som kan inkludera i nokon av dei same tilboda som blir gitte til dei minste barna i grunnskolen. Å tydeleggjere moglegheitene for samarbeid mellom DKS og barnehagane kan gjer det meir føreseieleg for kunst-

narar og kulturaktørar som ønskjer å utvikle produksjonar som rettar seg mot målgruppa null til seks år. DKS-tilbod til barnehagen kan òg gi barnehagetilsette nye impulsar og inspirasjon til å jobbe meir aktivt med kunst og kultur i barnehagen.

Kulturtankens arbeid med å leggje til rette for samarbeid og samhandling mellom ulike aktørar som arbeider med kunst og kultur for barnehagebarn, blir foreslått vidareført. Dette vil kunne inkludere samarbeid med KS, Norsk kulturskoleråd, Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen ved Nord universitet og andre aktørar.

Utdanningsprogram for musikk, dans og drama i vidaregåande opplæring er ein del av det ordinære opplæringstilbodet og blir tilbydd i alle fylkeskommunane. Utdanningsprogrammet gir unge sjansen til å utvikle talentet sitt innan sjangeren sin. Regjeringa vil leggje fram ei melding til Stortinget om vidaregåande opplæring våren 2021.

Regjeringa har som mål å styrkje rolla kulturskolen har som regional talentaktør. Kulturskolen er med fordjupingstilbodet sitt ein sentral aktør for å bidra til utvikling av talent og dei som skal vere kunstnarane våre i framtida. Regjeringa ønskjer at Kulturskolerådet legg til rette for at kommunane kan avgjere om enkelte kulturskolar kan ta eit særskilt ansvar for å tilby fordjupingstilbod i fylket, sjå meir om dette i kapittel 8.4.

Barn og unge må få anledning til å fordjupe seg uavhengig av bustad, økonomi eller andre forhold. Innspel til meldinga vitnar om ei utfordring med fråfall og motivasjon i overgangen mellom breidda i barneåra og ei spissing i ungdomsåra. Å skape tettare kontakt mellom breidde og spiss og byggje bru mellom desse nivåa er ei prioritering i talentutviklingsarbeidet. Møtet mellom unge talent og profesjonelle utøvarar frå tidleg alder vil kunne gi barn og unge anledning, inspirasjon og motivasjon til å utvikle seg vidare.

Regjeringa har som mål å bidra til eit auka mangfald av utøvarar i kunst- og kulturlivet og å løfte fram nye stemmer. Å gi barn og unge anledning til å bli kjende med og utøve eit variert spekter av kunst- og kulturuttrykk gjennom opplæring og fordjuping i kunst og kultur er eit ledd i dette arbeidet. Dagens barn og unge er dei framtidige kulturutøvarane våre. For å sikre breidde i rekrutteringa til det kunstnariske virket er det heilt nødvendig med gode arenaer for kulturdeltaking.

Verkemidla på feltet er allereie godt innretta, men det er behov for ei større koordinering for å gi tilbodet ut til eit større mangfald av barn og unge. Dei ulike forvaltningsnivåa og dei private

må i større grad samkøyre seg og koordinere seg for å skape eit best mogleg opplæringstilbod. Betre informasjon om tilboda er ein viktig del av dette arbeidet.

Talent Norge har gjennom arbeidet sitt vore med på å styrkje talentsatsingane innanfor alle sjangrar over heile landet, og fleire av talenta er i dag å sjå på dei større institusjonane som profesjonelle utøvarar.

Regjeringa meiner det er behov for å satse meir heilskapleg på talentutvikling frå tidleg alder for å få eit større mangfald i kunst- og kulturlivet og å rekruttere nye stemmer inn. Regjeringa har i budsjettet for 2021 løyvd 4 mill. kroner til Talent Norges juniorsatsing for å byggje bru mellom dei unge talenta og dei profesjonelle utøvarane. Målet med løyvinga er å skape eit meir heilskapleg talentutviklingsarbeid slik at alle barn og unge over heile landet skal kunne fordjupe seg i eit kunst- og kulturuttrykk.

Dei regionale og nasjonale kunstinstitusjonane og arbeidet dei gjer for å utvikle talent, betyr svært mykje for å skape møteplassar mellom unge talent og profesjonelle utøvarar. Regjeringa vil sikre at finansieringa av kunstinstitusjonane held fram, for å støtte opp om dette arbeidet.

Arbeidet Norsk filminstitutt og dei regionale filmsentera gjer med talentutvikling, bidreg til å rekruttere nye stemmer inn i filmbransjen og til å byggje eit større mangfald å rekruttere frå. Regjeringa bidreg med ei auka satsing på å utvikle talent i filmfeltet gjennom 15 mill. kroner til Norsk filminstitutt for å stimulere til breiare rekruttering til norsk film.

Fleire av innspela til meldinga uttrykkjer eit behov for støtteordningar til samarbeidet mellom profesjonelle kunstnarar og barn og unge. Det kan skje gjennom enkeltståande prosjekt, men òg gjennom organiserte aktivitetar der barn og unge

møter profesjonelle kunstnarar. Opplæringsaktivitetar for barn og unge fell ofte utanfor dei ordinære støtteordningane. Det er eit mål å sikre gode ordningar slik at barn og unge over heile landet får sjansen til å delta i opplæringsaktivitetar med profesjonelle kunstnarar.

Frå 2021 blir fleire talentprosjekt finansierte over Kulturdepartementets budsjett. Regjeringa har som mål å leggje til rette for større likebehandling av tilskottsmottakarane ved å kunne sjå liknande tiltak i samanheng på tvers av fagfelt. Regjeringa vil utrede moglegheiten for ei tilskottsordning for barne- og ungdomstiltak og -ensemble på høgt kunstnarisk nivå. Denne skal sikre at fleire sentrale aktørar kan søkje om offentleg tilskott. Midlane i ordninga skal fordelast til aktørar som jobbar aktivt med fordjuping og talentutvikling gjennom å leggje til rette for møte mellom unge og profesjonelle rollemodellar. Ordninga skal bidra til å støtte eit mangfald av tiltak slik at barn og unge skal ha anledning til å fordjupe seg i uttrykket sitt. Ordninga skal omfatte alle kunst- og kulturuttrykk.

Regjeringa vil

- satse på talentprosjekt (som Talent Norges juniorsatsing, Norsk filminstitutt sitt talentarbeid og talentarbeidet til kunstinstitusjonane) for å rekruttere nye stemmer til norsk kunst- og kulturliv
- utrede moglegheiten for ei tilskottsordning for barne- og ungdomstiltak og -ensemble på eit høgt kunstnarisk nivå
- leggje til rette for samarbeid og samhandling mellom ulike aktørar som arbeider med kunst og kultur for barnehagebarn

Del III
Kunst og kultur for og med barn og unge



Figur 10.1

10 Innleiing

Kunst- og kulturopplevingar utfordrar, opplyser og engasjerer og er ein sentral del av dannelsesprosessen til barn og unge. Gjennom kreative og estetiske opplevingar og læringsprosessar får dei utfalde seg, skape og sjå ting i eit anna perspektiv. Det er heilt grunnleggjande for eit demokrati at barn og unge får ta del i fri kunst og kultur. Ein fri kunst og kultur gir dei tilgang til tankar, idear og ytringar. Det gir dei moglegheita til å ytre seg, forstå, undre seg og stille spørsmål. Kultursektoren og utdanningssektoren bidreg med kvar sine perspektiv som utfyller kvarandre og kan styrkje arbeidet med kunst og kultur for barn og unge.

Denne delen går nærmare inn på kultur som blir skapt *for* og *med* barn og unge. Eitt av måla i barne- og ungdomskulturpolitikken er å sikre at kunst og kultur som er skapt for og formidla til barn og unge, er av høg kvalitet. Kunst og kultur må vere tilgjengelege for alle barn og unge. Alle aktørar må bidra til at barn og unge *medverkar* og *påverkar*, både i produksjonen og formidlinga. På den måten kan kunsten og kulturen vere relevante og representative.

10.1 Innspela frå barn og unge

I BUSK-rapporten blei barn og unge bedne om å gi innspel om statusen, kvaliteten og relevansen i kunst- og kulturformidlinga til barn og unge. Rapporten fortel at barn og unge vurderer kvaliteten på kunst og kultur i lys av kva han gjer med samfunnet og den enkelte, og dei sosiale relasjonane som inngår i kunst- og kulturopplevinga. Om barn og unge opplever at dei har eit relevant kunst- og kulturtilbod, varierer etter kor gamle dei er, kva interesser dei har, og kvar dei bur. Det er altså ikkje berre den kunstnariske produksjonen BUSK-rapporten tek opp, men også i kva kontekst han opptre i, og kva bakgrunn barna og dei unge har. Å skape og formidle produksjonar til barn og unge krev derfor noko meir av kunstnaren enn berre den kunstnariske ideen. Å samtale med barn og unge, gå nærmare inn i temaa som engasjerer dei, måten dei snakkar på, og arenaer dei

liker å vere på, vil derfor ha ein sentral plass i utviklinga av nye produksjonar.

Gjennom kultur får du vere sammen med andre som liker det samme som du liker. Du blir en del av et fellesskap.

Jente, 16 år

Kunst og kultur er viktig for meg fordi det hjelper meg å bytte følelser. Er jeg trist for eksempel, kan jeg bytte om til en fin sang jeg liker.

Gut, 13 år

Kunst og kultur er viktig for oss fordi det påvirker oppveksten vår, samtidig som vi påvirker den.

Ungdom

Barn og unge har i innspela sine til denne meldinga reflektert over at kultur er noko som formar dei, og at dei sjølve heile tida er med på å skape og forme kulturen. Kunst og kultur er ein viktig del av oppveksten og å vere ung. Barn og unge – frå dei går i barneskolen, og til dei er på vidaregåande – uttrykkjer eit stort ønske om å få oppleve og utøve kunst og kultur.

Samtidig kjem ungdom med ei oppfordring til vaksne om bli inkluderte og få moglegheita til å

Boks 10.1 Innspel frå barn og unge

Viss barn og unge fekk bestemme, vil dei

- at offentlege kulturinstitusjonar skal lage og ha fleire tilbod tilpassa ulike aldersgrupper
- ha meir samarbeid mellom barn og unge og profesjonelle kunst- og kulturaktørar
- ha meir og betre kunst- og kulturtilbod i barnehagane
- få fleire besøk av Den kulturelle skolesekken i skoletida
- at barn og unge skal få medverke meir i utforminga av kulturtilboda

delta på arenaene til dei vaksne. Dei ønskjer fleire møtepunkt med det profesjonelle kunst- og kulturlivet. Mange opplever at kunst- og kulturinstitusjonane gløymer dei, og etterlyser arenaer der dei blir tekne på alvor og inviterte inn som dei samfunnsbevisste og kulturinteresserte individene er. I BUSK-rapporten rettar barn og unge ei tydelig oppfordring til politikarane og kunst- og kulturfeltet om å leggje til rette slik at dei kan medverke meir systematisk når barne- og ungdomskulturen blir utforma.

10.2 Overordna mål og verkemiddel

Det er eit kulturpolitisk mål at staten skal bidra til eit fritt og uavhengig kulturliv slik at fleire får tilgang til eit mangfald av kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet. Dei statlege verkemidla skal sørge for at det blir laga og formidla kunst som barn og unge kjenner seg igjen i. Barn og unge har over mange år vore ei prioritert målgruppe i dei offentlege støtteordningane og dei offentleg støtta kunstinstitusjonane og verksemdene. Regjeringa har som mål at dette arbeidet skal vidareutviklast.

Staten løyver midlar til at det blir produsert og formidla kunst til barn og unge, det gjer vi gjennom ei rekkje verkemiddel og tiltak. Fleire tiltak er det fylkeskommunane og kommunane som har ansvaret for. Den kulturelle skolesekken (DKS) er eit slikt eksempel. DKS bidreg til å sikre at barn og unge over heile landet får kunst- og kulturopplevingar i skolen, sjå omtale i kapittel 12. I tillegg jobbar departement, etatar og underliggjande verksemdar med ulike tiltak for å stimulere til kunstnarisk arbeid retta mot barn og unge.

Norsk kulturråd, Norsk filminstitutt og Kultur tanken – Den kulturelle skolesekken Noreg bidreg gjennom å forvalte fondsmidlar og spelemidlar, og dei bidreg gjennom arbeidet sitt som fagetat, til at barn og unge er ei prioritert målgruppe i produksjonen og formidlinga av kunst. Kunst i offentlege rom (KORO), Riksteatret, Nasjonalbiblioteket, Språkrådet og Norsk lyd- og blindeskriftsbibliotek (NLB) er andre statlege verksemdar som på ulike måtar bidreg til at det blir produsert og formidla kunst og kultur til den unge målgruppa. Det same gjer NRK, som har i samfunnsoppdraget sitt å formidle innhald på norsk til barn og unge og å vise jamlege program for barn og unge på dei samiske språka.

Staten gir òg direkte tilskott til institusjonar, kompani, organisasjonar og andre aktørar som jobbar med å utvikle kunst- og kulturproduksjonar for barn og unge, og til dei som er med på å leggje til rette for gode arenaer å formidle desse på. Enkelte av dei som får slike direkte tilskott, har barn og unge som primærmålgruppa si. Men dei fleste har barn og unge som éi av målgruppene sine. Fleire av mottakarane har både statleg, regional og lokal finansiering, og den statlege finansieringa er med å sikre gode rammevilkår for at det blir produsert og formidla kunst til barn og unge over heile landet.

Sametingets tilskottsordningar bidreg òg til å stimulere til at det blir produsert og formidla kunst til barn og unge. Saman gir alle desse verkemidla eit stort moglegheitsrom for at det blir utvikla meir kunst og kultur som kan formidlast til den unge målgruppa.



Figur 11.1

11 Relevant, tilgjengeleg og mangfaldig kunst og kultur for barn og unge

Alle barn og unge skal få oppleve kunst og kultur som dei kan kjenne seg igjen i, og som viser mangfaldet i samfunnet vi lever i. Å få til meir dialog mellom barn og unge og det profesjonelle kunst- og kulturfeltet kan bidra til å skape eit relevant, tilgjengeleg og mangfaldig kunst- og kulturtilbod. Den statlege finansieringa av kunst og kultur skal oppfordre og bidra til å inkludere stemmene til barn og unge.

11.1 Språket som kulturberar

11.1.1 Status

Alle språk ber på og formidlar både identitet, kultur og kulturarv. Det er eit nasjonalt kulturpolitisk mål å styrkje norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar. Kunst-, kultur- og mediepolitikk er i høg grad tufta på språk og skriftkultur og bidreg til å halde i hevd og utvikle språka som Noreg har ansvaret for å ta vare på. Kunst- og kulturuttrykk er på sin side avhengige av sterke og vitale språk.

Eit norskspråkleg og samiskspråkleg kultur- og medietilbod legg til rette for at befolkninga kan delta breitt, ikkje minst gjeld det barn og unge. Å kunne oppleve kunst, kultur og medietilbod med utgangspunkt i si eiga verkelegheit og på sitt eige språk bidreg både til å skape relevans, identitet, sjølvforståing og refleksjon.

I § 1 i framlegg til språklova gis det offentlege eit ansvar for å bruke, utvikle og styrkje norsk språk, jamfør *Prop. 108 L (2019–2020) Lov om språk*. Av dette vil det følgje eit ansvar for å leggje til rette for eit rikt og tilgjengeleg norskspråkleg kultur- og medietilbod. Det er foreslått eit særleg ansvar for å ta mindretalsomsyn, noko som betyr at det skal utviklast tiltak særleg for nynorsken. Samelova regulerer ansvaret for samiske språk, men framlegget til språklov gir i tillegg kvar av sektorane eit ansvar for å sikre bruken av samiske språk og fremje kvensk språk, romani, romanes og norsk teiknspråk. Barn og unge er viktige for å

sikre bruken av mindretalsspråka: At dei blir brukte og overlever avheng av nye generasjonar.

For at norsk og samiske språk skal stå sterkt i åra som kjem, må vi kunne bruke språka på alle område i samfunnet. Derfor er språkpolitikken eit sektorovergripende politikkområde. Alle departementa har eit ansvar for å vurdere omsynet til språk i eiga forvaltning og politikkutvikling der det er relevant.

Det er Kulturdepartementet som har eit overordna ansvar for å koordinere arbeidet med språk. Barn og unge skal ha moglegheita til å lære, møte, bruke og utvikle språket sitt i alle samanhengar. Gode språklege ferdigheiter er avgjerande for at barn kan leike og lære, for å lese og skrive og for å nå måla sine og utvikle potensialet sitt no og seinare i livet.

For barn og unge er heimen, barnehage og skole, ulike medium og kultur- og fritidsaktivitetar viktige språkarenaer. Barnehagen og skolen er avgjerande for at barn og unge skal kunne utvikle språket sitt. Rammepplanen for barnehagen seier at alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og at alle barn skal få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling. *Overordna del – verdier og prinsipp for grunnopplæringa* seier at opplæringa skal sikre at elevane blir trygge språkbrukarar, at dei utviklar den språklege identiteten sin, og at dei kan bruke språk for å tenkje, skape mening, kommunisere og knyte band til andre. Språket gir oss tilhøyrse og kulturell bevisstheit. I tillegg gir kunnskap om det språklege mangfaldet i samfunnet alle elevar verdifull innsikt i ulike uttrykksformer, idear og tradisjonar. Elevane i skolen har til saman over 100 forskjellige morsmål. Alle elevar skal få erfare at det å kunne fleire språk er ein ressurs i skolen og i samfunnet.

11.1.2 Verkemiddel for språkarbeidet og språkopplæringa

Å passe på at alle rettar seg etter språklova, er det viktigaste systematiske språkpolitiske verkemid-

delet i åra som kjem. Språklova gir ikkje konkrete rettar til språkbrukarane, men ho pålegg det offentlege eit ansvar for å sikre desse språka. At alle sektorane følgjer opp språklova godt, vil kunne sikre omsynet til språk i politikktutviklinga og forvaltninga der det er nødvendig. Språkrådet vil få eit lovfesta ansvar for rådgiving, rettleiing og tilsyn med etterlevinga av lova.

Opplæringslova regulerer ei rekkje spørsmål som direkte har noko å seie for tilgangen barn og unge har til opplæring i eige språk. Det gjeld blant anna valet av skriftspråk (målform) i skolen og retten til læremiddel på eige skriftspråk, retten til opplæring i og på teiknspråk, retten til opplæring i og på samisk, retten til opplæring i kvensk og finsk og retten til opplæring i morsmål for elevlar med eit anna morsmål enn norsk og samisk. Opplæringslova er under revisjon, og forslag til ny opplæringslov skal bli sendt på høyring sommaren 2021. Spørsmål om dei språklege rettane elevane har, er eitt av temaa som blir behandla i revisjonen.

Språkrådet er fagorganet staten har i språkpolitikken. Språkrådet skal arbeide strategisk for at språkpolitikken blir sett ut i livet. Gjennom å rettleie, gi råd og samarbeide bidreg Språkrådet til at ulike sektorar kan følgje opp sektoransvaret sitt for språk på ein god måte. Språkrådet arbeider for at det skal vere mogleg for barn og unge som høyrer til ulike språklege mindretal, å lære og møte språket sitt.

Kulturdepartementet gir tilskott til ei rekkje tiltak som har eit tydeleg språkpolitisk formål. Dette er tiltak som skal motverke marknadssvikt og utjamne konkurranseforhold mellom språk, og som skal sikre at det blir laga kunst, kultur og medieuttrykk på ulike mindretalsspråk. I tillegg skal tiltaka vere med på å jamne ut styrkeforholdet mellom for eksempel globale aktørar med engelskspråklege plattformer og nasjonale tiltak. Relevante å nemne er tilskott til Det Norske Samlaget, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (nettsidene framtida.no og framtidajunior.no), teater med nynorsk, teiknspråk og samisk som scenespråk og overføringar til Sametinget. Tilskott til ulike språkorganisasjonar som Noregs Mållag, Norges Døveforbund og Riksmålsforbundet legg til rette for frivillig engasjement, språkglede og språkpolitisk arbeid for å fremje interesser og rettane språkbrukarane har. I tillegg er det teke inn språkpolitisk grunngitte krav i for eksempel vedtektene til NRK, avtalen med TV 2 om tilbod av kommersiell allmennkringkasting og regelverket for tilskott til audiovisuelle produksjonar.

Språklovsproposisjonen inneheld også ein meldingsdel som bekreftar og legg grunnlaget for ei styrking av den språklege sida av kulturpolitikken og mediepolitikken. Når Kulturdepartementet går gjennom lovgivinga, støtteordningar og andre verkemiddel på ansvarsområda til departementet, skal det òg undersøkast om det finst hinder for å bruke, utvikle og produsere kulturuttrykk på bokmål og nynorsk og på samiske språk.

11.1.3 Vurdering

Ikkje alle barn og unge har den same moglegheita til å lære, bruke og utvikle språket sitt, og særleg gjeld dette barn og unge med ulike språklege minoritetsbakgrunnar.

Tilgangen på norskspråkleg litteratur av høg kvalitet for barn og unge er god, men det kjem ut langt mindre litteratur på nynorsk og samisk enn på bokmål. Av dei nesten 1 200 utgivingane for barn og unge i 2018, var berre 7 prosent på nynorsk og 1,4 prosent på samisk. Tilbodet er enda mindre i strøymetenestene og e-bøker enn på papir. Barn og unge som har nynorsk eller samisk som førstespråk, har med andre ord langt færre moglegheiter til å møte språket sitt i litteraturen og bli trygge språkbrukarar.

Den same utfordringa gjeld det nettbaserte medie- og underhaldningstilbodet. I Medietilsynets undersøking *Barn og medier 2020* opplyser 6 av 10 norske 9–18-åringar at engelsk er det mest brukte språket når dei ser på YouTube, spelar spel og ser på tv, film eller seriar. Norsk er berre mest brukt når dei les nyheiter.

Det er på ingen måte hensikta å hindre barn i å bli gode i engelsk eller andre framandspråk, men ein statsstøtta kulturpolitikk for barn må leggje til rette for kulturbruk på norsk til liks med at kulturpolitikken sikrar eit norskspråkleg innhald for den vaksne befolkninga. Å stimulere til brei produksjon og bruk av blant anna litteratur, musikk og levande bilete på norsk er med å auke sjansen for at folk vel dei norskspråklege tilboda i konkurransen med dei engelskspråklege. Regjeringa har stor tru på verdien som ligg i å oppleve kunst, kultur og medieuttrykk på eige språk.

Barn og unge bør ha anledning til å spele dataspel på norsk og med element av norsk kultur og historie. Norsk filminstitutt forvaltar tilskott til utvikling, lansering og formidling av dataspel. Nye forskrifter for ordningane gjeld frå 1. mars 2021. Forskriftene vektlegg at tilskottsmidlane som eit heile skal bidra til spel for barn og unge på norsk (bokmål og/eller nynorsk) og samisk. Dataspel som får lanseringstilskott, skal også gjerast til-

gjengelege med tekst på norsk (bokmål og/eller nynorsk) eller samisk i Noreg.

Scenekunsten har ei språkpolitisk rolle ved å vere ein arena der språka blir brukte og utviklar seg. Nokon teater har eit uttalt språkpolitisk formål: Dei skal bidra til å sikre eit scenekunsttilbod på ulike mindretalsspråk. Teater som Det Norske Teatret, Det Vestnorske Teateret og Teater Vestland har som mål å verne og fremje nynorsk i samfunnet. Teater Manu er det einaste profesjonelle teateret i Noreg som har teiknspråk som scenespråk. Dei samiske teatera sikrar at barn og unge får eit scenekunsttilbod på samisk.

For brukarane av mindretalsspråka har det stor verdi å møte sitt eige språk i kunsten og kulturen, men tilbodet bidreg òg til å synleggjere og skape kjennskap til mindretalsspråka i samfunnet elles.

Mange døve/høyrselshemja barn blir fødde inn i familiar med høyrande foreldre. Derfor blir barnehagar og skolar der dei bruker teiknspråk, ekstra viktige for at barna får lære og bruke teiknspråk. Denne språkgruppa må òg ha tilgang til eit kultur- og medietilbod på teiknspråk. Vi må gjere meir for å sikre denne gruppa tilgang til sitt eige språk. Regjeringa har i språkmeldinga varsla at ho vil setje ned eit utval som skal gå gjennom den samla situasjonen på teiknspråkfeltet og vurdere korleis vi kan sikre ein betre heilskapleg og sektorovergripande språkpolitikk for denne språkgruppa.

Regjeringa vil

- at institusjonar og organisasjonar som får tilskott frå staten til å produsere, gjere tilgjengeleg og formidle kunst- og kulturuttrykk, skal arbeide aktivt for å fremje alle dei offisielle språka, inkludert samisk

11.2 Kunst og kultur for barn og unge

Dei ulike kunstfelta har innretta seg på ulike vis når det gjeld kunst til barn og unge. Dette heng saman med at felta har ulike rammevilkår. Det heng òg saman med at det tradisjonelt har variert kor mykje dei ulike kunstfelta har retta seg mot barn og unge. Korleis politikarane har prioritert gjennom åra, har òg vore med på å føre til desse skeivskapane.

Når vi utviklar barne- og ungdomskulturpolitikken, må vi derfor ta utgangspunkt i korleis situasjonen faktisk er på det enkelte kunstfeltet. Og så må vi tilpasse verkemidla og insentiva til dei

særlege utfordringane og moglegheitene som pregar kvart av felta.

For kunstnarane som utviklar produksjonar retta mot barn og unge, har det svært mykje å seie at dei har gode rammevilkår, tid og rom for kunstnarisk utvikling og tid til å heve kompetansen og spesialisere seg. Den kunstnariske ideen må stå sentralt i produksjonar for unge målgrupper òg. I tillegg bør det finnast moglegheiter for å kople på annan fagkompetanse etter behov. Dette kan vere produsentkompetanse, barnefagleg kompetanse, pedagogisk kompetanse, formidlingskompetanse eller teknisk kompetanse.

Å inkludere barn og unge i prosessen med å utvikle produksjonar er sentralt, og den offentlege støtta må leggje til rette for dette. I tillegg må prosessen ta omsyn til at barn og unge ikkje er ei einsarta målgruppe. Såleis vil produksjonane som blir skapte og formidla for den unge målgruppa, ha eit mindre nedslagsfelt enn produksjonar retta mot vaksne. Det må takast høgd for dette i forvaltninga av dei offentlege verkemidla på området.

11.2.1 Norsk kulturråd

Norsk kulturråd er eit statleg forvaltningsorgan som ligg under Kulturdepartementet. Kulturrådet gir tilskott til kunst og kultur over heile landet. I tillegg er dei ein pådrivar for nye kunst- og kulturprosjekt, driv med utviklingsarbeid og er rådgivar for staten i kulturspørsmål. Kulturrådet forvaltar dessutan Norsk kulturfond, Fond for lyd og bilde og Statens kunstnarstipend.

At Kulturrådet i mange år har satsa på kunst for barn og unge, byggjer på ei tru på at kunstnariske og kulturelle produkt og aktivitetar spelar ei viktig rolle i livet til barn og ungdom.

Kulturrådet etablerte *Kunstløftet* i 2008. Hovudmåla for denne satsinga var tredelt. Ho skulle styrkje kvaliteten på kunstproduksjonen og formidlinga til barn og unge. Ho skulle bidra til at kunst for unge skulle vurderast på linje med annan kunstproduksjon og ho skulle gjere kunst for unge meir attraktiv for skapande og utøvande kunstnarar. Kunstløftet fungerte i perioden 2008–2015 og blei evaluert i 2011 og i 2015.¹

Kunstløftet blei avslutta i 2015, og same året vedtok Kulturrådet å avvikle Fagleg utval for barne- og ungdomskultur, leggje ned prosjektstøtteordninga for barne- og ungdomskultur og fordele heile avsetninga av pengar ut på dei andre fagområda i Kulturfondet. Det var evalueringa av

¹ Hylland, Kleppe & Stavrum 2011, Haugsevje, Heian & Hylland 2015

Kunstløftets andre periode som danna grunnlaget for denne avgjerda. Hovudgrunngevinga for omlegginga var trua på at å halde fram med å særbehandle prosjekt for barn og unge, ville verke mot målet om å heve statusen til og utvikle barne- og ungdomskulturfeltet. Frå 2016 fordelte derfor Kulturrådet dei øyremerkte midlane ut til dei ulike fagområda i fondet, og desse fekk eit utvida ansvar for å vidareutvikle bevisstheita rundt og kvaliteten på kunst- og kulturprosjekt som har ei ung målgruppe.

I den gjeldande strategien til Kulturrådet er barn og unge eitt av fire satsingsområde.² Det er nedfelt som ei hovudmålsetjing «at barn og unge blir sett og møtt av kunst som er relevant for dem og som utfordrer dem til selv å bli kreative og kritiske borgere», og det skal givast «særleg oppmerksomhet til kunst og kultur for barn og unge ved å stimulere til kunstnerisk produksjon, formidling og utvikling, og bidra til kritisk refleksjon og samtale på dette feltet».

11.2.2 Norsk kulturfond

Norsk kulturfond har tilskottsordningar fordelte på sju fagområde: musikk, litteratur, scenekunst, visuell kunst, kulturvern, tidsskrift og kritikk og allmenne kulturformål. I tillegg løyver fondet tilskott gjennom forsøksordningar og øyremerkte utlysingar på område der det er identifisert eit særleg behov.

Kulturrådets årsrapport viser at Kulturfondet fordelte 160 mill. kroner til barne- og ungdomsprosjekt i 2019, sjå tabell 11.1.³ Det blei fordelt

² Norsk kulturråd. (u.å.). Strategi for Norsk kulturråd fra 2019

³ Norsk kulturråd 2020b

mest midlar til litteratur og scenekunst, deretter følgde allmenne kulturformål og musikk. For kulturvern er beløpa mindre, men prosentandelen til barn og unge er på omtrent same nivået som for scenekunst. Dette er omvendt for musikk, der prosentandelen til barn og unge er liten. For visuell kunst er både beløpet og prosentandelen forholdsvis låge.

Rådet og fagutvala tek i bruk særskilde utlysingar, øyremerkte midlar og forsøksordningar tilpassa utfordringar på det enkelte fagområde. Dette er eit av de sentrale verkemidla i den strategiske satsinga på målgruppa barn og ungdom.

11.2.3 Fond for lyd og bilde

Fond for lyd og bilde er eit sjølvstendig fond i Kulturrådet som tildeler nasjonale midlar til kunstprosjekt. Dei skal fremje produksjonen og formidlinga av innspeling av lyd- og filmopptak.

Det er totalt elleve ulike tilskottsordningar i Fond for lyd og bilde der det kan søkjast støtte til for eksempel musikkinnspeling, sceneframvisning, kortfilm og dokumentar, biletkunst, tverrkunstnariske prosjekt og manus og tekst til musikk. I tillegg kjem tilskottsordningar for marknadsføring og gjenopptaking av sceneframvisningar. Fond for lyd og bilde har ikkje rapportar som viser alderen på målgruppe i tildelingane fondet gjer, men det er stor grunn til å tru at fondet bidreg til produksjonen og formidlinga til barn og unge. Det er òg grunn til å tru at midlane til produksjon direkte eller indirekte bidreg til prosjekt som så blir formidla gjennom Den kulturelle skolesekken.

Tabell 11.1 Beløp og prosentandel av ramma for fagavsetningane i 2019 som blei tildelte prosjekt for barn og unge

Fagområde	Tildelingar til barn og unge	Avsetning 2019	Pst. andel 2019	Pst. andel 2018
Litteratur	67 141 250	199 235 000	34 %	31 %
Scenekunst	37 709 750	164 233 000	23 %	20 %
Visuell kunst	2 793 000	127 739 000	2 %	1 %
Musikk	21 736 630	387 640 000	6 %	6 %
Kulturvern	7 274 000	35 089 000	21 %	10 %
Allmenne kulturformål	23 571 050	68 244 000	35 %	35 %
Totalt	160 225 680	982 180 000		

11.2.4 Statens kunstnarstipend

Statens stipend- og garantiinntektsordning blir styrt av forskrift om Statens stipend og garantiinntekter for kunstnere.⁴

Stipendordninga skal leggje til rette for at enkeltkunstnarar kan bidra til eit mangfaldig og nyskapande kunstliv.

Det er stipend i eit stort spenn, frå enkeltutbetalingar til langvarige stipend på inntil 10 år. Til saman er det i overkant av 1 100 kunstnarar som får utbetalingar frå Statens kunstnarstipend kvart år. Totalt er det 23 ulike kunstnargrupper, og det er stor variasjon i kunstretningane som er representerte.

Arbeid for og med barn og ungdom er ikkje skilt ut frå anna kunstnarisk verksemd, verken som statistisk kategori eller som vurderingskriterium. Eit unntak er kunstnargruppa for barne- og ungdomslitterære forfattarar. I og med at det er enkeltkunstnarar innanfor eit stort mangfald av kunstretningar som får stipend, er det likevel stor grunn til å gå ut frå at fleire av kunstnarane som får stipend, også produserer, framfører og formidlar kunst for barn og unge.

11.2.5 Høgare utdanning i kunst

Kunstnarane er avgjerande for at det blir utvikla kunst til barn og unge. Universiteta og høgskolane som tilbyr høgare utdanning i kunst, skal utdanne utøvande og skapande kunstnarar. Utdanningsinstitusjonane skal òg drive kunstnarisk utviklingsarbeid og forske på eit høgt internasjonalt nivå og formidle kunnskap om aktivitetane, verksemda og verdiane institusjonane har.

Å ha med barn og unge som ei målgruppe i kunstutdanningane vil gi studentane anledning til å sjå denne målgruppa som ein mogleg karriereveg. Det vil da bli utdanna fleire kunstnarar med kompetanse til å utvikle og formidle produksjonar for barn og unge. Medverknadsperspektivet vil òg kunne bli betre teke vare på ved at kunstnarane, allereie frå dei er nyutdanna, har med seg dette perspektivet.

Universiteta og høgskolane har akademisk fri-dom, og myndighetene kan ikkje instruere dei om innhaldet i utdanningane dei tilbyr. I universitets- og høgskolelova § 1-5, om fagleg fridom og ansvar, tredje leddet, står det blant anna at universitet og høgskolar ikkje kan givast pålegg eller instruksar om læreinnhaldet i undervisninga og

innhaldet i forskinga eller i det kunstnariske og faglege utviklingsarbeidet.⁵

Myndigheiter og andre aktørar kan likevel stimulere til ulike satsingar for å setje barn og unge på agendaen i dei forskjellige kunstutdanningane. Kulturtanken jobbar blant anna målretta opp mot universitets- og høgskolesektoren for å forankre Den kulturelle skolesekken i dei kunstnariske utdanningane.

Norsk barnebokinstitutt har fleire utdanningsprogram retta mot forfattarar som ønskjer å skrive for barn og unge. I 2020 fekk Norsk barnebokinstitutt akkreditert Nordens første masterstudium i barne- og ungdomslitterær skrivekunst og formidling. Målet med studiet er å utdanne nytenkjande forfattarar med litterær innsikt som har kompetanse i å skrive for ulike plattformer, og som kan reflektere over og dokumentere sin eigen skriveprosess og formidle litteratur til barn og unge.

11.2.6 Vurdering

Arbeidet Norsk kulturråd gjer som fagetat og som sekretariat for dei kollegiale organa, er svært sentralt for at vi skal halde ved lag utviklinga av kunstproduksjonar og formidlingsarenaer for barn og unge. Kulturfondet og Kulturrådet har sterk legitimitet og fagleg tillit i kunst- og kultursektoren og har eit etablert system for kvalitetsvurderingar gjennom kollegiale organ på armlengds avstand frå dei politiske avgjerdene. Dette er med på å styrkje den profesjonelle kunsten retta mot barn og unge.

Regjeringa vil sikre at Kulturrådet og Kulturfondet, Fond for lyd og bilde og Statens kunstnarstipend skal halde fram med å bidra til å stimulere til at det blir utvikla relevante produksjonar og eit mangfald av formidlingsarenaer for kunst til barn og unge.

Kultursektoren og kulturpolitikken kan ikkje sørge for kunst og kultur for barn og unge heilt aleine, men er avhengige av å ha forpliktande samarbeid med og ressursar i andre sektorar – og da særleg i utdanningssektoren. Regjeringa ønskjer at utdanningar i utøvande og skapande kunstfag skal vurdere å introdusere studentane for dei moglegheitene som ligg i å utvikle kunst retta mot målgruppa barn og unge.

Å sjå potensialet i å jobbe med denne målgruppa og vite kva Den kulturelle skolesekken er, kan vere med og skape attraktive arbeidsplassar, frie grupper og fleire kunstnarar som har barn og

⁴ Forskrift om statens kunstnerstipend m.m. 1998

⁵ Universitets- og høyskoleloven 2005: § 1-5 (3) a

unge som hovudmålgruppa si. Dette kan så vere med på å løfte kvaliteten i produksjonane for denne unge målgruppa. Det kan dessutan bidra til å gjere utdanningane meir relevante for arbeidslivet. Regjeringa forventar at utdanningar i utøvande og skapande kunstfag skal følgje opp ambisjonane i arbeidsrelevansmeldinga om å utvikle betre samspel mellom høgare utdanning og arbeidslivet.

Kulturtanken har gjennom at dei forvaltar Den kulturelle skolesekken, eit nært samarbeid med andre sektorar, blant anna universitets- og høgskolesektoren. Å vere i dialog med universitets- og høgskolesektoren for å sikre at barn og unge som publikumsgruppe er ein del av utdanningsløpet i for eksempel kunstutdanningane, er ei av Kulturtankens oppgåver framover. Regjeringa legg til grunn at andre relevante aktørar søker samarbeid med universitet og høgskolar som gir kunstutdanning, slik at studentane blir klare over dette som mogleg leveveg, og for å utvikle prosjekt berekna på barn og unge.

Regjeringa vil

- sikre at det blir utvikla gode og relevante produksjonar og formidlingsarenaer for barn og unge, og at medverknaden til barn og unge blir prioritert
- Kulturrådet, Kulturtanken og Norsk filminstitutt skal samarbeide tettare om innsatsen for målgruppa barn og unge
- føre vidare Kulturtankens arbeid med å forankre Den kulturelle skolesekken i kunstutdanningane

11.3 Kunst og kultur med barn og unge

11.3.1 Kunst og kultur i ei digital verd

Globalisering, digitalisering og teknologiutviklinga har dei siste tiåra hatt stor verknad på kunstfeltet og kulturtilbodet. Ny teknologi har gjort det mogleg å produsere, distribuere, formidle og ta vare på kunst og kultur på stadig nye måtar, noko som har gjort kunst og kultur meir tilgjengeleg for fleire.

Denne utviklinga formar like mykje korleis barn og unge deltek og opplever kunst og kultur. Dei opplever kunst og kultur på mange arenaer og ofte på andre arenaer enn dei eldre generasjonane. Ein trendanalyse frå inFuture viser at det blant ungdom er lågare oppslutning om dei tradisjonelle kulturtilboda som det offentlege finansiører.⁶ Ei av årsakene til dette er at barn og unge i stor grad bruker digitale tenester og plattformer

med store, internasjonale eigarar, mens det offentleg finansierte kulturtilbodet i hovudsak er analogt og gjerne går føre seg på fysiske arenaer, som bibliotek, kulturhus, kinoar, teater.

Ei av utfordringane ved dei store internasjonale plattformene, for eksempel musikkstrøymetenesta Spotify, er at desse i stor grad styrer kva barn og unge blir eksponerte for og har tilgang på. Dette kan for eksempel skje gjennom ferdig produserte eller automatisk genererte spelister, framfor at utvalet er basert på redaksjonelle vurderingar og anbefalingar. Digitaliseringa har viska ut landegrenser og gitt enklare tilgang til eit større, meir mangfaldig kulturtilbod, men mykje tyder på at både norskandelen og bruksmangfaldet er minska.

Kultur- og medieaktørane møter i aukande grad det unge publikummet på virtuelle flater. Koronapandemien har også akselerert teknologiutviklinga og bruken av digitale tenester i formidlinga av kunst og kultur. Med berre eit tastetrykk kan vi oppleve konsertar, teater- og danseframsettingar frå heile verda heime i stova.

Medietilsynet har i rapporten *Mediemangfoldets regnskapet 2020* undersøkt korleis koronapandemien har verka inn på mønsteret for mediebruken i den norske befolkninga.⁷ Rapporten viser blant anna at det som har endra seg mest med mediebruken under pandemien, er bruken av norske nettstader, strøyming (tv, film og video) og gaming. Rundt halvparten av befolkninga svarte at dei hadde eit meirkonsum av dette. 34 prosent rapporterte om at dei brukte bøker meir (papir, e-bøker, lydbøker).

Forholdet barn og unge har til kunstnariske og kulturelle uttrykk, er i stadig endring. Ikkje berre har tilgangen til desse uttrykka endra seg gjennom teknologiutviklinga. Men det har òg blitt fleire moglegheiter til sjølv å uttrykkje seg som følgje av det same. Endringane synest dessutan å bidra til at vi får ein meir deltakarstyrt kultur, ei utvikling som blir driven fram av dei unge.

Fleire av kunnskapsprosjekta hos Kulturrådet, utforskar problemstillingar som bidreg til å forstå kunst- og kulturopplevingar i ei digital verd.⁸ Desse kunnskapsprosjekta er ikkje innretta mot barn og unge spesielt, men tek for seg generelle problemstillingar. Desse problemstillingane er både feltspesifikke og tverrgående, men alle er heilt sentrale for å forstå barne- og ungdomskul-

⁶ inFuture 2018

⁷ Medietilsynet 2021

⁸ Blant anna *Digital kultur, Estetiske praksiser og Kunst som deling, delingens kunst*.

Boks 11.1 Digital formidling

For musea gir ny teknologi og digitale verktøy og plattformer store moglegheiter til å formidle. Det gjer at musea også kan engasjere folk som ikkje kan besøkje dei fysiske lokala. Den digitale formidlinga kan både gi nye innfallsvinklar og eit større mangfald i publikumstilbodet. Nasjonalmuseet planlegg å utvikle nye tilbod innanfor utvida verkelegheit (AR, frå engelske «augmented reality») og virtuell verkelegheit (VR, frå engelske «virtual reality») for barn og unge. Museet vil elles satse på digitale utstillingar i tida som kjem, og planlegg å auke omfanget av innhald for barn og unge på eigen nettstad og i sosiale medium.

Frå papp og teip til oppleving i VR: Bilet-kunstnar Jennie Bringaker og Erlend Hogstad utvikla saman med Kulturtanken ei oppleving i

virtuell verkelegheit (VR) der ungdommar sjølve var med på å skape det virtuelle universet. Prosjektet kombinerte analoge og digitale teknikkar og utforska om elevane sjølve kunne forme noko og så skape noko med det. Deltakarane konstruerte fantasifulle skulpturar av papp, teip og tekstilar på sine eigne kroppar. Desse blei deretter skanna og importerte i VR. Deltakarane bidrog i neste omgang med idear til bevegelsane, teksturen og lydane dei virtuelle figurane skulle ha. Og til sist opplevde deltakarane sine eigne kreasjonar i VR. Piloten bestod av ein VR-verkstad som først blei testa i Kulturtankens kunstlab. Etter ein test med ei gruppe ungdommar blei VR-verkstaden gjennomført som eit haustferietilbod på Biblo Tøyen. Til slutt prøvde ein skoleklasse verkstaden.

turbruken i dag. Det er viktig å ha eit oppdatert kunnskapsgrunnlag i kryssingsfeltet mellom digitalisering, barn og ungdom, kunst og kultur for å kunne innrette dei kulturpolitiske verkemidla på treffsikkert vis for den unge målgruppa.

11.3.2 Medverknad

Barn og unge har i innspela sine til denne stortingsmeldinga understreka kor viktig det er at dei får medverke meir når kulturtilboda blir utforma. Dette gjeld både når produksjonane blir utvikla, og måten dei blir formidla på. I tillegg har dei vore opptekne av meir samarbeid mellom barn og unge og profesjonelle kunst- og kulturaktørar.

Retten barn og unge har til å delta og medverke i avgjerder rundt sitt eige liv og i samfunnet elles, er grunnleggjande for å byggje det demokratiske samfunnet, sjå omtalen i kapittel 4.1. Barn og unge skal få medverke reelt i kulturlivet og påverke det som angår dei. Dette er eit ledd i å byggje eit demokratisk samfunn.

Barn og unge skal få oppleve og møte kunst som er relevant og representativ. Medverknad handlar om å leggje til rette for at barn og unge kan delta aktivt på måtar som er tilpassa kor gamle dei er, og kva erfaringar, individuelle føresetnader og behov dei har.

Medverknad bidreg til *auka mangfald av kulturuttrykk og tilbod* fordi det òg tek med seg forteljingane og uttrykka til dei som er barn og unge.

Regjeringa ønskjer at alle barn og unge skal kjenne seg igjen i kunst- og kulturtilbodet. Medverknad er derfor heilt nødvendig for barne- og ungdomskulturpolitikken.

Institusjonane på dei ulike kunst- og kulturfelta utgjer ein heilt sentral del av infrastrukturen for å formidle eit profesjonelt kunstnarisk og kulturelt innhald til heile befolkninga, inkludert til barn og unge.⁹ Kor mykje institusjonane arbeider med medverknad varierer, både mellom kunstfelta, og innanfor dei ulike kunstfelta. Å søkje nye formidlingsmåtar der for eksempel barn og unge er aktive deltakarar, der digitale plattformer blir brukte anten aleine eller i kombinasjon med den fysiske arenaen eller med oppsøkjande formidlingsmetodar, kan bidra til at institusjonane når nye publikumsgrupper og engasjerer fleire barn og unge.

I scenekunstfeltet har fleire av institusjonane teke ei aktiv rolle for å inkludere barn og unge. Brageteatret i Drammen har blant anna hatt stor suksess med prosjektet «brageteatret_ung». Ved hjelp av prosjektet har teateret nådd nye ungdommar på fleire arenaer i både Viken og Oslo. Brageteatret jobbar aktivt med å involvere barn og ung-

⁹ «Institusjonar» forstår vi som verksemdar som får vesentleg offentleg tilskott til drifta, og som har formidling som kjerneverksemda si. Omgrepet inkluderer museum (naturhistoriske, tekniske, kunst- og kulturhistoriske), orkester/ensemble, opera-, konsert-, teater-, danse-, litteratur- og kulturhus og bibliotek.

Boks 11.2 Tigerstadsteatret

Tigerstadsteatret blei etablert i 2015 og er støtta av Oslo kommune. Tigerstadsteatret jobbar for å produsere scenekunst for barn og unge som blir opplevd som relevant, og som er viktig for dei unge i denne fasen av livet deira. Framsyningane viser dei på allereie eksisterande scenar, men for å kunne nå fleire barn uavhengig av bustad og økonomi jobbar Tigerstadsteatret med oppsøkjande verksemd. I 2020 starta teateret arbeidet med å bygge den rullerande «black box»-en Tigerbussen.

Tigerbussen køyrer ut til barn og unge der dei er, og inviterer dei inn i teaterverda midt i kvardagslivet deira. Tigerbussen tilbyr alle framsyningane sine gratis til bydelar, skolar og område med høg barnefattigdom og låg kulturdeltaking. Pilotprosjektet *Tigerbussen kommer!* blei gjennomført i 2018. Der fekk 2 500 barn i Oslo oppleve gratis teater i sin eigen skolegard.

dom når dei produserer framsyningar for å sikre at framsyningane har eit relevant ungdomsperspektiv.

Medverknad kan dessutan skje gjennom aktivitetar der barn og unge på ulike måtar medverkar i produksjonane til verksemdene. Eller så kan det skje ved at barn og unge får opplæring via egne barneteater eller orkester. Kunstkritikk kan òg ha ei medverkande rolle. Scenekunstbruket har utvikla nettstaden *ungestemmer.no* der ungdom mellom 13 og 20 år kan registrere seg og skrive om den profesjonelle scenekunsten dei opplever både på skolen og på andre scenar. Stemma deira kan bety noko for at det blir utvikla nytt kunstnarisk innhald. Museumsforbundets «Unge kritikere» skal bidra til å auke den kritiske refleksjonen blant dei unge om utstillingar i dei kulturhistoriske musea.

11.3.3 Samarbeid mellom profesjonelle kunstnarar og barn og unge

I kunst- og kultursektoren har medverknadsperspektivet komme tydelegare fram dei siste åra. For eksempel har dei unge sjølve i større grad fått vere med og påverke kva produksjonar som skal bli viste på skolen deira gjennom Den kulturelle skolesekken. Offentlege konsertstader har danna egne arrangørgrupper med ungdom for offent-

lege konsertar for mindrearige. Og barn og unge er sjølve dommarar i litteraturprisar som Bokslukerprisen og Uprisen og kuraterer egne kunstutstillingar med profesjonelle kunstnarar.

Å kople perspektiva og stemmene til dei unge med arbeidet til profesjonelle kunstnarar kan bidra til å styrkje kunsten retta mot barn og unge. Dei unge kan bidra med viktige perspektiv når profesjonelle kunstnarar utviklar konsept og ideane sine. Det kan derfor ha stor kunstnarisk betydning å leggje til rette for prosjekt der barn og unge bidreg i den profesjonelle kunstfaglege aktiviteten. Å jobbe med barn og unge og å la dei medverke i utforminga bidrar til å skape produksjonar og formidlingsmetodar som er relevante og representative for dei som er målgruppa.

Fleire av støtteordningane i Kulturfondet er meinte for aktørar som arbeider på tvers av fleire kunstartar, og som jobbar i kulturvernet. Støtteordningane bidreg til å styrkje og utvikle både nye og meir etablerte aktørar som rettar seg mest til eit ungt publikum. Dei bidreg òg til å støtte dei som arbeider i skjæringspunkt mellom kunstnarisk utvikling, formidling, pedagogikk og medverknadsprosessar.

Boks 11.3 Samarbeidsprosjekt

Nitja senter for samtidskunst (tidlegare Akershus kunstsenter) sitt prosjekt Young Curators Residency har i samarbeid med Praksis Oslo teke initiativ til eit mentorbasert utviklingsprogram for framtidige kuratorar. Her deltek sju ungdommar og unge vaksne i alderen 16–21 år i eit seks veker langt prosjekt. Der får dei rettleiing, kunnskap og verktøy til å realisere kunstprosjekt som engasjerer dei. Samtidig som ungdommane utviklar kompetansen sin innan kuratering, vil Nitja få nye stemmer inn i programarbeidet sitt. Ikkje minst får Nitja ei verdifull innsikt som vil gagne det strategiske utviklingsarbeidet på arenaen.

Mobilizing Citizenship er eit prosjekt i regi av *Kunsthall Stavanger* retta mot ungdom i alderen 12–16 år. I løpet av eitt semester og fire workshops arbeider ungdom med internasjonalt kjende kunstnarar og designarar. Hovudoppgåva til prosjektet er å sjå på korleis ungdommen kan bruke kunstnariske strategiar for å sjølve ta til orde og delta i det offentlege ordskiftet. Prosjektet går over tre år.

Kunst- og kulturarenaer har òg eit ansvar for å utvikle programmet sitt og kunstproduksjonen sin slik at dei blir relevante for eit mangfaldig publikum. Kulturrådet har ordningar som stimulerer til at det blir utvikla arenaer for ei profesjonell, relevant og framtidsretta kunstformidling for barn og unge. Å invitere kunstnarar, kunstnargrupper, programskaparar og kuratorar til å styrkje både programmeringa og formidlingsmetodane kan bidra til å fornye arenaene og utforske måtar å samhandle og samarbeide med barn og unge på.

NRK Super og NRK P3 jobbar aktivt for at produksjonane deira skal ha perspektivet til barn og unge. NRK Super bruker spørjeundersøkingar, fokusgruppeintervju og djupneintervju med barn når dei utviklar produksjonane sine. Barn er med i idéutviklingsfasen og er ei viktig brikke i faser der NRK spelar inn programma. Å jobbe bevisst med medverknad frå barn og unge gjer at målgruppa deira (null til tolv år) opplever innhaldet i NRK Super som relevant. Dette blir støtta av ulike mediebruksundersøkingar, som viser at NRK Super-appen er ein av dei mest brukte appane hos yngre barn.

NRK P3 jobbar på tilsvarende måte når dei utviklar dei visuelle produksjonane sine. Å undersøkje kva ungdommane er opptekne av, og formidle dette på ein måte dei kjenner, er med på å skape innhald som er relevant for ungdommane. Eit eksempel på dette er tv-serien SKAM (2015–2017), som klarte å nå det unge publikummet med ein kombinasjon av levande bilete og sosiale medium. Tv-serien bana vegen for nye måtar å

utvikle levande produksjonar retta mot den unge målgruppa.

11.3.4 Vurdering

Tilgangen barn og unge har til ny teknologi, og bruken deira av denne, gir nye moglegheiter for å produsere, distribuere og formidle kunst- og kulturuttrykk på globale, digitale flater. Men dette gir også nokre utfordringar. Samtidig som tilbods- mangfaldet blir større, ser bruksmangfaldet ut til å bli smalare og norskandelen lågare. Barne- og ungdomskulturpolitikken må i større grad sørge for at det finst eit mangfaldig norskspråkleg kulturtilbod på dei digitale flatene. Da er det behov for eit oppdatert kunnskapsgrunnlag i kryssingsfeltet mellom digitalisering, barn og ungdom, kunst og kultur.

For å sikre eit relevant, tilgjengeleg og mangfaldig kunst- og kulturtilbod må barn og unge vere *med* og inkluderast. Når dei unge medverkar, kan det bidra til at kunsten og kulturen speglar av verkelegheita til barn og unge og treffer nettopp det barn og unge er opptekne av, uansett om det gjeld bruk eller produksjon av kunst og kultur. Her blir det viktig å utnytte og samordne den fagkunnskapen og kompetansen som organisasjonane og fagmiljøa har, og dei tiltaka som kultursektoren har, godt.

Aktørane innanfor kunstfeltet må halde fram med å prioritere barn og unge som målgruppe i det kunstnariske virket sitt. Å samtale med barn og unge, gå nærmare inn i tema som engasjerer dei, måten dei snakkar på, arenaer dei liker å vere på, vil derfor stå sentralt i utviklinga av nye produksjonar og formidlingsmetodar.

Kulturfondet og Filmfondet er sentrale verkemiddel for å sikre at det skjer utvikling og nyskaping i det som blir produsert og formidla.¹⁰ Ikkje minst skal fonda bidra til å gi det å lage kunst retta mot barn og unge status og anerkjenning. Kulturrådet og Norsk filminstitutt skal gjennom å forvalte desse fonda ha eit særleg ansvar for å stimulere til relevante, tilgjengelege og mangfaldige produksjonar til barn og unge. Dei skal støtte utviklinga av prosjekt som stimulerer til samarbeid med barn og unge, og dei skal sikre medverknadsperspektivet.

Institusjonane på kunst- og kulturfeltet jobbar i ulik grad med å utvikle produksjonar for barn og unge og formidle dei til denne unge målgruppa. Regjeringa forventar at institusjonane i større grad skal inkludere barn og unge i arbeidet sitt,

Boks 11.4 Stiftelsen Fargespill

Stiftelsen Fargespill er ein kunstnarisk organisasjon som har som prioritet å lage framsyningar av høg kvalitet med barn og unge frå 7 til 25 år. Mange av barna har komme som asylsøkjjarar og flyktingar, nokon er fødte i Noreg, og nokon er krysskulturelle. Fargespill har som målsetjing å synleggjere moglegheitene mangfaldet gir gjennom kunstnariske uttrykk. Alle har si unike historie, og alle har noko å bidra med. Fargespill møter barna og dei unge med spørsmålet «Kva har du?». Å konsentrere seg om ressursane er kjernen i Fargespill-metoden, og det er drivkrafta som gir energi til scene-framsyningane deira. Fargespill held rundt 15 til 20 framsyningar kvart år og har tilsette i Bergen og Oslo.

¹⁰ Sjå omtalen av Filmfondet i kapittel 11.9.

for eksempel ved å bruke ungdomspanel/ungdomsråd, publikumsundersøkingar der barn og unge får delta, eller andre relevante medverknadsmetodar. Barn og unge skal finne eit tilbod som er tilpassa aldersgruppa si på teater og i konserthus, i museum og stader for å vise visuell kunst over heile landet. I tillegg forventar regjeringa at institusjonane prioriterer å samarbeide med det frie feltet for å styrkje kompetansen i arbeidet med målgruppa.

Å sikre at stemmene til barn og unge blir høyrde, er nødvendig for å nå det kulturpolitiske målet om å skape eit relevant og representativt kulturtilbod. Alle delar av kulturlivet skal prioritere dette. Kunnskapsdeling er sentralt for å nå dette målet. Regjeringa vil etablere ein arena for å utveksle erfaringar. Der kan dei store og små institusjonane og verksemdene på Kulturdepartementets budsjett dele erfaringane sine rundt arbeidet med å utvikle produksjonar for målgruppa og andre relevante erfaringar. Det er Kulturtanken som skal ha som oppgåve å systematisere og dele denne erfaringsutvekslinga.

Regjeringa vil

- styrkje kunnskapen om barn og unge, digitalisering og kunst og kultur
- leggje til rette for at heile kulturlivet, både kunstnarar, institusjonar, etatar og verksemdar, prioriterer medverknad frå barn og unge i arbeidet sitt
- leggje til rette for at kulturinstitusjonane er i dialog med barn og unge om å utvikle nye formidlingsmetodar, og at dei lagar fleire tilbod tilpassa ulike aldersgrupper
- at kulturinstitusjonane skal arbeide med å utvikle produksjonar for barn og unge
- etablere ein arena for å utveksle erfaringar mellom institusjonane og verksemdene på Kulturdepartementets budsjett

11.4 Litteratur og bibliotek for og med barn og unge

Eitt av dei nasjonale kulturpolitiske måla er at kulturlivet skal bidra til danning og kritisk refleksjon. Leseevne og leselyst er ein nøkkel til å oppnå dette. Lesing gir innsikt og oversyn, og gjennom lesing aukar evna til forståing og innleving. Vi lever i eit skriftsamfunn, og vi møter skrift overalt, både i jobb og i fritida. Da må vi ha gode leseferdigheiter.

For å bidra til at barn og unge les og har lese-lyst, er det særleg tre forhold som må vere på plass

- det må skapast god litteratur for både barn og unge
- litteraturen må vere tilgjengeleg på bokmål og nynorsk, dei samiske språka og kvensk, i lydform og i tilgjengelege format
- litteraturen må vere tilgjengeleg for alle barn og unge, gjennom handel, i barnehagen, på skolebiblioteka, folkebiblioteka, Den kulturelle skolesekken eller andre arenaer som litteraturhusa eller litteraturfestivalane

Ei rekkje litteraturprisar bidreg i tillegg til å rette søkjelyset mot og heve statusen på barne- og ungdomslitteraturfeltet. Eksempel på slike prisar er Kulturdepartementets prisar for barne- og ungdomslitteratur.

11.4.1 Status

Ifølgje SSBs kulturstatistikk blei det i 2019 gitt ut nær 1 400 titlar for barn og unge, jamfør tabell 11.2. Av dette var nær 900 skjønnlitterære bøker og nær 500 sakprosa-bøker. 192 av bøkene inneheldt nynorsk tekst, og 40 av bøkene inneheldt samisk. Talet på utgitte bøker har lege på omtrent det same nivået mellom 2014 og 2018. Fordelinga mellom sjangrar og språk er ganske stabil over tid, med ein viss nedgang i talet på bøker i alt.

SSBs mediebarometer 2019 viser at 33 prosent av 9–15-åringene og 20 prosent av 16–24-åringane las i ei bok ein gjennomsnittsdag. Den yngste aldersgruppa brukte i snitt 9 minuttar på boklesing, mens 16–24-åringane brukte 12 minuttar. For begge aldersgruppene var dette fire minuttar mindre enn i 2015. Også resultat frå PISA 2018 viser at lesevanane til elevane endrar seg. I PISA 2018 var det cirka halvparten av elevane som svarte at dei ikkje les i fritida. I undersøkinga frå 2000 var det 35 prosent som svarte at dei ikkje les i fritida. Tilsvarende tal frå 2009 var 40 prosent.¹¹

Vi les mindre for barna våre enn vi gjorde før. 46 prosent av dei som har barn under ti år i husstanden, les dagleg eller ofte for desse. Dei med høgast utdanning og høgast inntekt les meir.

Den fysiske bokhandelen er framleis den viktigaste kjelda til bøker. 25 prosent av befolkninga opplyser at dei kjøpte den siste boka dei las eller lytta til, i ein fysisk bokhandel. 16 prosent lånte boka på biblioteket, 14 prosent fekk boka i gåve. Vi lyttar meir til lydbøker. 29 prosent av boklesarar

¹¹ Frønes & Jensen 2020

Tabell 11.2 Barne- og ungdomslitteratur, etter sjanger og utgiverspråk. Talet på titlar.

	2011	2015	2019
Bøker ¹ i alt	1 835	1 473	1 366
Skjønnlitteratur	963	877	895
Fakta	872	596	471
Bokmål	1 545	1 234	1 135
Nynorsk	220	218	192
Samisk	56	11	40
Engelsk	70	58	14
Andre språk	38	30	10

¹ Ei bok kan ha fleire språk, derfor er ikkje bøker i alt summen av bøker på ulike språk, berre summen av bøker av ulike sjangrar. Kjelde: Nasjonalbiblioteket

rane oppgir at dei lytta til lydbøker i 2019, mot 23 prosent i 2017. 16 prosent av befolkninga oppgir at dei har brukt ei strøymeteneste til lydboklytting, mot 7 prosent i 2017. Av dei som las bøker i 2019, var det 25 prosent som las minst ei e-bok. I 2017 var andelen 21 prosent.¹²

I Den kulturelle skolesekken (DKS) utgjer litteratur om lag 13 prosent av alle aktivitetane på landsbasis. Hovudvekta av produksjonane er forfatterbesøk der forfattarane presenterer egne verk. Litteraturformidlinga i DKS kan romme eit stort spenn av produksjonar innan ulike sjangrar og former. Eksempel er skjønnlitteratur og sakprosa, grafiske romanar, teikneseriar og biletbøker, digital litteratur eller den tradisjonelle papirboka. I tillegg kjem litteraturhistoriske verk, verk av avdøde forfattarar/illustratørar og utanlandske forfattarskap.

Litteraturformidling til barn og unge står sentralt i arbeidet til folkebiblioteka. Ifølgje biblioteksstatistikken for 2019 avvika folkebiblioteka om lag 20 000 arrangement for skolar og barnehagar for over 500 000 barn og unge.¹³ Det blei lånt ut 7,22 bøker for barn per barn, der 6,24 bøker var skjønnlitteratur for barn og 0,98 bøker var sakprosa.

SSBs kulturstatistikk for 2019 viser at det er fleire utlån av bøker for barn enn av bøker for vaksne, og i 2018 var det lånt ut 1,3 mill. fleire bøker for barn enn for vaksne. At det blir lånt ut flest barnebøker, er ein trend som har vore stabil dei siste fem åra.

¹² Ipsos MMI 2020

¹³ Bibliotekutvikling.no u.å.

Boks 11.5 Sommerles

Sommerles.no er ein landsdekkjande lesekampanje for skolebarn i 1.–7. klasse. Bak kampanjen står Vestfold og Telemark fylkesbibliotek og Snuti AS. Sommerles.no er i tillegg ein stor biblioteksdugnad der alle fylkesbiblioteka bidreg etter tur. Og i 2019 deltok over 380 kommunar i kampanjen. Lesekampanjen er ein suksesshistorie som har utvikla seg over tid. I 2020 deltok 125 000 barn som las over 1,6 mill. bøker. Sommerles får spesiell utviklingsstøtte frå Nasjonalbiblioteket i bibliotekstrategiperioden 2020 til 2024.

Barn og vaksne strøymar stadig meir bøker, og spesielt har folk strøymt meir bøker under koronapandemien. Folkebiblioteka tilbyr e-bøker og digitale lydbøker til utlån for barn og vaksne. I 2020 brukte Nasjonalbiblioteket bibliotekutviklingsmidlar på å styrkje dette tilbodet som ein del av ekstrasatsinga i samband med koronapandemien.

11.4.2 Produksjon og formidling

Kulturfondet er den viktigaste finansieringskjelda for å produsere og formidle litteratur til barn og unge. Dei har etablert ein langvarig praksis med øyremerking til barne- og ungdomslitteratur. Det er midlar øyremerkte innanfor produksjonsstøtteordninga (sakprosa for barn og unge), og fondet

har eigne innkjøpsordningar både innan skjønnlitteratur og sakprosa for barn og unge. Dette har bidrege til at norske barn og unge i det store og heile har eit godt utval litteratur av høg kvalitet å plukke bøker frå.

Samtidig er det ønskjeleg at det blir skriving og gitt ut fleire gode sakprosabøker for barn og unge på norsk. Det er òg ønskjeleg at det blir gitt ut meir på nynorsk. For eksempel er det svært få eller ingen nynorske titlar som er meldte på Kulturrådets innkjøpsordning og produksjonsstøtteordning for teikneseriar, og det kjem ut lite sakprosa og omsett litteratur for barn og unge på nynorsk. I 2019 blei det søkt om innkjøp av 276 titlar for barn og unge, og 164 titlar blei kjøpte inn og distribuerte til bibliotek over heile landet.¹⁴ Heile 34 prosent av tildelingane til litteraturformål i 2019 gjekk til formål retta mot barn og unge i 2019, noko som utgjer 67,1 mill. kroner.

Frå 2020 har Kulturrådet sett i gang ei prøveordning: 200 av skolebiblioteka i landet får bøker for barn og unge kjøpte inn gjennom innkjøpsordningane for skjønnlitteratur, sakprosa og teikneseriar. Innkjøpsordningane kjøper inn og distribuerer i dag bøker til folkebiblioteka i Noreg, men i hovudsak er skolebiblioteka ikkje inkluderte i ordninga. Prøveordninga er treårig, og skolebiblioteka har søkt om å få vere med i ordninga. Kvart år blir det kjøpt inn i overkant av 120 nye norske titlar retta mot barn og unge i grunnskolealder over dei tre aktuelle innkjøpsordningane, og desse bøkene blir distribuerte kostnadsfritt til biblioteka som deltek i prøveordninga.

Kulturrådets tilskottsordning for litteraturformidling skal bidra til at ei stor breidde av norsk og samisk litteratur blir profesjonelt formidla til det allmenne publikummet. Tilskottsordninga skal blant anna stimulere til nyskaping i formidlinga av litteratur for barn og unge. Prosjekt som Falturiltu, Appelsinia, Barnas Poesidag og Barnebokfestivalen har fått tilskott via ordninga.

Sametinget gir støtte til å omsetje bøker til barn og unge til dei ulike samiske språka. Dei gir òg tilskott til språkprosjekt som å lage eller omsetje språkapplikasjonar og spel for barn og unge til eller på samisk, samiske språktiltak og gode språkarenaer. Sametinget gir dessutan direkte tilskott til å formidle samisk litteratur til bokbusseigarar som ønskjer å halde ved lag bokbusstilbodet sitt. Prosjektet «Loga munnje» («Les

for meg») er eit pilotprosjekt som skal motivere til auka leselest og meir interesse for litteratur. Ved å samarbeide med bibliotek ønskjer Sametinget å bidra til eit betre samiskspråkleg tilbod ved biblioteka og fleire nye lånarar på biblioteka.

Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) produserer og låner ut litteratur til personar som på grunn av ei funksjonsnedsetjing har vanskar med å lese trykte bøker eller visuell tekst. Dei låner ut bøker i både punktskrift og lydbokformat. Barn og unge er ei viktig målgruppe for NLB. For NLB er det både ein verdi og ei utfordring å nå ut til ei målgruppe som meir enn andre opplever tersklar i møte med lesing. Gjennom utlans- og distribusjonssamarbeid med Statped som låner ut skolelydbøker til barn og unge i same målgruppe, har fleire unge blitt introduserte for og innmelde hos NLB.

Biblioteka er både ein kulturarena, ein kunnskapsarena og ein opplevingsarena for barn. Bibliotekstrategien *Rom for demokrati og dannelse – Nasjonal biblioteksstrategi 2020–2023* satsar på tre hovudområde: *Formidling, samarbeid og infrastruktur*.¹⁵

I strategiperioden skal biblioteka satse på å styrkje arbeidet biblioteka og dei bibliotektilsette gjer med å formidle det store mangfaldet i samlingane biblioteka har. Nasjonalbiblioteket vil lyse ut midlar til formidling der målet er å nå nye bibliotekbrukarar, få fleire til å lese og å auke utlånet. Å få barn og unge til å bruke biblioteka, både som møteplassar og arenaer for auka leselest, er sentralt. Dei vil òg lyse ut midlar som skal stimulere til nye måtar å samarbeide på, som mellom skolebibliotek og folkebibliotek.

Over Kulturdepartementets budsjett blir det gitt tilskott til ei rekkje organisasjonar og institusjonar som på ulike måtar bidreg til å formidle og gjere litteratur tilgjengeleg for barn og unge. *Norsk barnebokinstitutt* tilbyr blant anna kurs og utdanningar i barne- og ungdomslitteratur og utviklar og formidlar kunnskap på fagfeltet. *Foreningen !les* arbeider med å fremje lesing og formidlar litteratur til barn, unge og vaksne. Foreninga *Leser søker bok* støttar produksjonen og formidlinga av tilrettelagd litteratur for personar som av ulike grunnar har lesevanskar. Ei av dei viktigaste oppgåvene til *Norsk Forfattersentrum* er å formidle forfattarar til litteraturarrangement over heile landet.

Kulturdepartementets budsjett støttar dessutan ulike formål for å sikre at barn og unge kan møte nynorsk i litteraturen og på nettet. *Det Nor-*

¹⁴ For 2020 er det søkt om innkjøp av 255 titlar med målgruppe barn og unge. Det er for tidleg å seie noko om talet på innkjøpte titlar. Tala omfattar sakprosa, skjønnlitteratur, teikneseriar og omsett litteratur.

¹⁵ Kulturdepartementet & Kunnskapsdepartementet 2019

Boks 11.6 Litteraturfestivalar

Norsk litteraturfestival blir arrangert på Lillehammer. Barne- og ungdomsprogrammet deira, Pegasus, utgjer cirka ein tredjedel av festivalen. Men så mykje som 40 prosent av publikumsbesøket til festivalen er frå barne- og ungdomsarangementa. Pegasus formidlar litteratur til barn og unge gjennom heile året. Dette gjer dei i form av kurs og verkstader, konkurransar og aktivitetar, forfattarmøte, prisutdelingar og tekstlesing. Gjennom å samarbeide med skolar og barnehagar når Pegasus ut til eit breitt publikum og presenterer etablerte og yngre forfattarar eller illustratørar side om side. Norsk litteraturfestival skal òg vere ein møteplass for eit vakse publikum med interesse for barne- og

ungdomslitteratur og tilby eit fagleg interessant program.

Bok i Lofoten er ein årleg litteraturfestival for elevane i både grunnskolen og den vidaregåande skolen. Festivalen blei arrangert første gongen i 2009, og kvart år gjestar ti–tolv dagsaktuelle forfattarar arrangementet. Festivalen blir driven på frivillig basis som ein stiftelse med støtte frå institusjonar som Norsk kulturråd og Den kulturelle skolesekken. I botnen ligg midlar frå eit spleiselag mellom skolane som deltek, og biblioteket. Festivalen har òg fått støtte frå næringslivet. Bok i Lofoten vil skape leselyst og leseglede hos barn og unge i kommunen.

ske Samlaget arbeider med å styrkje nynorsk språk, litteratur og kultur gjennom å gi ut eit breitt tilbod av bøker på nynorsk, også til barn og unge. Språkorganisasjonar som *Noregs Mållag* jobbar blant anna med å skape rom for å formidle meir nynorsk litteratur til barn og unge.

Dei siste åra har det blitt etablert fleire litteraturhus i byar over heile landet. Litteraturhusa er etablerte med både private og offentlege midlar, og organiseringa av kvart enkelt litteraturhus varierer. Felles for alle er at dei er arenaer for litteratur, kultur og debatt og skal sørge for aktivitetar som kjem heile befolkninga til gode. Litteraturhusa har derfor barn og unge i målgruppa si.

Kulturhus og litteraturfestivalar er andre arenaer som formidlar litteratur til den unge målgruppa. Alt i alt er det svært mange arenaer der barn og unge kan oppleve eit mangfald av litteratur og litteraturformidling av høg kvalitet.

11.4.3 Vurdering

Barn og unge skal ha tilgang til litteratur i ulike sjangrar, og dei skal kunne velje lesestoff ut frå ønska sine og kva dei interesserer seg for. Dette føreset at kvalitetslitteratur må vere tilgjengeleg for alle barn og unge. I tillegg må litteraturen vere på ulike plattformer og i ulike format. Barn og unge med ulike lesevanar og leseutfordringar må òg få tilgang til dei gode leseopplevingane.

Kulturrådets ordningar bidreg til å sikre eit mangfaldig litteraturtilbod til barn og unge. Innkjøpsordningane er i mange tilfelle heilt avgjerande for å kompensere for marknadssvikt. Gjen-

nom tilskott til ulike institusjonar og organisasjonar på litteraturfeltet støttar Kulturdepartementet opp om arbeidet med å produsere og formidle barne- og ungdomslitteratur. Folkebiblioteka og skolebiblioteka i alle kommunane i landet er sentrale formidlingsinstitusjonar.

Litteraturpolitikken skal bidra til at alle har god tilgang til eit mangfaldig tilbod av norsk litteratur. Meldingsdelen i Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* hevdar at ein grunn til at det norske litterære systemet har vore vellykka, er at ansvaret er delt mellom det offentlege verkemiddelapparatet og det private næringslivet. Men litteraturfeltet endrar seg, både med omsyn til digitalisering, forretningsmodellar og lesevanar. Regjeringa har bestilt ei ny utgreiing av bokmarknaden. Strukturen i bokbransjen, digitalisering og fastprisordninga er blant temaa som skal greiast ut. Utgreiinga skal ferdigstillast hausten 2021.

Den kulturelle skolesekken (DKS) formidlar litteratur til alle barn og unge over heile landet. Det varierer stort kor mykje litteratur elevane i dei ulike fylka får gjennom DKS. I nokon fylke får elevane litteraturproduksjonar kvart år i det tiårige skoleløpet, mens det i andre fylke berre blir programmert med éin per tiande skoleår.¹⁶

Kulturtanken skal hjelpe sentrale myndigheter i kultursektoren og utdanningssektoren med råd og tenester i arbeidet deira med Den kulturelle skolesekken (DKS). Innan litteraturfeltet har Kulturtanken valt å prioritere tiltak som har

¹⁶ Tal frå årsrapport for Den kulturelle skolesekken 2017–2019.

kunna bidra til nye og innovative samarbeid, å skape møteplassar og å styrkje visningsarenaen Koma.¹⁷ Regjeringa har i budsjettet for 2021 sett av 4 mill. kroner for å styrkje innhaldet i DKS-ordninga, innanfor alle kunst- og kulturuttrykk. Det er Kulturtanken som skal fordele midlane til fylkeskommunene, sjå kapittel 12.2.

Kulturmeldinga understrekar at det å lese bidreg til danning og kritisk refleksjon. Vi må derfor leggje til rette for gode leseopplevingar og lesevanar og for at unge lesarar får samtale, reflektere og ytre seg om det dei les. SSBs mediebarometer frå 2019 og PISA 2018 viser at barn og unge les mindre på fritida enn før. Å sikre at dei nasjonale leseorganisasjonane framleis får støtte for å styrkje arbeidet med lesing, er derfor ein prioritet for regjeringa.

Regjeringa meiner òg at leselyst og leseglede er viktig for å utvikle gode leseferdigheiter. I 2021 er det derfor sett av 4 mill. kroner frå Kunnskapsdepartementets budsjett til ei ordning slik at private, frivillige og ideelle organisasjonar kan søkje om tilskott til tiltak som skal stimulere til lesing. For å bidra til å styrkje skolebiblioteka forvaltar Utdanningsdirektoratet ei tilskottsordning der kommunar kan søkje om støtte til å utvikle arbeidet skolebiblioteka gjer med lesestimulering. I år er dette tilskottet på 14,5 mill. kroner.

Bibliotek og litteraturhus er arenaer der barn og unge møter litteratur og leggjer grunnlaget for vidare leselyst. At formidlinga på desse arenaene er god, er derfor ein prioritet. Bibliotekarrangement retta mot småbarnsforeldre kan bidra til å etablere gode lesevanar hos små barn. Samarbeidsprosjekt mellom barnehagar kan òg sikre at alle barn får tilgang til bøker og høgtlesing ved at barnehagane kan låne boksamlingar som både kan brukast i barnehagen og lånast ut til foreldra. Biblioteka kan òg bidra til å styrkje kompetansen i høgtlesing hos dei som jobbar i barnehagane, og til at det blir betre samtalar rundt bøker i barnehagane. Ved å etablere gode lesevanar og interesse for litteratur tidleg kan vi gi barn eit godt utgangspunkt for å utvikle seg språkleg og kognitivt og gi leseglede vidare i livet.

Regjeringa vil

- sikre at det blir skapt eit mangfaldig litteratortilbod til barn og unge gjennom blant anna Kulturrådets støtteordningar
- vurdere korleis det kan leggjast til rette for at det blir produsert og formidla meir litteratur på nynorsk
- stimulere til at det blir formidla meir litteratur i Den kulturelle skolesekken
- at Nasjonalbiblioteket gjennom utlysing av prosjektmidlar blant anna skal bidra til å styrkje biblioteka som formidlarar av litteratur til barn og unge
- bidra til auka leselyst gjennom støtte til dei nasjonale leseorganisasjonane

11.5 Musikk for og med barn og unge

11.5.1 Status

Ifølgje Kantars Mediebarn-undersøking 2019 strøymmer 49 prosent av barna mellom tre og elleve år musikk dagleg. Kantars Medieungdom-undersøking 2019 viser at 71 prosent av ungdom mellom 12 og 17 år strøymmer musikk dagleg. YouTube er den kanalen barn og unge oftast bruker til å lytte til musikk. 49 prosent av barna mellom ti og elleve år brukte YouTube til å lytte til musikk, 19 prosent brukte Spotify.¹⁸ I tillegg er musikk ein sentral del av tv-seriar, film og dataspel, som også er medium barn og unge bruker dagleg.

Undersøkingane viser i liten grad kva slags musikk barn og unge lyttar til med tanke på sjanger. Dei viser heller ikkje om det er norsk eller internasjonalt produsert musikk. Forsking om musikkbruken frå digitale plattformer viser derimot at det er ei dreining mot at fleire lyttar til det same trass i at tilbodet er større, og at andelen som høyrer på norsk musikk, minkar.

Musikk er det kulturuttrykket i Den kulturelle skolesekken (DKS) som har flest elevmøte. I 2019 fekk i overkant av 770 000 publikummarar oppleve musikk gjennom DKS, noko som svarer til 30 prosent av alle elevmøta på landsbasis. I gjennomsnitt får alle elevar oppleve eitt møte med profesjonelle musikarar årleg. Det er eit sentralt mål for DKS-ordninga at det skal vere stor variasjon og mangfald i tilbodet, frå store ensemble til små grupper og med sjangrar og musikkuttrykk frå ulike kulturar og verdsdelar.

¹⁷ Koma blir arrangert på Lillehammer kvart år i forkant av Norsk litteraturfestival og er eit samarbeid mellom festivalen, Innlandet og Viken fylkeskommune, Norsk Forfatter-sentrum og Kulturtanken.

¹⁸ medienorge 2019

Barn og unge er publikum på konsertar på klubbar, i kulturhus, i kyrkjer og i konserthus. Ifølgje SSBs kulturstatistikk for 2019 blei det gjennomført nærmare 400 konsertar retta mot barn og unge hos institusjonane som rapporterer om aktiviteten sin til Kulturrådet. Publikumstalet var på nærmare 180 000.¹⁹ For prosjekta institusjonane hadde i samarbeid med Den kulturelle skolesekken (DKS), var publikumstalet nærmare 24 000. Arrangørundersøkinga 2018 (Kleppe, 2019) viser at 33 prosent av Arrangørforums medlemmer hadde barn som målgruppe og 55 prosent ungdom som målgruppe på konsertane medlemmene heldt dette året.²⁰ Tala viser at barn og unge er ei prioritert målgruppe hos fleire av konsertarrangørane og institusjonane.

11.5.2 Produksjon og formidling

Musikkfeltet er stort og samansett med ulike tradisjonar, sjangrar og uttrykk. Norsk kulturfond bidreg til å stimulere til ny musikk og nye musikkproduksjonar og til å utvikle formidlingsarenaer retta mot barn og unge som publikumsgruppe. I 2019 gjekk 21,8 mill. kroner av Kulturfondets midlar til ulike prosjekt knytte til musikk for barn og unge. Det utgjør 6 prosent av den totale løyvinga til musikk.

Ordningane under Fond for lyd og bilde bidreg òg til at musikk blir produsert og formidla til barn og unge. Det gjer fondet gjennom ei rekkje

¹⁹ Talet inkluderer både barn og vaksne.

²⁰ Arrangørforum består av Norsk jazzforum, FolkOrg, Norske konsertarrangørar, Norske kulturhus, Norsk Blues Union, nyMusikk, Klassisk, Norske Festivaler og Norsk Viseforum.

tilskott til å produsere og marknadsføre musikkinnspelningar. I tillegg gir Norsk kulturfond midlar til publiseringssøtte for eit stort tal innspelningar.

Kulturrådet har etterlyst eit større volum av musikkproduksjonar retta mot barn og unge og høgare kompetanse og refleksjonsnivå hos produsentar og utøvarar. Kulturrådet lyste i 2020 derfor ut midlar i ekstraordninga Uhørt! for å stimulere kunstnarar og produksjonsmiljø til å rette seg mot eit yngre publikum. Slik skulle barn og unge over heile landet få eit større og meir variert tilfang av gode musikkproduksjonar, sjå boks 11.7.

Kulturrådets årsrapport frå 2019 viser at rundt ein femtedel av søkjarane til arrangørstøtta for musikk i 2019 seier dei har konsertar retta mot barn og unge. Mange festivalar kan vise til eigne konsertar for barn og unge som del av det heilskaplege programmet sitt, mens enkelte festivalar har ein eigen «festival i festivalen» for barn. Berre få festivalar er reindyrka festivalar for barn og unge. For 2020 gjeld dette Rabalderfestivalen i Møre og Romsdal, Juba Juba i Trøndelag og Miniøya i Oslo.

Ifølgje Norske kulturhus var det 1,6 mill. besøkjande på musikkarrangement i kulturhus over heile landet i 2018, men berre 9,5 prosent av desse er registrerte som barnebillettar.²¹ Norske kulturhus meiner dette heng saman med kravet frå eigaren om at konsertane skal generere overskott eller gå i balanse. Dette er krevjande å få til ettersom mykje av arrangørinntektene kjem frå at dei sel varer frå baren. Fleire konsertarrangørar har i innspel til meldinga spurt etter kompensasjon.

²¹ Norske kulturhus' innspel til barne- og ungdomskulturmeldinga: www.regjeringen.no/bukm

Boks 11.7 Uhørt!-prosjekt

Kulturrådet har gitt tilskott til ulike prosjekt frå ekstraordninga Uhørt! hausten 2020:

Fuge Fantasi for bass, baryton og 15 babyer av dybwikdans er ei konsertframsyning der to songarar med stort vokalt register inngår i eit samspel med ein dansar og 15 babyar. Det kunstnariske prosjektet har fleire fasar. Først har det ein eksperimentell start, så går det via utviklinga av vokalimprovisatoriske strategiar til ei konsertframsyning som møter publikum.

Kafésynk UNG er eit prosjekt for ungdom i alderen 13–19 år. Prosjektet blir gjennomført i Oslo på Kaféteateret, Sentralen, Blå og X-ray

ungdomshus. Ungdommane blir inviterte til workshops med tre ulike band med musikarar som spelar afrovenezuelansk musikk, afrokari-bisk, latinamerikansk, rock, ska, reggae og cumbia. Banda kjem reisande frå både Sør-Amerika, Spania og Afrika.

Prosjektet *Etniid Ulloliinit* («mødrenes samiske ullsjal») av Sara Marielle Gaup tek opp eit tabubelagt tema innanfor det samiske miljøet: vald og overgrep mot samiske kvinner og jenter. Dette blir tematisert gjennom joik, musikk og dans. Målgruppa er i hovudsak ungdom i ungdomsskolealder og på vidaregåande.

sjon for reduserte billett- og barinntekter som følge av å ha særlege tilbod for eit ungt publikum. På denne måten kan barn og unge få eit større mangfald av konsertar å velje mellom.

Dei statleg støtta orkestra har òg eit tilbod til barn og unge. Dette kan både vere familiekonsertar, skolekonsertar (ofte i samarbeid med Den kulturelle skolesekken) og ungdomskonsertar. Det kan òg vere formidlingaktivitetar med omvising og der barn og unge kan prøve seg som dirigentar. Eller det kan vere opplæringstilbod i form av ungdomsorkestra eller spesielle talentretta satsingar.

Fleire orkestra har sett i gang satsingar for å nå ut til barn og unge som ikkje nødvendigvis oppsøker eit konserthus. Mange orkestra samarbeider med Den kulturelle skolesekken om ulike produksjonar. Nokon har digitale konsertvisningar, andre har utarbeidd digitale undervisningsopplegg.

11.5.3 Vurdering

Musikk har ei breidde i uttrykk og sjangrar som gjer at barn og unge til kvar tid kan finne eit musikalsk uttrykk som er interessant, relevant og tilgjengeleg. Undersøkingar viser at barn og unge lyttar til musikk dagleg, og at YouTube er den kanalen barn og unge bruker oftast. Sidan musikk er tilgjengeleg via mobiltelefonen eller nettbrettet, gjer det at musikk for mange barn og unge er det kunstuttrykket som er mest integrert i kvardagen deira og spelar ei sentral rolle i livet deira.

Samtidig er kunnskapen om kva slags musikk barn og unge lyttar til via YouTube og strøymetenester, mangelfull. Vi treng meir kunnskap om korleis digitaliseringa påverkar måten barn og unge bruker kunst og kultur på, slik det står om i kapittel 11.3.

Kulturfondet, Fond for lyd og bilde og Statens kunstnarstipend bidreg til å støtte utviklinga av både innspelt og levande musikk retta mot barn. Visningsarenaer som festivalar, konsertseriar, klubbar og kulturhus har både eigne produksjonar retta mot den unge publikumsgruppa, men òg produksjonar som kan bringe barn, unge og vaksne saman.

Den kulturelle skolesekken (DKS) er ein betydeleg formidlingsarena for levande musikkproduksjonar og når ut til alle skoleelevar over heile landet. I innspel til meldinga har enkelte aktørar og organisasjonar spurt etter fleire nyskapande konsertproduksjonar for barn og unge, og om det kunne vere ein aktør som utviklar desse produksjonane, slik tidlegare Rikskonsertane gjorde.

Eitt av forslaga frå innspela er å opprette Musikkbruket etter modell av Scenekunstbruket. Musikkbruket skal ikkje utvikle produksjonar, men stimulere til at det blir utvikla slike, gjennom blant anna støtteordningar.

I omlegginga av Rikskonsertane til Kulturtanken blei midlane som tidlegare gjekk til å produsere musikk, frå 2016 fordelte til fylkeskommunar og direktekommunar. Desse har no ansvaret for å stimulere til nyproduksjonar i DKS også innanfor musikk.

DKS er ei desentralisert ordning, og regjeringa meiner det ikkje bør opprettast nye strukturar på nasjonalt nivå for å utvikle musikkproduksjonar til barn og unge. Vi bør heller styrkje dei strukturane som allereie er på plass regionalt. Regjeringa har derfor sett av 4 mill. kroner i budsjettet for 2021 til å styrkje innhaldet i DKS-ordninga. Det er Kulturtanken som skal fordele midlane til fylkeskommunane, sjå kapittel 12.2.

I tillegg betyr Kulturrådet og Kulturfondet svært mykje for å heve statusen i feltet og stimulere til å skape eit mangfald av musikkproduksjonar for den unge publikumsgruppa, både i og utanfor DKS-ordninga.

Konsertstader og musikkfestivalar er arenaer der barn og unge kan møte musikk av høg kvalitet. For å skape eit mangfald av uttrykk og breidde i sjangrar bør det rettast ein innsats mot å få fleire arrangørar til å prioritere barn og unge. Ungdom skal dessutan få anledninga til å oppsøke konsertar utan følge frå vaksne. Regjeringa vil utrede moglegheiten for å styrkje dei statlege støtteordningane for å stimulere til fleire «under 18»-konsertar og til auka kompetanse om korleis programmere og arrangere for publikumsgrupper som barn og unge.

Dei statleg støtta orkestra formidlar orkestermusikk til barn og unge, både gjennom den ordinære aktiviteten sin og i rolla si i DKS-ordninga. Å nå ut til barn og unge via alternative formidlingsmåtar og å utvikle nye produksjonar og repertoar skal framleis vere ei prioritert satsing for orkestra.

Regjeringa vil

- sikre at det blir skapt eit mangfald av musikkproduksjonar retta mot barn og unge
- utrede moglegheiter for ordningar som gir kompensasjon for tapte inntekter ved konsertar for ungdom under 18 år
- utrede moglegheiter for ordningar som stimulerer til auka kompetanse om å programmere og arrangere for den unge publikumsgruppa

11.6 Scenekunst for og med barn og unge

11.6.1 Status

Medie- og kulturbruksundersøkelsen 2016 frå SSB viser at ungdom mellom 9 og 15 år i stor grad oppsøker scenekunsttilboda, for eksempel opera, ballett/dans og teater/musikal/revy. For den sistnemnde kategorien svarte 58 prosent av respondentane at dei hadde vore på dette tilbudet dei siste tolv månadene. Ifølgje SSBs kulturstatistikk for 2019 hadde teater- og operainstitusjonane som rapporterer til Kulturrådet, om lag 5 000 oppsetjingar for barn og unge. Det kom nærmare 700 000 publikummarar på visningane og formidlingsaktivitetane retta mot barn og ungdom.

Scenekunst er det av kulturuttrykka i Den kulturelle skolesekken (DKS) som har nest høgast tal på publikummarar. I 2019 opplevde i overkant av 520 000 publikummarar scenekunst i DKS-ordninga, noko som utgjer om lag 20 prosent av det totale publikumstalet til DKS. Scenekunst er òg eit av kunst- og kulturuttrykka som oftast blir brukt i samspel med andre kunstartar. Scenekunsten frå DKS omfattar eit mangfald av sceniske uttrykk og sjangrar innanfor teater, dans, opera og sirkus.

11.6.2 Produksjon og formidling

Scenekunstfeltet har lange tradisjonar for å utvikle produksjonar retta mot barn og unge, og det blir laga mykje scenekunst av høg kvalitet retta mot publikumsgruppa. Det frie feltet er stort sett prosjektfinansiert gjennom Norsk kulturfond, Fond for lyd og bilde, Fond for utøvende kunstnere og andre finansieringskjelder og står for ein stor andel av denne scenekunsten. I 2019 tildelte Norsk kulturfond 37,7 mill. kroner til barne- og ungdomsprosjekt. Dette utgjer 23 prosent av det totale tilskottet til scenekunstordningane. I tillegg er samproduksjonar med institusjonar og programmerande scenar ein stadig meir vanleg måte å finansiere produksjonar på.

Dei programmerande scenane blir gjerne rekna som «scenane til det frie feltet». I dag har vi fire slike scenar som blir finansierte over statsbudsjettet. Alle desse scenane viser og samproduserer frå tid til anna framsyningar retta mot den unge målgruppa. Dansens Hus har retta ei spesiell merksemd mot barn og unge dei siste åra, sjå boks 11.8. I tillegg er Black Box Teater, BIT Teatergarasjen og Rosendal Teater viktige formidlingsarenaer for scenekunst til barn og unge.

Boks 11.8 Dansens Hus

Dansens Hus i Oslo er Noregs nasjonale scene for dans. Dei viser eit breitt spekter av dansekunst, frå babyframsyningar til internasjonale gjestespel, både frå nye og frå etablerte norske koreografar. Dansens Hus har som mål å vere familien sitt hus. Med det meiner dei ein stad der barn, unge og familiar kan oppleve relevant og original scenekunst. Dei ønskjer eit familiepublikum som speglar av befolkninga i Oslo. Å vere inkluderande og tilgjengeleg for alle er eit viktig prinsipp, og det er eit uttalt mål å føre ein demokratisk prispolitikk.

Andre tiltak med ein inkluderande profil er *POW (People of the world)*. Her tilbyr dei busette på asylmottak kurs og workshops frå urbankulturen, som breaking, hiphop, teikning, beatboxing. Desse kursa går føre seg på Dansens Hus ein gong i månaden. *Measure your crew* er eit årleg arrangement der ungdom blir inviterte til dansekonskurranse. Arrangementet er gratis og svært populært.

Norsk Scenekunstbruk er ein nasjonal formidlar av scenekunst og eit kompetansenettverk for scenekunstfeltet for barn og unge. Dei har som mål å sørge for at alle barn og unge får oppleve scenekunst av høg kvalitet. Scenekunstbruket bidreg med støtte til å produsere og formidle scenekunst for barn og unge og er ein betydeleg aktør for formidling av scenekunst i Den kulturelle skolesekken.

Institusjonane på scenekunstfeltet er sentrale i produksjonen og formidlinga av scenekunst til barn og unge. Mange scenekunstinstitusjonar har i dag eit tilbod til barn og unge og tilbyr jamleg barne- og familieframsyningar. Unge Viken Teater, Haugesund Teater, Det Norske Teatret, Teatret Vårt og Brageteatret er eksempel på institusjonar som satsar tungt på å formidle scenekunst til barn og unge. I tillegg gir Sametinget tilskott til fleire scenekunstinstitusjonar som arbeider med scenekunst for og med barn og unge, som Sámi Mánaid Teáhter (*Samisk barneteater*), Áarjelhsaemien Teatere (*Sydsamisk teater*) og Beaivváš Sámi Našunála teáhter (*Beaivváš samisk nasjonalteater*).

Dei fleste scenekunstfestivalane som får tilskott frå Kulturrådet, har retta delar av programmet sitt mot ei yngre målgruppe eller mot heile

familien. Festivalane eksperimenterer i stor grad med visningsformat, stadsspesifikke strategiar, interaktivitet og deltaking. Arenaer som Showbox, Assitejfestivalen og Markedet for Scenekunst skal bidra til å utvikle og styrkje scenekunstheltet for barn og unge både fagleg og kunstnarisk gjennom å vise framsyningar, samtalar, diskusjonar, møte og presentasjonar.

Dei regionale kompetansesentera for dans jobbar med at det skal bli produsert fleire og betre danseframsyningar for alle målgrupper, inkludert barn og unge. Dei kan tilby residensopphald eller produsenttenester til profesjonelle scenekunstnarar som produserer framsyningar for og med barn og unge. Enkelte av kompetansesentera har òg aktivitetar for barn og unge gjennom pedagogisk danseundervisning eller talentutvikling.

Dansenett Norge er eit turnénettverk som jobbar for å gjere norsk og internasjonal dansekunst tilgjengeleg for publikum over heile landet, også til dei utanfor dei store byane. Det gjer dei ved å samarbeide med kulturhus over store delar av landet. Slik bidreg dei til at danseproduksjonar blir viste fleire gonger og på fleire stader. I tillegg prioriterer dei produksjonar for barn.

Kulturhusa er ein sentral arena for å formidle scenekunst til barn og unge. Ifølgje tal frå Norske kulturhus var det i 2018 i underkant av 190 000 publikummarar på danseframsyningar, og nesten 50 000 av dei var barn og unge. For teater var det i overkant av 400 000 publikummarar på framsynningane, og om lag ein fjerdedel av desse var barn og unge.

11.6.3 Vurdering

SSBs kulturstatistikk viser at det er ei stor mengd scenekunstproduksjonar retta mot barn og unge, men statistikken fortel lite om kven av barna og dei unge som bruker tilbodet. Det er eit mål å innrette scenekunsttilbodet slik at det når eit mangfald av barn og unge over heile landet. For å få til dette må scenekunsten som blir tilbydd, vere relevant og representativ. Scenekunsten må presentere historier som barn og unge kan kjenne seg igjen i, sjå omtalen i kapittel 11.3.

Kulturrådet bidreg gjennom Kulturfondets støtteordningar til å stimulere til at det blir produsert og formidla scenekunst til barn og unge. Desse ordningane blir sette på som sentrale for at feltet skal utvikle seg vidare. I tillegg bidreg dei programmerande scenane og scenekunstinstitusjonane i stor grad med nyskapande produksjon og formidling av scenekunst, og fleire er tilbydarar av produksjonar til barnehagebarn.

Den kulturelle skolesekken (DKS) sikrar at alle elevar over heile landet har anledning til å oppleve eit scenekunsttilbod av høg kvalitet. Innspel til meldinga vitnar om at det er eit behov for å sikre eit kontinuerleg tilfang av nytt innhald i scenekunsttilbodet til barn og unge, spesielt i DKS. Scenekunstbrukets tilskottsordningar bidreg til å utvikle scenekunst for barn og unge, og fylkeskommunar og direktekommunar bidreg i ulik grad med å utvikle scenekunst for denne publikumsgruppa.

At scenekunstinstitusjonane og det frie feltet samarbeider meir, vil kunne stimulere til fornying og nyproduksjon i DKS. Å styrkje samhandlinga og dialogen mellom institusjonsteatera, det frie feltet og forvaltninga av DKS, for eksempel ved å invitere til innspel, fagsamtalar og felles deltaking på ulike visningsarenaer, vil kunne bidra til å styrkje arbeidet med å sikre eit nyskapande tilbod av scenekunst i DKS. Regjeringa har i budsjett for 2021 sett av 4 mill. kroner for å styrkje innhaldet i DKS-ordninga, deriblant scenekunst. Kulturtanken har fått i oppdrag å forvalte midlane, sjå kapittel 12.2.

Scenekunst blir vist på eit mangfald av arenaer, både innandørs og utandørs. Regjeringa vil halde fram med å leggje til rette for eit mangfald av scenekunstarenaer. Nye formidlingsmetodar, som oppsøkjande scenekunst eller digital formidling, bør prioriterast for at scenekunsten skal nå nye målgrupper.

Regjeringa vil

- sikre at det blir utvikla relevant og representativ scenekunst for barn og unge gjennom gode støtteordningar for produksjon og formidling

11.7 Visuell kunst for og med barn og unge

11.7.1 Status

Vi lever i ein biletkultur, og nye generasjonar veks opp med omgivnader og kommunikasjonsformer som i stigande grad baserer seg på det visuelle. Tidleg visuell kompetanse er blitt ein viktig føresetnad for livsmeistring, ytringsmangfald og demokratiske rettar – både i og utanfor sosiale medium.

Det visuelle kunstfeltet er stort og samansett. Omgrepet *visuell kunst* bruker vi hovudsakleg i tydinga biletkunst og kunsthåndverk. Men det inkluderer i tillegg blant anna kunstnarisk film/video og performance og dei estetiske og histo-

riske aspekta ved design og arkitektur. Feltet omfattar både den visuelle samtidskunsten og kunstarven som finst i kunstmusea, og møte med samtidskunstnarar og samtidskunst på ei rekkje andre ulike formidlings- og visningsarenaer.

Medie- og kulturbruksundersøkelsen 2016 frå SSB viser at 35 prosent av barn og unge mellom 9 og 15 år var på kunstutstilling dei siste 12 månadene. Den kulturelle skolesekken (DKS) gir elevar møte med visuell kunst og hadde om lag 8 prosent av elevmøta på landsbasis i 2019. I DKS rommar omgrepet «visuell kunst» fagområda biletkunst, kunsthåndverk, design og arkitektur, og dei omkring 800 årlege produksjonane tek alle tenkjelege former, blant anna kunstmøte, verkstader, museumsbesøk, visningar eller atelierbesøk.

11.7.2 Produksjon og formidling

Kulturfondets ordningar på det visuelle feltet rettar seg mot både enkeltkunstnarar, arrangørar og arenaer og bidreg til å stimulere til at det blir produsert og formidla visuell kunst. Alle ordningar innan visuell kunst er i prinsippet opne for prosjekt retta mot barn og unge. Det blir gitt tilskott til utstillingar og andre formidlingstiltak, kunstnardrivne visningsstader og kunstfestivalar, kunsthaglege publikasjonar og manusutvikling, kunstnarassistentordning, utstyrsstøtte til felles verkstader og driftsstøtte.

Ifølgje evalueringane av Kunstløftet har kunstnarar på det visuelle kunstfeltet tradisjonelt sett ikkje jobba målgruppeorientert, men mange eksisterande produksjonar har potensial for å treffe barn og ungdom. I 2019 blei 2 prosent av den totale tildelingssummen frå Kulturfondet til feltet for visuell kunst gitt til prosjekt retta mot barn og unge. Dette året blei det utlyst 2 mill. kroner øyremerkte kunstprosjekt retta mot målgruppa.

Kunst i offentlege rom (KORO) produserer og finansierer stadsspesifikke kunstprosjekt både innandørs og utandørs over heile landet. KORO har gjennom 40 år blant anna produsert og gitt tilskott til eit stort tal kunstprosjekt i bygg og offentlege uterom som har barn og unge som sine primære brukarar. Eksempel er barnehagar, barne- og ungdomsskolar, vidaregåande skolar og universitet og høgskolar. KORO har òg laga kunst for barn og unge på sjukehus, barnehus, barne- og ungdomspsykiatriske institusjonar, fengsel, institusjonar for unge asylantar og flyktningar, bibliotek og andre kulturinstitusjonar.

Boks 11.9 Tenthaus

Tenthaus blei stifta i 2011 som ein kunstnardriven utstillingsstad og ei plattform for diskusjon, der ulike aktivitetar, kunst, undersøkingar, forskning og samtalar overlappar. Tenthaus arbeider med kunst og pedagogikk som bidreg til å styrkje mangfaldet, deltakinga og demokratiet i kunstfeltet, blant anna ved å leggje til rette for samarbeid mellom kunstnarar og skolar.

Minoritetsproblemstillingar dannar ofte utgangspunkt for kunstprosjekta. Tenthaus har utforska måtar å leggje til rette for stipendordningar for ungdommar (16–22 år) med migrasjonsbakgrunn og kort butid i Noreg for å rekruttere fleire frå denne gruppa inn i kulturlivet generelt. Ungdommane i ordninga blir medlemmer av ein redaksjon, produserer og vel ut tekst- og biletinnhald til ein publikasjon og får betalt for å delta i prosjektet.

I tillegg arbeider KORO med formidling av kunst til målgruppa småbarn til vaksen ungdom. Formidlinga blir gjort i eit samarbeid med verksemdene som har kunsten hos seg. KORO har ved ei rekkje anledningar vore involvert i tilrettelegging av læremiddel og undervisningsopplegg, der kunsten anten blir brukt i opplæring om andre tema eller sjølv er temaet for læring.

Nasjonalmuseet har Noregs største samling av kunst, kunsthåndverk, design og arkitektur – frå antikken og fram til i dag. Barn og unge er ei prioritert målgruppe. Derfor jobbar dei med tiltak for å treffe behova til barn og unge, i utviklinga av det nye Nasjonalmuseet på Vestbanen i Oslo. Der ønskjer museet å ha kunst *med* barn, kunst *for* barn og kunst *av* barn.

Den nye bygningen vil gi heilt nye moglegheiter for å formidle, også til barn og unge. Blant anna kjem dei til å ha unike utstillingsrom og verkstader spesielt utvikla for barn, omvising på barn sine premisser og digitale tilbod til barn og unge i samlingsutstillinga. Museet har i tillegg teke mål av seg til å nå barn i heile landet gjennom innovative digitale, romlege og audiovisuelle løysingar, sjå boks 11.1.

Nasjonalmuseet hadde tidlegare rolla som nasjonal aktør for visuell kunst i DKS. Dei har kunna tilby utstillingsproduksjonar, med visingar, aktivitetar og deltaking tilpassa skolen, i tillegg til faglege kurs og seminar for formidlarar, kunstna-

Boks 11.10 Visuell kunst og Den kulturelle skolesekken

Nordnorsk Kunstnersenter, Telemark Kunstsender, Kunsthall Trondheim, Oslo Kunstforening og Fotogalleriet samarbeider om pilotprosjektet *DKS-Lab*. Inspirasjonskjelda er Nordnorsk Kunstnersenter, som har utvikla og arrangert «residency»-modellen Testlab UNG i fleire år der målet er å utvikle nye produksjonar for Den kulturelle skolesekken (DKS).

I modellen får kunstnarar som har ønskjer å utvikle eit prosjekt for barn og unge, anledning til å eksperimentere og få viktige erfaringar før dei søker seg inn til sjølv DKS-ordninga. Deltakarane får testa og evaluert produksjonane sine, og møter kompetanse på formidling, pedagogikk og dramaturgi.

rar og produsentar. Nasjonalmuseet spelar framleis ei viktig rolle i ordninga og utviklar fysiske og digitale prosjekt som blir tilbydde heile landet.

KODE Kunstmuseer og komponisthjem er eit museum for kunst, kunsthåndverk, design og musikk. KunstLab i KODE opna i september 2011. Det er Noregs første kunstmuseum spesielt tilrettelagd for barn og unge. I KunstLab kan barn og unge møte kunsten til museet på sine eigne premisser. Museet har ei stor utstilling kuratert for barn, fleire verkstader og eit laboratorium der dei kan utforske kunstvitenskapen gjennom leik og eksperiment.

Museum, kunsthallar, kunstforeiningar og regionale kunstsenter er andre arenaer som bidreg til å formidle profesjonell kunst til barn og unge.

Den kulturelle skolesekken (DKS) er sentral i arbeidet med å formidle visuell kunst til barn og unge. For mange er skolen den einaste moglegheita til å få tilgang til det som finst av kulturtilbod. Det er mange aktørar som produserer og formidlar visuell kunst i DKS. Den største gruppa er enkeltkunstnarar som blir engasjerte i oppdrag direkte av fylka eller kommunane. Kunsthallar og regionale kunstsenter spelar òg ei stor rolle som samarbeidspartnarar for DKS.

11.7.3 Vurdering

Barn og unge skal møte eit breitt utval av kunst- artar og uttrykksformer og sjansen til å få utvikle

måten dei uttrykkjer seg sjølv på gjennom kunstnariske ytringar. Visuell kunst retta mot barn og unge må visast på mange ulike arenaer. Det gjeld gjennom digitale plattformer òg.

Kulturrådets tilskottsordningar og øyremerkte midlar har betydd mykje for å utforske spennvidda av kunstformidlinga for barn og unge. Det blir sett på som viktig å framleis støtte utviklinga på dette området. Arbeidet til Kulturtanken med det visuelle kunstfeltet, blant anna gjennom kunsthallfestivalen Øyepå, bidreg òg til å styrkje kompetansen og statusen blant det produserande kunstfeltet.

Regjeringa har i budsjett for 2021 sett av 4 mill. kroner for å styrkje innhaldet i DKS-ordninga, deriblant visuell kunst, slik det står om i kapittel 12.2. Arbeidet både Kulturrådet og Kulturtanken gjer, blir sett på som sentralt for å styrkje og utvikle det visuelle kunstfeltet for barn og unge vidare. Det gjeld òg Nasjonalmuseet og KORO's arbeid med kunst for barn og unge.

Å sikre at det framleis er gode arenaer rundt om i landet for å formidle kunst til barn og unge, både fysiske og digitale, er viktig. Museum, kunsthallar, kunstsenter og kunstforeiningar har i stor grad vore bevisste det unge publikummet og har særskilde satsingar for å nå dette publikummet. Dette er med på å gi meir formidling av visuell kunst til barn og unge.

Regjeringa vil

- sikre at det blir utvikla kunstproduksjonar og formidlingsarenaer for visuell kunst retta mot barn og unge
- sikre at barn og unge får møte kunst i blant anna museum, kunsthallar, KORO (Kunst i offentlege rom) og digitale arenaer

11.8 Kulturarv for og med barn og unge**11.8.1 Status**

Kulturarven representerer den felles historia vår og medverkar til å skape identitet, innsikt, engasjement og tilhøyrse. Å verne om kulturarven og vekke interesse for denne og gjere han tilgjengeleg for barn og unge er ei statleg oppgåve og eitt av dei nasjonale kulturpolitiske måla.

Det er eit stort mangfald av aktørar som arbeider med kulturarv for barn og unge. Aktørane omfattar både profesjonelle og frivillige. Feltet rommar for eksempel større og mindre institusjonar innan museum, arkiv og bibliotek. Og det rommar store forlag og dokumentarfilmselskap

og profesjonelle enkeltaktørar, frivillige organisasjonar og lokale entusiastar.

Dette mangfaldet speglar seg av i korleis aktørane nærmar seg temaa og formidlingsforma. Denne variasjonen gjer kulturarv spesielt spennande fordi det gir varierte måtar å formidle til og involvere barn og unge.

Omgrepet kulturarv omfattar den materielle sida av kulturarven, men òg levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap som blir overførte frå generasjon til generasjon, gjerne omtala som immatriell kulturarv, eller handlingsboren kunnskap.

Dei levande tradisjonane og kunnskapen knytt til dei, blir førte vidare gjennom kreative uttrykksmåtar, som handverk, musikk, dans, mattradisjonar, ritual og munnlege forteljingar. Kulturrådet har ansvar for å sette i verk UNESCOs konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven i Noreg og er Kulturdepartementets fagorgan på feltet. Formålet med konvensjonen er å auke respekten for og kunnskapen om immateriell kulturarv.

Gjennom Den kulturelle skolesekken (DKS) får skoleelevar møte både immateriell og materiell kulturarv. Både profesjonelle aktørar og frivillig sektor bidreg med kulturarv i DKS. I 2019 var publikumstalet 261 268, noko som utgjorde cirka 10 prosent av det totale publikumstalet i DKS dette året.

Ein kulturarvproduksjon i DKS kan vere omvising, verkstad, foredrag eller vandring. Dei kan gå føre seg på skolen, på museum, i bysentra eller på andre arenaer. Kulturarv i DKS gir eit rom for den store samtalen om kven vi har vore, og kvar vi kjem frå, men òg om kven vi er og vil vere framover, og at vi alle er historieskapande og definerer kva som skal vere kulturarven i framtida.

11.8.2 Produksjon og formidling

Mykje formidling av kulturarv til barn og unge er knytte til musea. Musea kan vere kunstmuseum, naturhistoriske museum, tekniske museum og kulturhistoriske museum. Gjennom å samle inn, ta vare på og byggje og formidle kunnskap om materielle og immaterielle spor frå fortida og samtida, bidreg musea til kunnskap, danning og kritisk refleksjon.

Musea skal gi både kunnskap og opplevingar, og dei skal vere tilgjengelege og relevante. Ei aktiv formidling er derfor sentralt både i eit demokratisk perspektiv og i eit allment kulturperspektiv. Musea er ein møteplass for eit breitt samansett publikum, og brukarundersøkingar viser at folk

som bruker musea, oppgir det å gjere noko saman som ein sentral grunn.²² Musea er slik også sosiale arenaer for barn og unge, ofte saman med familie og andre nærstående personar.


Musea har historisk stått sterkt når det gjeld å formidle kulturarv til barn og unge. Samarbeidet mellom museum og skole har gjort musea til sterke formidlingsaktørar. Ifølgje rapporten *Museum og skole. Fra folkeopplysning til kulturell skolesekk* blei samarbeidet mellom museum og skole vanlegare og etter kvart meir systematisk i tida etter 1945. Det blei blant anna etablert skoletenester på fleire av musea der målet var å gi eit undervisningstilbod til barn og unge. Fleire av musea i landet etablerte stillingar som museums- pedagogar, og Norsk Museums- pedagogisk Forening blei etablert i 1976.²³ Da Den kulturelle skolesekken (DKS) blei oppretta på starten av 2000-talet, rapporterte dei aller fleste musea om formidlingstiltak retta mot skoleelevar, om samarbeid med grunnskolen og om tilpassing til læreplanane til grunnskolen. DKS kom inn som eit tillegg til dei allereie eksisterande forbindelsane. Musea er òg tilbydarar av produksjonar i DKS. Om lag halvparten av tilboda innan kulturarv samarbeider DKS med eit museum om, både i kommunar og fylke.

Barn og unge stod for 2,2 mill. museumsbesøk i 2019. Dette utgjer 21 prosent av det samla besøket. Statistikk for museum med driftstilskott frå Kulturdepartementet 2019 viser at musea legg stor vekt på å ha eit godt tilbod til det yngste publikummet og samarbeider med skolane om besøk og formidling. Same året hadde 79 prosent av musea ein plan for formidlinga retta mot barn og unge, mot 77 prosent i 2018. 821 800 barn deltok i organisert undervisning i 2019, mot 865 667 i 2018. Talet på barn og unge som har vore med på tiltak i regi av Den kulturelle skolesekken (DKS), var på same nivået som i 2018 med 238 000 besøkjande. 37 prosent av musea hadde internettbaserte pedagogiske tiltak for barn og unge, mot 35 prosent i 2018. Museumsmeldinga som blir lagd fram våren 2021, ser nærmare på musea som ein arena for læring.

For kulturarvformidling ligg det eit stort potensial i å utnytte nye digitale teknologiar. Mange museum og andre aktørar har allereie starta å utforske og prøve ut forskjellige formidlingsmodellar. Dette er grep som kan bidra til at barn og unge blir meir interesserte i å besøkje museum. Follo Museum (Museene i Akershus)

²² Sjøvold, Hval, Stampe & Øverli 2020

²³ Brenna & de Ridder 2018



Figur 11.2 Barn og unge som har deltatt i pedagogiske tiltak

Kjelde: Statistikk for museum 2019.

har for eksempel lansert ei VR-oppleving der publikum kan gå inn i heimen til Roald Amundsen ved hjelp av VR-briller og ein app. Museet har inngått eit samarbeid med Kulturtanken og DKS Viken for å lage eit opplegg retta mot barn og unge i DKS.

Dei frivillige organisasjonane, mellom anna husflidslag, kystlag og folkemusikk- og folkedansorganisasjonar, rettar i stor grad aktiviteten sin mot barn og unge. Slik oppstår viktige erfaringsbaserte aktivitets- og læringsarenaer og møteplassar for overføring av kunnskap om kulturarven mellom generasjonane.

Mykje av formidlinga og aktivitetane ved musea er retta mot barn og unge, ofte i samarbeid med frivillige aktørar.²⁴ Dette gjeld også musea som formidlar kulturarven til nasjonale minoritetar og dei samiske musea. Dei samiske musea har alle eit høgt tal besøk frå barn og unge, både i og utanfor DKS.

Bevisstheita om rettane til urbefolkninga, nasjonale minoritetar og andre minoritetar, er i stadig auke i samfunnet. Å stimulere til kunnskap om eigen kultur og historie kan vere positivt for dei unge. Den sterke interessa for samisk kunst og kultur, både nasjonalt og internasjonalt, verkar stadfestande for identiteten for samiske barn og unge.

Kulturrådet stimulerer til prosjektbasert arbeid med å bevare, dokumentere og formidle

kulturar og levesett i Noreg. Her har musea og arkiva ei viktig rolle. Men det skjer i tillegg ein omfattande aktivitet utanfor dei etablerte institusjonane, der både profesjonelle og frivillige aktørar utfører viktig prosjektbasert arbeid for å auke kunnskapen om historie, kunst og samfunns- liv i Noreg.

Mange av aktørane som søker støtte til kulturvernprosjekt frå Kulturrådet, har barn og unge som målgruppe. Av midlane Kulturrådet hadde sett av til kulturverntiltak i 2019, gjekk 7,2 mill. kroner til prosjekt for barn og unge. Dette var 21 prosent av den totale avsetninga.

Kulturrådet forvaltar også tilskottsordningar for nasjonale minoritetar. Prosjekttilskottsordninga skal bidra til å styrkje språket, kulturen og identiteten til nasjonale minoritetar. Det er eit særleg mål å styrkje språk og identitet hos barn og unge.

Årsrapporten for Den kulturelle skulesekken (DKS) i 2019 viser at 74 prosent av alle kulturarvtilboda blir booka på kommunalt nivå. Det viser at det er eit stort engasjement for kulturarv på det lokale forvaltningsnivået. Merksemd om lokal historie, lokale kulturminne og lokale handverkstradisjonar er ofte utgangspunktet for kulturarvsproduksjonar i DKS. Dette har gitt eit stort mangfald i tilboda, men òg stor variasjon når det gjeld profesjonalitet i formidlinga, særleg utanfor musea. DKS har vore oppteken av profesjonalisering av heile kulturarvfeltet i ordninga. Eitt av tiltaka for å få til dette er møteplassen Spor – arena

²⁴ Norsk kulturråd 2020a

for kulturarv i Den kulturelle skolesekken, som Kulturtanken er medarrangør av.

11.8.3 Vurdering

Når barn og unge får møte både immateriell og materiell kulturarv, får dei moglegheita til å forstå meir av samfunnet dei er ein del av. Regjeringa vil framleis leggje til rette for gode ordningar for å føre vidare kulturarv til barn og unge.

Musea når eit stort tal barn og unge i skolealder gjennom å samarbeide med skolane, det frivillige kulturlivet og Den kulturelle skolesekken. Musea bidreg dermed i stor grad til å formidle mykje av kulturarven gjennom tilrettelagde produksjonar for den unge målgruppa.

Samtidig er det ei utfordring å nå alle barn og unge. Utgifter som inngangspengar gjer at barn og unge stort sett bruker musea saman med familien. Regjeringa vil utrede moglegheiter for rabattordningar for barn og unge hos institusjonane som får tilskott via Kulturdepartementets budsjett, sjå kap. 7.3. Dette vil kunne gjere musea attraktive som møteplass for den unge målgruppa, som i større grad ønskjer å oppleve kultur saman med venner.

Den kulturelle skolesekken (DKS) gir barn og unge over heile landet anledning til å bli kjende med kulturarv. Kulturarv i DKS blir i stor grad forvalta lokalt. Kulturarvformidlinga lokalt og regionalt nyttar kompetansen frå musea i betydeleg grad. Regjeringa vil sjå nærmare på korleis museum i det nasjonale museumsnettverket med fleire kan givast oppgåva med å hjelpe med kompetanseheving og rettleiing til det frie feltet, skolen, andre kommunale einingar og tilsette i kommunen som arbeider med kunst- og kulturformidling i DKS. Slik vil kompetansen som musea har til å formidle kulturarv til barn og unge, også komme aktørar utanfor musea til gode.

Regjeringa har i budsjettet for 2021 sett av 4 mill. kroner til å styrkje innhaldet i DKS-ordninga, slik det står omtalt i kapittel 12.2. Midlane skal forvalta av Kulturtanken og fordelast til fylkeskommunane. Midlane skal bidra til å styrkje blant anna kulturarvtilbodet i DKS, gjerne i samarbeid med kommunar, museum og andre relevante aktørar. Regjeringa ønskjer med midlane også å stimulere til at det blir utvikla nye måtar å formidle både kulturarv og andre kulturuttrykk på.

Regjeringa vil

- sikre at kulturarv blir vidareført til barn og unge

- vurdere å gi utvalde museum eit utvida mandat til å hjelpe med kompetanseheving og rettleiing til relevante aktørar innanfor DKS

11.9 Levande bilete for og med barn og unge

11.9.1 Status

Levande bilete i ulike former kan vere ein dørøp- nar for ulike måtar å oppleve historier på. Dei kan spegle livet til barn og unge og samfunnet vi lever i. Kunnskap om levande bilete er ein viktig del av den kulturelle danninga til barn og unge. Historiene som blir fortalde gjennom norske kortfilm- mar, dokumentarfilm, spelefilm, norske datas- pel og utanlandsk kvalitetsfilm, gir barn og unge eit perspektiv dei ikkje får gjennom den domine- rande kommersielle kulturen dei har mest erfa- ring med.

I dag har barn og unge tilgang til ulike former for levande bilete på ei rekkje ulike plattformer i mange ulike samanhengar – alt frå storproduksjo- nar i kinosalen til TikTok-videoar på mobiltelefo- nen. I praksis betyr dette at levande bilete – i ei eller anna form – er tilgjengelege nærmast døgnet rundt. Levande bilete er derfor eit kulturuttrykk som så og seie alle barn og unge har eit forhold til.

Ulike kultur- og mediebruksundersøkingar viser at barn og unge er storforbrukarar av digi- tale plattformer, også når det gjeld strøyming av levande bilete, inkludert film og tv-produksjonar. SSBs mediebruksundersøkelse viser at 92 prosent av 9–15-åringane brukte internett ein gjennom- snittsdag i 2019. Gjennomsnittleg bruk var 152 minuttar. Tilsvarende brukte 9–15-åringar 73 minuttar på digitale spel og 43 minuttar på tv ein gjennomsnittsdag i 2019. Og dertil strøymar 85 prosent av barn mellom 3 og 11 år og 94 pro- sent av ungdom mellom 12 og 19 år tv kvar dag, ifølgje Kantar TNS' rapportar *Mediebarn og Medieungdom*.²⁵

Tal frå Medietilsynets *Barn og medier 2020* viser at 86 prosent av 9–18-åringane spelar spel på pc, Playstation, mobil, nettbrett eller liknande. Ser vi nærmare på tala, var det 96 prosent av gutane og 76 prosent av jentene som spelte spel. Medietil- synets *Barn og medier-undersøkingar* fortel at det sidan 2010 har vore ein markant auke i tida som blir brukt på speling, spesielt blant jentene.

Vi viser elles til beskrivinga av kultur- og mediebruken til barn og unge under kapittel 3.2

²⁵ Kantar 2019a, 2019b

og den digitale kvardagen til barn under kapittel 13.2.

Den kulturelle skolesekken (DKS) er ein viktig inngang for film i skolen. Gjennom DKS får elevane oppleve film som kunstnarisk uttrykk i skolekvardagen, blant anna gjennom filmforteljingar som speglar av livet til barn og unge og samfunnet dei lever i. Elevane får møte filmskaparar og ulike filmsjangrar som dokumentar, kortfilm, spelefilm og animasjonsfilm. Filmformidlinga i DKS bidreg òg til kunnskapen elevane har om bruk av verkemiddel, og ho styrkjer den kritiske tenkinga rundt audiovisuelle forteljingar. Dei får sjå og oppleve filmkunst og får ei teoretisk og praktisk innføring i film som visuelt medium. Årsrapporten for DKS for 2019 viser at cirka 9 prosent av alle elevmøte på landsbasis handlar om film.

11.9.2 Produksjon og formidling

Norsk filminstitutt

Norsk filminstitutt (NFI) er forvaltningsorganet til staten på området film og dataspel. I 2019 fordelte NFI 519 mill. kroner frå filmfondet. Alle tilskottsordningane til NFI prioriterer barn og unge som publikumsgruppe, innanfor tilskott til å utvikle, produsere og formidle audiovisuelt innhald.

I 2019 tildelte NFI totalt 131 mill. kroner i produksjons- og etterhandstilskott til filmar retta mot barn og unge, fordelte på totalt 20 filmar.²⁶ Det svarte til cirka 31 prosent av dei totale tilskotta. I tillegg til dette får barne- og ungdomsfilmar prioritet i tilskottsordninga for lansering, og i 2019 blei det gitt lanseringstilskott på 28 mill. kroner til 21 norske kinofilm. Av desse 21 filmane var 9 barnefilm, som da samla fekk 46 prosent av det totale tilskottet. Barn og unge er elles ei prioritert målgruppe i alle ordningar for tilskott til filmformidling, inkludert tilskott til festivalar som rettar seg til barn og unge.

Evalueringa av tilskottsordningane i 2020 har konsentrert seg om korleis norsk produksjon kan tilpasse seg betre til endringar i marknaden og gjeldande filmpolitiske mål og slik skape rom for god utvikling uavhengig av sjanger eller format. Ny forskrift gjeldande frå mars 2021 har utvida føresegna for etterhandstilskottet til også å gjelde ungdomsfilm. Bakgrunnen for dette er at NFI

ønskjer å stimulere til meir produksjon av ungdomsfilm. Definisjonen av barnefilm ved utmåling av etterhandstilskottsutbetaling blir derfor utvida til barne- og ungdomsfilm. Dette er definert som filmar med primærmålgruppe under 18 år. Målet er at dette skal gi fleire ungdomsfilm, med et større tematisk mangfald, som igjen gir grunnlag for eit større publikum.

I forlenginga av dette arbeidet og i tråd med føringar om talentutvikling og mangfaldsrekruttering blir det òg planlagt å utvikle ein eigen strategi for NFIs satsing på barn og unge.

NFI tildeler dessutan tilskott til å utvikle norske dataspel. Tilskottsordninga skal stimulere til utvikling av eit breitt og variert tilbod av norske spel innan ulike sjangrar og til ulike målgrupper. Ordninga skal vidare stimulere til at spela når eit stort publikum, både nasjonalt og internasjonalt, og bidra til at barn, unge og vaksne får tilgang til spel på norsk. I 2019 blei det tildelt 23,5 mill. kroner i tilskott til å utvikle dataspel retta mot barn og unge.

I 2019 løyvde NFI 1,29 mill. kroner til innkjøp av spel. Totalt blei det kjøpt inn åtte speltitlar. Av desse passar dei fleste for yngre barn, og tre passar for spelarar over tolv år. Innkjøpsordninga gjer det mogleg for bibliotek å tilby nye spel av høg kvalitet.

Ny forskrift gjeldande frå mars 2021 opnar for tilskott til å formidle dataspel og til kompetansehelevande tiltak for formidlarar av dataspel. Tilskottet til formidling skal bidra til breidde og kvalitet i dataspeltilbodet for vaksne og barn og stimulere dataspelkulturen i Noreg. Ei aktiv og brei formidling skal stimulere til spel som arena for fellesskap og sosiale nettverk, og NFI kan gi tilskott til spelarrangement med barn og ungdom som målgruppe.

Tilskottet til kompetansehelevande tiltak skal blant anna bidra til at barn og unge blir reflekterte og kritiske brukarar av audiovisuelle uttrykk. NFI ønskjer blant anna å styrkje representasjonen av spel og film, slik at desse kunstformene får ein breiare representasjon i Den kulturelle skolesekken (DKS). NFI innfører derfor tilskott til utviklingsprosjekt for film og spel, som kan søkjast om for opptak i DKS.

Formidling

Gjennom Cinemateket i Oslo arrangerer NFI filmvisningar og filmverkstader for barn og unge. Dei regionale cinemateka og Norsk Filmklubbforbund har ei avgjerande betydning for å oppnå NFIs mål om at barn og unge i heile landet blir reflekterte

²⁶ Etterhandstilskott er ei automatisk ordning som gir tilskott proporsjonalt med inntekta til produsenten viss vilkåra for ordninga er oppfylte. For barnefilm utgjer tilskottet i dei nye forskriftene frå mars 2021 150 prosent av dokumenterte inntekter (mot 75 prosent for anna film), noko som inneber at tilskottstaket blir nådd raskare.

og kritiske brukarar av film. Gjennom å vise sentrale verk frå filmhistoria i ein kuratert kontekst er dei viktige bidragsytarar til den filmkulturelle danninga for barn og unge.

Cinemateka i Bergen, Trondheim, Tromsø, Kristiansand, Lillehammer og Stavanger har alle aktivitetar retta mot barn og unge og forskjellige typar samarbeid med Den kulturelle skolesekken (DKS), lokale filmklubbar og lokale kulturhus som ein del av verksemda si. Det er over 20 barnefilmklubbar i Noreg organiserte gjennom Filmklubbforbundet. NFI er ein viktig bidragsytar til cinemateka og verksemda til Filmklubbforbundet og løyvde til saman 8,6 mill. i driftstilskott til desse verksemdene i 2019.

Innkjøpsordninga for film til biblioteka har som formål at publikum får tilgang til norsk kortfilm og dokumentarfilm av kunstnarisk og/eller kulturell verdi. I 2019 blei det kjøpt inn 68 filmar for 1,9 mill. kroner. Av desse har 19 filmar barn og unge som målgruppe. Filmbib er NFIs teneste for å vise fram filmar kjøpte inn gjennom innkjøpsordninga. Strøymetenesta er tilgjengeleg for alle som er lånarar ved norske bibliotek, og filmane er klarerte for bruk i undervisning. I 2020 blei det registrert over 30 000 visingar gjennom tenesta.

NFIs tilskott til filmfestivalar skal bidra til breidde og kvalitet i filmtilbodet både for vaksne og barn og stimulere filmkulturen i Noreg. Dei aller fleste filmfestivalane har eigne program som er dedikerte til barn og unge, gjerne i samarbeid

med skolen og Den kulturelle skolesekken. For dei store festivalane utgjør skolebesøka ofte opp mot 20 prosent av besøket. I 2019 blei det tildelt over 20 mill. kroner til 21 filmfestivalar i Noreg. Blant desse finst det festivalar som utelukkande er meinte for barn og unge: Barnefilmfestivalen, Amandus, TIFF jr. og Laterna Magica.

Dei regionale filmsentera

Tilskottsmidlane dei regionale filmsentera får, blir finansierte over statsbudsjettet.²⁷ Dei regionale filmsentera har som formål å utvikle ein regional filmkultur ved å byggje opp talent og utvikle og profesjonalisere filmbransjen. Dette gjer dei gjennom å gi tilskott til utvikling og produksjon. Filmsentera arbeider òg med å styrkje filmkompetansen blant barn og unge i regionen.

Frå 2020 overtok filmsentera ansvaret for regionale filmkulturelle tiltak i sin region. Regjeringa har lagt opp til ei evaluering av dei regionale filmsentera i 2021.

Internášanála Sámi Filbmainstituhtta / Internasjonalt Samisk Filminstitutt (ISFI) arbeider for å styrkje samisk film i heile Sápmi og opererer samtidig innan eit globalt nettverk av filmarbeidarar innan urfolksfilm. ISFI samarbeider blant anna med NRK for å utvikle samiske dramaseriar for barn. Dei har òg initiert dubbing til samisk med god støtte frå Sametinget.

ISFI samarbeidde med dei tre sametinga i Noreg, Sverige og Finland, i tillegg til Samerådet, om å dubbe *Jikŋon 2 / Frost 2*. På slutten av 2019 fekk filmen verdspremiere på lik linje med andre språkversjonar av filmen rundt omkring i verda. Dette blei svært godt teke imot i det samiske samfunnet, ikkje minst blant barnefamiliane. Prosjektet har generert fleire versjoneringsprosjekt til dei samiske språka.

NRK

NRK er ein viktig fellesinstitusjon som bidreg til betre kommunikasjon og auka gjensidig respekt og forståing i samfunnet. Eit sterkt NRK med breitt innhald av høg kvalitet som er tilgjengeleg for heile befolkninga, er derfor eit av dei viktigaste mediepolitiske verkemidla vi har.

Norsk innhald er i dag utsett for langt større konkurranse enn tidlegare. Derfor blir NRK stadig viktigare for å fremje norsk innhald, kultur og

Boks 11.11 Filmfestivalar

Barnefilmfestivalen er unik når det gjeld størrelse og posisjon, og er ein av Kristiansands lengstlevande festivalar. Festivalen er det største kulturarrangementet av sitt slag for barn og unge i Noreg og viser film frå heile verda for barn og ungdom i landet vårt. Cirka 18 000 besøkjer festivalen kvart år. I 2019 fekk Barnefilmfestivalen 1,5 mill. kroner i driftstilskott frå NFI.

Amandusfestivalen har vore arrangert sidan 1987 og har etablert seg som den største og viktigaste møteplassen for unge filmskaparar i Noreg. Festivalen blir halden årleg i Lillehammer veka før påska, og over 600 ungdommar frå heile Noreg reiser hit for å delta på kurs, seminar og vising av filmar laga av og for ungdom. I 2019 blei Amandusfestivalen tildelt 1,2 mill. kroner i driftstilskott frå NFI.

²⁷ Filmkraft Rogaland, Midtnorsk filmsenter, Nordnorsk filmsenter, Sørnorsk filmsenter, Vestnorsk filmsenter, Viken og Østnorsk filmsenter.

språk, både bokmål, norsk og nynorsk. NRK skal òg ha program for nasjonale og språklege minoritetar.

NRK har som del av samfunnsoppdraget sitt å formidle innhald på norsk til barn og unge. Oppdraget er nedfelt i NRK-plakaten, som inngår i vedtektene til selskapet:

§ 22 NRK skal fremme barns rett til ytringsfrihet og informasjon, og skjerme barn mot skadelige former for innhald. NRK skal ha norskspråklige programmer for barn under 12 år, jevnlege norskspråklige programmer for unge, og jevnlege programmer for barn og unge på de samiske språkene. [...]

§ 34 NRK skal ha daglege norskspråklige programmer for barn under 12 år. [...]

§ 50 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av: [...]

- Egenutviklet innhald for barn og unge.

Sidan 2007 har NRK oppfylt dette oppdraget først og fremst gjennom NRK Super. NRK Super har ansvaret for innhaldsproduksjon, publisering, innkjøp av internasjonalt innhald og teknisk utvikling av plattformene sine. Dei har til kvar tid cirka 30 innhaldsprosjekt i produksjon. Dei produserer alle sjangrar – frå små nyheitsklipp til store dramaseriar. Visjonen til NRK Super er: «Det sterkeste fellesskapet for alle barn i Norge». Målet med produksjonane deira er

- at alle barn skal kunne identifisere seg i det dei ser
- å gi barna ei stemme
- å gi barna kunnskap
- å gi verktyø for sosial meistring
- å inspirere til å ta sosialt ansvar
- å skape gode fellesopplevingar for både barn og familiar
- å skape god underhaldning undervegs

NRK har som offentleg allmennkringkastar eit særskilt oppdrag om å fremje norsk og samisk kultur, identitet og språk og skal reflektere det mangfaldet av identitetar og kulturar som Noreg rommar. Dei skal ha jamlege program for barn og unge på alle dei samiske språka. I 2019 sende NRK Super barneprogram på samisk måndag til fredag frå klokka 17.00 til 17.15. Månåid-tv blei òg send på laurdagar og søndagar. I tillegg ligg alt innhaldet på samisk til barn tilgjengeleg digitalt i nettspelaren på nrksuper.no. Av alt innhald på NRK Super var 2 prosent samisk i 2019. I tillegg til

Boks 11.12 BlimE-dansen

BlimE-dansen har gjennom ti år vore NRK Supers vennskapskampanje, og kvart år presenterer NRK ein ny BlimE-låt- og dans. NRK har tidlegare fått kritikk for at dansen ikkje inkluderer alle barn, sidan koreografien ikkje har vore utforma for personar med funksjonsnedsetjing. Frå 2019 har NRK teke tak i dette og lagar koreografi som gjer det mogleg for barn med funksjonsnedsetjing å delta på lik linje med andre barn. Dei har dessutan laga ein teiknspråkversjon av songen.

dette har NRK òg eit jamleg program på radio for ungdom på samisk.

NRK har etter vedtektene også eit ansvar for å «ta hensyn til funksjonshemmede ved utformingen av sitt tilbud». Dette inkluderer barn og unge med funksjonsnedsetjingar. Ansvaret er utdjupe i kringkastingslova og forskriftene til lova, som inneheld meir konkrete krav om teksting, teiknspråktolking, synstolking mv.

Medietilsynet fører årleg tilsyn med at NRK etterlever krava i NRK-plakaten, og resultatet presenterer dei i ein rapport om allmennkringkasting.

Kommersiell allmennkringkasting

TV 2 starta sendingane sine 5. september 1992, etter at Stortinget i 1990 opna opp for at det kunne etablerast eit reklamefinansiert alternativ til NRK. Konsesjonen som blei tildelt TV 2, gav einerett til å drive riksdekkjande reklamefinansiert fjernsyn i bakkenettet. Til denne eineretten var det knytt vilkår om lokalisering, finansiering av selskapet, eigarforhold, programinnhald og dekning.

26. september 2018 inngjekk Kulturdepartementet ein avtale med TV 2 om å levere kommersiell allmennkringkasting. Staten kompenserer for nettokostnadene knytte til oppdraget med inntil 135 mill. kroner per år i fem år. I avtalen er det bestemt at TV 2 blant anna skal tilby norskspråkleg barne-tv og program for unge.

Som eit minimum vil TV 2 tilby norskspråkleg barne-tv kvar veke på laurdag og søndag og i høgtider, totalt 72 timar per år. Vidare vil TV 2 levere 20 timar program for unge kvart år. TV 2 vil bruke minimum 5 mill. kroner i året på program for barn og 5 mill. på program for unge. Norsk TV-meter-

panel (Kantar TNS) for 2019 kunne vise at TV 2 hovudkanalen hadde eit gjennomsnittleg dagleg sjåartal på 11 prosent i gruppa 2–9 år og 19,9 prosent i gruppa 10–19 år.

11.9.3 Vurdering

Barn og unge skal få eit variert filmtilbod. Mangfald bidreg til å styrkje forståinga barn og unge har av seg sjølve og gir viktig innsikt i det samfunnet som omgir dei. Å skape og halde ved lag ei breidde og ein variasjon i tilbodet av kvalitetsfilm for barn og unge er derfor ei sentral utfordring i åra som kjem.

Barne- og familiefilmar sel ofte mange kinobilletter og gir dermed gode moglegheiter for inntening, både for produsenten av den enkelte filmen og for kinoane. Norske barnefilmar har dei siste åra stått for om lag 40 prosent av samla omsetning på kino.

Samtidig er det få originalskrivne barnefilmanus som når fram til kinolerretet. Produksjonen av barnefilmar er hovudsakleg basert på velkjende univers. Noko av grunnen til dette er at sentrale tilskottsordningar stimulerer til at det blir produsert filmar som ein veit har stort publikumspotensial.

Gjennomgangen over viser at verkemidla vi har i dag, legg godt til rette for å produsere og formidle innhald til barn og unge. Dei legg òg til rette for at barn og unge er ei prioritert målgruppe både i Norsk filminstitutt (NFI) og NRK. Regjeringa ønskjer at dette framleis skal vere eit prioritert område.

Den kulturelle skolesekken (DKS) bidreg til at barn og unge møter film i skoletida. Den Store Skolekinodagen i regi av Film & Kino og filmstudiearkene som NFI utviklar, gir òg viktige bidrag til filmformidling i skolen.

Mange aktørar har etterlyst eit betre koordinert filmformidlingstilbod i skolen. Rapporten *Et skoleløft for filmen – hva, hvorfor og hvordan?* (2019) ser på moglegheitene for eit større løft for å formidle film til skoleelevar i Oslo og anbefaler

blant anna eit betre koordinert samarbeid med DKS.²⁸ Dette vil òg vere eit naturleg utgangspunkt på nasjonalt nivå.


Kulturtanken har sett i gang eit arbeid for å styrkje film som kulturuttrykk i DKS. Blant anna skal dette skje gjennom eit tettare samarbeid med NFI og gjennom å arrangere årlege fagsamtalar om film i DKS. Her skal fylke, kommunar, nasjonale og regionale institusjonar, fagforeiningar og leverandørar diskutere forvaltningsspørsmål. NFI vil frå 2021 leggje til rette for ei tilskottsordning som skal støtte utviklinga av filmtiltak i DKS.

Ei utfordring filmen som kunstform har i møte med skolen, er at mange tenkjer på film som underhaldning. For å bøte på dette har NFI over lengre tid laga pedagogiske filmstudieopplegg til norske og utanlandske filmar til bruk i undervisninga. NFI ser behov for å vidareutvikle dette tilbodet til eit digitalt læringsverktøy for bruk av levande bilete i skolen. Regjeringa har i budsjettet for 2021 sett av 4 mill. kroner til digitale satsingar på barne- og ungdomskulturfeltet. 1,5 mill. kroner av midla fordelast til NFI for å arbeide med utvikling av eit slikt tilbod. NFI og Kulturtanken får i oppdrag å samarbeide om ei løysing for å vidareutvikle dei pedagogiske opplegga som finst for filmformidling i skolen i dag. Målet er å samordne arenaene og verktøya for dei ulike kulturuttrykka, sikre effektiv ressursbruk og skape eit felles digitalt inngangsparti for kultur for skolen.

Regjeringa vil

- sikre at det blir utvikla og produsert levande bilete av høg kvalitet til barn og unge gjennom verkemiddel som Norsk filmfond, dei regionale filmsatsingane og NRK
- styrkje arbeidet med filmformidling i skolen gjennom Kulturtanken og Norsk filminstitutt sitt arbeid

²⁸ Meyer 2019



Figur 12.1

12 Den kulturelle skolesekken

Den kulturelle skolesekken (DKS) er ei unik ordning. Det er eit kulturtilbod som har alle elevane i skolen som publikummet sitt. DKS bidreg til å sikre at barn og unge over heile landet får kunst- og kulturopplevingar. Kunstnarar og kulturformidlarar møter barn og unge på ein kjend stad i kvardagen deira, eller let barn og unge få delta og oppleve kunst og kultur på scenar og i rom, bygningar og andre tilrettelagde lokalitetar for kunst- og kulturformidling i nærmiljøet sitt.

DKS er eit samarbeid mellom kultursektoren og utdanningssektoren på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå. For at barn og unge skal få eit godt tilbod, må alle som er involverte i ordninga jobbe aktivt for at elevane møter kunst og kultur som er relevant for livet og skolekvardagen deira, og som bidreg til danninga og utdanninga deira. Samarbeid og samspel på tvers er viktig på alle forvaltningsnivåa for å få ei felles forståing av ordninga og for å leggje til rette for at alle dei involverte aktørane jobbar for dei same måla.

Å leggje til rette for at samarbeidet og samhandlinga mellom kultursektoren og utdanningssektoren skal fungere best mogleg, er eit kontinuerleg utviklingsarbeid. Oppgave- og ansvarsfordelinga mellom stat, fylkeskommune og kommune har utvikla seg over tid. Regjeringa foreslår eit breitt spekter av tiltak for å byggje opp under og styrkje arbeidet som gjennomførast av eit stort mangfald av aktørar.

12.1 Nasjonal ordning med lokal forankring

I løpet av 2019 fekk barn og unge til saman over 2,5 mill. unike kunst- og kulturmøte med opplevingar, refleksjon og læring gjennom Den kulturelle skolesekken (DKS). Dette gjer skolen til den største felles arenaen for å formidle og oppleve kunst og kultur, utanom ulike medium og digitale tilbod. Bak alle desse kunst- og kulturmøta stod meir enn 4 000 kunstnarar og kulturformidlarar som bidrog med heile 4 639 kunst- og kulturproduksjonar. Det gjer DKS til Noregs største

arbeidsområde for kunstnarar og kulturformidlarar.

Grunnlaget for DKS blei lagt allereie i 1990-åra og har sidan ho blei etablert som ei nasjonal ordning i 2001, både hatt ei kulturpolitisk og ei utdanningspolitisk grunngeving og forankring. Regjeringa har gjennom fleire dokument beskrive utfordringar og utviklingsområde for kunst- og kulturtilboda for barn og unge og for DKS.

I St.meld. nr. 61 (1991–92) *Kultur i tiden* blei det presisert at barn og unge skulle få oppleve profesjonell kunst, og at barn skulle få bruke sine egne kulturelle ressursar. Med handlingsplanen for dei estetiske faga og kulturdimensjonen i skolen, *Broen og den blå hesten* (1996), var det eit mål å styrkje samarbeidet mellom grunnskolen, nærmiljøet og kunst- og kulturinstitusjonane.¹ Korleis DKS skulle vere innretta på nasjonalt nivå, blei lagt fram for Stortinget i St.meld. nr. 38 (2002–2003) *Den kulturelle skolesekken* og i St.meld. nr. 8 (2007–2008) *Kulturell skolesekk for framtida*. Frå 2008 blei vidaregåande skole òg innlemma i ordninga, slik at alle elevar i både grunnskolen og i vidaregåande skole skulle få oppleve kunst og kultur gjennom DKS.

Desse føringane har lege til grunn for korleis kommunane og fylkeskommunane utviklar og forvaltar DKS. Heilt sidan starten har det vore eit viktig prinsipp at fylkeskommunane og kommunane skulle få moglegheita til å utarbeide sine egne kulturelle skolesekkar i samsvar med dei lokale og regionale føresetnadene og behova, og det skulle heller ikkje vere for sterk statleg styring.

Det har blitt gjennomført ei rekkje forskingsprosjekt og evalueringar av ulike delar av DKS.² Mange undersøkingar er avgrensa til eitt eller fleire kunst- og kulturuttrykk i ordninga, som musikk, kulturarv eller scenekunst, og fleire tek opp spørsmål rundt kvalitet, det pedagogiske opplegget og elevmedverknad. Eit gjennomgåande funn er at den lokale forankringa av ordninga bid-

¹ Kirke-, utdannings- og forskingsdepartementet & Kulturdepartementet 1996

² Ein oversikt over DKS-relevant forskning er tilgjengeleg på Kulturtankens nettsider. Kulturtanken u.å.

reg til eit mangfald av ulike skolesekkar. Dei lokale og regionale variasjonane er svært store både når det gjeld innhaldet som barn og unge får tilbod om i skolen, og korleis ordninga er organisert og administrert. Det blir ofte sagt at det finst like mange DKS-ordningar som det er kommunar og fylkeskommunar.

DKS er samla sett eit stort og svært sentralt tiltak for å sikre at barn og unge får eit likeverdig kunst- og kulturtilbod over heile landet. Dei viktigaste verkemidla staten har for å påverke DKS-ordninga er

- dei nasjonale måla for ordninga
- finansieringa frå spelemidlane til kulturformål
- oppgåvene Kulturtanken har for å følgje opp ordninga på nasjonalt nivå

12.1.1 Nasjonale mål for Den kulturelle skolesekken

Det er brei politisk einigheit om at barn og unge skal få eit kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet uansett kvar dei bur i landet. Det er òg ein del av dei overordna verdiane og prinsippa for grunnopplæringa at elevane skal få oppleve eit variert spekter av kulturuttrykk gjennom tida si i skolen.³

Sentrale utfordringar er at det ikkje finst profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar som teater og orkester overalt i landet, og at tilbodet frå kunstnarar til barn og unge er skeivt fordelt. I tillegg til dei geografiske forskjellane heng kunst- og kulturbruken til barn og unge òg tett saman med den sosiale, kulturelle og økonomiske bakgrunnen foreldra har.

Den kulturelle skolesekken (DKS) er eit svar på desse utfordringane ved at han gir alle barn og unge eit gratis kunst- og kulturtilbod i skoletida. DKS-ordninga er det viktigaste verkemiddelet vi har for å unngå geografiske og økonomiske skeivskapar når det gjeld tilgang på og bruk av kunst- og kulturtilbod. Samtidig er det ei generell utfordring å sikre og ta vare på eit breitt og mangfaldig tilbod i DKS, som blir opplevd som relevant, og som representerer eit mangfald av tilbod og utøvarar. Det er behov for å styrkje kunnskapen om korleis DKS-ordninga bidreg til å realisere denne målsetjinga.

Verdigrunnlaget til skolen understrekar at kunst- og kulturopplevingar har ein eigenverdi. Innhaldet i dei ulike faga famnar breitt, og læreplanane er tett kopla til verdigrunnlaget. Koplinga mellom kunstnarane og utøvarane, skolen og lær-

arane og barn og unge må sjåast i denne konteksten. Sidan starten av DKS-ordninga har det blitt poengtert at ordninga er eit supplement til vanleg undervisning, og at tilboda ikkje må komme til å erstatte ei satsing på dei praktiske og estetiske faga i skolen. Kunst og kultur har ein sjølvstendig plass i dannelsesoppgøret skolen har.

12.1.2 Finansiering av ordninga

I 2003 blei det for første gongen løyvd midlar til Den kulturelle skolesekken (DKS) frå spelemidlane, og det var ein betydeleg auke dei første åra frå 60 mill. kroner i 2003 til 160 mill. kroner i 2005 (Bondevik II-regjeringa). I perioden frå 2013 til 2020 har andelen til ordninga over spelemidlane auka ytterlegare frå 200 mill. kroner til nærmare 290 mill. kroner (Solberg-regjeringa).


Spelemidlane som går til DKS, blir fordelte til fylkeskommunane og kommunane etter ein fordelingsnøkkel. Denne nøkkelen tek omsyn til elevtala i grunnskolane og dei vidaregåande skolane, dei geografiske avstandane og infrastrukturen. Det statlege tilskottet frå spelemidlane inngår som ei av fleire finansieringskjelder til gjennomføring av ordninga.

Kommunane og fylkeskommunane innrapporterer opplysningar om korleis DKS-ordninga blir finansiert lokalt og regionalt. Andelen disponible midlar har ifølgje denne rapporteringa auka frå 429 mill. kroner i 2017 til 548 mill. kroner i 2019. I tillegg til spelemidlane inkluderer dette eigenfinansiering frå kommunar og fylkeskommunar og enkelte andre inntekter, sjå figur 12.2.

Planlegginga, administrasjonen og organiseringa av DKS-tilbodet i kommunar og fylkeskommunar utgjer ein sentral del av ordninga. Det har vore eit prinsipp at spelemidlane ikkje skulle gå til administrasjon, så dette inngår som ein del av eigeninnsatsen til fylkeskommunane og kommunane i DKS. Talet på årsverk avsette til DKS er stipulert til rundt 290, av desse er rundt 100 på fylkeskommunalt nivå.

Eigenfinansiering frå kommunar og fylkeskommunar har auka jamnt, med ein oppgang frå rundt 135 mill. kroner i 2017 til rundt 225 mill. kroner i 2019. Av desse var det i 2019 rundt 130 mill. kroner frå fylkeskommunar. Dette brukast blant anna til å støtte DKS-produksjonar. Utgifter til skyss er også noko som kommunar og fylkeskommunar bidreg til å dekkje med egne midlar. Samla sett rapporterer kommunane og fylkeskommunane at dei totale utgiftene til skyss av elevar er 31,5 mill. kroner i 2019.

³ Overordna del - verdier og prinsipp for grunnopplæringa



Figur 12.2 Disponible midlar til DKS-ordninga 2019. Landsoversikt (i tusen kroner).

Kjelde: DKS årsrapport 2019, Kulturtanken 2020.

Tabell 12.1 Statleg løyving til Den kulturelle skolesekken, skolekonsertordninga og Rikskonsertene/ Kulturtanken i perioden 2014–2019 (netto)

	2016	2017	2018	2019	Endring i beløp 2014–2019	Endring i pst. 2014–2019
Spelemlidar	210 156	270 000	285 000	288 870	90 970	46,0 %
Skolekonsert-ordninga	43 026	10 022	-3 059	-	-43 509	-100,0 %
Rikskonsertene/Kulturtanken	131 191	84 152	66 839	62 652	-76 867	-55,1 %

12.1.3 Nasjonal koordinering og samhandling

Ansvaret for forvaltninga av spelemlidar til Den kulturelle skolesekken (DKS) låg i byrjinga hos eit sekretariat i Norsk museumsutvikling/ABM-utvikling, deretter hos Norsk kulturråd og frå 2016 blei det lagt til Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken Norge.

Kulturtanken er eit statleg forvaltningsorgan underlagt Kulturdepartementet, med eit mandat for arbeidet med DKS-ordninga som er fastsett av Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet i fellesskap. Kulturtanken fordeler spelemlane til DKS til fylkeskommunane og kommunane og gir i tilskottsbrevet føringar for kva dei statlege midlane til DKS skal gå til. I tillegg til å forvalte dei statlege midlane til ordninga har Kulturtanken eit overordna ansvar for å sikre god ressursutnytting, effektiv forvaltning og tydelege og hensikts-

messige styringsstrukturar på alle forvaltningsnivåa. Kulturtanken skal hjelpe sentrale myndigheter i kultursektoren og utdanningssektoren med råd og tenester i arbeidet med å realisere politiske føringar og skal sjølv ta initiativ til å styrkje nasjonale satsingar.

Samla sett har det etter etableringa av Kulturtanken vore ein reduksjon i løyvingane til oppgåveløysinga på statleg nivå, sjå tabell 12.1. Nærmare 60 mill. kroner blei omdisponerte frå den statlege løyvinga til tidlegare Rikskonsertene i 2017 slik at det ble ein tilsvarande auke i spelemlane som blir overførte til fylkeskommunane og kommunane. Skolekonsertordninga blei avvikla i august 2018, og oppgåvene er no i heilskap overførte til fylkeskommunar og kommunar.

I september 2019 blei det lansert ein felles digital portal for Den kulturelle skolesekken (DKS-portalen). DKS-portalen er eit tiltak for å

forenkle det administrative arbeidet i samband med programmeringa av DKS. Denne portalen gjer det mogleg for utøvarane å melde inn forslag ein stad, med ein frist i året. Det er eit fagsystem for alle som jobbar med administrasjon av DKS. Portalen legg til rette for heilskaplege prosessar der opplysningar om forslag, utøvarar, produksjonar, turnear, skolar, elevtal med meir blir samla ein stad. DKS-portalen er venta å effektivisere forvaltninga betydeleg. Systemet gir i tillegg ei økonomisk innsparing for fylkeskommunane og kommunane, da dei slepp lisenskostnader til systema som dei brukte tidlegare, så lenge driftsutgiftene blir dekte innanfor løyvinga til Kulturtanken.

Alle fylkeskommunane bruker no DKS-portalen. Mange har opplevd ei mangedobling av innsende forslag til DKS-produksjonar. Dei fleste bruker også portalen til utveljing og programmering av tilbod, budsjettering, turnélegging og publisering av informasjon til skolane. Auka tilfang av utøvarar og produksjonar, i tillegg til betre oversikt og rutinar for programmering, gir eit betre tilbod til mottakarane av og målgruppa til DKS-tilboda – nemleg barna og dei unge.

På same måten som utøvarane har ein stad å sende inn forslaga sine, er det mogleg for skolane å finne informasjon om DKS-besøka ein stad, uavhengig om arrangøren er fylkeskommunen eller kommunen. For utøvarane i DKS er det utvikla ein eigen utøvar-app. Det er òg utvikla funksjon for eksterne fagråd i samband med vurderinga av innsende forslag. Arbeidet med å innlemme alle kommunane i DKS-portalen er i gang. Når alle fylkeskommunane og kommunane arbeider heilskapleg i fagsystemet, vil fullstendig rapportering om alt av aktivitet i ordninga skje via portalen.

12.1.4 Vurdering

Nasjonale mål

Regjeringa meiner det er behov for å oppdatere og vidareutvikle prinsippa og måla for DKS-ordninga som blei lagd fram i St.meld. nr. 8 (2007–2008) *Kulturell skulesekk for framtida*. Dei nye nasjonale måla for ordninga må spegle av kva som er politikken i dag på området. Dei må ta opp i seg dei sentrale utfordringane vi står overfor, for å sikre barn og unge eit likeverdig kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet over heile landet. Det er blant anna behov for å styrkje arbeidet DKS-ordninga gjer med mangfald, kvalitet, samarbeid og relevans. Det er òg ønskeleg å synleggjere at barnehagebarn kan inkludertast i DKS-tilbod.

Dei nye nasjonale måla for Den kulturelle skulesekken tek utgangspunkt i måla og prinsippa frå St.meld. nr. 8 (2007–2008) *Kulturell skulesekk for framtida*. Dei er vidare forankra både i dei nasjonale kulturpolitiske måla og dei utdanningspolitiske måla som er uttrykte i læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020, sjå boks 12.1.

DKS skal framleis vere ei nasjonal ordning der kultursektoren og utdanningssektoren må samarbeide på alle forvaltningsnivåa til det beste for barn og unge. Formidlinga av tilbodet gjennom DKS skal skje på ein måte som sikrar at barn og unge får oppleve, gjere seg kjende med og utvikle forståing for profesjonelle kunst- og kulturuttrykk av alle slag. Formidlinga skal vere i tråd med verdiane og prinsippa i skolen slik at DKS bidreg til barn og unge si danning og utdanning.

Både kultursektoren og utdanningssektoren bidreg kvar for seg og i fellesskap til danning, kritisk tenking og demokratibygging. Dei to sektorane har ulike utgangspunkt for samfunnsmandatet dei skal forvalte, men dei skal samtidig trekkje i den same retninga.

Den statlege støtta til DKS-ordninga skal bidra til å sikre at alle barn og unge får moglegheita til å oppleve og gjere seg kjende med profesjonelle kunstnarar og utøvarar, uavhengig av kvar dei bur i landet. Det staten bidreg til DKS gjennom dei statlege midlane frå overskottet til Norsk Tipping AS og oppgåvene som er lagde til Kulturtanken, skal først vidare. Statlege føringar og innsatsområde skal innrettast med sikte på å nå dei nasjonale måla med ordninga. Arbeidet skal gjennomførast i tett samarbeid og samspel med kommunale og regionale myndigheiter.

Lokal og regional forankring

For å nå dei nasjonale måla med DKS-ordninga må ei rekkje aktørar bidra både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Kommunane og fylkeskommunane har ei avgjerande rolle og betyr mykje for det tilbodet som barn og unge får der dei bur. Utan at ordninga blir prioritert på lokalt og regionalt nivå, er det ikkje mogleg å nå dei nasjonale måla. Summert opp vitnar bidraga frå kommunar og fylkeskommunar om at eigarskapet til DKS-ordninga er godt forankra lokalt og regionalt. Samtidig er det betydelege forskjellar på lokalt nivå. Dette gjer at samarbeid og samhandling på regionalt og nasjonalt nivå er viktig for å ta i vare og sikre eit likeverdig tilbod av høg kvalitet til barn og unge over heile landet.

Overføringa av oppgåver frå staten til fylkeskommunar og kommunar har vore ei ønskt utvik-

Boks 12.1 Nasjonale mål for Den kulturelle skolesekken

Den kulturelle skolesekken er ei nasjonal ordning som skal formidle kunst og kultur av høy kvalitet til barn og unge.

Den kulturelle skolesekken skal

- vere eit gratis tilbod for alle barn og unge i grunnskolen og vidaregåande skole og skal tilbydast jamleg
- sikre at barn og unge får eit likeverdig kunst- og kulturtilbod av høy kvalitet, uavhengig av kvar dei bur, slik at dei kan gjere seg kjende med og utvikle forståing for eit variert spekter av kulturuttrykk
- bidra til barn og unge si danning og utdanning, slik dette er formulert i overordna del og læreplanar i fag
- formidle eit kulturtilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer eit kulturelt mangfald av tilbod og utøvarar
- vere eit samarbeid mellom kultursektoren og utdanningssektoren på alle nivå for å sikre god planlegging, forankring og tilrettelegging
- bidra til å styrkje norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar
- bidra til å formidle kunst- og kulturtilbod til barnehagebarn

ling dei seinare åra. Vidare vekst og utvikling i DKS-ordninga vil vere avhengig av politiske prioriteringar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Regjeringa forventar ingen auke i overskottet frå Norsk Tipping AS dei kommande åra, og det vil vere stramme økonomiske prioriteringar over statsbudsjettet. Kommunane og fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere nødvendige justeringar og prioriteringar til ordninga innanfor rammeløyvinga.

Regionalt og nasjonalt samarbeid

Regionalt samarbeid bidreg til å sikre at barn og unge får eit likeverdig, breitt og mangfaldig DKS-tilbod over heile landet. Særleg dei minste kommunane og kommunar utan eit stort profesjonelt kunst- og kulturtilbod, har stor nytte av regionalt samarbeid. Dette føreset likevel at både kommunane og fylkeskommunane, saman og kvar for seg, kan og vil tenkje heilskapleg i å bruke ressursane som finst, på ein best mogleg måte. Det er betydelege forskjellar mellom både fylkeskommunane og kommunane med tanke på kva ressursar som blir sette av til DKS. Dette gjeld dei administrative strukturane for å følgje opp tilbodet lokalt og regionalt så vel som dei økonomiske rammene for å kunne støtte produksjon og utvikling av tilbod av høy kvalitet.

Fylkeskommunane har eit særleg ansvar for utviklinga av DKS. Dei forvaltar den største ande-

len av dei statlege midlane til ordninga, og dei tek ansvar for å tilby kommunane kunst- og kulturproduksjonar av høy kvalitet. Fylkeskommunane medverkar òg til å utvikle ordninga i kommunane, og dei har gjennom ordninga teke på seg eit ansvar for å samordne og utvikle tilboda regionalt.

Kulturtanken skal følgje opp og sikre utviklinga av DKS-portalen i dialog med dei ulike brukargruppene. Det skal òg prioriterast å sjå på nye moglegheiter for bruk av portalen slik at elevane kan involverast meir. I tillegg er det ei prioritering å sjå på tenester som forenkler det administrative arbeidet til kommunar og fylkeskommunar med for eksempel å rapportere inn nøkkelopplysningar om ordninga. Det kan blant anna vere aktuelt med ei løysing der vederlag for opphavsrettar blir forhandla fram samla for heile ordninga. Kulturtanken vil i samarbeid med fylkeskommunane vurdere eit slikt forslag med tanke på heilskapleg og effektiv forvaltning av ordninga.

Regjeringa vil

- at Den kulturelle skolesekken skal vere ei nasjonal ordning der dei som jobbar med kultur og opplæring i staten, fylkeskommunen og kommunen, samarbeider for å sikre at barn og unge får oppleve, gjere seg kjende med og utvikle forståing for kunst og kultur i tråd med dei nye nasjonale måla med ordninga

- føre vidare dei statlege midlane til Den kulturelle skolesekken frå overskottet til Norsk Tipping AS
- at dei statlege pengemidlane til DKS skal bidra til å sikre at alle barn og unge får oppleve og gjere seg kjende med profesjonelle kunstnarar og utøvarar, uavhengig av kvar dei bur i landet, og uavhengig av om det finst få eller mange lokale kunst- og kulturtilbod der dei bur
- halde på Kulturtanken som forvaltningsorgan med eit mandat for arbeidet med DKS-ordninga som er fastsett av Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet i fellesskap
- vidareutvikle DKS-portalen som eit felles fagsystem for alle som jobbar med administrasjon av DKS, og leggje til rette for heilskaplege prosessar der opplysningar om ordninga blir samla på ein stad

12.2 Likeverdige tilbod av høg kvalitet

Den kulturelle skolesekken (DKS) skal vere eit gratis tilbod som blir tilbydd jamleg til alle barn og unge i skolen. Ordninga skal bidra til at barn og unge får eit likeverdig kunst- og kulturtilbod med høg kvalitet, uavhengig av kvar dei bur og bakgrunnen deira.

Fylkeskommunane og kommunane påverkar sterkt kva kunst- og kulturtilbod barn og unge får gjennom DKS. Det er dei som gir oppdraga til og inngår avtalane med kunstnarane og kulturarbeidarane som bidreg i ordninga, og det er dei som


bestemmer korleis tilbodet skal veljast ut og presenterast for skolane.

Rapporteringa frå kommunar og fylkeskommunar viser spreininga og variasjonane i ulike delar av landet og mangfaldet innanfor dei ulike kunst- og kulturuttrykka i ordninga. Ei samla framstilling vert presantert i dei årlege rapportane for DKS frå Kulturtanken. Rapporteringa for 2019 viser at elevane i grunnskolen får generelt fleire DKS-tilbod enn elevane i vidaregåande skole, sjå figur 12.3.

Oversikten viser at det i for eksempel Telemark og Troms er ei omtrent lik fordeling mellom grunnskolen og vidaregåande skole. Hordaland, Oslo, Rogaland og Østfold skil seg ut ved at dei rapporterer om færre kunstmøte i DKS enn gjennomsnittet for elevane både i grunnskolen og vidaregåande skole.


At det er forskjellar mellom dei ulike regionane, kan ha ulike forklaringar. Blant anna kan det vere at barn og unge blir tilbydde fleire kunst- og kulturopplevingar utanom DKS i område med mange tilbod, for eksempel i dei store byane. Tilsvarende kan det vere mindre av andre typar tilbod i område der talet på kunstmøte i DKS er høgt. Staten har tillit til at kommunane og fylkeskommunane sjølve vurderer korleis DKS-ordninga på best mogleg måte kan bidra til å gi barn og unge eit kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet.

Dei ulike kunst- og kulturuttrykka har forskjellige formidlingsformat. Desse blir reflekterte i variasjonar i talet på aktivitetar, arrangement og deltakarar, sjå figur 12.4.⁴



Figur 12.3 Kunstmøte per elev i grunnskolen og vidaregåande skole (fylkesvis)

Kjelde: DKS-årsrapport 2019, Kulturtanken 2020.



Figur 12.4 Prosentvis fordeling av talet på aktiviteter, arrangement og deltakere på dei ulike kunst- og kulturuttrykk. Landsoversikt.

Kjelde: DKS-årsrapport 2019.

Både størrelsen på deltakargruppene og tida som blir avsett til arrangementa, varierer etter formidlingsforma og kunstarten. Tilbod innanfor scenekunst- og musikkfeltet har eit mykje høgare deltakartal per arrangement, som ofte er større framsyningar og konsertar. Arrangement innanfor visuell kunst og kulturarv har ofte eit deltakartal tilsvarende ein skoleklasse, og aktivitetane varer gjerne lenger. Kunst- og kulturuttrykk blir prega av endringane og utviklinga i samfunnet, for eksempel digitale medium og visuell kommunikasjon. Samtidig er det stor grad av kontinuitet. Talet på aktiviteter og arrangement med kunstarter i samspel har auka, og prosjekt med dataspel som kunst- og kulturuttrykk er prøvd ut, sjå boks 12.3.

Kulturtankens kartlegging av kvalitetsarbeidet i DKS-ordninga viser at det finnast ei rekkje ulike system for å sikre kvalitet i tilbodet gjennom blant anna programmerings- og evalueringsarbeid. Ulike kvalitetsvurderingar kjem også til uttrykk og blir inkluderte i kvalitetsforståingane omkring DKS-tilbodet. Dei aller fleste ønskjer å forbetre arbeidet med tilbakemeldingar og evalueringar, spesielt frå elevane, men dei saknar gode

verktøy og metodar for å innhente tilbakemeldingar. I det vidare arbeidet vil Kulturtanken styrkje elevperspektivet og få til at elevane deltek meir i kvalitetsvurderingane. Det er med dette som bakgrunn etablert eit digitalt evaluerings- og tilbakemeldingsverktøy i DKS-portalen (ET-prosjektet), sjå boks 12.2.

At det blir skapt kunst og kultur som kan formidlast i DKS-ordninga, er avhengig av innsatsen frå ei rekkje aktørar. DKS-midlane staten fordeler til fylkeskommunar og kommunar, legg til rette for formidling av kunst og kultur som er produsert for barn og unge. Samtidig bidreg midlane til å sikre profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar honorar for oppdraga i tråd med gjeldande avtaler. Ordningane til Kulturrådet og Norsk filminstitutt er ikkje særskilt innretta mot å støtte DKS-produksjonar, men har likevel svært mykje å seie for at det blir produsert kunst og kultur til barn og unge, slik det står i kapittel 11. Kulturrådet har dei siste åra sett ein auke av søknader som er kopla spesifikt til DKS innanfor fleire ordningar. Særleg gjeld det innanfor bestillingsverk og produksjonsstøtte til musikk. Norsk filminstitutt vil frå 2021 leggje til rette for ei tilskottsordning som skal støtte utviklinga av filmtiltak i DKS.

Vi har nasjonale visningsarenaer (marknader) for alle dei seks kunst- og kulturuttrykk i DKS (litteratur, kulturarv, film, visuell kunst, musikk og scenekunst). Dei ulike marknadene blir gjennomførte i samarbeid mellom fylkeskommunar,

⁴ *Aktivitetar* er definerte som ein serie arrangement med ein og same produksjon i ein tidsavgrensa periode, *arrangement* er ein enkeltstående konsert, framsyning, omvising, forfattarmøte, verkstad e.l., og *deltakere* er talet på publikum (elevar) på landsbasis fordelt på dei ulike kunst- og kulturuttrykk.

kommunar og Kulturtanken og samlar det frie feltet, institusjonar og DKS-ansvarlege. Her kan aktuelle DKS-produksjonar vise seg fram, og feltet utvekslar erfaringar.

Arena Film blei i 2018 etablert som ein nasjonal visningsarena for film i DKS og representerer eit viktig tiltak for å styrkje filmtilbodet i DKS. I 2019 var film kunstarten med færrest arrangement i DKS-ordninga. Det blei derfor gjort ein ekstra innsats for å nå ut med informasjon om DKS til filmskaparar, produsentar og distributørar via organisasjonane deira og via dei regionale filmsentra i forkant av søknadsfristen hausten 2020. Av innkomne forslag for skoleåret 2021–22 har det vore ein auke på 30 prosent på film.

Eit gjennomgåande innspel til denne meldinga er behovet for å styrkje innsatsen mot nyproduksjonar i Den kulturelle skolesekken (DKS). Å utvikle nye produksjonar er kostbart og tidkrevjande og det kan vere trygt å velje eit tilbod som er velkjent og godt utprøvd. Dette påverkar moglegheitene og vala som blir tekne om å utvikle nyproduksjonar. Kunstnarar og utøvarar er opp-tekne av at mangelen på produksjonsmidlar i fylkeskommunane fører til at det blir eit mindre mangfaldig tilbod i DKS.

Fylkeskommunane brukte rundt 8 mill. kroner i 2019 til å utvikle nyproduksjonar i DKS-ordninga.⁵ Enkelte fylke prioriterer å utvikle nyproduksjonar høgt, mens andre ikkje har brukt nokon midlar til dette. Hovudandelen av dei statlege midlane går til å dekkje utgifter til honorar og reise/diett/opphald til kunstnarane. Med auka honorarsatsar og kostnader er det behov for meir midlar for å halde på talet på kunstmøte på det same nivået. For å unngå eit redusert tilbod prioriterer derfor fylkeskommunane i mindre grad at det blir utvikla nye produksjonar. Konsekvensen av færre nye produksjonar kan på sikt bli at kvaliteten på tilbodet blir svekt.

12.2.1 Vurdering

Lokale og regionale variasjonar og mangfald er sette på som ei styrkje i ordninga. Kunst og kultur som er forankra lokalt og regionalt, kan bidra til at tilbodet som barn og unge får, blir meir aktuelt og relevant. I tillegg kan det bidra til at barn og unge, og andre òg, blir meir kjende med lokale og regionale kunstnarar og kulturarbeidarar. Dette er positivt. Samtidig er intensjonen med ordninga at det skal òg vere mogleg for barn og unge å få oppleve

Boks 12.2 Digitalt evaluerings- og tilbakemeldingsverktøy

Kulturtanken har teke initiativ til å utvikle eit digitalt evaluerings- og tilbakemeldingsverktøy tilknytt DKS-portalen som alle fylkeskommunane og kommunane skal kunne bruke (ET-prosjektet). Hensikta er å tilby ei felles løysing og eit konkret tilbakemeldingsverktøy i form av eit digitalt spørjeskjema. Dette svarer på noko av utfordringa med at fylkeskommunane og direktekommunane har ulike system og rutinar for å innhente tilbakemeldingar frå elevane.

Samtidig har det på nasjonalt nivå vore få moglegheiter for å samle tilbakemeldingane på DKS frå skole, elevar og utøvar. Tilbakemeldingsverktøyet var klart for bruk for skole og utøvarar i DKS-portalen hausten 2020, og i 2021 kjem tilbakemeldingsverktøyet til å bli utvikla vidare med å prøve ut ein chatbot som elevane kan gi tilbakemeldingane sine til.

det beste vi har av kunst og kultur på nasjonalt nivå.

At det er kommunane og fylkeskommunane som styrer og forvaltar DKS-tilbodet, er viktig for at tilbodet skal vere best mogleg tilpassa lokale og regionale føresetnader og behov. Det er dei som kan ta dei nødvendige omsyna til variasjonar som geografi og befolkningssamansetjing og kva kunst- og kulturtilbod som er tilgjengelege lokalt og regionalt.

Måten ordninga er innretta på er i tråd med den overordna politikken frå regjeringa om å spreie makta og byggje samfunnet nedanfrå, der statleg detaljstyring og byråkrati skal reduserast og makt og myndigheit desentraliserast til lokal-samfunna og deira folkevalde. Dei statlege midlane til ordninga er eit verkemiddel for å stimulere til utvikling og støtte opp om arbeidet fylkeskommunane og kommunane gjer. I og med at fylkeskommunane har ansvaret for den regionale samfunnsutviklinga og planlegginga, er det viktig at dei legg til rette for samarbeid og samhandling med deltaking frå både lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Regjeringa legg til grunn at kommunane som får pengar frå staten til DKS-ordninga, bidreg i dette samarbeidet ut frå dei føresetnadene og behova som ligg til grunn for ordninga lokalt og regionalt. Kulturtanken vil òg ta aktivt del og

⁵ Kulturtanken 2020

Boks 12.3 Dataspel som kulturuttrykk

Kulturtanken arrangerte hausten 2019 ein nasjonal delingskonferanse om dataspel som kunst- og kulturuttrykk i DKS. Vidare gjennomførte dei ein pilot med det norske dataspelet *My Child Lebensborn* i samarbeid med DKS Oslo. Å styrkje kompetansen og kunnskapsgrunnlaget om dataspel som kunst- og kulturuttrykk i DKS er eit ledd i arbeidet med å utforske nye uttrykk som kan gi meir mangfald og breidde i ordninga. Barn og unge opplever dataspel i stor grad som rekreasjon eller konkurranse. Ved å ha dataspel i DKS blir det mogleg å introdusere elevar for andre opplevingar når dei speler. Det kan for eksempel vere å inkludere smalarare speltitlar og dataspel som skapande verksemd. Gjennom ei ny utprøving av dataspel i samarbeid med DKS Rogaland og lærarutdanninga ved Universitetet i Stavanger er målet at den kunstfaglege formidlinga rundt dataspel i DKS skal styrkjast. Dette skal skje både gjennom konkrete formidlingsopplegg og eit overordna rammeverk for å formidle dataspel i DKS.

bidra i dette samarbeidet for å leggje til rette for eit likeverdig kunst- og kulturtilbod til barn og unge over heile landet.

Kunst- og kulturuttrykk i ordninga

For å ta i vare og styrkje breidda og mangfaldet av kunst- og kulturuttrykk i DKS blir det opna opp for at kommunar og fylkeskommunar sjølve kan gjere lokale og regionale prioriteringar og setje i gang særskilte satsingar. For eksempel kan det vere behov for å prioritere arbeidet med eitt eller fleire kunst- og kulturuttrykk som er lite representerte i ordninga, eller ønskje om å utforske nye kunst- og kulturuttrykk i ordninga. Dette kan både omfatte satsingar innanfor dei etablerte uttrykka, som film, kulturarv, litteratur, musikk, scenekunst eller visuell kunst. Eller det kan vere ønskjeleg å løfte fram arkitektur og design, tv-seriar eller dataspel og andre digitale tilbod der kunst- og kulturuttrykk har ei vesentleg rolle og betyr mykje for formidlinga og opplevinga.

Styringa for bruken av dei statlege midlane til DKS-ordninga blir skissert i dei årlege tilskottsbrevane om fordelinga av spelemidlar frå Kulturtanken til fylkeskommunane. Resultata og måloppnå-

inga blir følgde opp gjennom krav til rapportering og evalueringar. Den nasjonale DKS-portalen er eit sentralt verktøy for å samordne og forenkle rapporteringa frå kommunar og fylkeskommunar. I tillegg kjem eit digitalt evaluerings- og tilbakemeldingsverktøy til å vere eit viktig bidrag for å hente inn informasjon frå elevane og skolane om korleis ordninga fungerer.

Rapportering frå kommunar og fylkeskommunar er viktig for å kunne følgje den vidare utviklinga innanfor ulike kunst- og kulturuttrykk og samansetjinga av tilbodet som barn og unge får gjennom ordninga. Regjeringa vil derfor halde på krava til rapportering. Dette vil gi kunnskap om innhaldet i ordninga som kan brukast til å målrette innsatsen mot særskilde geografiske område eller gitte kunst- og kulturuttrykk.

Dette betyr at regjeringa fører vidare forventninga om at fylkeskommunane og kommunane prioriterer å gi barn og unge eit tilbod innanfor dei etablerte kunst- og kulturuttrykka. Det vil òg vere relevant å føre vidare andre satsingar og særskilde tiltak på nasjonalt nivå innanfor dei ulike kunst- og kulturuttrykka.

Målet er framleis at ordninga skal sikre barn og unge eit regelmessig tilbod innan ulike kunst- og kulturuttrykk på alle klassetrinna, og at DKS som eit minimum skal innehalde alle dei seks kunst- og kulturuttrykka litteratur, kulturarv, film, visuell kunst, musikk og scenekunst. Det vil likevel vere opp til den enkelte kommunen og fylkeskommunen å løyse dette.

Kvalitetsvurderingar av tilboda til barn og unge

DKS skil seg frå mange andre kunst- og kulturtilbod ved at tilbodet blir gitt i skoletida. Rammene for korleis skolane skal planleggje og kva innhald dei skal ha, er gitte gjennom *Overordna del – verdier og prinsipp for grunnopplæringa*, læreplanar i fag og fag- og trefordeling. I skolen og blant lærarane er det derfor naturleg å vurdere kvaliteten på DKS-tilbodet ut frå korleis det vert formidla til elevane og relevansen av tilbodet for opplæringa og måla i læreplanverket. Kunstnarane og kulturformidlarane har på si side diskursar og oppfatningar om kva som er kvalitet, med seg frå fagfeltet sitt. Det er viktig at ulike kvalitetsvurderingar av kunst og kultur blir snakka om og ope diskutert i DKS-ordninga. Det er òg behov for å drøfte og konkretisere korleis DKS-ordninga og innhaldet i skolen og samfunnsmandatet skolen har, kan verke saman. Dette betyr òg at vi må vurdere spørsmålet om relevans og representativitet særskilt for DKS-ordninga.

Regjeringa legg til grunn at fylkeskommunane og kommunane har eit system for å sikre at ordninga blir forvalta på ein god måte regionalt og lokalt. Både fylkeskommunane og kommunane må bidra for å utvikle nytt innhald av høg kvalitet som kan delast med andre i DKS-ordninga. Det er viktig å ha gode system og opne rutinar for å velje ut innhaldet som det gis tilbod om, som sikrar prinsippet om armlengds avstand. Personar med ulike kompetansar og erfaringar må involverast, og det må leggjast til rette for open dialog og samtale om kva forventningar og krav som blir lagde til grunn når dei skal velje ut kunsten. Slik må det vere for å sikre og ta i vare høg kvalitet, breidde og mangfald og for at ordninga skal kunne verke saman med måla om elevanes danning og utdanning i skolen. Diskusjonar og avvegingar om kvalitet må gjerast på ein systematisk og godt gjennomtenkt måte lokalt og regionalt.

Regjeringa meiner at den frie kunsten er grunnleggjande for danninga og utviklinga til barn og unge, og at dette ikkje er ei motsetning til målet for og innhaldet i skolen. Det er uheldig om verkeområdet til skolen og kunst- og kulturtilbodet gjennom DKS blir sette opp mot kvarandre.

Både kunstnarane og skolen vil vere tente med å samarbeide til det beste for barn og unge. På den måten vil vi kunne trekkje vekslar på kompetansen til både lærarane og kunstnarane for å nå fram til barn og unge med kunsten og kulturen. Slik kan elevane få moglegheita til å delta, medverke, stille spørsmål, undre seg og reflektere gjennom møta med kunsten og kulturen som DKS tilbyr.

Det er Kulturtanken som har i oppgåve å sikre og ta i vare kunnskap om ordninga på nasjonalt nivå, inkludert arbeidet med kvalitet og utvikling av gode system for å følgje opp og utvikle ordninga i tråd med dei nasjonale måla.

Utvikling av nye DKS-produksjonar

Det er behov for å styrkje finansieringa av nye DKS-produksjonar for barn og unge innanfor ulike kunst- og kulturuttrykk. Regjeringa er oppteken av maktspreiing og vil derfor gi fylka auka tilskott til å styrkje innhaldet i DKS med nye produksjonar. Fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for å programmere og bestille produksjonar i DKS. Ved å utvikle og bestille fleire nye produksjonar kan fylkeskommunane bidra til å styrkje DKS-tilbodet for barn og unge over heile landet.

I tillegg kan det fleire stader vere behov for å stimulere til samarbeid mellom regionale institusjonar som produserer kunst for barn og unge, og

det frie feltet og frivillig kulturliv for å sikre at flest mogleg barn og unge får sett produksjonane deira. Det er avsett 4 mill. kroner til å styrkje innhaldet i DKS-ordninga i budsjettet for 2021. Kulturtanken skal fordele desse midlane til fylkeskommunane etter kriterium fastsett i dialog med departementet. Kulturtanken skal i tillegg hjelpe fylkeskommunane i arbeidet med å styrkje innhaldet i DKS-ordninga.

Regjeringa vil

- at Den kulturelle skolesekken skal vere eit gratis kunst- og kulturtilbod med høg kvalitet som blir tilbydd jamleg til alle barn og unge i grunnskolen og vidaregåande skole
- opne opp for at fylkeskommunar og kommunar gjer lokale og regionale prioriteringar når det gjeld kunst- og kulturuttrykk som er del av ordninga
- ha som vilkår for å tildele statlege midlar at fylkeskommunane og kommunane har eit system for å velje ut innhaldet i ordninga der dei er opne om kva mål og omsyn dei legg til grunn
- at Kulturrådet skal støtte produksjonar retta mot barn og unge, som også kan omfatte produksjonar som blir viste i DKS. Norsk filminstitutt og Kulturtanken skal samarbeide om å styrkje filmtilbodet i DKS
- at Kulturtanken skal bidra i arbeidet med nasjonale visningsarenaer og i samarbeid med fylkeskommunane leggje til rette for at det blir utvikla nye produksjonar til DKS på regionalt nivå
- at Kulturtanken skal føre vidare arbeidet med DKS-portalen og la elevane vere meir med i vurdering, evaluering og utvikling av tilbodet

12.3 Relevante og representative tilbod

Barn og unge har forskjellig bakgrunn og erfaringar. For at Den kulturelleskolesekken (DKS) skal kunne bidra til å skape ei fellesskapsoppleving rundt kunst og kultur, må innhaldet opplevast som relevant for ulike grupper av barn og unge.

I overordna del av læreplanverket blir det slått fast at eit godt samfunn er tufta på eit inkluderande og mangfaldig fellesskap, og at dei erfaringane elevane får i møte med ulike kulturuttrykk og tradisjonar, bidreg til å forme identiteten deira. I DKS-samanheng handlar det både om atkjenning og det å bli kjent med nye og kanskje framande kunst- og kulturuttrykk.

Det er ei målsetjing at utøvarane, produksjonane og apparatet elevane møter frå DKS, speglar det mangfaldige samfunnet vårt og synleggjer førebilete og rollemodellar for å bidra til eit inkluderande og mangfaldig fellesskap. Fylkeskommunane og kommunane har gjennomført mange aktivitetar for å sikre at ordninga speglar samfunnet, og har prioritert ulike satsingar i arbeidet med mangfald og inkludering, slik det står i DKS' årsrapport 2019. Dette inkluderer

- arbeid for å ha kunst- og kulturuttrykk med røter i eit mangfald av kulturar og tidsepokar på programmet
- arbeid for å sikre mangfald gjennom sjangerbreidde og variasjon i kunst- og kulturuttrykk
- DKS-utøvarane som speglar av heile befolkninga ved
 - at ulike bakgrunnar og kulturar er representerte
 - at det er ein god kjønnsbalanse
 - at det blir rekruttert utøvarar med minoritetsbakgrunn og opphav frå andre land

Det kan òg omfatte arbeid på institusjonelt og organisatorisk nivå gjennom korleis ein set saman råd og elevjuryar som kan påverke tilbodet i DKS-ordninga.

Arbeidet med mangfald og inkludering skjer også i stor grad gjennom produksjonar der ulike former for utanforskap blir tematiserte. Fleire vektlegg òg arbeid med å inkludere elevar med særskilde behov eller livssituasjonar gjennom eigne formidlingsopplegg.

Sidan 2017 har det vore ei målretta satsing på samisk i DKS som har hatt tre mål

- å få fleire utøvarar med samisk bakgrunn
- betre geografisk spreing av samiske produksjonar
- kunnskapsheving og bevisstgjerjing om det samiske i DKS-programmeringa

I tilskottsbrev til fylkeskommunar og kommunar blir det stilt krav om at samiske kunst- og kulturuttrykk skal vere ein integrert del av ordninga.

Årsrapporten for 2019 viser eit aukande og relativt høgt tal på samiske arrangement og aktivitetar, og at samiske kunstnarar og produksjonar innanfor alle dei seks kunstuttrykka er godt representerte i DKS. Samtidig er det framleis betydelege skeivskapar mellom regionane. At samiske innhaldsleverandørar får moglegheita til å utvikle sitt eige kunstnarskap, og at utøvarar med samisk bakgrunn får god informasjon om DKS-ordninga, har vist seg å vere viktige verkemiddel for å styrkje den samisk representasjonen i DKS.

Det er eit overordna mål å auke andelen produksjonar i DKS med nynorsk som målform. I 2020 blei det inngått ein samarbeidsavtale mellom Kulturtanken, tre fylke og Nynorsksenteret. Samarbeidet har som mål å få opp talet på nynorske produksjonar i DKS, auke den geografiske spreinga av visningane, styrkje koplinga mellom DKS, norskfaget og overordna del av læreplanverket og å ta vare på språkleg mangfald og identitet.

Det er òg eit krav at barn og unge med nedsett funksjonsevne skal ha tilgang og anledning til å delta i DKS, og at fleire tilbyr tilrettelagde DKS-tilbod for elevar med nedsett funksjonsevne.

Deltakinga og medverknaden til barn og unge i DKS-ordninga har vore diskutert over lengre tid, og fleire arbeider systematisk med å involvere barn og unge i ulike delar av prosessen. Kulturtankens årsrapport for 2019 viser at dei fleste fylkeskommunane og mange kommunar let elevane medverke i DKS-tilbodet. Mange inkluderer elevar i faglege råd, arrangerer kurs for elevarrangørar eller involverer elevane på ulike måtar i formidlinga.

Å involvere elevane er med på å utvikle ordninga, kvaliteten på opplevinga og forståinga av kunst- og kulturuttrykk hos elevane. Elevane gir uttrykk for at formidlingsforma og ulike former for deltaking kan bidra til at kunstmøte blir opplevd som relevante. Det finst fleire eksempel på innovasjon og utvikling av kunstmøta i DKS der barn og unge blir involverte gjennom for eksempel breie medverknadsprosessar i forkant av framvisningane. Slik blir innhaldet meir relevant og engasjerande for målgruppa.

Seanse – senter for kunstproduksjon – viser til prosjektet #Ung kunst og skole som har som mål å bidra til innovasjon ved å prøve ut nye måtar for samarbeid, blant anna med vekt på å utvikle modellar for elevmedverknad i kunstprosessar over tid og hensiktsmessige samarbeidsstrategiar mellom kunstnarar, lærarar, skoleleiarar, skoleeigarar og kunstinstitusjonar.

Kulturtanken oppretta i 2017 eit eige ungdomsråd. Dette er eit rådgivande organ danna i samarbeid med Elevorganisasjonen, Ungdom og fritid og Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar. Mandatet til Ungdomsrådet er å hjelpe Kulturtanken med råd om ungdomskultur, trendar og teknologi og samarbeid mellom skole, elevar og DKS. Kulturtanken har i tillegg oppretta eit prosjekt om elevmedverknad som skal bidra til at elevane blir inkluderte som sentrale aktørar i DKS-ordninga og får medverke gjennom dialog, deltaking og innverknad.

Boks 12.4 FoNT – Formidlingsmodeller og ny teknologi

I prosjektet Formidlingsmodeller og Ny Teknologi (FoNT) har Kulturtanken i samarbeid med aktørar i DKS undersøkt og teke i bruk ulike teknologiar for å formidle kunst og kultur til barn og unge. Eksempel er virtuell verkelegheit (VR), utvida verkelegheit (AR), videosamtalar (telepresens), lokasjonsteknologi, maskinlæring og appar. Fleire av samarbeida har resultert i DKS-produksjonar. Eit eksempel på dette er piloten «Trylle på ekte» i Agder der videosamtaler blir brukte i langvarige og skoleintegreerte DKS-møte. Eit anna eksempel er «Så hyggelig», som er eit samarbeid med Bærum kommune der forfattar Christian Marstrander bruker VR og 360 film i litteraturformidling.

«Hvem er du?» er eit FoNT-samarbeid mellom Teatret vårt, Møre og Romsdal fylkeskommune og Kulturtanken der ei ny form for etter-

arbeid til DKS er blitt utvikla som eit interaktivt spel som engasjerer elevane til å delta på eiga hand. Konseptet er utvikla av dramaturg Cecilie Lundsholt, og spelet har følgd DKS-framsyninga «Lars er LOL» på turné i ulike delar av landet. Spelet set i scene ein «kunstig intelligens» som har teke namnet Marius, og let elevane sjølv få eigne erfaringar med å ta val. Slik skaper spelet rom for ein djupare refleksjon over mobbing som tematikk i «Lars er LOL», der den «kunstige intelligensen» i spelet i chat med elevane forsøker å lære seg noko om følelsane til menneska og om etikk og relasjonar. Denne typen etterarbeid utvidar teateropplevinga og let elevane aktivt delta i refleksjonsrommet som spelet opnar, og er ei formidlingsform som appellerer både til jenter og gutar.

12.3.1 Vurdering

For at kunst- og kulturtilbodet i DKS-ordninga skal vere av høg kvalitet, må det òg vere relevant og representativt for barn og unge. DKS skal bidra til å bryte ned barrierar for å delta og gi alle dei same moglegheitene til å gjere seg kjende med og utvikle forståing av kunst- og kulturuttrykk. Det er derfor viktig at DKS-tilbodet er breitt, mangfaldig og variert. Ordninga bør òg reflektere den medie- og teknologiverkelegheita som barn og unge veks opp med i dag. Tilbodet skal vere relevant og representativt for ei breitt samansett målgruppe både når det gjeld alder og modnad, sosial og kulturell bakgrunn, tidlegare erfaring med og kjennskap til ulike typar kunst og kultur. Dette føreset variasjon i formidlingsmåtene og at kunstnarane og kulturarbeidarane som formidlar tilbodet òg er mangfaldige. Det er derfor nødvendig at utøvarane og kulturformidlarane som har oppdrag i tilknytning til DKS, gjer avvegingar i produksjonen sin slik at dei treffer målgruppa best mogleg.

Kunst og kultur er ei samlande kraft, men kan òg skape avstand mellom grupper og individ. Kunst kan styrkje identiteten til den enkelte og skape sosiale fellesskap. På den andre sida kan kunst opplevast som uforståeleg og framand.

Kunnskapsbasert utvikling

I dei nye nasjonale måla for DKS blir det understreka at tilbodet skal vere likeverdig, representativt, relevant og bidra til barn og unge si danning og utdanning. For å styrkje tilbodet til alle elevar er det behov for kunnskapsbasert utvikling, der samarbeid og samhandling mellom utdanningssektor og kultursektoren er viktig.

Det er eit generelt behov for å styrkje kunnskapen om mangfaldet i tilbodet som elevane møter, både med tanke på innhaldet og utøvarane. Rapporteringa frå kommunar og fylkeskommunar bidreg til å få ei heilskapleg oversikt og å kunne følgje utviklinga over tid.

Ulike forskingsmiljø, inkludert universitets- og høgskolesektoren, tek òg i vare ei sentral oppgåve for å bidra til å belyse ulike problemstillingar og peike på utfordringar og moglegheiter i arbeidet med mangfald og inkludering. Eit styrkt kunnskapsgrunnlag om kva DKS har å seie i ulike samanhengar og for elevar med ulik bakgrunn, vil vere med på å styrkje den vidare utviklinga av relevante DKS-tilbod. Kulturtanken skal bidra til dialog og merksemd om korleis DKS tek i vare mangfaldet og speglar samfunnet og leggje til rette for utvikling og deling av gode eksempel og erfaringar.

Kulturelt mangfald

Det er eit sentralt mål for DKS-ordninga at det skal vere stor variasjon og mangfald i tilbodet, med kunst- og kulturuttrykk frå ulike kulturar og verdsdelar.

Den samiske kulturarven er ein del av kulturarven i Noreg, og DKS skal formidle samiske produksjonar. I områda som i liten eller ingen grad programmerer samisk innhald i DKS, rapporterer mange om at det er vanskeleg å finne gode samiske produksjonar. Portalen vil kunne vere eit verktøy for å gjere samiske produksjonar meir tilgjengelege i DKS.

Kulturtanken skal bidra til å synleggjere verdien av samiske produksjonar og til at samiske kunstnarar får innpass slik at DKS kan bli ein del av tilbodet til barn og unge. Regjeringa har tillit til at fylkeskommunane og kommunane er med og bidreg til dette gjennom eigne prioriteringar og satsingar. Dette skal stimulere til fleire produksjonar i ordninga, men òg at desse produksjonane blir viste utanfor dei nordlegaste fylka.

Arbeidet med å auke andelen produksjonar i DKS med nynorsk som målform blir ført vidare, og ein nasjonal konferanse om DKS i 2022 skal rette merksemda mot dette arbeidet.

Medverknad frå barn og unge

Tilbakemeldinga frå barn og unge i BUSK-rapporten er at dei ønskjer å vere meir involverte og få moglegheita til å delta aktivt. Å involvere barn og unge i DKS-ordninga kan gjerast på ei rekkje måtar i ulike delar av prosessen. For at barn og unge skal oppleve at tilbodet dei får gjennom DKS-ordninga er relevant, må innhaldet spegle av noko av den skolekvardagen, den verkelegheita og dei erfaringane dei har. Det finst fleire eksempel på kunst- og kulturproduksjonar der barn og unge har medverka i ulike delar av prosessen, blant anna i DKS-produksjonen «Den onde rektor Svint og jakten på den tapte kunnskapen» i Trøndelag.

Det er viktig at barn og unge får vere med å gi innspel til kva tilbod DKS skal ha, og at tilbakemeldingane deira blir tekne med i vurderinga av innhald, breidde og mangfald og ulike formidlingsformer. At barn og unge får medverke, kan skape auka engasjement og eigarskap til kunsten. For eksempel kan elevane involverast til å vere aktive gjennom arbeidsverkstader med profesjonelle utøvarar. Barn og unge kan òg få involvere seg gjennom utvida opplegg der det blir lagt opp til refleksjon med barn og unge før/undervegs/

etter, og/eller at barn og unge får prøve og utforske ulike uttrykk gjennom praktisk arbeid. Dette vil i større grad føresetje at opplegget blir knytt til arbeid med fag i skolen og utarbeidd i samråd med skolesektoren. Det er ikkje alltid lett å involvere barn og unge til å medverke og delta aktivt i dei ulike aktivitetane. Det krev planlegging og innsats frå alle involverte. Det er likevel viktig at både kunstnarar og skolen legg til rette for at stemma til elevane blir høyrd.

Regjeringa vil

- at Den kulturelle skolesekken skal formidle eit mangfaldig og variert kulturtilbod som er relevant og representativt for mangfaldet av elevar i skolen
- styrkje kunnskapen om mangfaldet i tilbodet som elevane møter, både med tanke på innhaldet, utøvarane og kulturarbeidarane i ordninga
- at medverknaden til barn og unge skal vektleggjast i alle delar av DKS-ordninga
- at utøvarane og kulturformidlarane som har oppdrag i tilknytning til DKS, gjer avvegingar slik at dei treffer målgruppa best mogleg
- stimulere til eit større tilfang av samiske produksjonar, nasjonale minoritetsproduksjonar og produksjonar med nynorsk som målform
- samle gode erfaringar og eksempel på arbeidet med kulturelt mangfald og sørgje for at desse er lett tilgjengelege for ulike aktørar som påverkar innhaldet i ordninga
- styrkje kunnskapen om kva betydning DKS har for barn og unge med ulik bakgrunn

12.4 Samarbeid og samhandling

Ei gjennomgåande problemstilling som blir teken opp i fleire undersøkingar av DKS-ordninga, er samspelet mellom kultursektoren og utdanningssektoren.⁶ At kultursektoren og utdanningssektoren samarbeider og samhandlar på alle nivå, er heilt avgjerande for å sikre god planlegging, forankring og tilrettelegging av tilbodet i ordninga. At DKS er forankra i begge sektorane, og at begge sektorane kjenner eigarskap til DKS, er avgjerande for å sikre at tilbodet til barn og unge får høg kvalitet.

Ei av utfordringane undersøkingar av DKS-ordninga har peikt på, er samarbeidet mellom pedagogisk og kunstnarisk kompetanse og korleis

⁶ Bl.a. Breivik & Christophersen 2013, Borgen & Brandt 2006, Digranes 2009, Heian, Haugsevje & Hylland 2016

Boks 12.5 DKS-skole

DKS-skole har bestått av tre delprosjekt, eitt retta mot skoleleiarar, eitt mot elevmedverknad og eitt mot kulturkontaktar. Ei eiga skolefagleg ressursgruppe for DKS med skoleleiarar, kulturkontaktar/lærarar og representantar frå lærarutdanninga har vore med. Rapporten om prosjektet blir lagt fram i 2021.

- Delprosjekt *skoleleiar* har hatt som formål å jobbe med forankringa av DKS i skolen og betre samspelet mellom læreplanane til skolen og tilbodet i DKS. Prosjektet blei gjennomført i vidaregåande skole og undersøkte ulike modellar der skolen sjølv definerer rammene for langvarige DKS-prosjekt.
- Delprosjekt *elevmedverknad* har undersøkt korleis det er mogleg å gjere DKS-tilbodet meir relevant ved at målgruppa får med-

verke. Prosjektet testa ut ulike modellar for elevar som medprodusentar, elevar og lærarar i ressursgrupper for DKS i tillegg til evaluering og tilbakemeldingar. Det er utvikla ein metodikk for å innhente kva syn elevar har på DKS-produksjonar, gjennom samtalebaseret evaluering. Dette blir gjort tilgjengeleg nasjonalt som ein ressursbase for elevmedverknad i DKS.

- Delprosjekt *kulturkontaktar* har gjennomført pilotar for å styrkje kulturkontaktrolla lokalt og kartlagt kva som kjenneteiknar kulturkontaktrolla i samarbeid med Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen, Nord Universitet og ei nasjonal arbeidsgruppe med kulturkontaktar. For meir informasjon, sjå <https://kulturtanken.no/prosjekt/dks-skole/>

det påverkar relevansen og forankringa av DKS-tilbodet i skolekvardagen.⁷ Nokon gonger kan kunstopplevinga vere nok i seg sjølv. Andre gonger må kunsten bli presentert på ein måte som gir meining for barn og unge i skolekvardagen.

Eitt av måla for DKS-ordninga er å sikre at tilbodet blir godt forankra i skolen. Kulturtanken har samarbeidd med enkelte fylkeskommunar og kommunar om å gjennomføre eit treårig utviklingsprosjekt (2018–2020) om DKS-skole. Målet med arbeidet har vore å bidra til å sikre at DKS er godt forankra i skolen, og eit betre samspel mellom tilbodet i DKS og læreplanverket til skolen gjennom pilotprosjekt som kan ha overføringsverdi for heile DKS-feltet, sjå boks 12.5.

Fleire skolar har lang erfaring med kulturkontaktar på skolen. Blant anna bruker skolane kulturkontaktane til å koordinere DKS-tilbodet på eigen skole betre. Ei undersøking frå 2018 viser at 92 prosent av skolane har ein kulturkontakt. Kulturkontakten fungerer som bindeledd mellom eigen skole og DKS-planleggjaren i fylkeskommunen eller kommunen. Slik bidreg kulturkontakten til at informasjonen frå DKS blir distribuert på skolane så lærarane, skoleleiaren og elevane er kjende med DKS-tilbodet. Både lærarar, avdelingsleiarar, skoleleiarar, bibliotekarar eller andre tilsette med relevant kompetanse kan fylle denne rolla. I tillegg til å vere praktisk tilretteleggjar for

utøvarane som kjem til skolen, kan rolla omfatte ansvaret for elevar som fungerer som kulturvertar eller fagråd, og arbeidsoppgåver knytte til å gi tilbakemeldingar på tilbodet i DKS-portalene. Det er den enkelte skoleleiaren lokalt som set av tidsressursen knytt til kulturkontaktrolla. Andre viktige arenaer og system for samhandling er kulturtorg, fagdagar for lærarar, kulturvertar og fagråd der elevar og lærarar er med.

Fleire av innspela til meldinga etterspør ei tydelegare forankring og auka satsing på DKS i barnehagen. I løpet av oktober 2019 gjennomførte Kulturtanken ei undersøking som viste at over 30 kommunar har ordningar som sikrar barnehagebarn eit kunst- og kulturtilbod, og at fleire har hatt eller har planar om å innføre ei slik ordning. Rundt 20 kommunar oppga i undersøkinga at dei har DKS-liknande ordningar, og mange har samarbeid med kulturskolen om tilbod til barnehagebarn. Nokon kommunar forsøker òg å samkøyre eigna DKS-tilbod mellom dei yngste skoleelevane og dei eldste barnehagebarna. Dertil har fleire kommunar samarbeid med enkeltaktørar om eit tilbod for barnehagebarn.

Ei utfordring som fleire aktørar trekkjer fram i innspela til denne meldinga, er behovet for meir samarbeid med lærar- og kunstutdanningane. Enkelte fylke melder om sporadisk kontakt, mens andre har klart å etablere eit tettare samarbeid. Lærarutdanningane kan potensielt bidra til å styrkje kompetansen om DKS og vise korleis kunst og kultur kan brukast i skolen og underbygge måla

⁷ Breivik & Christophersen 2013, Heian, Haugsevje & Hyl-land 2016

for læring og utvikling. Ved Universitetet i Agder er for eksempel DKS innført som ein obligatorisk del i lærarutdanninga. Undervisningsopplegget er for lærarstudentar på tredje året og ein del av det tverrgående emnet «Estetiske læreprosesser».

Ei kartlegging som Norsk teater- og orkesterforening (NTO) har gjort av musikk- og scenekunstinstitusjonane og DKS, viser at det er store variasjonar i korleis skolane førebur til besøka, følgjer opp elevane under besøket og i etterkant. Kartlegginga viser i tillegg at det varierer i kva grad dei bruker materiellet som er utarbeidd av scenekunstinstitusjonane. NTO etterlyser derfor ei betre oppfølging og førebuing av elevane. NTO meiner dessutan at samanhengen mellom kunstnarisk oppleving og refleksjon må prioriterast høgare for at elevane skal få eit større utbytte av besøka. Kunstnarane og utøvarane kan oppleve at dei ikkje blir tekne på alvor eller gitt dei rammevilkåra som skal til for å levere høg kvalitet. Fleire framhevar kor viktig innsatsen skolane gjer, er for den totale opplevinga til både elevane og kunstnarane.

Boks 12.6 Eksempel på samarbeidsprosjekt

Skole og konsert – fra formidling til dialog (DiSko) er eit innovasjonsprosjekt som har som mål å utvikle nye praksisar for skolekonsertar i Noreg. DiSko har spesielt vore oppteke av å utvikle eigarskapet skolar har til kunstbesøk. Prosjektet har gått føre seg på skolar, der musikargrupper har samarbeidd med klassar og lærarar om musikalske produksjonar på ein nyskapande og dialogorientert måte. Dette har resultert i konkrete forskingsbaserte eksempel på samarbeid mellom lærarar og musikarar. Les meir om prosjektet på www.diskoprojektet.no

Skolenes utviklingsprosjekt (SKUP) er eit tilbod der skolane blir inviterte til å realisere eit skoleutviklingsmål ved å gjennomføre eit kunstprosjekt. SKUP er eit samarbeid mellom DKS Oslo og Enhet for innovasjon og kompetanseheving (EIK) ved OsloMet, Institutt for estetiske fag, som har eksistert sidan 2006. Åtte SKUP-prosjekt som er i gang i 2020–2021, er forankra i behov knytte til det nye læreplanverket. Det er DKS og Udirs desentralisert ordning for kompetanseutvikling (DEKOMP) som finansierer dei.

For at skolane skal ha ei reell moglegheit til å prioritere for- og etterarbeid, må det leggjast til rette for dette slik at prioriteringa verkar relevant og aktuell sett frå ståstaden til skolane. Eitt tiltak aktørar tilknytte *Seilet – huset for kunst og kultur i skolen* foreslår, er å leggje til rette for meir langvarige prosessar og prosjekt innanfor DKS, der kunstnarane får meir utvida og skoleintegrerte roller. Dette meiner dei kan bidra til å heve statusen for kunstnariske tiltak i skolen òg.

12.4.1 Vurdering

Kvaliteten på produksjonen og den opplevinga som barn og unge sit igjen med etter eit DKS-besøk, blir påverka av samarbeidet og samhandlinga mellom ulike aktørar i DKS-ordninga. Ei av utfordringane er at elevane kan ha vanskeleg for å forstå det dei har opplevd, og manglar språk og omgrep for å kunne samtale om opplevinga si av kunst og kultur. Kunst- og kulturformidlinga i DKS må derfor utformast slik at barn og unge opplever formidlinga som relevant og kan sjå henne i samheng med aktivitetane til skolen.

Felles mål som danning, utdanning, demokrati og kritisk tenking kan bidra til å tydeleggjere desse samhengane og gi ordninga større gjennomslagskraft i skolen. DKS-tilbodet kan knytast til både overordna del i læreplanverket og læreplanar i fag og til ulike læringsaktivitetar og tema i og på tvers av fag, for eksempel til tverrfaglege tema. På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Utdanningsdirektoratet i informasjonen om DKS på nettsidene blant anna lagt vekt på å vise relevansen av tilbodet utover dei praktiske og estetiske faga.⁸

Mange aktørar legg ned mykje arbeid i å utvikle informasjon om tilboda og materiell for å leggje til rette for bruk i undervisninga. Det er viktig at skolane blir kopla på dette arbeidet slik at dei kan sjå relevansen DKS-tilbodet har for danninga og utdanninga til elevane, som utvikling av kritisk refleksjon og demokratiforståing. Skolen kjenner elevane best, og lærarane er dei som i praksis må vurdere behovet og moglegheitene for å gjere noko i forkant og/eller i etterkant av eit DKS-besøk.

Ei kunstoppleving kan vere nok i seg sjølv, men det kan òg vere nødvendig å bruke meir tid med elevane for at DKS skal vere eit positivt og lærerikt tilbod. Elevane skal få oppleve eit variert spekter av kulturuttrykk gjennom tida si i skolen, og DKS bidreg til dette. Moglegheitene er mange,

⁸ Utdanningsdirektoratet 2020

og skolane må sjølve ta stilling til korleis dei ønskjer å bruke tilboda.

Den lokale og regionale forankringa DKS-ordninga har blant elevar og lærarar i skolen, kunstnarar og utøvarar, kunst- og kulturinstitusjonar og organisasjonar, legg til rette for gode samarbeid og skaper eigarskap til ordninga. I dette arbeidet har kommunale og regionale myndigheiter ei viktig oppgåve med å leggje til rette for planlegging og gjennomføring med brei involvering, slik det blir beskrive i kapittel 5 om planarbeid.

Tilbod til barnehagebarn

Fleire kommunar har lagt til rette for å inkludere barnehagebarn i DKS-tilbudet til skolen, og nokon kommunar har laga eigne tilbod til barnehagebarn. Dette er positivt. Dei nye nasjonale måla understrekar at regjeringa ønskjer at Den kulturelle skolesekken inkluderer barnehagen i tilboda og bidreg til å formidle kunst- og kulturtilbod til barnehagebarn. Kjerneverksemda til DKS er elevar i grunnskolen og vidaregåande skole. Gjennom dei nasjonale måla ønskjer samtidig regjeringa å oppmuntre til samarbeid med og inkludering av barnehagebarn.

Samarbeid på tvers av sektorar

Samarbeidet og samhandlinga mellom kultursektoren og utdanningssektoren i DKS-ordninga må utviklast kontinuerleg og krev innsats frå alle dei involverte aktørane. På statleg nivå vil Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet føre vidare samarbeidet om ordninga. Kulturtanken tek i vare ei sentral oppgåve som nasjonalt koordinerande organ for DKS-ordninga og blir fulgt opp i eit samarbeid mellom departementa. Det er eit overordna mål at ordninga skal få ei betre forankring i skolen, og at relevansen for måla i læreplanverket skal gjerast meir tydeleg.

For at samarbeidet med profesjonelle utøvarar og kunstnarar skal fungere godt, er det sentralt å avklare forventningane og rammene for oppdraget. Den kunstnariske fridommen og sjølvstenda til kunst- og kulturinstitusjonane skal takast i vare. Dette er likevel ikkje til hinder for å kunne samtale om og inngå samarbeid rundt kunst- og kulturproduksjonar, med sikte på at tilbodet i DKS-ordninga skal vere relevant og representativt. Det er òg eit vesentleg poeng å leggje til rette for at barn og unge får gi uttrykk for meiningane sine, og at stemma deira òg blir høyrd. Samla sett vil dette gi større sjanse for at barn og unge sit igjen

med ei positiv oppleving av kunst og kultur som dei kan ta med seg vidare i livet.

Lærarar med kunst- og kulturkompetanse i skolen, og også andre lærarar som relaterer kunst- og kulturopplevingar til ulike faglege samanhengar, vil bidra til å styrkje meirverdien av DKS-ordninga for elevane. Lærarane kan støtte elevane når dei skal reflektere over kunstopplevinga og gi elevane auka forståing for kva rolle og betydning kunsten har for dei sjølve og for samfunnet. Opplevinga kan dermed bli ein større integrert del av læringa og utviklinga til elevane. Samtidig er tida og ressursane skolen og lærarane kan bruke på DKS avgrensa, slik at dette arbeidet må vegast opp mot andre oppgåver som lærarane har.

For mange kunstnarar er møte med publikum ein svært viktig del av det kunstnariske virket deira og inngår som del av nøkkelkompetansen dei har. DKS kan likevel vere ein ny og annleis arena sidan kunstmøtet skjer i skoletida, og sidan målgruppa er barn og unge som ikkje nødvendigvis har valt dette på eiga hand. For å få til ei god samhandling er det nødvendig at kunstnarane og kulturformidlarane stiller best mogleg førebudde og veit kva som møter dei i skolen, og korleis dei kan kommunisere på best mogleg måte med barn og unge i ulike aldersgrupper.

Det er ingen formelle krav til pedagogisk kompetanse for kunstnarane og utøvarane som bidreg i ordninga. Å utvikle tilbod som òg kan bidra til å gi kunstnarane tryggleik og kompetanse til å møte elevar med ulik bakgrunn og alder, er derfor viktig. Kunstutdanningane vektlegg på ulike måtar møte med publikum som del av opplæringa og vil òg kunne ha ulike tilbod med tanke på målgruppa barn og unge. Undervisningstilbod der studentane kan lære om DKS, kan vere eit tiltak som kan stimulere til å utvikle nye produksjonar og tilbod i ordninga. Universitets- og høgskolesektoren står fritt til å vurdere behovet for tilbod og korleis eit slikt tilbod skal vere innretta.

Oppfølging frå Kulturtanken

Over tid har Kulturtanken etablert fleire ressursgrupper og brukarutval for prosjekt og særskilde satsingar. Medlemmene i desse gruppene representerer eit vidt spekter av fagkunnskap frå kultursektoren og utdanningssektoren og frå brukarmiljø tilknytte Kulturtanken og DKS, på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. På denne måten har relevante fagmiljø og fagpersonar blitt involverte i det løpande arbeidet. Kulturtanken har òg teke initiativ til og sett i gang ei rekkje prosjekt i samarbeid med universitets- og høgskolesektoren. Denne

forma for inkludering og samarbeid skal først vidare og styrkjast for å ta i vare og sikre brei involvering i og forankring av DKS-ordninga hos involverte aktørar lokalt, regionalt og nasjonalt.

Da Kulturtanken blei oppretta, blei det òg oppretta eit fagråd med representantar frå kultursektoren og utdanningssektoren og eit mandat fastsett av Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet i fellesskap. Intensjonen med fagrådet var å drøfte saker av felles interesse innanfor og på tvers av utdanningssektoren, kultursektoren og dei ulike kunstartane. Det skulle òg hjelpe med råd i arbeidet for å nå måla om kvalitet, kunst- og kulturformidling i skolen og forskning og utviklingsarbeid i ulike fagmiljø. Av ulike årsaker har fagrådet ikkje fungert etter intensjonen. Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet har derfor bestemt å leggje ned rådet etter at funksjonsperioden for medlemmene er gått ut. For å styrkje samarbeidet og samhandlinga mellom kultursektoren og utdanningssektoren og leggje til rette for fagleg dialog og utvikling av DKS-tilbodet til barn og unge på nasjonalt nivå får Kulturtanken i oppgåve

- å sikre at representantar frå både kultursektoren og utdanningssektoren regelmessig og systematisk er involverte i arbeidet med å oppnå dei nasjonale måla med DKS-ordninga
- å leggje til rette for opne prosessar og arenaer med moglegheit for påverknad og medverknad og faglege diskusjonar og kritiske vurderingar av DKS-ordninga
- å etablere ein permanent samarbeidsstruktur i dialog med KS, som inkluderer representantar frå både kultur og skole i kommunesektoren (grunnskole og vidaregåande)
- å ta vare på og sikre kunnskap og kompetanse om kunst- og kulturformidling i skolen som understøttar det pedagogiske arbeidet i DKS og bidreg til skolens mål for læring og utvikling
- å vidareutvikle samarbeidet med universitets- og høgskolesektoren om forskning og utviklingsarbeid i ulike fagmiljø
- å vurdere å etablere ein permanent struktur der det er faste deltakarar både frå kunstutdanningane og lærarutdanningane, for å sikre dialog, sørge for gjensidig informasjonsutveksling og vurdere moglegheitene for å styrkje kunnskapen om DKS og kunst- og kulturformidling til barn og unge i utdanningsløpet

For å styrkje forankring og eigarskap til ordninga i utdanningssektoren vil det i tilskottsbrev om statlege midlar til ordninga bli stilt krav til fylkeskommunane om

- å involvere både kultursektoren og utdanningssektoren i den vidare fordelinga av midlane gjennom for eksempel faste dialogmøte om DKS-ordninga. Ved behov kan Kulturtanken delta i slike møte.
- å involvere kommunane gjennom for eksempel
 - programråd/styringsråd for DKS-ordninga der det er med representantar frå kommunane frå både kultursektoren og utdanningssektoren
 - å initiere tiltak knytte til regionalt planarbeid med involvering frå både kultursektoren og utdanningssektoren i kommunane

For å leggje til rette for å utvikle gode samarbeidsmodellar og lokale og regionale tiltak får Kulturtanken i oppdrag å utarbeide ei rettleiing med gode eksempel og råd frå kommunar og fylkeskommunar som har lykkast. Kulturtanken vil òg føre vidare og ta initiativ til nye prosjekt som har til hensikt å styrkje samarbeidet mellom kultursektoren og utdanningssektoren.

Regjeringa vil

- at Den kulturelle skolesekken (DKS) skal vere eit samarbeid mellom kultursektoren og utdanningssektoren på alle nivå for å sikre god planlegging, forankring og tilrettelegging
- at kunst- og kulturformidlinga i DKS må utformast slik at ho blir opplevd som relevant for barn og unge og kan bli sett i samanheng med aktivitetane på skolen
- at Kulturtanken skal ta i vare oppgåva som nasjonalt koordinerande organ for DKS-ordninga og bli følgd opp i eit samarbeid mellom Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet
- sikre at representantar frå både kultursektoren og utdanningssektoren regelmessig og systematisk blir involverte i arbeidet med å oppnå dei nasjonale måla med DKS-ordninga
- i dialog med KS etablere ein permanent samarbeidsstruktur med representantar frå både kultur og skole på dei ulike forvaltningsnivåa
- styrkje samarbeidet med universitets- og høgskolesektoren om forskning og utviklingsarbeid i ulike fagmiljø og vurdere å etablere ein permanent struktur med deltakarar frå kunstutdanningane og lærarutdanningane
- stille krav til fylkeskommunane om å involvere både kultursektoren og utdanningssektoren på dei ulike forvaltningsnivåa i den vidare fordelinga av dei statlege midlane til DKS-ordninga

- utarbeide ei rettleiing med gode eksempel og råd frå kommunar og fylkeskommunar i arbeidet for å sikre og ta i vare samarbeid og samhandling
- at Den kulturelle skolesekken inkluderer barnehagen i tilboda og bidreg til å formidle kunst- og kulturtilbod til barnehagebarn

12.5 Direktekommunar

Hovudmodellen for å fordele spelemidlar vidare til fylkeskommunane og kommunane er at minimum ein tredjedel av tilskottet som er berekna til grunnskolen, blir fordelt vidare til kommunane. Fylkeskommunane forvaltar ein tredjedel sjølv, og vedtar i dialog med kommunane fordelinga av den siste tredjedelen.

Tolv kommunar har i dag ei særskild ordning der dei får tildelt midlar direkte for å ta seg av ansvaret for tilbodet til grunnskolen i sin kommune (direktekommunar). Direktekommuneordninga blei etablert som ei prøveordning da Den kulturelle skolesekken (DKS) blei oppretta i 2001.

Prøveordninga starta som ein storbymodell, med krav om eit innbyggjartal i kommunane på minimum 30 000. Det var Tromsø og Bergen som var dei første kommunane som formelt fekk statusen. I St.meld. nr. 8 (2007–2008) *Kulturell skolesekk for framtida* fall minimumskravet til innbyggjartalet bort, og det blei opna opp for at alle kommunar som ønskte det, kunne søkje om status som direktekommune under gitte vilkår og føresetnader. Blant anna måtte kommunen vere i stand til å sikre prinsippa for DKS-ordninga og bli einig med fylkeskommunen om korleis ordninga skulle gjennomførast. I åra fram til 2016 fekk følgjande kommunar status som direktekommunar: Karmøy, Lørenskog, Bodø, Trondheim, Stavanger, Alta, Eidsvoll, Asker, Bærum og Ås.

Frå og med 2017 blei det bestemt at Kulturtanken skulle fordele tilskottet direkte til direktekommunane og vurdere søknader frå nye kommunar. For å få eit betre kunnskapsgrunnlag om ordninga blei det sett i gang ei evaluering som enda i rapporten *Nærhet, autonomi og demokratisering – Evaluering av direktekommuneordningen i Den kulturelle skolesekken*, utarbeidd av Oxford Research.⁹

Felles for fleire av direktekommunane er at dei har mange elevar i grunnskolen samanlikna med den norske gjennomsnittskommunen. Utanom det, er tilbodet i kommunane ulikt, og kommu-

nane har forskjellige grunngevingar for å velje å bli direktekommune. Autonomi, medverknad, lokal forankring og innverknad frå aktørar på skolen går igjen som grunnar hos fleire av direktekommunane i evalueringa. Mange trekkjer fram organiseringa av den lokale skolesekken og det økonomiske handlingsrommet for å utvikle tilbodet i eigen skolesekk som fordelar. Evalueringa påpeiker at store og sentrale kommunar har betre føresetnader for å vere direktekommune – dei har fleire elevar, meir tilgang på fagkompetanse, breiare tilgang til innhaldsleverandørar og lågare reisekostnader.

12.5.1 Vurdering

Tilgangen på, og kompetansen om, kunst og kultur er ikkje lik i alle kommunar. Mange stader er det avgrensa ressursar som er sette av til DKS. For at barn og unge skal få eit likeverdig kunst- og kulturtilbod over heile landet, er samarbeid og samhandling på regionalt og nasjonalt nivå viktig. Samtidig er det enkelte kommunar som både er i stand til og som ønskjer å ta ansvaret for DKS-tilbodet til barn og unge på eiga hand. Dette gjeld særleg større byar og befolkningstette område. For hovudandelen av kommunane vil den beste løysinga for å sikre eit kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet likevel vere å få delar av tilbodet frå fylkeskommunen. Dette vil bidra til å sikre barn og unge eit likeverdig DKS-tilbod uavhengig av kvar dei bur i landet.

Målet om lokal forankring må vegast opp mot målet om eit likeverdig tilbod av høg kvalitet. Det er dessutan viktig at DKS-tilbodet blir opplevd som relevant og aktuelt for alle elevar, og at det blir sett i tilknyting til måla skolen har om læring og utvikling uavhengig av kvar dei bur. Direktekommuneordninga kan fungere godt for enkelte kommunar som har dei rette føresetnadene og gjer særskilde prioriteringar og satsingar, men det er ikkje ein modell som kan gjelde og vil egne seg for alle kommunar.

Regjeringa vil vidareføre direktekommuneordninga. Det etablerast ei søknadsbasert ordning med kriterium fastsette av Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet i fellesskap. Måten ordninga blir innretta på, skal sørgje for at dei kommunane som er i stand til og ønskjer å prioritere å utvikle eit DKS-tilbod til barn og unge på eiga hand, får moglegheita til det. Samtidig må regionalt samarbeid og samhandling på nasjonalt nivå haldast ved lag for å sikre tilbodet til barn og unge i hovudandelen av kommunane.

⁹ Hauge, Knutsen & Ervik 2017

Kommunar som ønskjer å ta eit sjølvstendig ansvar for tilbodet til barn og unge i grunnskolen (direktekommunar), må forplikte seg til å følgje opp dei nye nasjonale måla med DKS-ordninga og delta i samarbeidet på regionalt og nasjonalt nivå. For å kunne vere ein direktekommune vil det blant anna bli stilt krav om at kommunen

- set av nødvendige ressursar og har ein plan for arbeidet i kommunen som sikrar oppfølging av dei nye nasjonale måla med Den kulturelle skolesekken
- forpliktar seg til å bruke den nasjonale DKS-portalen og bidra til å utvikle og dele produksjonar med andre kommunar og delta aktivt i regionalt og nasjonalt arbeid for å sikre erfaringsutveksling og kompetansebygging
- kan vise til eit etablert samarbeid mellom kultursektoren og skolesektoren og korleis DKS er tenkt forankra i skolane når det gjeld organisering og tilknytning til den faglege verksemda i skolen
- kan vise til kompetanse om kunst- og kulturformidling til barn og unge og forpliktar seg til å bruke dei statlege DKS-midlane til å sikre barn og unge eit tilbod med profesjonelle kunstnarar og utøvarar

Bidraget frå fylkeskommunane for å utvikle og sikre eit DKS-tilbod og felles nasjonale tiltak som DKS-portalen er svært viktige for å gjere tilgjengeleg og kvalitetssikre eit likeverdig tilbod til barn og unge uavhengig av kvar dei bur i landet. Krite-

ria for å bli direktekommune må formulerast slik at ordninga ikkje går ut over regionalt samarbeid. Det er viktig at alle kommunar kan gi eit DKS-tilbod av høg kvalitet til barn og unge.

Ansvar for å forvalte direktekommuneordninga blir lagt til Kulturtanken. Kommunar som ønskjer å ta del i ordninga må sende inn ein søknad som skal vurderast ut i frå fastsette kriterium. Dette gjeld òg for dei eksisterande direktekommunane. Fylkeskommunane har eit særskilt ansvar for å følgje opp DKS på regionalt nivå. Midlane til direktekommunane skal derfor kanalisert gjennom fylkeskommunane for å sikre at dei får nødvendig oversikt og rapportering om arbeidet i direktekommunane, på lik linje med resten av kommunane. Kulturtanken skal i dialog med fylkeskommunane følgje opp og vurdere rapporteringa frå direktekommunane.

Regjeringa vil

- føre vidare direktekommuneordninga som ei søknadsbasert ordning med kriterium fastsette av Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet i fellesskap
- stille krav til kommunar som ønskjer å ta eit sjølvstendig ansvar for tilbodet til barn og unge i grunnskolen (direktekommunar), om at dei må forplikte seg til å følgje opp dei nasjonale måla med DKS-ordninga og delta i samarbeidet på regionalt og nasjonalt nivå

Del IV
Den digitale kulturen



Figur 13.1

13 Den digitale kulturen – moglegheiter og risikoar

13.1 Innleiing

Slik vi nemnde under del I, kapittel 3.2, har digitaliseringa endra mange sider av oppveksten og kvardagslivet til barn og unge. Utviklinga har gått og går framleis svært fort. Dette gjer det krevjande å utvikle politikk og treffsikre verkemiddel på feltet. Viss barn og unge skal kunne bruke digitale plattformer til læring, utforsking, sjølvrealisering og underhaldning, krev det trygge rammer. For å sikre alle barn og unge ein trygg digital oppvekst må vi ha ei brei tilnærming, som kan omfatte alle fagfelt, etatar og aktørar som legg rammer for oppvekstvilkåra barna har. Dette føreset ein ny måte å tenkje på og eit breitt samarbeid på tvers av den vanlege sektorinndelinga i forvaltninga.¹

13.2 Den digitale kvardagen til barn og unge

13.2.1 Innleiing

Dagens barne- og ungdomskultur generelt beskriv vi i del I, kapittel 3.2. Hensikta med dette avsnittet er å gå nærmare inn på den digitale kvardagen til barn og unge – inkludert utviklingstrekk, moglegheiter og risikofaktorar – som eit grunnlag for å vurdere behovet for å styrkje og samordne innsatsen på feltet. Beskrivinga er blant anna basert på EU Kids Online, 2018-undersøkinga i Noreg, Barn og medier-undersøkinga frå Medietilsynet og Ungdata-undersøkingane.² Desse undersøkingane er statleg finansierte, blir gjennomførte regelmessig og gir ei god oversikt over relevante moglegheiter og utfordringar relaterte til den digitale kvardagen til barn og unge.

¹ Når departementa i dette kapittelet for å gjere det enkelt bruker omgrep som «medium», «mediekonsum» osv. i omtalen av kontakten barn og unge har med og bruken deira av ulike digitale tenester, må det derfor ikkje lesast som at dei viser til mediesektoren eller mediepolitikken i meir tradisjonell forstand.

² Staksrud & Olafsson 2019, Medietilsynet 2020a og 2020b, Bakken 2018

13.2.2 Utviklingstrekk og medievanar

I dag er mobiltelefonen den mest brukte skjermen for kultur- og mediekonsum, og dei yngre forbrukarane strøymar stadig meir.


Dei siste åra har vi sett ungdom som utmerkar seg som e-sportsutøvarar, eller som profilar på YouTube eller TikTok, der det å skape musikk eller uttrykkje seg kunstnarisk, kreativt og sosialt har blitt eit meir vanleg kulturelt fenomen. Med meir enn to milliardar nedlastingar er TikTok blitt ein av dei mest populære appane i verda. Det er ikkje forska mykje på denne måten å utøve kultur på blant barn og ungdom, men ifølgje EU Kids Online si kartlegging engasjerer barn og unge seg i kommunikasjons- og underhaldningsaktivitetar, mens innhaldsproduksjon eller søk etter nyheiter berre blir teke opp av eit mindretal. Dette kan tyde på at dei «digitalt innfødde» ikkje er produsentar i så stor grad som ein tidlegare har trudd. Nivået på kreative ferdigheiter når det gjeld å lage og redigere innhald, varierer også sterkt mellom land.

Ettersom mediekonsumet til barn og unge skjer i svært mange ulike arenaer og samanhangar, er det vanskeleg å måle tidsbruken og omfanget presist. Likevel viser både norske og internasjonale undersøkingar at dei siste åra bruker barn internett og sosiale medium stadig meir.³ Barn og unge mellom 9 og 18 år bruker i dag nesten like mykje tid på internett som på å treffe venner (fysisk). Før koronapandemien gav 15–16-åringane opp at dei brukte over 3,5 timar i løpet av døgnet på nett.⁴ Dette er truleg nettbruk primært utanfor skolen, og det totale omfanget har sannsynlegvis auka under pandemien.

Ungdata-rapporten frå 2020 framhevar at andelen som bruker minst tre timar per dag på skjermaktivitetar, har gått opp sidan 2015. Mykje av denne auken kan vi forklare med at fleire bruker mykje tid på sosiale medium. Det same viser rapporten EU Kids Online, som nærmare bestemt

³ Ólafsson, Livingstone & Haddon, 2014, Medietilsynet 2018, 2020a

⁴ Statistisk sentralbyrå 2020a



Figur 13.2 Andel i alderen 9–18 år som fortel at dei bruker eitt eller fleire sosiale medium, etter alder (N = 3353).

Kjelde: Medietilsynet 2020a

viser ein markant auke i bruken av sosiale medium sidan 2010. Denne auken er særleg stor blant barn under 13 år.⁵

Medietilsynets kartlegging av medievanane til barn og unge over tid viser òg ei endring i tida som blir brukt på dataspel, mobiltelefon og sosiale medium.⁶ Sidan 2010 har det vore ein markant auke i tida som blir brukt på speling, spesielt blant jenter. Men tida brukt på mobil og sosiale medium har gått betydeleg opp òg. Ungdata-undersøkingane støttar dette biletet, som viser at tidsbruken på mobiltelefon og nettbrett har gått opp.⁷

Tal frå *Barn og Medier 2020* viser at 86 prosent av 9–18-åringane spelar spel på pc, Playstation, mobil, nettbrett eller liknande, 96 prosent av gutane og 76 prosent av jentene. Nesten seks av ti 9–18-åringar som spelar dataspel, seier seg einige i at gaming er sosialt. Sju av ti som spelar dataspel, meiner det gjer dei flinkare i engelsk.

Sosiale medium er for dei fleste barn og unge ein naturleg og integrert del av livet, og brukarane blir stadig yngre. *Barn og medier 2020* viser at heile 90 prosent av norske 9–18-åringar bruker eitt eller fleire sosiale medium. Andelen som bruker sosiale medium, aukar med alderen, og frå 13-

årsalderen bruker tilnærma alle eitt eller fleire sosiale medium, jf. figur 13.2.

Dei fem mest brukte sosiale media er YouTube (95 prosent), Snapchat (80 prosent), TikTok og Instagram (begge 65 prosent) og Facebook (51 prosent).⁸

Norske barn bruker også meir tid på internett enn andre europeiske barn (3,6 timar samanlikna med 2,8 timar i gjennomsnitt).⁹ Barn og unge i Noreg er dessutan svært digitale frå ein tidleg alder. *Barn og medier 2020* dokumenterer at dei aller fleste 9–18-åringane har *eigen* mobil (97 prosent), og at svært mange barn og unge får eigen brukarkonto/profil på sosiale medium før dei er 13 år.

13.2.3 Moglegheiter og risikoar på nett

13.2.3.1 Innleiing

EU Kids Online-nettverket har klassifisert ulike typar moglegheiter og risikoar barn og unge blir eksponerte for gjennom nettet, og desse er viste i tabell 13.1. Dei ulike moglegheitene og risikofaktorane blir utdjupa nedanfor, med utgangspunkt i denne tabellen.

⁵ Staksrud & Ólafsson 2019: 21

⁶ Medietilsynets Barn og medier-undersøkelse 2010, 2012, 2014, 2016, 2018, 2020

⁷ Bakken 2018: 58–59

⁸ Medietilsynet 2020b

⁹ Universitetet i Oslo 2021

Tabell 13.1 EU Kids Klassifisering av moglegheiter og risikoar på nett etter kva rolle barnet sjølv har.¹ Dei ulike typene risiko og moglegheiter som står i tabellen, er meinte som eksempel, lista er ikkje uttømmende.

MOGLEGHEITER	Innhald – barnet som mottakar	Kontakt – barnet som deltakar	Handlingar – barnet som igangsetjar eller utøvar
<i>Utdanning og digitale ferdigheiter</i>	Utdanningsressursar	Kontakt med andre som deler dei same interessene	Sjølvinitierte og felles læringsaktivitetar
<i>Demokratisk deltaking og digitalt borgarskap</i>	Global informasjon	Utteksling mellom interessegrupper	Ulike konkrete former for sivil engasjement
<i>Kreativitet og utfalde seg sjølv</i>	Ulike typar ressursar	Bli invitert/inspirert til å skape noko eller delta i noko	Lage innhald sjølv, programmere, skape
<i>Identitet og sosiale nettverk</i>	Råd og hjelp (til slikt som personlege utfordringar, helse, seksualitet)	Sosiale nettverk og sosial støtte, erfaringsdeling	Uttrykkje eigen identitet
RISIKOAR	Innhald – barnet som mottakar	Kontakt – barnet som deltakar	Handlingar – barnet som igangsetjar eller utøvar
<i>Kommersiell risiko</i>	Reklame, sponing, spam	Sporing, innsamling av personlege data gjennom interaksjon med teknologi, tenester og andre menneske	Pengespel, illegal nedlasting, hacking
<i>Aggressivitetsrisiko</i>	Valdeleg/grufulle/hatefullt innhald	Bli mobba, trakassert og forfølgd	Mobbing eller trakassering av kvarandre
<i>Seksuell risiko</i>	Pornografisk/skadeleg seksuelt innhald	Møte framande, grooming	Lage/dele/laste opp pornografisk materiale
<i>Risiko knytt til verdier og haldningar</i>	Rasistisk innhald, falske nyheiter, falsk informasjon og råd (for eks. knytt til narkotika, vaksiner osv.)	Sjølvskaiding og uønskte forsøk på overtaling	Gi råd og oppmuntre andre til sjølvskaiding, sjølv mord og anna skadeleg eller kriminell åtferd

¹ Staksrud, Livingstone, Haddon, & Ólafsson 2009 referert i rapporten Norske barns håndtering av risiko på Internett. Grunnlag for FoU-aktiviteter og forskernettverk u.å.: 18

13.2.3.2 Kva er moglegheitene på nett?

Utdanning og digitale ferdigheiter

Barn og medier 2020 (Medietilsynet) viser at svært mange norske barn og unge bruker nettet til skolearbeid og til å søkje etter informasjon. Over halvparten av 9–18-åringane søkjer dagleg etter informasjon på nett, mens åtte av ti bruker nettet til lekser og skolearbeid minst kvar veke. Den generelle tendensen er at barna gjer desse aktivitetane i meir omfattande grad jo eldre dei er. Nesten alle 17–18-åringar bruker nettet til skolearbeid kvar dag eller kvar veke, og jamt over gjeld

det litt fleire jenter enn gutar, spesielt blant dei eldste. Under utbrottet av koronaviruset i mars 2020 blei tilgangen til digitale einingar og digitale læringsressursar svært viktig for norske skolebarn, og ein godt utbygd infrastruktur for breiband og ulike løysingar for videobasert kommunikasjon gjorde det mogleg å fortsetje undervisinga da skolane stengde ned i heile landet.¹⁰

Tala frå *Barn og medier 2020* blir støtta av ulike undersøkingar retta mot skoleeigarar og skoleleiarar.¹¹ Skolane ser i stor grad ut til å ha til-

¹⁰ Federici & Vika 2020

strekkeleg infrastruktur og utstyr til å bruke digital teknologi i undervisninga. To av tre skoleleiarar har ein plan for å heve kompetansen blant personalet, og lærarane oppgir ein variert bruk av digitalt utstyr og digitale ressursar. Didaktiske vurderingar er mest avgjerande for den digitale praksisen til lærarane, og dette styrer i sin tur bruken til elevane. Gjennomgåande er det forskjellar i databruk, modnad og digital praksis på dei ulike trinn i skolen. Elevar på vidaregåande skole bruker datamaskin mykje oftare og til fleire aktivitetar enn elevane i grunnskolen, og bruken aukar frå barneskolen til ungdomsskolen. Samla for alle trinn er dei tre mest brukte digitale aktivitetane i undervisninga å skrive tekst, søkje etter/finne informasjon på internett og lage presentasjonar.

Digitale ferdigheiter er éi av fem grunnleggjande ferdigheiter i læreplanverket og skal inngå i alle faga i skolen. Frå hausten 2020 har skolane begynt å bruke det nye læreplanverket Kunnskapsløftet 2020, og digitale ferdigheiter har fått ein tydelegare plass enn tidlegare. Digital dømmekraft, kjeldekritikk, kritisk tenking og digital tryggleik er sentralt i dei digitale ferdigheitene og inngår på forskjellige måtar i ulike læreplanar for fag. I tillegg er programmering og algoritmisk tenkemåte innført i blant anna matematikk, naturfag og musikk. Dette vil vere viktige føresetnader for læring og å delta i dagens samfunn.

Demokratisk deltaking, nyheitskonsum og digitalt borgarskap

Barnekonvensjonen skal sikre retten barn og unge har til å seie meininga si og til å bli høyrd, og sikre retten til ytringsfridom og informasjon. Tilgangen til internett og sosiale medium har bidrege til at barn i dag har større moglegheiter enn tidlegare til å ytre seg og delta aktivt i den offentlege debatten.

Retten til ytringsfridom står også i Grunnlova § 100 og i menneskerettskonvensjonen artikkel 10. Les meir om dette i kapittel 4. Alle barn og unge har i utgangspunktet rett til å søkje, få og å meddele alle typar opplysningar gjennom alle typar uttrykksmåtar. Retten til ytringsfridom heng tett saman med andre rettar i barnekonvensjonen.

Barn og unge har tilgang til nyheiter gjennom kanalar som NRK Supernytt, sosiale medium, tv, nettaviser og podkastar/radio. Ifølgje *Barn og medier 2020* ser 88 prosent av barn i alderen 9–12 år nyheiter på NRK Supernytt. Supernytt er ei viktig nyheitskjelde for dei yngste. Blant 9–18-årin-

gane som bruker sosiale medium, svarer 87 prosent at dei ser nyheiter i sosiale medium. Mange barn og unge (83 prosent) ser også nyheiter på tv, mens 65 prosent les nyheiter i nettaviser. Det er minst vanleg å lese nyheiter i papiraviser.

Dette tyder på at ungdom bruker sosiale medium som ei primærkjelde til nyheiter, med dei utfordringane det kan bringe med seg med tanke på falske nyheiter, ekkokammer og eit nyheitstilfang som blir styrt av algoritmar.

Kreativitet og å utfalde seg sjølv

Tilgangen på ny teknologi gjer det mogleg for fleire å uttrykkje og engasjere seg på ulike måtar, blant anna gjennom å skape og formidle sitt eige innhald. Barn og unge lagar blant anna musikk, videoar og dansar på nett, dei gamar og organiserer klimastreik.

Ifølgje EU Kids Online¹² handlar kreativ kompetanse om i kva grad ein sjølv skaper og eventuelt også deler digitalt innhald. Dei kreative ferdigheitene kan vere med på å avgjere om ein kan delta i alle dei moglegheitene som interaksjon på nettet gir. 64 prosent av barn i alderen 11 til 17 år veit korleis dei lagar og legg ut video eller musikk, og under halvparten (38 prosent) veit korleis dei kan redigere eller gjere enkle endringar i nettinnehald som andre har skapt. Færrest er det blant dei yngste jentene, der berre 16 prosent av 11–12-åringane oppgir at dei har slike ferdigheiter.

Plattformen TikTok har hovudsakleg vore brukt av barn og unge til å publisere eigenprodusert innhald, men i løpet av dei siste årene har fleire profesjonelle aktørar begynt å bruke tene- sta. Blant anna har NRK Supernytt eksperimentert med å leggje ut videoar på appen og opplevd mykje engasjement blant unge på plattformen.

YouTube og strøymetenesta Twitch er også sentrale kanalar for å utfalde seg kreativt. Spel engasjerer, og på YouTube er dataspel den fjerde største kategorien. Spesielt blant barn og unge er desse plattformene blitt viktige for å diskutere og skape innhald om spel.

I eit medielandskap i rivande utvikling blir det stilt stadig større krav til mediebrukarar for å kunne navigere trygt i ei digital medieverkelegheit der ein druknar i informasjon og moglegheiter i ei rekkje kanalar. Kritisk medieforståing er derfor ein kompetanse alle bør ha for å sikre ei tilstrekkeleg kritisk tilnærming til det medieinnhaldet vi både konsumerer, produserer og deler. Iføl-

¹¹ Rogde et al. 2020, Fjørtoft, Torvatn & Bakken 2019

¹² Staksrud & Ólafsson 2019

Boks 13.1 TikTok

Sara Cecilie Leite, mest kjend som @zaracecilie, er ei stor norsk stjerne på TikTok. Ho deltok tidlegare på Medietilsynets innspelsmøte til barne- og ungdomskulturmeldinga og gav eit innblikk i korleis det er å vere kreativ, skapande og dele innhald aktivt i eit sosialt nettverk. «Det å få vere kreativ og utfordre meg selv er det beste med å vere på TikTok», sa Sara Cecilie. Ho har fleire hundre tusen følgjarar på TikTok og legg ut videoar kvar dag. Plattformen inspirerer brukarane til å lage innhald, og gjennom ein meny blir det anbefalt utfordringar som dei kan lage videoar etter, for eksempel utfordringar som å gjere kirurgi på mat eller gjere ein spesiell dans.

gje Medietilsynets rapport om kritisk medieforståing i den norske befolkninga rapporterer tre av fire at dei er usikre på reglane om opphavsrett og biletdeling (respondentane er personar over 16 år).¹³

Dataspel er eit populært og relativt ungt kulturuttrykk som kan oppmuntre til kreativitet, nysgjerrigheit, samarbeid, læring og planlegging. Spel kan vere både leik og meningsberande innhald, tilby fellesskap og vere ein arena for sosial interaksjon. I dataspelstrategien til regjeringa, *Spillerom* (2019), peiker regjeringa på dataspel som kultur, næring og verktøy for læring. Dataspel har kunstnarisk og kulturell eigenverdi og kan fortelje historier, gi tilgang til nye perspektiv og bli brukte som skapande verktøy. Spel kan òg danne grunnlag for dialog og refleksjon og gi moglegheiter for innleving og identifikasjon med andre menneske.

For nokon er dataspel ein sosial aktivitet dei gjer saman med venner eller tilfeldige andre som spelar på nett, mens andre kan søkje ro og eigen tid gjennom aktiviteten. Slik anerkjenning er viktig for barn og unge som har glede av og lyst til å spele dataspel:

*Jeg føler at det er veldig inkluderende. Det er mange som sier dataspill ikke er sosialt i det hele tatt, men det er egentlig veldig sosialt, fordi man samarbeider, man snakker om hva man skal gjøre, og ... ja, man snakker egentlig om alt, når man spiller. (Gut 15)*¹⁴

Identitet og sosiale nettverk

Sosiale medium er ein viktig del av det sosiale livet til barn og unge. Kommunikasjon med venner og familie står fram som ein av dei viktigaste grunnane til at barna bruker internett.¹⁵ *Barn og medier 2020* viser at 86 prosent av 9–18-åringane som bruker sosiale medium, var einige i denne påstanden: «Jeg har mye kontakt med vennene mine i sosiale medier». Mange ungdommar rapporterer om nære venner som dei utelukkande har kontakt med via nettet.¹⁶

Undersøkingar viser òg at norske barn føler seg tryggare på nettet enn heime og på skolen.¹⁷ 42 prosent av norske barn i alderen 9–16 år oppgir at dei *alltid* føler seg trygge på internett.

Måten kunst- og kulturuttrykk blir brukte i kommunikasjon og interaksjon på nett, er òg viktig i identitetsforståinga barn og unge har, og i bygginga av sosiale relasjonar. Å delta i spel på internett gjer det mogleg å delta i samfunnet og få venner. Slike nettsamfunn kan gi utsette barn, for eksempel barn med nedsett funksjonsevne, moglegheita til å delta i leik på nett og oppleve at dei høyrer til. Barn og unge lyttar til musikk som ein integrert del av kvardagslivet, men lyttinga kan òg delast med andre via sosiale medium. Dei digitale plattformene bidreg dermed i stor grad til at barn og unge oppdagar ny musikk og andre kunst- og kulturuttrykk, og til kva kjennskap og forståing dei har av kunst og kultur.

Det digitale samfunnet kan òg vere ei viktig kjelde til informasjon og hjelp i spørsmål om eiga helse og identitet. Samtidig kan barn og unge også lett komme over helseskadeleg informasjon, slik det står om i punkt 13.2.3.3 nedanfor. Staten har moglegheita til å sikre informasjon av høg kvalitet digitalt, direkte til dei unge, for eksempel ved å skreddarsy informasjon til profilane dei unge har i sosiale medium. Eit viktig element i dette arbeidet er utviklinga av DigiUng. Det er eit samarbeid mellom Bufdir, Helsedirektoratet og Direktoratet for eHelse som skal levere lett tilgjengeleg og kvalitetssikra informasjon, rettleiing og tenester til ungdom, gjennom eit heilskapleg digitalt tilbod på tvers av sektorar.

Helsedirektoratet har, i samarbeid med Oslo-Met og Høgskolen i Innlandet, utarbeidd ein rapport om kva helsekompetanse befolkninga har.

¹⁴ Medietilsynets workshop med ungdom «Youth Voices» 2020, 25. januar

¹⁵ Staksrud & Ólafsson 2019

¹⁶ Bakken 2018

¹⁷ Staksrud & Ólafsson 2019

¹³ Medietilsynet 2019a

Rapporten følgjer opp Strategi for å øke helsekompetansen i befolkningen (2019–2023) frå regjeringa. I rapporten blir det vist til at ein vesentleg andel av befolkninga har utfordringar med å ta stilling til helseinformasjon og kritisk vurdere kjelder og råd. Undersøkinga har også målt digital helsekompetanse. Med det er det meint kor god ein er til å søkje, bruke og forstå informasjon på digitale plattformer. 10 prosent mellom 18 og 24 år er på det dårlegaste nivået eller under, og 28 prosent i denne aldersgruppa er på eit middels nivå. Det er ikkje gjort ein tilsvarande studie for barn og unge.

Gjennom pandemien har kvardagen blitt endra, og den fysiske kontakten med andre har blitt avgrensa for mange. Mange unge har rapportert at dei har klart å ta vare på viktige relasjonar, trass i avstand, gjennom digitale og sosiale medium. Mange hjelpetenester har òg meldt at fleire tek kontakt. Hjelpelinja *Kors på halsen* rapporterer om ein stor pågang frå barn og unge som treng nokon å snakke med, noko som viser kor viktig det er med digitale hjelpetilbod til barn og ungdom som opplever krevjande periodar og personlege kriser.

13.2.3.3 Kva risikoar fører nettet med seg?

Helt sidan internett blei etablert som ein arena for allmenta, har det vore risikofaktorar knytte til at barn og unge har tilgang til og kan bruke nettet. Diskusjonane har i hovudsak vore definerte av bekymringane vaksne har hatt om at barn og unge har ein svært digital oppvekst. Debatten har ofte vore polarisert, der bekymringar rundt påverknad og negative konsekvensar har blitt sette opp mot alle mogleghetene digital aktivitet opnar for. I eit mediehistorisk perspektiv er den polariserte debatten noko vi kjenner igjen frå når ein tidlegare har innført nye medium, men omfanget og den skiftande og ueinsarta måten barn og unge bruker internett på, skaper nye utfordringar. Mens bekymringane tradisjonelt har dreidd seg om eksponering for valdeleg og pornografisk innhald og kor mykje tid barn og unge bruker framfor skjermen, har den teknologiske utviklinga i dei seinare åra reist andre problemstillingar, inkludert personvern, desinformasjon og deling av intime bilete.

I EU Kids Online 2019 seier over halvparten av alle norske foreldre at dei er bekymra for at barnet deira skal bruke internett, mobil og dataspel for mykje. Norske foreldre er i dag meir bekymra for skjermbruken enn for eksempel personvernet til barna. I ei undersøking frå Folkehelseinstituttet

blei det for eksempel sett på om tid brukt på sosiale medium hadde ein samanheng med aukande symptom på depresjon og åtferdsproblem. Studien viste at bruk av digital teknologi i liten grad påverkar trivselen til barna negativt, og at det var andre ting, som usunn livsstil og sosiale problem, som først og fremst gjekk ut over livskvaliteten deira.

Også bekymringa rundt om barn og unge føler press om å få anerkjenning på sosiale medium, har prega debatten, men ifølgje *Ungdata 2019* opplever eit mindretal av ungdommar eit slikt press. 59 prosent svarer at dei ikkje føler noko press om å ha mange følgjarar og «likes» på sosiale medium. 21 prosent svarer «litt press», 10 prosent svarer «ein del press», mens 5 prosent svarer høvesvis «mykje» og «svært mykje» press. Samtidig kan vi gå ut frå at det presset barn og unge blir utsette for i sosiale medium om korleis kropp og utsjånad skal vere, er blant årsakene til at visse typar psykiske problem aukar. I NOVA-rapporten *Stress og press blant ungdom* kjem det for eksempel fram at mange unge, særleg jenter, opplever eit press på utsjånaden, og at det er ein relativt sterk samanheng mellom kroppsbilete og depressive symptom.¹⁸

Risiko for kommersiell påverknad

Barn veks i dag i stor grad opp i ein kommersiell marknad. Før møtte barn og unge reklame først og fremst i det fysiske rom, på tv, på kino og i blad. I dag møter barn marknadsaktørar på dei fleste av arenaene i kvardagen via mobiltelefon og nettbbruk. Når barn og unge for eksempel bruker tenester som spel og sosiale medium, trer dei automatisk inn i ei forbrukarrolle der dei deltek i ein marknad.¹⁹ Omfanget av reklame har vakse dei siste åra, og særleg i sosiale medium.²⁰ For eksempel viser *Barn og medier 2020* at 71 prosent av 13–18-åringane opplever å få mykje reklame i sosiale medium.

I *Barn og medier 2020* fekk 9–18-åringane også spørsmål om dei har fått reklame for bestemte produkt på nett. Av dei ulike produktalternativa som var omfatta i undersøkinga, hadde flest 9–18-åringar fått reklame for pengespel (62 prosent), produkt for å gå ned i vekt (48 prosent) og produkt som skal gi større musklar (41 prosent). Generelt er det vanlegare at 13–18-åringar

¹⁸ Eriksen, Sletten, Bakken & Von Soest 2017

¹⁹ Slette-meås & Kjørstad 2016

²⁰ Forbrukartilsynet 2016

har fått reklame for produkta på nett enn at 9–12-åringar har gjort det.

I stortingsmeldinga om forbrukarpolitikk²¹ blei det identifisert ei rekkje nye forbrukarutfordringar som barn og unge møter i den digitale kvardagen. Ny teknologi for å samle inn person- og forbrukardata gjer det mogleg å skreddarsy reklamen mot det enkelte individet, også barn og unge. Ein SIFO-studie om marknadsføring i sosiale medium fann at norske tenåringar får marknadsføring skreddarsydd etter kjønn, alder, bustad, etnisitet og interesser («klikk/likes») på nett og i sosiale medium.²² Aller tydelegast var brukartilpassinga av marknadsføring basert på kjønn. Mens ein stor del av marknadsføringa jentene blei utsette for, var kroppsorientert og seksualisert, var mykje av marknadsføringa gutane fekk, knytt til spel, teknologi og aktivitetar.²³

Leiketøy barn bruker, blir også i aukande grad produserte med ulike typar nett-tilkoplingar. Dette mogleggjer innsamling, analysar og omsetjing av personopplysningane og brukardataa deira også her.²⁴ Forbrukarrådets gjennomgang og testar av internettkopla leiker i 2016 bidrog til at det blei retta større merksemd mot denne utviklinga. I undersøkinga avdekte Forbrukarrådet blant anna ulovlege brukarvilkår og manglande sikkerheit knytt til dokka Cayla.²⁵ Forbrukarrådets testar viste for eksempel at med enkle grep kunne kven som helst ta kontroll over dokka og bruke henne til å avlytte det som blei sagt. Vidare avdekte undersøkinga skjult marknadsføring ved at leika blant anna inneheldt førehandsprogrammerte frasar, der utvalde varer og tenester blei omtalte i positive vendingar. Dokka formidla for eksempel kor glad ho var i Disney-filmar, samtidig som produsenten hadde kommersielle bindingar til Disney.

Måten algoritmane fungerer på, kombinert med kompliserte personvern- og samtykkeerklæringar, er ein kompleks materie som er lite tilgjengeleg for brukarane av digitale tenester. Det er derfor vanskeleg både for barna sjølve og for føresette og andre vaksne i nærleiken av barna å forstå konsekvensane når barn og unge bruker ulike internettkopla produkt, digitale plattformer og tenester.

Skadeleg innhald på nett

Barn og unge blir eksponerte for valdeleg og hatefullt innhald på nett. Ifølgje EU Kids Online-undersøkinga (2018) oppgir ein høg andel norske 11–17-åringar at dei har sett følgjande type skadeleg innhald på nett²⁶

- over halvparten av jentene i 14–17-årsalderen (53 prosent) har vore på sider der det blir diskutert eller vist måtar å skade eller såre seg sjølv på fysisk (sjølvskading)
- over halvparten av jentene i 14-årsalderen har sett netttinhald eller diskusjonar om måtar å vere veldig tynn på
- nesten ein av tre 11–17-åringar har sett netttinhald der folk diskuterer erfaringar med å ta narkotika
- ein av fire 11–17-åringar har vore inne på nettstader der måtar å gjere sjølv-mord på blir diskuterte

EU Kids Online-undersøkingane viser at ein større andel barn og unge har sett denne typen skadeleg innhald i 2018 enn i 2010. For eksempel har andelen barn og unge som har vore inne på sider der det blir diskutert måtar å skade seg sjølv på fysisk, auka frå 16 prosent i 2010 til 35 prosent i 2018. Andelen som har vore inne på sider med sjølv-mordsrelatert innhald, har auka frå 9 prosent i 2010 til 29 prosent i 2018. Funna blir underbygde av Barn og medier-undersøkinga.

Plaging, truslar og utfrysing er òg ei form for risiko barn og unge kan oppleve på nettet. Mobbing eller plaging kan vi forstå som psykisk og/eller fysisk vald retta mot eit offer, utført av enkelt-personar eller grupper. Mobbing føreset eit ujamnt styrkeforhold mellom offer og plagar og at episodane skjer fleire gonger over tid. Ungdata junior-undersøkinga viser at blant norske 10–12-åringar har 16 prosent opplevd at nokon har skrive sårande ting til eller om dei via nettet eller mobil. 13 prosent har opplevd å ha blitt stengd ute frå sosiale fellesskap på nettet.

Truslar via nett og mobil er mindre vanleg, men rundt 7 prosent har opplevd dette, ifølgje spørjeundersøkinga blant elevar i alderen 10–12 år (Ungdata junior 2017–2018).

I *Barn og medier 2020* oppgir 26 prosent av 9–18-åringane at dei i løpet av det siste året har opplevd at nokon har vore slemme mot dei eller mobba dei på nett, mobil eller spel. Ein større

²¹ Meld. St. 25 (2018–2019)

²² Rosenberg, Steinnes & Storm-Mathisen 2018

²³ Rosenberg, Steinnes & Storm-Mathisen 2018

²⁴ Kjørstad, Rosenberg, Storm-Mathisen & Slette-meås 2017

²⁵ Forbrukerrådet 2016

²⁶ Staksrud & Ólafsson 2019

Boks 13.2 Sjølv-mord og sjølvskading

Denne tematikken fekk mykje merksemd frå media gjennom NRK-prosjektet *Trigger Warning* hausten 2019. Gjennom publiseringa av tv-serien «Innafor», reportasjar på nrk.no og nyheitssaker på tv, radio og mobil avdekte og dokumenterte NRK lukka nettverk som blir brukte til å dele metodar for sjølv-mord og sjølvskading i sosiale medium. I reportasjane kjem det fram at fleire av brukarane søker og finn støtte og hjelp i dette miljøet, og at dei derfor ikkje ser kor skadelege slike nettverk kan vere, verken for seg sjølv eller andre. NRK viste til konkrete eksempel på korleis metodar for sjølvskading eller sjølv-mordsforsøk spreier seg frå nokon medlemmer i nettverka til andre. Jo «vondare» innlegga er, jo meir merksemd og omsorg får personen som står bak innlegget, frå andre medlemmer. Desse nettverka fungerer derfor på mange måtar som «ekkokammer», der informasjon, idear eller oppfatningar blir forsterka utan diskusjon med andre som har ulike synspunkt.

andel gutar enn jenter har opplevd dette. Ein større andel jenter enn gutar har opplevd at nokon har lagt ut bilete som gjorde dei triste eller sinte.

Seksuell risiko

Eksposering for porno på nett, seksuelle meldingar og deling av nakenbilete kan òg vere risikoområde i den digitale kvardagen til barn. *Barn og medier 2020* (Medietilsynet) viser at ein betydeleg andel barn og unge har sett og erfart dette:

- 49 prosent av 13–18-åringane har sett porno på nett. Andelen aukar med alderen og er betydeleg større blant gutar enn jenter.
- Fire av ti 13–18-åringar har fått tilsendt nakenbilete av andre – flest av ein ukjend på nettet (40 prosent). Andelen aukar med alderen og er høgast blant jentene.

Barn og unge handterer utfordringar ulikt. Ifølgje EU Kids Online 2020 oppgir 21 prosent av norske barn å ha opplevd noko ubehageleg på nettet i løpet av det siste året, 4 prosent har opplevd dette minst kvar månad. Ofte er det faktorar utanfor nettet som avgjer korleis barn og unge har det på nettet. Trygt skole- og heimemiljø påverkar korleis barn oppfattar risiko på nettet, og korleis dei

evnar å handtere denne. Dei fleste norske barn snakkar med ein venn (50 prosent) heller enn ein forelder (34 prosent) viss dei opplever noko negativt på nettet. Lærarar og andre vaksne blir i mykje mindre grad rekna som relevante hjelparar for digitale opplevingar. Berre 6 prosent fortel om det som har skjedd til lærarar, og berre 5 prosent til andre som har det som jobb å hjelpe barn.

Risiko knytt til verdier og haldningar

Rasisme, hatmeldingar, falske nyheiter og falsk informasjon er også eksempel på risikoområde mange barn og unge møter på nett. For eksempel har fire av ti 13–18-åringar sett hatmeldingar på nett i løpet av det siste året. Ein av fire tenåringar oppgir at dei synest det er vanskeleg å vite kva nyheiter dei kan stole på i sosiale medium. I *Barn og medier 2020* kjem det òg fram at mange tenåringar har sett ei nyheit dei mistenkte var falsk, dei fleste såg dette på sosiale medium, og fleirtalet gjorde ingenting sist gongen dei såg ei slik nyheit.

I boka *Falske nyheter. Løgn, desinformasjon og propaganda i den digitale offentligheten*²⁷ definerer Bente Kalsnes falske nyheiter slik: «Falske nyheiter kan forstås som nyhetslignende saker som bevisst sprer usannheter, propaganda eller lignende.» Hensikta kan vere politisk motivert, å skape informasjonskaos, oppnå økonomisk vinning eller å gjennomføre svindel. Falske nyheiter har gjerne den same utsjånaden og ofte liknande url-adresser som ei ekte nyheitsside, og derfor kan det vere vanskeleg å skilje dei ekte frå dei falske sakene. At det får spreie seg falske nyheiter, kan i ytste konsekvens bli ein trussel mot demokratiet og samfunnsdebatten. Falske nyheiter kan òg vere med på å bryte ned tillitsforholdet mellom lesarar og dei tradisjonelle media.

13.2.3.4 Oppsummering av moglegheiter og risikoar

Avsnittet ovanfor viser det mangfaldige og motsetningsfylte digitale livet dei fleste barn og unge lever i dag. På den eine sida opnar digitale plattformer og tenester for å delta, lære og å vere saman. Dei unge lærer og finn informasjon som er relevant for skole- og utdanningsløp, eiga helse og velvære. Mange synest det er enklare å vere seg sjølv og uttrykkje seg digitalt enn det er å gjere det ansikt til ansikt. Unge har mykje kontakt med venner i digitale kanalar. Det digitale fjernar ikkje

²⁷ Kalsnes 2019

minst hinder som barn og unge med funksjonsnedsetjingar eller sjukdom kan oppleve offline.

Men mens mange seier at dei føler seg tryggar på nett enn heime eller på skolen, opplever andre at det digitale forsterkar mobbinga eller utanforskapet. Dei slepp ikkje unna mobbinga frå skolegården når dei kjem heim, eller opplever utanforskapet ekstra sterkt når nokon deler bilete frå festen eller turen dei ikkje blei inviterte til. Barn og unge kan òg bli utnytta kommersielt av selskap som rettar marknadsføringa mot denne målgruppa, som er ekstra sårbar for påverknad og kroppspress. Barn og unge veit dessutan for lite om korleis personopplysningane deira blir brukte kommersielt.

Ein del barn og unge blir eksponerte for direkte skadeleg innhald på nett og i sosiale medium. Dette kan i dei mest ekstreme tilfella vere bilete eller videoar frå avrettingar eller terrorhandlingar, av sjølv mord eller sjølv mordsforsøk og sjølvskading. Dei unge har enkel tilgang på informasjon om korleis dei kan bli svært tynne, og til diskusjonsforum både om dette og andre problematiske sider ved livet og utviklinga til barn og unge. I tillegg blir behovet for at barn og unge raskt utviklar ei god digital dømmekraft og kritisk medieforståing, svært tydeleg fordi mange blir eksponerte for falske nyheiter, deltek i lukka grupper som lett kan utvikle seg til ekkokammer, og har enkel tilgang til meir eller mindre overtydande konspirasjonsteoriar på sosiale medium.

Det digitale livet til barn og unge er verken berre svart eller kvitt, positivt eller negativt, men ei kompleks blanding. Moglegheiter og risikofaktorar heng gjerne tett saman, og begge element vil vere til stades samtidig i ulik grad. Oppdelinga i moglegheiter og risikofaktorar ovanfor er derfor ei forenkling. Tilsvarande er oppgåvene myndigheitene har på dette området, svært mangfaldige og involverer mange ulike verksemder og politikkområde. Det kan dreie seg om

1. å leggje gode juridiske rammer for å produsere og formidle innhald for, av og med barn og unge, å gi god rettleiing om regelverket og å handheve desse rammene effektivt. Eksempel her er forbodet i straffelova mot grove valdsskildringar og pornografi og reglane i biletprogramlova om skadeleg medieinnhald. Andre eksempel er føresegnar om seksuelle overgrep, personvern, hatefulle- og diskriminerande ytringar osv.
2. å bidra til produksjon og formidling av kvalitetsinnhald til barn og unge – inkludert eit breitt kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet. Her kjem blant anna offentlege tilskotts- og

finansieringsordningar frå kultur- og medie-sektoren inn.

3. å bidra til at barn og unge utviklar den kompetansen som trengst for å kunne delta aktivt og ansvarleg, samtidig som dei navigerer trygt i eit spennande og krevjande digitalt landskap. I tillegg jobbar myndigheitene for at foreldre og vaksne som jobbar med barn, har tilstrekkeleg kunnskap og rettleiingsmaterieil, at digitale tenesteleverandørar følgjer regelverket og tek eit samfunnsansvar for dei yngste brukarane av tenestene sine, og at oppløringa gir barn og unge grunnlag for å meistre det digitale livet.

13.3 Aktørar som deltek i arbeidet

Mange aktørar arbeider med tematikk knytt til barn og unge sitt digitale liv. Både offentlege instansar, bransjeaktørar og ideelle organisasjonar engasjerer seg i ulike sider ved mediekvardagen og medieerfaringane barn har, ut frå mandatet sitt eller særlege interesser. Dette kapittelet gir ei oversikt over verksemder med aktivitet på feltet.

Ei rekkje departement har ansvar for politikk-område som på ein eller annan måte har med den digitale oppveksten til barn og unge å gjere:

- *Barne- og familiedepartementet (BFD)* har eit overordna ansvar for oppvekst- og levekåra til barn og unge. BFD har gjennom Bufdir ansvar for ung.no, som er regjeringa sin informasjonskanal for barn og unge. BFD er i tillegg engasjert i DigiUng-programmet saman med Helse- og omsorgsdepartementet. BFD har i tillegg ansvar for forbrukarpolitikken.
- *Helse- og omsorgsdepartementet (HOD)* har det overordna ansvaret for at befolkninga får gode og likeverdige helse- og omsorgstenester. Saman med BFD har HOD gjennom Direktoratet for e-helse blant anna ansvar for DigiUng-programmet.
- *Justis- og beredskapsdepartementet (JD)* har blant anna ansvaret for rettsstellet, politi- og påtalemakta, kriminalomsorga og samfunnstryggleiken. Regjeringa vil i løpet av våren 2021 leggje fram ein tverrdepartemental strategi mot internettrelaterte overgrep mot barn.
- *Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD)* har blant anna eit samordningsansvar for IKT-politikken og arbeider i den samanhangen for digital deltaking og universell utforming. KMD har vidare det overordna ansvaret for delar av personvernpolitikken til regjeringa. Regjeringa sette i 2020 ned ein person-

vernkommisjon som blant anna skal foreslå tiltak som styrkjer den digitale forbrukarkompetansen til barn og unge, og kartleggje korleis omfattande bruk av og eksponering i sosiale medium, inkludert brukargenerert innhald, påverkar barn og unge sitt personvern.


- *Kulturdepartementet (KUD)* har blant anna ansvar for kultur- og mediesektorane, inkludert eit ansvar for ytringsfridomsspørsmål og tiltak og lovgiving for beskyttelse av barn mot skadeleg medieinnhald. KUD koordinerer i tillegg arbeidet regjeringa gjer mot hatefulle ytringar, og støttar blant anna ungdomskampanjen «Stopp Hatprat». I 2019 oppnemnde KUD eit tverrfagleg utval som har hatt i oppdrag å foreslå tiltak som kan beskytte barn mot skadeverknader av eksponering for innhald i elektroniske medium, sjå pkt. 13.4.1. Ytringsfridomskommisjonen, som blei sett ned i februar 2020, skal greie ut dei sosiale, teknologiske, juridiske og økonomiske rammene for ytringsfridom i dagens samfunn, inkludert ytringsfridommen til barn og unge.
- *Kunnskapsdepartementet (KD)* har som ansvarleg for barnehage og skole ei sentral rolle i viktige delar av oppvekstvilkåra til barn. KD har ansvar for fornyinga av faga gjennom Kunnskapsløftet 2020, der digitale ferdigheiter og digital dømmekraft er styrkt som grunnleggjande ferdigheiter i opplæringa. Rammeplassen for barnehagens innhald og oppgåver legg også rammene for den digitale praksisen til barnehagen.

I tillegg er det fleire underliggjande etatar og andre tilknytte verksemdar som driv viktig arbeid på feltet, inkludert Barneombudet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), Datatilsynet, Digitaliseringsdirektoratet (Digdir), Direktoratet for e-helse, Forbrukerrådet, Forbrukartilsynet, Foreldreutvalget for grunnopplæringa (FUG) og Foreldreutvalget for barnehager (FUB), Helsedepartementet, Politiet – Kripes, Lotteri- og stiftelsestilsynet, Medietilsynet, mobbeomboda som blei etablerte i alle norske fylke i 2018, Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom), Norsk senter for informasjonssikring (NorSIS), Sekretariatet for konfliktråda (SfK) og Utdanningsdirektoratet (Udir).

Ei rekkje ulike forskingsmiljø i Noreg forskar på tema knytte til den digitale mediekvardagen til barn, inkludert EU Kids Online, Forbruksforskningsinstituttet SIFO, Institutt for medier og kommunikasjon (IMK) ved Universitet i Oslo, Institutt for pedagogikk og livslang læring (IPL) ved NTNU i Trondheim, Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS), Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) og Politihøgskolen.

Mange ideelle organisasjonar arbeider også med det digitale livet til barn og unge, inkludert Barnevakten, Redd Barna, Raudekrossen og UNICEF (United Nations Children's Fund).

I tillegg til ideelle organisasjonar er det òg ei rekkje profesjonelle aktørar, organisasjonar og selskap som arbeider med spørsmål knytte til det digitale livet til barn og unge, inkludert IKT-Norge, Lær Kidsa Koding, Sopra Steria og Telenor AS.



Figur 13.3 Oversikt over departement, underliggjande etatar og tilknytte verksemdar som deltek i arbeidet for ein trygg digital oppvekst.

13.4 Vurdering

13.4.1 Behov for samordning

Som det går fram av beskrivinga av aktørbiletet under punkt 4, er det mange offentlege instansar og andre aktørar som i dag arbeider for å trygge norske barn og unge på nett. I takt med den teknologiske utviklinga og den stadig aukande bruken av digitale medium og tenester, er også merksemda rundt det digitale livet til barn og unge blitt større.

Trass i betydeleg innsats og mange tiltak frå ei rekkje aktørar manglar feltet ei tydeleg prioritering, ansvarsfordeling og koordinering. Det finst heller ikkje noka strukturert måling av kva effektar dei ulike statlege og private tiltaka gir. Per i dag er det ikkje eitt departement som har eit overordna ansvar for statleg innsats på barn og medie-feltet. Dei ulike statlege verksemdene som har verkemiddel på området, er organiserte under ulike departement, og samarbeidet departementa imellom er ikkje rigga for å sikre ein koordinert og felles innsats. Dei ulike aktørane tek ikkje utgangspunkt i eit felles kunnskapsgrunnlag, og det blir ikkje gjort nokon felles vurderingar av kor det er størst behov for tiltak, eller kva slags tiltak som gir effekt. Per i dag finst det heller ikkje nokon felles struktur for korleis iverksette tiltak skal evaluerast, eller eit system for korleis resultatata kan nyttiggjerast i det vidare arbeidet. Sjølv om det blir gjennomført mange gode tiltak og enkeltinitiativ, er hovudbiletet derfor at feltet er fragmentert og innsatsen er springande.

Også publikum er usikre på kven som har ansvaret for kva på feltet. I Medietilsynets undersøking om kritisk medieforståelse i den norske befolkningen frå 2019 blei det spurt om kjennskapen folk hadde til dei ulike statlege institusjonane og ansvaret dei har.²⁸ Svara viser at folk er betydeleg usikre på kvar dei skal vende seg med spørsmål om ulike tema relatert til nettbruken til barn og unge. Éin av tre veit ifølgje undersøkinga ikkje kven dei skal kontakte for å få råd om nettbruken til barn og unge. Flest svarer at dei ville kontakta Medietilsynet (30 prosent), Datatilsynet (22 prosent) og Forbrukartilsynet (21 prosent).

Medietilsynet arrangerte på oppdrag frå Kulturdepartementet hausten 2019 eit møte om trygg digital oppvekst for å få innspel til denne stortingsmeldinga. Til saman deltok 37 aktørar som engasjerer seg på barn og medie-feltet. Det kom inn 20 innspel frå aktørar som Barneombodet, Politiets

nettpatrulje, Utdanningsdirektoratet, Hyperion med fleire.

I forkant av møtet hadde Medietilsynet stilt følgjande tre spørsmål:

- Kva kjenneteiknar det digitale kulturuttrykket til barn og unge i dag, og kva moglegheiter og utfordringar representerer denne kulturen?
- Korleis sikrar vi at barn og unge har trygge rammer og utviklar seg til aktive, kompetente mediebrukarar som tek informerte val når dei deltek på digitale plattformer?
- Korleis kan det offentlege best mogleg organisere og koordinere innsatsen på området den digitale mediebruken til barn og unge?

Aktørane trekte fram moglegheitene barn får til å utfalde seg, vere kreative, sosiale og søkje informasjon, og at for mange barn og unge er spel og digital kultur den viktigaste fritidsaktiviteten deira. Risikoar som blei trekte fram, var hatkommentarar, falske profilar, deling av vald, truslar og krenkingar i tillegg til låg kompetanse og interesse hos foreldra. At foreldre må få betre kompetanse, blei av fleire nemnt som ein nøkkel for å sikre trygge rammer og kompetent mediebruk hos barn og unge, i tillegg til at mediekompetanse i større grad må inn i lærarutdanninga. Fleire etterlyste at myndighetene må rette tydelege krav og forventningar til sosiale medium og nettaktørar, slik at dei raskt fjernar ulovlege videoar og bilete og set i verk betre tiltak for å beskytte barn og unge når dei bruker slike tenester. Det blei òg trekt fram at dei globale aktørane, gjennom godkjenningsprosedyrane sine for appar og innhald, er med på å definere kva som er norsk barnekultur. I fleire av innspela blei det teke til orde for ein nasjonal strategi. Utdanningsdirektoratet ønskjer blant anna ein nasjonal strategi for å belyse kva ressursar som er gode, og som kan hjelpe lærarane.²⁹

Medieskadelegheitsutvalet, eit tverrfagleg utval leia av advokat Jon Wessel-Aas, har hatt som mandat å sjå på korleis ein kan sikre barn betre beskyttelse mot skadeleg medieinnhald. Utvalet blei oppretta av Kulturdepartementet i 2019 og avleverte utgreiinga si 15. mars i år. Utvalet ser behov for eit koordinert samspel av sektorovergripande tiltak og meiner det er viktig at ansvaret for ein heilskapleg strategi for å utruste og ta vare på barn i møte med den digitale verkelegheita ligg hos eitt departement. Utvalet ser ikkje ytterlegare lovgiving som ei løysing.

Utvalet peiker på at den forståinga av kva som er skadeleg som har blitt brukt i lovgivinga og

²⁸ Medietilsynet 2019a

²⁹ Medietilsynet 2019b

praktiseringa av den, i liten grad har vore basert på forskning. Utvalet meiner det er viktig for å kunne angripe problemet på ein rasjonell og effektiv måte, at vidare arbeid har grunnlag i forskingsbasert kunnskap om kva som er skadeleg for barn. I tillegg er det behov for å legge til rette for meir oppdatert kunnskap og forskning om temaet. Utvalet anbefalar derfor at det blir oppretta eit tverrfagleg, nasjonalt kompetansesenter som kan bidra til betre kunnskap om korleis medieverkelegheita og utviklinga av den påverkar barn.

Regjeringa legg etter dette til grunn at det er behov for ein styrkt og betre samordna innsats for den digitale kvardagen til barn og unge. Ein slik innsats må basere seg på ei felles kunnskapsplattform, prioritering, koordinering og evaluering av tiltak. Dette er nødvendig for å få meir kraft inn på eit særdeles viktig felt, men òg for å sikre ein mest mogleg effektiv bruk av offentlege ressursar. Å samordne betre kan òg bidra til at innsatsen til det offentlege står fram som kunnskapsbasert og kvalitetssikra – slik at foreldre, lærarar og andre som har ansvar for å bidra til ein trygg digital oppvekst for barn og unge, kan stole på at dei får gode, oppdaterte og konsistente råd og rettleiing. Utviklinga når det gjeld internettrelaterte overgrep, er så urovekkjande at regjeringa i løpet av våren 2021 vil lansere ein eigen strategi om denne problematikken. Dette utgjer ein del av den samordna innsatsen frå regjeringa for ein trygg digital oppvekst. Innsatsen mot internettrelaterte overgrep skal blant anna gi barn og unge kunnskap om digital tryggleik og la dei medverke i arbeidet. Kunnskap om kva som påverkar overgrepssituasjonar på nett, og å utvikle hjelpetilbod er sentralt i arbeidet. Å utvikle samarbeid internasjonalt og med private aktørar skal bidra til ein heilskapleg førebyggjande innsats.

13.4.2 Nasjonal strategi

Regjeringa meiner at den statlege innsatsen på området barn og medium bør styrkjast gjennom eit meir planmessig og koordinert arbeid med tydeleg mandat. Regjeringa foreslår derfor å lage ein nasjonal strategi for ein trygg digital oppvekst med tydelege mål og tiltak.

Viktige element i strategiarbeidet vil vere å jobbe systematisk med å hente inn kunnskap og forske meir, oppdatere og utvikle råda, rettleiinga og andre tiltak, hjelpe med kunnskapsdeling på tvers av aktørar og sektorar og etablere gode standardar for å evaluere effektane av innsatsen.

Det er nødvendig å behalde og vidareutvikle eit breitt engasjement der mange ulike aktørar,

både offentlege og andre, bidreg med kunnskapsinnhenting og tiltak. Samtidig er samarbeid og samhandling avgjerande for å lykkast på eit komplekst og samansett fagfelt. Med utgangspunkt i ein nasjonal strategi, der ein aktør koordinerer arbeidet, bør det derfor etablerast tverrgående samarbeids- og koordineringsorgan.

Barn og den digitale mediekvardagen deira er eit felt som framleis i stor grad er prega av synsing, følelsar og usikkerheit – ikkje berre blant foreldre, men òg blant politikarar og myndigheter. Mange fagpersonar som jobbar med barn og unge, har fått utdanninga si før internett ble allment tilgjengeleg, og det er òg ein stor andel ufaglærte i både frivillig sektor og ulike tenester som har i oppgåve å jobbe med barn og unge.

Mange foreldre er bekymra for internettbruket til barna og er usikre på korleis dei skal setje grenser. Det er viktig at dei er gode rollemodellar, interesserer seg for den digitale kvardagen til barna og set seg inn i ny teknologi.

Ein nasjonal strategi kan bidra både til ei meir kunnskapsbasert tilnærming, tydelegare retning på arbeidet, betre forankring og større grad av koordinering. Dermed vil vi utnytte ressursane betre og forhåpentleg få auka effekt av innsatsen. Dette kan føre til fleire, betre og meir samordna tiltak, noko som igjen kan medverke til betre digital dømmekraft og kritisk medieforståing. Dette er ein føresetnad for at barn og unge skal kunne delta aktivt og trygt på digitale plattformer.

13.4.3 Koordinerande funksjon

Ein styrkt og betre samordna innsats for den digitale kvardagen til barn og unge føreset at rollene til aktørane på ulike nivå blir tydelegare avklarte. Regjeringa foreslår at dette blir gjort gjennom å definere eit klart koordineringsansvar både på politisk nivå og på eit utøvande, publikumsretta nivå.

Departementsnivå

Fleire departement var frå 2001 til 2015 engasjerte i arbeidet med barn og medium gjennom ein felles tiltaksplan. Den interdepartementale arbeidsgruppa blei opphavleg etablert i 2001 da den første tiltaksplanen for barn, unge og internett blei utvikla på oppdrag frå Barne- og familiedepartementet. Tiltaksplanen blei revidert i 2005 og blei fram til 2015 fornya årleg med tiltak retta mot internettbruket til barn og unge. Bakgrunnen for at dei ulike departementa var engasjerte i tiltaksplanen, var eit ønske om ein heilskapleg innsats

som ikkje skulle vere avgrensa av kva ansvarsområde det enkelte departementet hadde. Medietilsynet hadde det operative ansvaret for å gjennomføre tiltaka i planen. I dei seinare åra har gruppa i hovudsak vore eit forum for samarbeid om finansieringa av Medietilsynets Barn og medier-undersøkingar. Per i dag har ikkje gruppa nokon reell koordinerende funksjon ut over dette.

Regjeringa meiner det er nødvendig å vekkje til live det interdepartementale samarbeidet. Ein viktig føresetnad for å få ei varig styrking av samarbeidet er at eitt departement får eit koordinerende ansvar for feltet. Ansvaret blir lagt til Barne- og familiedepartementet, som har det overordna ansvaret for oppvekst- og levekåra barn og unge har.

Å ha eit koordinerende ansvar inneber blant anna å skaffe oversikt over tiltak og politikktutvikling på feltet og ha ein dialog med aktuelle departement. Barne- og familiedepartementet vil opprette ei interdepartemental gruppe om trygg digital oppvekst der blant anna Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kulturdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet deltek. Hensikta er å få ei meir heilskapleg og kunnskapsbasert tilnærming slik at nye utfordringar kan fangast opp raskare, og slik at målretta tiltak kan setjast inn der det trengst.

Direktoratsnivå

Regjeringa vil leggje ansvaret for å koordinere innsatsen på det utøvande, publikumsretta nivået til Medietilsynet. Medietilsynet er forvaltningsorganet staten har på mediefeltet, og har blant anna som formål å tryggje barn og unge i den digitale kvardagen og ruste barn til å bli kompetente mediebrukarar. Medietilsynet har mange års erfaring med arbeid med Barn og medier-undersøkinga, råd, rettleiing og andre tiltak innanfor barn og medium-feltet og har gjennom tilsynsansvar etter biletprogramlova³⁰ og kringkastingslova³¹ lovpålagde oppgåver relaterte til å beskytte barn og unge mot skadeleg medieinnhald.

Tilsynet har dessutan allereie i dag ei rolle som prosjektkoordinator for Safer Internet Center – Norway (NSIC). Som Safer Internet Center er tilsynet del av eit nettverk av europeiske senter (Insafe-nettverket) og får prosjektmidlar frå EU. Senteret jobbar aktivt med å involvere ungdom, utvikle råd, tiltak og ressursar og planleggje og

gjennomføre nettverksmøte og arrangement – inkludert den årlege markeringa av Safer Internet Day i februar. Tiltak og ressursar dei utviklar, blir utveksla og samla på *Better Internet for Kids*-portalen slik at alle i Europa kan bruke dei. Som ledd i arbeidet organiserer Medietilsynet nettverk av relevante aktørar (Advisory Board³² og Trygg bruk-nettverket).

Ei koordinerende rolle vil inkludere

- ansvar for å utvikle og implementere den nasjonale strategien for trygg digital oppvekst i samarbeid med andre direktorat
- koordinering av aktivitetar og tiltak som skal bidra til å nå måla
- rapportering på om måla som ligg i den nasjonale strategien, blir nådde
- å sørgje for at nødvendig kunnskap og innsikt blir henta inn, samla og gjort tilgjengeleg både for myndigheitene, aktørar som jobbar med barn og unge, og for befolkninga elles
- overordna ansvar for å følgje med på og løfte fram sentrale utviklingstrekk når det gjeld det digitale livet til barn og unge, og peike på område som krev ei form for innsats/tiltak
- ansvar etter oppdrag om å følgje opp enkelte strategiar/tiltak på området, sjå strategien mot internettrelaterte overgrep

Det kjem til å bli etablert eit ekspertråd beståande av representantar frå etatar og verksemdar dette vedkjem, som kan hjelpe tilsynet med å vurdere utfordringsbiletet og utvikle effektive tiltak. Rådet kan ta utgangspunkt i – og byggje vidare på – det eksisterande fagrådet (Advisory Board) til Safer Internet-senteret. Rådet fungerer i dag som eit rådgivande organ for det faglege arbeidet i senteret og har per i dag medlemmer frå Utdanningsdirektoratet, Datatilsynet, Barneombodet, Kripos, Universitetet i Oslo, Kors på halsen (Raudekrossen) og Forbrukartilsynet. Eit slikt nytt råd kan elles modellerast på tilsvarande råd i andre land.³³

For å oppnå ein effektiv og målretta innsats er det ikkje minst viktig at barn og unge har innsikt i og kan medverke i arbeidet.

³⁰ Bildeprogramloven 2015

³¹ Kringkastingsloven 1992

³² Består i perioden 2019–2020 av representantar for Medietilsynet, Utdanningsdirektoratet, Datatilsynet, Barneombodet, Kripos, Institutt for medier og kommunikasjon ved Universitetet i Oslo, hjelpelinja «Kors på halsen», Forbrukartilsynet og ein ungdomsrepresentant.

³³ Storbritannia har i ei årrekke hatt eit slikt ekspertråd (The UK Council for Internet Safety – UKCIS). Australia har etablert ein e-sikkerheitskommisjon (e-safety commissioner). Irland har organisert arbeidet i eit nasjonalt ekspertråd (The National Advisory Council for Online Safety (NACOS), som gir råd til myndigheitene.

Regjeringa vil

- leggje fram ein nasjonal strategi for trygg digital oppvekst
- samordne innsatsen på feltet ved å gi barne- og familieministeren eit overordna koordineringsansvar
- gi Medietilsynet eit ansvar for å koordinere innsatsen på det utøvande, publikumsretta nivået

14 Økonomiske og administrative konsekvensar

Med denne meldinga presenterer regjeringa barne- og ungdomskulturfeltet for første gong samla som eit politisk satsingsområde på nasjonalt nivå. Regjeringa har som mål

- å gi alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn, tilgang til kunst og kultur
- å sikre at kunst og kultur som blir skapt for og formidla til barn og unge, er av høg kvalitet
- å gi alle barn og unge moglegheita til å oppleve og å skape kultur på eigne premissar

For å nå måla i meldinga må både det nasjonale, det regionale og det lokale forvaltningsnivået, i tillegg til det profesjonelle og det frivillige kulturlivet, jobbe saman.

Tiltak og føringar i meldinga kan oppnåast først og fremst gjennom samarbeid og samspel mellom stat, fylkeskommune og kommune, med frivillig sektor og andre private aktørar. Oppfølginga av andre tiltak som regjeringa foreslår, vil kunne skje ved å omprioritere tilgjengelege ressursar på dei ulike forvaltningsnivåa. Fleire av tiltaka regjeringa foreslår, kan sikre betre samordning og føre til meir effektive løysingar både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

På statleg nivå vil oppfølginga av alle tiltaka og prioriteringane som blir omtalte i meldinga, gjennomførast innanfor Kulturdepartementets og Kunnskapsdepartementets gjeldande budsjett-rammer. Dette inkluderer også forslag til nye oppgåver som blir lagde til underliggjande verksemdar og etatar.

Fordi mykje av barne- og ungdomskulturen er lokal, omtaler fleire av forslaga til tiltak lokale forhold òg. Dette omfattar i hovudsak lovpålagt arbeid som blant anna følgjer av kulturlova, opplæringslova og plan- og bygningslova. Meldinga omfattar ingen forslag til tiltak som pålegg kommunar eller fylkeskommunar nye oppgåver eller auka utgifter. Kommunar og fylkeskommunar har eit sjølvstendig ansvar for oppgåver på kulturområdet og står fritt til å prioritere disponeringa av midlar i tråd med det kommunale sjølvstyret.

Kulturdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Kulturdepartementet 19. mars 2021 om Oppleve, skape, dele blir send Stortinget.

Litteraturliste

- Andem, J. (Programskapar og forfattar). (2015, 25. september–2017, 24. juni). *SKAM* [TV-program]. Henta frå <https://tv.nrk.no/serie/skam>
- Arbeidsmiljøloven. Lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv.
- Bakken, A. (2018). *Ungdata 2018. Nasjonale resultater* (NOVA Rapport 8/18). Henta frå <http://hdl.handle.net/20.500.12199/3498>
- Bakken, A. (2019). *Ungdata 2019. Nasjonale resultater* (NOVA Rapport 9/19). Henta frå <http://hdl.handle.net/20.500.12199/2252>
- Bakken, A. (2020). *Ungdata 2020. Nasjonale resultater* (NOVA rapport 16/20). Henta frå <https://fagarkivet.oslomet.no/handle/20.500.12199/6415>
- Barnehageloven. Lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager.
- Barnekonvensjonen. (1989). *FNs konvensjon om barnets rettigheter*. Henta frå https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf
- Barne- og familiedepartementet. (2016). *Fritidserklæringen*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/felles-innsats-for-fritidsaktivitet-til-alle-barn/id2503226/>
- Barne- og familiedepartementet. (2020a). *Like muligheter i oppveksten. Regjeringens samarbeidsstrategi for barn og ungdom i lavinntektsfamilier (2020–2023)*. Oslo: Barne- og familiedepartementet.
- Barne- og familiedepartementet. (2020b, 15. april). Etablering av og rekruttering til ungdomspanel. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/barn-og-ungdoms-deltakelse-og-innflytels/etablering-av-og-rekruttering-til-ungdomspanel/id2697649/>
- Barne- og familiedepartementet. (2021, 13. januar). Aktiviteter for likestilling som offentlig myndighet. Henta frå: https://bufdir.no/Inkluderings/arp/for_offentlige_myndigheter1/Aktiviteter_for_likestilling_som_offentlig_myndighet/
- Berge, O., Angelo, E., Heian, M. T. & Emstad, A. B. (2019). *Kultur + skole = sant Kunnskapsgrunnlag om kulturskolen i Norge* (TF-rapport nr. 489). Bø i Telemark: Telemarksforskning.
- Better Internet for Kids. (u.å.) Creating a safer and better internet for children and young people. Henta 7. mars 2020 frå <https://www.betterinternetforkids.eu/>
- Bibliotekutvikling.no. (u.å.). Statistikk for folkebibliotek. Besøk og arrangement. Henta 25. mars 2021 frå <https://bibliotekutvikling.no/statistikk/forside/statistikk-for-folkebibliotek/besok-og-arrangement/>
- Bildeprogramloven. Lov 6. februar 2015 nr. 7 om beskyttelse av mindreårige mot skadelige bildeprogram mv.
- Bjørnstad, E. & Os, E. (2018). Quality in Norwegian childcare for toddlers using ITERS-R. *European Early Childhood Education Research Journal*. Vol 26 (1), 111–127. <https://doi.org/10.1080/1350293X.2018.1412051>
- Borgen, J., S. & Brandt, S. S. (2006). *Ekstraordinært eller selvfølgelig? Evaluering av den kulturelle skolesekken i grunnskolen* (NIFU-rapport 2006:05). Henta frå <https://www.nifu.no/publications/966935/>
- Breivik, J-K. & Christophersen, C. (red). (2013). *Den kulturelle skolesekken*. Oslo: Norsk kulturråd.
- Brenna, B. & de Ridder, A-T. (2018). *Museum og skole. Fra folkeopplysning til kulturell skolesekk*. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Daugstadutvalget. (1989). *Musikkskolene: En dynamo i det lokale skole- og kulturmiljøet*. Henta frå https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2012082108241
- Den norske opera & ballett. (u.å.). Nasjonalballetten UNG. Henta 13. august 2020 frå Nasjonalballetten UNG (operaen.no)
- Digranes, I. (2009). *Den kulturelle skolesekken: narratives and myths of educational practice in DKS projects within the subject art and crafts* (Doktoravhandling). Henta frå <https://aho.brage.unit.no/aho-xmlui/handle/11250/93038>

- Ekspertgruppe for kunst og kultur i opplæringen. (2014). *Det muliges kunst. Råd til kulturministeren og kunnskapsministeren*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Det-muliges-kunst/id757633/>
- Eriksen, M. E., Sletten, M. A., Bakken, A. & Von Soest, T. (2017). *Stress og press blant ungdom. Erfaringer, årsaker og utbredelse av psykiske helseplager* (NOVA Rapport 6/2017). Henta frå <http://hdl.handle.net/20.500.12199/5115>
- Federici, R. A. & Vika, K. S. (2020). *Spørsmål til Skole-Norge : Analyser og resultater fra Utdanningsdirektoratets spørreundersøkelse til skoleledere, skoleeiere og lærere under korona-utbruddet 2020* (NIFU-rapport 2020:13). Henta frå <https://www.nifu.no/publications/1814083/>
- Fjørtoft, S. O., Torvatn, H. Y. & Bakken, A. R. (2019). *Monitor 2019. En deskriptiv kartlegging av digital tilstand i norske skoler og barnehager* (SINTEF rapportnr 2019–00877). Henta frå <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2626335/Monitor+2019+sluttrapport+fra+SINTEF+publisert+20191021.pdf?sequence=1>
- FN (2006). Konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne. Henta frå <https://lovdata.no/traktat/2006-12-13-34>
- FN (2013). *Konvensjon om barns rettigheter. Generell kommentar nr. 17 (2013) om barnets rett til hvile, fritid, lek, fritidsaktiviteter, kulturliv og kunstnerisk virksomhet (art. 31)*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/innsiktsartikler/fns-barnekonvensjon/generelle-kommentarer-fra-fns-barnekomite/id573909/>
- Folkehelseloven. Lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid.
- Forbrukerrådet. (2016, 6. desember). Cayla og i-Que bryter flere norske lover. Henta frå <https://www.forbrukerradet.no/%20sistenytt/cayla-og-i-que-bryter-flere-norske-lover/>
- Forbrukertilsynet. (2016, 10. mai). De nordiske forbrukerombudenes standpunkt om skjult reklame. Henta frå <https://www.forbrukertilsynet.no/lov-og-rett/veiledninger-og-retningslinjer/nordisk-standpunkt-skjult-reklame>
- Forskrift om medvirkningsordninger. Forskrift 17. juni 2019 nr. 727 om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom.
- Forskrift om miljørettet helsevern i skoler mv. Forskrift 1. desember 1995 nr. 928 om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.
- Forskrift til opplæringslova. Forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova.
- Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver. Forskrift 24. april 2017 nr. 936 om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.
- Forskrift om statens kunsterstipend m.m. Forskrift 16. september 1998 nr. 936 om statens stipend og garantiinntekter for kunstnere.
- Forskrift om tilskudd til utvikling, lansering og formidling av dataspill. Forskrift 23. februar 2021 nr. 557 om tilskudd til utvikling, lansering og formidling av dataspill.
- Frønes, T. S. & Jensen, F. (red.). (2020). *Like muligheter til god leseforståelse? 20 år med lesing i PISA*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gjertsen, H., & Olsen, T. (2011). *Mangfold og engasjement i motvind. En studie av åpne fritidstiltak for ungdom* (NF Rapport nr. 1, 2011). Bodø: Norlandsforskning.
- Gulpinar, T., & Hernes, L. (2018). The importance of aesthetic activities in Norwegian kindergarten. I Garvis, S. & Ødegaard, E. E. (Red.), *Nordic Dialogues on Children and Families* (s. 157–172). London: Routledge.
- Hauge, E. S., Knutsen, V. S., & Ervik, M. R. (2017). «Nærhet, autonomi og demokratisering». *Evaluering av direktekommuneordningen i Den kulturelle skolesekken*. Kristiansand: Oxford Research.
- Hauge, E. S., Knudsen, J. P., Knutsen, V. S. & Meltevik, S. (2018). *Kommunesektorens rolle i nasjonal kulturpolitikk. Nye oppgaver og ansvar for fylkeskommunene*. Kristiansand: Oxford Research.
- Haugsevje, Å. D., Heian, M. T. & Hylland, O. M. (2015). *Resultater fra NM i kunsthøst. Evaluering av Kunsthøstens andre periode 2012–2015*. Oslo: Norsk kulturråd.
- Heian, M., T., Haugsevje, Å. D. & Hylland, O. M. (2016). *Kjent og kjært eller rart og sært? En kvalitativ brukerundersøkelse av DKS for ungdomsskoletrinnet i Buskerud* (TF-rapport nr. 375). Henta frå <https://www.telemarksforskning.no/publikasjoner/kjent-og-kjaert-eller-rart-og-saert/2902/>
- Holdhus, K. (2015). Skolekonsertene og skolekonteksten: Mellom verkoriering og kunstdidaktikk. I E. Georgii-Hemming, S-E. Holgersen, Ø. Varkøy & L. Väkevä (Red.), *Nordisk musikkpedagogisk forskning. Årbok 16* (s. 293–314). Oslo: Norges musikkhøgskole

- Homme, A., Danielsen, H. & Ludvigsen, K. (2020). *Implementeringen av rammeplan for barnehagen. Underveisrapport fra prosjektet Evaluering av implementering av rammeplan for barnehagen* (Rapport nr. 37/2020, NORCE Samfunn). Bergen: NORCE.
- Hylland, O. M., & Haugsevje, Å. D. (2016). *Kultur for å delta. Kulturbruk og kulturarbeid blant barn og unge i Drammen* (TF-rapport nr. 383). Henta frå <https://intra.tmforsk.no/publikasjoner/filer/2968.pdf>
- Hylland, O. M., Haugsevje, Å. D., Schnell, A. J. & Miland, K. P. (2019). *Ung kultur – et kunnskapsgrunnlag* (TF-rapport nr. 493). Bø i Telemark: Telemarksforskning.
- Hylland, O., M., Kleppe, B. & Stavrum, H. (2011). *Gi meg en K. En evaluering av Kunstløftet*. Oslo: Norsk kulturråd.
- inFuture. (2018). *Fremtidens kultur i et brukerperspektiv*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/fremtidens-kultur-i-et-brukerperspektiv/id2604811/>
- Innst. S. nr. 234 (1992–93). *Innstilling fra kyrkje- og undervisningskomiteen om ...vi smaa, en Alen lange; Om 6-åringer i skolen – konsekvenser for skoleløpet og retningslinjer for dets innhald*. Henta frå <https://www.stortinget.no/nn/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlingar/Lesevisning/?p=1992-93&paid=6&wid=alb&psid=DIVL914>
- Innst. 448 S (2016–2017). *Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Geir Sigbjørn Toskedal, Line Henriette Hjemdal, Geir Jørgen Bekkevold og Anders Tyvand om en stortingsmelding om en styrket kulturskole for framtiden*. Oslo: Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen.
- Innst. 12 S (2017–2018). *Innstilling fra utdannings- og forskningskomiteen om bevilgninger på statsbudsjettet for 2018, kapitler under Kunnskapsdepartementet samt forskningskapitler under Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet (rammeområde 16)*. Henta frå <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2017-2018/inns-201718-012s/?all=true#m1>
- Ipsos MMI. (2020). *Leserundersøkelsen 2020. Lesing, kjøp og handelskanaler. Oppsummering av funn*. Henta frå [https://forleggerforeningen.no/wp-content/uploads/2020/06/](https://forleggerforeningen.no/wp-content/uploads/2020/06/Leserunders%C3%B8kelsen-2020-oppsummering-av-funn.pdf)
- Leserundersøkelsen-2020-oppsummering-av-funn.pdf
- Jacobsen, S. E., Andersen, P. L., Nordø, Å. D., Sletten, M., Arnesen, D. & Sivesind, K. H. (2020). *Sosial ulikhet i barn og unges deltakelse i organiserte fritidsaktiviteter og kulturliv* [Brosjyre]. Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Jacobsen, S. E., Andersen, P. L., Nordø, Å. D., Sletten, M., Arnesen, D. (2021). *Sosial ulikhet i barn og unges deltakelse i organiserte fritidsaktiviteter* (Rapport 2021:1). Henta frå <https://samfunnsforskning.brage.unit.no/samfunnsforskning-xmlui/handle/11250/2728534>
- Kalsnes, B. (2019). *Falske nyheter. Løgn, desinformasjon og propaganda i den digitale offentligheten*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Kantar. (2019a). *Mediebarn 2019, 3–11-åringenes medievaner*. Oslo: Kantar AS
- Kantar. (2019b). *Medieungdom 2019, 12–17-åringenes medievaner*. Oslo: Kantar AS
- Kantar TNS. (u.å.). Se video fra Medietrender Ung. Henta 17. august 2020 frå <https://kantar.no/kantar-tns-innsikt/se-video-fra-medietrender-ung>
- Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet & Kulturdepartementet. (1996). *Broen og den blå hesten. Handlingsplan for dei estetiske faga og kulturdimensjonen i grunnskolen*. Henta frå <https://www.nb.no/nbsok/nb/daa872-fa9ec7d6564ed0b13e284b5ebbb?lang=no#0>
- Kjørstad, I., Rosenberg, T. G., Storm-Mathisen, A. & Slettebakk, D. (2017). *Barn og internett-koblede leker og teknologier – IoT* (SIFO Oppdragsrapport nr. 8 – 2017). Henta frå <http://hdl.handle.net/20.500.12199/5351>
- Kleppe, B. (2019). *Arrangørundersøkelsen 2018* (TF-notat nr. 28/2019). Bø i Telemark: Telemarksforskning.
- Kleppe, B. (2013). *Kultur møter kulturmøter. Kulturskolebruk blant innvandrere* (TF-rapport nr. 310). Henta frå <https://openarchive.usn.no/usn-xmlui/bitstream/handle/11250/2439527/2276.pdf?sequence=2&isAllowed=y>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2003, 18. oktober). *Inntektssystemet for kommuner og fylkeskommuner 2004*. Grønt hefte. Beregningsteknisk dokumentasjon til St prp nr 1 (2003–2004). Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/inntektssystemet-for-kommuner-og-fylkeskommuner>

- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2019). *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019–2023* [Brosjyre/rettleiing]. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20192023/id2645090/>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2020). *Barn og unge i plan og byggesak. Hvordan sikre og skape gode oppvekstvilkår for barn og unge gjennom planlegging og byggesaksbehandling* [Brosjyre/rettleiing]. Oslo: Kommunal-regionaldepartementet.
- Kringkastingsloven. Lov 4. desember 1992 nr. 127 om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester.
- KS. (2018). *Kultur for framtida Anbefalinger fra kulturprosjektet Oppspill*. Henta frå https://www.ks.no/contentassets/553b675126e141f5b9e6138ef4e61a57/rapport-kultur-for-framtida_24082018.pdf
- KS & Norsk kulturskoleråd. (2021). *På vei mot fremtidens kulturskole*. Henta frå Fremtidens kulturskole – rapporter > Norsk kulturskoleråd (kulturskoleradet.no)
- Kulturlova. Lov 29. juni 2007 nr. 89 om offentlege styremakters ansvar for kulturverksemd.
- Kulturdepartementet & Kunnskapsdepartementet. (2019). *Rom for demokrati og danning. Nasjonal biblioteksstrategi 2020–2023*. Oslo: Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet.
- Kulturdepartementet. (2015). *Nasjonal biblioteksstrategi 2015–2018. Statens oppgaver og ansvar for utvikling av folkebibliotekene*. Oslo: Kulturdepartementet.
- Kulturdepartementet. (2019). *Spillerom – Data-spillstrategi 2020–2022*. Oslo: Kulturdepartementet.
- Kulturskoleutvalget. (2010). *Kulturskoleløftet. Kulturskole for alle*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Kulturtanken. (u.å.). Forsking og utvikling. Henta 5. mars 2020 frå <https://www.kulturtanken.no/forskning-og-utvikling/>
- Kulturtanken. (2018). *Den kulturelle skolesekken. DKS årsrapport 2017*. Oslo: Kulturtanken.
- Kulturtanken. (2019a). *BUSK. Barn og unges stemmer – kunst og kultur*. Oslo: Kulturtanken.
- Kulturtanken. (2019b). *Den kulturelle skolesekken. DKS årsrapport 2018*. Oslo: Kulturtanken.
- Kulturtanken. (2020). *Den kulturelle skolesekken. DKS årsrapport 2019*. Oslo: Kulturtanken.
- Kunnskapsdepartementet. (2017a). *Lærerutdanningene 2025. Nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Kunnskapsdepartementet. (2017b). *Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/verdier-og-prinsipper-for-grunnoppleringen/id2570003/>
- Kunnskapsdepartementet. (2019). *Skaperglede, engasjement og utforskertrang. Praktisk estetisk innhold i barnehage, skole og lærerutdanning*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Le, C., Finbråten, H. S., Pettersen, K. S. & Gutterrud, Ø. (2021). *Befolkningens helsekompetanse, del I* (Rapport IS-2959). Oslo: Helsedirektoratet.
- Likestillings- og diskrimineringsloven. Lov 16. juni 2017 nr. 51 om likestilling og forbud mot diskriminering.
- Løvgren, M. & Svagård, V. (2019). *Ungdata junior 2017–2018. Resultater fra en spørreundersøkelse blant elever i alderen 10 til 12 år* (NOVA Rapport 7/19). Henta frå <http://hdl.handle.net/20.500.12199/1327>
- Mangset, P. & Hylland, O. M. (2017). *Kulturpolitikk. Organisering, legitimering og praksis*. Oslo: Universitetsforlaget.
- medienorge. (2019). *Mediefakta 1/2019. Fremtidens mediebrukere*. Henta frå <https://medienorge.uib.no/files/nyhetsbrev/2019/Fremtidens-mediebrukere-2019.pdf>
- Medietilsynet. (2018). *Barn og medierundersøkelsen 2018. 9–18-åringer om medievaner og opplevelser*. Henta frå <https://www.medietilsynet.no/barn-og-medier/barn-og-medier-2008–2018/>
- Medietilsynet. (2019a). *Kritisk medieforståelse i den norske befolkningen. En undersøkelse fra Medietilsynet*. Fredrikstad: Medietilsynet.
- Medietilsynet. (2019b). *Oppsummering fra Medietilsynets Innspillmøte om trygg digital oppvekst. Litteraturhuset i Oslo, 30.oktober 2019*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/innsiktsartikler/arbeidet-med-barne-og-ungdomskulturmelding/innsjill-og-kunnskapsgrunnlag/id2639723/>
- Medietilsynet. (2020a). *Barn og medier 2020. Om sosiale medier og skadelig innhold på nett Delrapport 1, 11. februar 2020*. Henta frå <https://www.medietilsynet.no/barn-og-medier/barn-og-medier-undersokelsen/>
- Medietilsynet. (2020b). *Barn og medier 2020. En kartlegging av 9–18-åringers digitale medievaner*. Henta frå <https://www.medietilsynet.no/barn-og-medier/barn-og-medier-undersokelsen/>

- Medietilsynet. (2021). *Mediemangfoldsregnskapet 2020. Mediemangfold i et bruksperspektiv*. Henta frå <https://www.medietilsynet.no/om/aktuelt/ny-rapport-om-bruksmangfold-fra-medietilsynet-tydelig-generasjonsskilte-i-medie-bruken/>
- Meld. St. 12 (2011–2012). *Stat og kommune – styring og samspel*. Oslo: Kommunal- og regionaldepartementet.
- Meld. St. 8 (2018–2019). *Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida*. Oslo: Kulturdepartementet.
- Meld. St. 10 (2018–2019). *Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig – Den statlege frivillighetspolitikken*. Oslo: Kulturdepartementet.
- Meld. St. 25 (2018–2019). *Framtidas forbrukar – grøn, smart og digital*. Oslo: Barne- og familiedepartementet.
- Meld. St. 6 (2019–2020). *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Menneskerettsloven. Lov 21. mai 1999 nr. 30 om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett.
- Meyer, Å. M. (2019). *Et skoleløft for filmen – hva, hvorfor og hvordan?* Oslo: Festivalkontoret.
- Miland, K. P. & Kleppe, B. (2019). *Organisering og kompetanse i kommunal kultursektor* (TF-rapport nr. 532). Bø i Telemark: Telemarksforskning.
- Molden, T. H., Wendelborg, C. & Tøssebro, J. (2009). *Levekår blant personer med nedsatt funksjonsevne. Analyse av levekårsundersøkelsen blant personer med nedsatt funksjonsevne 2007*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning AS.
- Norsk Barnebokinstitutt. (2020, 25.mars). Statistikk over bokutgivelser for barn og unge i 2018. Henta frå <https://barnebokinstituttet.no/statistikk-forskning-50-2/statistikk-over-bokutgivelser-for-barn-og-unge-i-2018/>
- Norsk kulturforum. (2010). *Helt eller stykkevis og delt? Kulturpolitikk for barn og unge*. Oslo: Norsk kulturforum og KS.
- Norsk kulturråd. (u.å.). *Strategi for Norsk kulturråd fra 2019*. Henta frå <https://www.kulturradet.no/documents/10157/1f179bde-8975-452d-8a7e-e703b9f7458c>
- Norsk kulturråd. (2020a). *Statistikk for museum 2019*. Henta frå <https://www.kulturradet.no/vis-publikasjon/-/statistikk-for-museum-2019>
- Norsk kulturråd. (2020b). *Årsrapport Kulturrådet 2019*. Henta frå <https://www.kulturradet.no/vis-publikasjon/-/arsrapport-kulturradet-2019>
- Norsk kulturskoleråd. (2016). *Rammeplan for kulturskolen. Mangfold og fordypning*. Henta frå <https://www.kulturskoleradet.no/rammeplan-seksjonen/rammeplanen>
- Norsk kulturskoleråd. (2020a). *Strategi 2032 – Med kulturskolen inn i fremtiden*. Henta frå https://www.kulturskoleradet.no/_extension/media/7526/orig/2020%20Strategi%202032.pdf
- Norsk kulturskoleråd. (2020b, 13. mars). Kulturskolerådet satser på vurdering for læring – tilbyr nettkurs fra høsten 2020. Henta frå <https://kulturskoleradet.no/nyheter/2020/februar/satser-pa-vurdering-for-laering>
- Norsk kulturskoleråd. (2020c, 16. april). Webinar om PPU-studier og kulturskolen som praksisarena. Henta frå <https://www.kulturskoleradet.no/nyheter/2020/april/webinar-om-ppu-og-kulturskolen>
- Norsk kulturskoleråd (2020d, 7. mai). Ledelse av prosesser: Forlenget påmeldingsfrist i Vestland og Trøndelag. Henta frå <https://kulturskoleradet.no/nyheter/2020/mai/lap-forlenget-pameldingsfrist>
- Norsk kulturskoleråd. (2020e, 9. november). KIL – Kulturskolen som inkluderende kraft i lokalsamfunnet. Henta frå KIL (Kulturskolen som inkluderende kraft i lokalsamfunnet) > Norsk kulturskoleråd (kulturskoleradet.no)
- Norsk kulturskoleråd/KIL. (2020). *Kulturskolemanifest*. Trondheim: Norsk kulturskoleråd.
- NOU 2013: 4. (2013). *Kulturutredningen 2014*. Oslo: Kulturdepartementet
- NOU 2019: 23. (2019). *Ny opplæringslov*. Oslo: Kunnskapsdepartementet
- Ólafsson, K., Livingstone, S. & Haddon, L. (2014). *Children's use of online technologies in Europe: a review of the European evidence base (revised edition)*. Henta frå https://www.researchgate.net/publication/313018278_Children's_use_of_online_technologies_in_Europe_a_review_of_the_European_evidence_base_revised_edition
- Opplæringslova. Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa.
- Plan- og bygningsloven. Lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling.
- Prop. 108 L (2019–2020). *Lov om språk (språklova)*. Oslo: Kulturdepartementet.
- Prop. 1 S (2019–2020). *Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak) for budsjettåret 2020. Utgiftskapittel: 200 – 292 og 2410 Inntektskapittel: 3200 – 3292, 5310 og 5617*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

- Prop. 1 S (2020–2021). *Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak) for budsjettåret 2021. Utgiftskapitler: 300–353 Inntektskapitler: 3300–3339 og 5568*. Oslo: Kulturdepartementet.
- Rasmussen, J. F. (2019). *Rapport evaluering nasjonal bibliotekstrategi*. Oslo: Avicia AS.
- Representantforslag 112 S (2016–2017). *Representantforslag om en stortingsmelding om en styrket kulturskole for fremtiden*. Oslo: Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen.
- Representantforslag 123 S (2018–2019). *Representantforslag om kulturskolen for alle*. Oslo: Utdannings- og forskningskomiteen.
- Rogde, K., Federici, R. A., Vika, K. S., Bergene, A. C., Pedersen, C., Denisova, E. & Wollscheid, S. (2020). *Spørsmål til Skole-Norge: Analyser og resultater fra Utdanningsdirektoratets spørreundersøkelse til skoler og skoleeiere våren 2020* (NIFU-rapport 2020:14). Henta frå <https://www.nifu.no/publications/1818285/>
- Rosenberg, T. G., Steinnes, K. K. & Storm-Mathisen, A. (2018). *Markedsføring og personvern i sosiale medier – en flermethodisk undersøkelse med barn som medforskere* (SIFO Oppdragsrapport nr. 13 – 2018). Henta frå <http://hdl.handle.net/20.500.12199/1310>
- Rønningen, A. (2019). *Kulturskolens kompetansebehov for ny rammeplan. En regional undersøkelse i Buskerud, Telemark og Vestfold*. Journal for Research in Arts and Sports Education, 3(1). <https://doi.org/10.23865/jased.v3.1283>
- Rønningen, A. (red.), Jeppsson, C., Tillborg, A. D.L., Johnsen, H. B. & Holst, F. (2019). *Kulturskolerelatert forskning i norden – en oversikt*. Trondheim: Norsk kulturskoleråd (Norge) og Statens kulturråd (Sverige).
- Rønningen, A. (2020). *En styrket kulturskole. Om kulturskolens forankring, rolle og ambisjoner og kompetanse*. Henta frå Publikasjoner > Norsk kulturskoleråd (kulturskoleradet.no)
- Rønningen, A & Bakke, R. R. (2021). *Kulturskolen og praktisk-pedagogiskutdanning (PPU). Rapport fra arbeidet med kartlegging av og undersøkelse om muligheter og behov for PPU for kulturskole*. Trondheim: Norsk kulturskoleråd.
- Selend, I. & Andersen, P. L. (2020). *Hva kjenner ungdom som går på norske fritidsklubber og ungdomshus? Nordisk tidsskrift for ungdomsforskning, 01/2020, 6–26*.
- Sjøvold, J. M., Hval, J., Stampe, P. L. & Øverli, B. B. (2020). *Rapport bruker- og bruksundersøkelser museer 2019*. Oslo: Rambøll Management Consulting AS.
- Staksrud, E. & Ólafsson, K. (2019). *Tilgang, bruk, risiko og muligheter. Norske barn på Internett. Resultater fra EU Kids Online-undersøkelsen i Norge 2018*. Oslo: EU Kids Online og Institutt for medier og kommunikasjon, Universitetet i Oslo.
- Slettemeås, D. & Kjørstad, I. (2016). *Delingsøkonomien i Norge: En studie av befolkningens erfaringer og holdninger knyttet til deling, gjenbruk, digitale delingsplattformer og brukerevalueringer* (SIFO Oppdragsrapport nr. 3 – 2016). Henta frå <http://hdl.handle.net/20.500.12199/5320>
- Statistisk sentralbyrå. (u.å). *Norsk mediebarometer 12947: Bruk av ulike medier, etter kjønn og alder 2015 – 2019*. Henta frå <https://www.ssb.no/statbank/table/12947/>
- Statistisk sentralbyrå. (2015). *Undersøkelse om bibliotekbruk 2015* (Rapporter 2015/32). Henta frå <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/undersokelse-om-bibliotekbruk-235447>
- Statistisk sentralbyrå. (2017). *Medie- og kulturbruksundersøkelsen 2016. Dokumentasjonsrapport* (Notater 2017/21). Henta frå <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/medie-og-kulturbruksundersokelsen-2016>
- Statistisk sentralbyrå. (2019). *Lærerkompetanse i grunnskolen. Hovedresultater 2018/2019* (Rapporter 2019/18). Henta frå Lærerkompetanse i grunnskolen. Hovedresultater 2018/2019 – SSB
- Statistisk sentralbyrå. (2020a). *Norsk mediebarometer 2019* (Statistiske analysar 164). Oslo–Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Statistisk sentralbyrå. (2020b). *Kulturstatistikk 2019* (Statistiske analysar 165). Oslo–Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- St. meld. nr. 61 (1991–1992). *Kultur i tiden*.
- St.meld. nr. 40 (1992–1993). *...Vi smaa, en Alen lange; Om 6-åringer i skolen – konsekvenser for skoleløpet og retningslinjer for dets innhold*.
- St.meld. nr. 38 (2002–2003). *Destrategin kulturelle skulesekken*.
- St.meld. nr. 39 (2002–2003). *«Ei blot til lyst». Om kunst og kultur i og i tilknytning til grunnskolen*.
- St.meld. nr. 8 (2007–2008). *Kulturell skulesekk for framtida*.
- Söderström, S. & Tøssebro, J. (2011). *Innfridde mål eller brutte visjoner? Noen hovedlinjer i utviklingen av levekår og tjenester for utviklingshemmede*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning AS, Mangfold og inkludering.
- Ungdom og fritid. (2017). *Klubbundersøkelsen 2016 / 2017*. Oslo: Ungdom og fritid.
- Ungdom og Fritid, UKM , Tverga & KANDU. (2020). *Møteplass Datakultur*. Henta frå <https://datakultur.org/program/>

- Universitetet i Oslo. (u.å.). *Norske barns håndtering av risiko på Internett. Grunnlag for FoU-aktiviteter og forskernettverk*. Oslo: Universitetet i Oslo (på oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet).
- Universitetet i Oslo. (2021, 6. januar). Norske barn føler seg tryggest på nett – og norske foreldre deler mest. Henta frå <https://www.hf.uio.no/imk/forskning/prosjekter/eu-kids-iv/rapporter/>
- Universitets- og høyskoleloven. Lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler.
- Utdanningsdirektoratet. (2020, 1. september). Den kulturelle skolesekken. Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/stotte/den-kulturelle-skolesekken/>
- Wendelborg, C., Caspersen, J., Mordal, S., Ljusberg, A. L., Valenta, M. & Bunar, N. (2018). *Lek, læring og ikke-pedagogikk for alle. Nasjonal evaluering av skolefritidsordningen i Norge*. (Rapport 2018 Mangfold og inkludering). Trondheim: NTNU Samfunnsforskning AS.
- Ørjasæter, K. & Skaret, A. (red). (2019). *Litteraturformidlingens arenaer og praksiser*. Oslo: Cappelen Damm AS.
-
-

Bestilling av publikasjonar

Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Omslags- og kapittelillustrasjonar: Anna Fiske

Trykk: Trygging- og serviceorganisasjonen til
departementa – 03/2021

